HERØY KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Kommunestyresalen Herøy rådhus
Dato: 18.02.2016
Tid: 16:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til politisk sekretariat om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).

Fosnavåg, 11.02.2016

Arnulf Goksøyr
ordførar

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 18/16	Godkjenning av innkalling og sakliste.
PS 19/16	Protokoll frå førre møte.
PS 20/16	Delegerte saker
PS 21/16	Referatsaker
PS 22/16	Tertialrapportering pr 01.01.2016.
PS 23/16	Reglement for Herøy kommunestyre.
PS 24/16	Reglement for Herøy formannskap, maritim og tekniske komite, komite for næring, kultur og idrett, komite for helse og omsorg, komite for oppvekst.
PS 25/16	Overordna reglement for delegasjon av mynde.
PS 26/16	Delegasjon til ordføraren.
PS 27/16	Delegasjon til rådmannen.
PS 28/16	Felles reglement for dei politiske organa.
PS 29/16	Reglement for administrasjonsutval
PS 30/16	Reglement for arbeidsmiljøutvalet.
PS 31/16	Reglement for klageutval
PS 32/16	Reglement for plan og byggenemnd.
PS 33/16	Høyring frå Møre og Romsdal Fylkeskommune - Skjøtselplan 2015 Herøy gamle kyrkjestad og Klosterhaugen
PS 34/16	Økonomisk avslutning - Trafikktryggingstiltak - Veglys skuleområdet på Bergsøy
PS 35/16	Økonomisk avslutning - Trafikktryggingstiltak - Kryssingspunkt Moltu skule
PS 36/16	Årsplan 2016
PS 37/16	Søre Sunnmøre Landbrukskontor - organisering.
PS 38/16	Miljøopprydding Fosnavåg hamn - deponering av masser og miljøprosjekt

Delegerte saker frå avdelingane

DS 39/16	Harald Hoddevik 56/62 - Løyve til oppføring av garasje som tilbygg til bustad
DS 40/16	Lene Voldsund og Daniel A. Muren 13/115 - Mellombels bruksløyve
DS 41/16	Gnr 16 Bnr 2 - Frådeling av bebygd eigedom
DS 42/16	Gnr 25 Bnr 85 - Frådeling av tomt til næringsformål
DS 43/16	Westplast AS 25/47 - Rammeløyve for utlegging av betongflåte og dispensasjon frå reguleringsformål
DS 44/16	Simen Snarud 59/21 - Ferdigattest
DS 45/16	Gnr 34 Bnr 1 - etablering av festepunkt
DS 46/16	Lillenes 62/4 - Ferdigattest for rehabilitering av skorstein
DS 47/16	Henriette Sjåstad og Stian Belden - 45/154 - Igangsettingsløyve
DS 48/16	Gnr 33 Bnr 1 Fnr 8 - Etablering av sjølveigartomt frå festenummer
DS 49/16	Rogne AS 26/0 - Ferdigattest
DS 50/16	Ferdigattest - 60/430 - seksjon nr 1 og 2
DS 51/16	Ferdigatteast - veg og teknisk anlegg - 22/72
DS 52/16	Christian Voldnes - 56/55 - Tilbygg
DS 53/16	Sentrumsteigen as - 34/99 - IG betongelement, rørleggerarbeid og heis
DS 54/16	Gnr 42 Bnr 1 Frådeling av 5 nausttomter

Referatsaker

RS 6/16	Pasient- og brukerombudets årsmelding 2015.

PS 18/16 Godkjenning av innkalling og sakliste.

PS 19/16 Protokoll frå førre møte.

PS 20/16 Delegerte saker

PS 21/16 Referatsaker

HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr: Arkiv:	2016/45 210

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
23/16	Formannskapet	09.02.2016
5/16	Komite for Helse og omsorg	11.02.2016
6/16	Komite for oppvekst	27.01.2016
4/16	Komite for næring, kultur og idrett	15.02.2016
5/16	Maritim og teknisk komite	26.01.2016
22/16	Kommunestyret	18.02.2016

TERTIALRAPPORTERING PR 01.01.2016.

Møtebehandling:
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Maritim og teknisk komite - 26.01.2016
Kommunestyret har ikkje merknader til tertialrapporten slik han ligg føre.

Møtebehandling:
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for oppvekst - 27.01.2016

Kommunestyret har ikkje merknader til tertialrapporten slik han ligg føre.

Møtebehandling:
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 09.02.2016
Kommunestyret har ikkje merknader til tertialrapporten slik han ligg føre.

Tilråding:

Kommunestyret har ikkje merknader til tertialrapporten slik han ligg føre.

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe
- Kommunerevisjonen

Vedlegg:

- Tertialrapport frå rådmannens leiargruppe

Saksopplysningar:

Saka gjeld tertialrapport pr. 01.01.2016.

Bakgrunn
I K-sak 53/02 vart det vedteke reglement for rapportering av løpande drift og prosjekt. Etter dette skal det rapporterast kvart tertial på sjukefråvær, teneste, vedtak og prosjekt.

Sjukefråvær
Kommunestyret har i K-sak 17/03 vedteke:

> *"Herøy kommune teiknar samarbeidsavtale med trygdeetaten for eit meir inkluderande arbeidsliv. Samarbeidsavtalen skal gjelde frå 1 april 2003."*

Eit av føremåla med samarbeidsavtalen er å få ned sjukefråværet. For å følgje med utviklinga i sjukefråværet skal det rapporterast for dette kvart tertial.

IA- avtalen vart resignert. Partane er NAV Arbeidslivssenter, arbeidstakarorganisasjonane ved Fagforbundet lokalt og arbeidsgjevar ved rådmannen.

Vedtaksrapportering
Vedtaksrapportering omfattar oppfølging av vedtak fatta i politiske organ. På denne måten skal formannskapet og kommunestyret kvart tertial få ei oppdatering på kor langt ein har kome i oppfølginga.

Tenesterapportering
Denne rapportering omfattar avvik i kommunen si oppfølging av innbyggarane sine rettar etter lovverk, lokale vedtekter, retningsliner og vedtak. Avviket kan vere registrert i form av avviksrapportar frå medarbeidarar, rapport frå tilsynsorgan, revisjonsrapportar eller som klage frå innbyggarane.

Prosjektrapportering
Det er utarbeidd prosedyrar for planlegging og gjennomføring av anlegg og byggeprosjekt frå eit prosjekt vert planlagt, finansiert, lagt ut på tilbod/innhenta tilbod, gjennomført og til det er avslutta (inklusive sluttrekneskap). Status for dei ulike prosjekta skal rapporterast.

Vurdering og konklusjon:

Det er viktig at rådmannen får tilbakemelding. Det gjeld både struktur og innhald. Rådmannen vi då prøve å tilpasse seinare rapportar i forhold til tilbakemeldingane.

Fosnavåg, 11.01.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

KULTURAVDELINGA

Kulturleiar Eileen Gjerde

1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

Avdelinga rapporterer særleg om fylgjande hendingar innafor sitt ansvarsområde:

Folkebiblioteket

- Etablering av aktiviteten «Språkkafé». Aktiviteten har som mål å skape ein møteplass for menneske som ynskjer å praktisere norsk. Metoden for å oppnå dette er samtalar, lekselesing, avislesing, spel osv. mellom norsktalande språkvertar og deltakarar. Ope for alle.
- Samarbeidsprosjekt med studentar frå Høgskulen i Volda for utvikling av folkebiblioteket som arena for offentlig samtale og debatt. Satsinga er forankra i ny folkebiblioteklov frå 2014.
- Bokboksar og lesestunder på Herøy kystmuseum ifm. arrangementet «Jul på Herøy».

Frivilligsentralen

- Har bidrege med ressursar i Herøy kystmuseum sitt arrangement «Jul på Herøy».
- Gjennomføring av årets TV-aksjon til inntekt for Regnskogfondet.

Ungdomsseksjonen

- MOT-arbeid i skulane.
- Gjennomføring av PIR-festival for ungdom på Herøy kulturhus.
- Juleball for psykisk utviklingshemma på kulturhuset i regi av Ungdomsrådet og i samarbeid med frivilligsentralen.

Kulturkontoret

- Rutinar og avtalar knytt til konserthus og kino.
- Reetablering av strategigruppa «Forebyggande arbeid for born og unge» i samarbeid med fleire avdelingar.
- Utarbeiding av skilting og skjøtselsplan ved Herøy kystmuseum i samarbeid med MR fylke, kyrkja og museet.
- Fagdag i kulturavdelinga med tema informasjon og kommunikasjon på sosiale mediar.
- I samarbeid med eigarstyret på Herøy kystmuseum, bidrege med ressursar i arrangementet «Jul på Herøy». Målet med arbeidet har vore auka aktivitet og fleire besøkjande til garden.

Konserthus og kino

- Deltaking i nettverk for dans- og scenekunst for å kunne tilby publikum i regionen særlege opplevingar innan desse felta.
- Etablering av utstyr som gjer det mogleg å satelittoverføre aktuelle arrangement frå inn- og utland.
- Rutinar og avtalar knytt til konserthus og kino og med samarbeidspartar.
- Planlegging av vårsemesteret ved konserthuset.

Kulturhus og idrettshall

- Veilede publikum ved kulturhuset for å unngå parkering i gangsoner som skapar farlige situasjonar for mjuke trafikantar.

2. VEDTAKSRAPPORT

Vedtaksrapporten omfattar vedtak frå:

Komiteen for næring, kultur og idrett
18. mai 2015:

42/15	**SØKNAD OM KULTURMIDLAR – UNDERSKOTSGARANTI, HERØY MÅLLAG**
Vedtak	1. Herøy Mållag får tilsegn om underskotsgaranti på kr. 5 340 til arrangementet Litteratur og Quiz på Madelynn Coffee 22.10.2015. 2. Tilskotet kan utbetalast når det ligg føre rekneskap for arrangementet. 3. Tilskotet skal dekkjast over post 14700.4011.377 Disposisjonspost.
Status	Avslutta.
Framdrift	Tilskotet er utbetalt.

43/15	**SØKNAD OM KULTURMIDLAR – SKILTING OG MERKING, BERGSØY IDRETTSLAG**
Vedtak	1. Bergsøy Idrettslag Trimgruppa får tilsegn om kr. 10 500 til skilting og merking av Heid-løypa. Det skal sendast melding til kommunen når prosjektet/turruta er merka, skilta og registrert.. 2. Tilskotet kan utbetalast når det ligg føre fakturaoversikt for arrangementet. 3. Tilskotet skal dekkjast over investeringsbudsjettet, «Merking av turstiar i Herøyfjella»..
Status	Avslutta.
Framdrift	Tilskotet er utbetalt.

Komiteen for næring, kultur og idrett 12. okt. 2015:

57/15	**SØKNAD OM KULTURMIDLAR, OPPUSSING AV MINNESTEIN**
Vedtak	Komiteen for næring, kultur og idrett oppfordrar Herøy kyrkjelege fellesråd til å pusse opp minnesteinen på Herøy gamle kyrkjestad over dei falne etter Goksøyr-ulykka. Tiltaket kan gis tilskot frå kulturmidlane etter føregåande søknad frå fellesrådet.
Status	Avslutta.
Framdrift	

58/15	**SØKNAD OM KULTURMIDLAR - DISPOSISJONSPOST, NORGES BLINDEFORBUND MØRE OG ROMSDAL**
Vedtak	1. Norges Blindeforbund Møre og Romsdal gis tilsegn om tilskot på kr. 1 000 til lydavis for blinde og svaksynte i Møre og Romsdal. 2. Tilskotet skal dekkjast over post 14700.4011.377 Disposisjonspost.
Status	Avslutta.
Framdrift	Tilskotet er utbetalt.

59/15	**SØKNAD OM KULTURMIDLAR - PROSJEKTMIDLAR, JØSOK OG KLEPPE FORSAMLINGSHUS**
Vedtak	1. Jøsok og Kleppe Forsamlingshus får tilsegn om tilskot på kr. 23 172 til forbetring og drenering av forsamlingshuset. 2. Tilskotet kan utbetalast når det ligg føre kvitteringar for gjennomført prosjekt. 3. Tilskotet skal dekkjast over 14700.4011.231 Prosjektmidlar.
Status	
Framdrift	Tilskotet vert utbetalt når førutsetningane er oppfylte.

60/15	**SØKNAD OM KULTURMIDLAR - KURS, HERØY JANITSJAR**
Vedtak	1. Herøy Janitsjar får tilsegn om tilskot på kr. 18 300 til kurs for eigne medlemer ifm. øvingshelga den 26-27.sept. 2015. 2. Tilskotet kan utbetalast når det ligg føre rekneskap for kurset.

	3. Tilskotet skal dekkjast over post 14700.4011.377 Disposisjonspost.
Status	Avslutta.
Framdrift	Tilskotet er utbetalt.

61/15	**SØKNAD OM KULTURMIDLAR - DISPOSISJONSPOST, SANDE SOGELAG**
Vedtak	Komiteen for næring kultur og idrett finn ikkje å kunne gje tilskot til å gi ut boka «Fotograf Olaf Storegjerde» då søknaden fell utanfor retningslinene for tildeling av tilskot av kulturmidlane i Herøy kommune.
Status	Avslutta.
Framdrift	Tilskotet er utbetalt.

62/15	**SØKNAD OM KULTURTILSKOT - DISPOSISJONSPOST, KULTURHELG I MOLDE 2015**
Vedtak	1. Inntil ni deltakarar på Kulturhelga i Molde får tilskot på kr. 2 000 per. person. 2. Tilskotet kan utbetalast når det ligg føre kvitteringar for reise, opphald og kursavgift. 3. Tilskotet vert utbetalt over post 14700.4011.377 Disposisjonspost.
Status	Avslutta.
Framdrift	Tilskotet er utbetalt.

63/15	**SØKNAD OM KULTURMIDLAR - UNDERSKOTSGARANTI, KONSERT I HERØY KYRKJE I HØVE ALLHELGENSDAG**
Vedtak	1. Herøy sokn får tilsegn om underskotsgaranti på kr. 4 000 til arrangementet Kyrkjekonsert i høve allehelgensdag den 31.10.2015. 2. Tilskotet kan utbetalast når det ligg føre rekneskap for arrangementet. 3. Tilskotet skal dekkjast over post 14700.4011.377 Disposisjonspost.
Status	Avslutta.
Framdrift	Tilskotet er utbetalt.

Komiteen for næring, kultur og idrett 30. nov. 2015:

72/15	**IDRETTSFUNKSJONELL FØREHANDSGODKJENNING AV GAPAHUK PÅ TVERRFJELLET**
Vedtak	*Herøy kommune førehandsgodkjenner plan om gapahuk på Tverrfjellet, med vilkår nemnt i saksutgreiinga.*
Status	Avslutta.
Framdrift	

73/15	**SØKNAD OM KULTURMIDLAR - DISPOSISJONSPOST, TOFTETUNET - MYKLEBUSTTUNET**
Vedtak	1. Toftetunet – Myklebusttunet får tilskot til dekning av 22 t. til støttekontakt, samt til dekning av køyreutgifter i høve deltaking dei aktuelle dagane av Herøyspelet 2015. 2. Tilskotet vert utbetalt når timelister og reiserekningar ligg føre. 3. Tilskotet vert dekt over post 14700.4011.377 Disposisjonspost
Status	Avslutta.
Framdrift	Tilskotet vert utbetalt når førutsetningane er oppfylte.

74/15	**SØKNAD OM KULTURMIDLAR - PROSJEKT, SKILTING OG MERKING AV TURLØYPER**
Vedtak	1. Komiteen for næring, kultur og idrett gir tilsegn om tilskot som fylgjer: a. Pensjonistlaga i Herøy, kr. 30 000 til oppsetting av kvilebenker langs rundløype i tilknyting til begge sjukheimane. b. Tjørvåg idrettslag, kr. 20 000 til skilting-merking av turstiar i Myrvåg og Tjørvåg c. Heida Vel, kr. 10 500 til skilting - merking av Heid tursti 2. Tilskot kan utbetalast når det ligg føre fakturaoversikt for det enkelte prosjekt. 3. Tilskota skal dekkjast over post 14700.4011.231 Prosjektmidlar.
Status	Avslutta.
Framdrift	Tilskotet er utbetalt.

75/15	**SØKNAD OM KULTURMIDLAR - DISPOSISJONSPOST, HERØY MÅLLAG**

Vedtak	1. Herøy Mållag får tilsegn om auke i underskotsgaranti på kr. 3 721 til arrangementet Litteratur & Quiz som vart gjennomført på Fosnavåg konserthus 22.10.2015. 2. Tilskotet skal dekkjast over post 14700.4011.377 Disposisjonspost.
Status	Avslutta.
Framdrift	Tilskotet er utbetalt.

76/15	**SØKNAD OM KULTURMIDLAR - DISPOSISJONSPOST, BARNEHAGEVEKA 2015**
Vedtak	1. Barnehageveka 2015 gis eit tilskot på kr. 16 500 til dekning av teaterframsyning for barnehageborn. 2. Tilskotet vert dekt over post 14700.4011.377 Disposisjonspost.
Status	Avslutta.
Framdrift	Tilskotet er utbetalt.

Kommunestyret 30. apr. 2015:

48/15	**KYSTPILEGRIMSLEIA**
Vedtak	1. Kommunestyret er positive til prosjekt Kystpilegrimsleia, og ynskjer å ha ei synleg rolle i satsinga. 2. Kommunestyret ynskjer at Herøy gard skal vere fyrtårnet for den lokale satsinga på Kystpilegrimsleia. 3. Kommunestyret ynskjer ei prosjektgruppe med ein representant kvar frå: Herøy kyrkje, Herøy kystmuseum, Herøy Næringsforum v/reiselivsgruppa og kulturkontoret. Andre ressursar vert involvert etter behov. 4. Kulturleiar har ansvar for koordinering av gruppa.
Status	Pågår. Delteke i møte med initiativtakarar av pilegrimsvandringa «Sunnmørsleia» m.fl.. Evaluering av årets- og planlegging av neste års pilegrimsaktivitetar ifm. Herøyspelet. Samarbeid med kyrkjene. Kommunen har ikkje motteke informasjon frå prosjektleiar eller fylkeskommune i denne perioden.

	Avventer utnemning av representant frå Herøy Næringsforum reiselivsgruppa til prosjektgruppa.
Framdrift	Vidare oppfylging av prosjektet i regi av prosjektgruppa og saman med ulike samarbeidspartar.

Kommunestyret 24. sep. 2015:

111/15	**ÅRSMELDING OG REKNESKAP HERØY FRIVILLIGSENTRAL 2014**
Vedtak	Årsmelding og rekneskap for Herøy Frivilligsentral 2014 vert godkjend.
Status	Avslutta.
Framdrift	

Kommunestyret 10.des. 2015:

111/15	**AVGRENSA REVIDERING AV "PRIORITERT HANDLINGSPROGRAM" I KOMMUNEDELPLAN FOR IDRETT, FYSISK AKTIVITET OG FRILUFTSLIV 2015- 2018**
Vedtak	Herøy kommune vedtek i medhald av Pbl. §11-4 å gjere ei avgrensa revidering av kommunedelplanen for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2015-2018 slik det ligg føre.
Status	Avslutta.
Framdrift	

3. TENESTERAPPORTERING

Intern avviksrapportering

Det er meldt slike avvik til anna avdeling:
Etterslep frå eigedomsavdelinga på leveransar til vår avdeling:

- rehabilitering av lokale i fritidsklubben etter fleire vannlekkasjar ifm bygginga av Sunnmørsbadet. Konsekvens av forseinkinga er at fritidsklubben har vore stengt for aktivitet med unntak av PU-klubb, også etter at badet opna våren 2015. Utbetring gjennomført nov/des.
- etablering hensiktsmessig tilgang til lagerrom for materiell og utstyr knytt til idrettshallen. Konsekvens av forseinkinga er at avdelinga ikkje får tatt vare på og rydda utstyr vekk frå fellesareal og rømingsvegar, samt lager til andre formål.
- planlagd flytting av IKT-avdelinga for å gje plass til frivilligsentralen på

kulturhuset. Konsekvens av forseinkinga er at vi ikkje oppnår forventa reduksjon i husleigekostnader for sentralen, og tilsvarande auke i husleigeinntektene ved kulturhuset. I påvente av avklaring kan ikkje planlagd areal nyttast.

Det er meldt slike avvik i Compilo (Kvalitetslosen) siste tertial:
Ingen.

Avvik frå offentlege tilsynsorgan.
Ingenting å rapportere.

Pålegg frå offentlege tilsynsorgan
Ingenting å rapportere.

Utviklingsarbeid
Det er sett i verk fylgjande utviklingsoppgåver innafor avdelinga sitt ansvarsområde:

God og hensiktsmessig leiing og drift av kulturhuset og idrettshallen.
Saka vart fremja for kommunestyret før sommaren.
Avdelinga arbeider med avklaringar og tiltak knytt til saka.

PERSONAL- OG ORGANISASJONSAVDELINGA

Personal- og organisasjonsleiar Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth

1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

Avdelinga rapporterer særleg om fylgjande hendingar innafor sitt ansvarsområde:

a) Gjennomføring av lønsforhandlingar og mekling

I tilknyting og i førekant av sjølve forhandlingane vart det halde lønspolitiske drøftingsmøter mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane som var part i forhandlingane.

Sjølve lønsforhandlingar for kapittel 5 (ingeniørar, legar, rådgjevarar og leiarar m.m.) og kapittel 3.4 (topp- og mellomleiarar) vart det gjennomført veke 40 (28. september – 1. oktober 15). Lønsforhandlingar for kapittel 4 vart gjennomført sentralt.

Det kom til brot i høve tre arbeidstakarorganisasjonar; NITO, Skuleleiarforbundet og Utdanningsforbundet. Det vart halde mekling hjå Ålesund tingrett den 6. november, kor partane kom til semje.

b) Arbeidsavklaringsutval

I Kontaktmøte den 23. mars 2015 presenterte Personal- og organisasjonsleiar arbeidsgjevar sitt ynskja å etablere eit Arbeidsavklaringsutval (AAU).

AAU skal handsame saker som ein av ulike grunnar ikkje har og/eller ikkje maktar å løyse innanfor den einskilde avdeling, og/eller der arbeidsgjevar har prøvd ulike tiltak over tid utan å funne ei løysing i saka. Desse tilfella er mellom anna kjenneteikna med at maksdato for rett til sjukepengar nådd, forsøkt omplasseringar internt i avdelinga, sett i verk ulike former for utprøving og/eller tilrettelegging og langvarig sjukepermisjonar. Målet er at Herøy kommunen skal få ei heilskapleg og god tilnærming til sakene, der prinsippet om lik handsaming av sakene ligg i botnen. AAU skal kome med ei endeleg tilråding i sakene.

Saka med mandat og rutinar vart gjennom året drøfta i både IA- og Kontaktutvalet.

Ynskje om etablering av AAU vart òg teke inn i den overordna HMS-planen for Herøy kommune. HMS-planen vart godkjend på AMU-møte den 20. april 2015.

Ordlyden og innhald i «Mandat og retningsliner for Arbeidsavklaringsutvalet (AAU) hjå Herøy kommune» vart endeleg godkjend på Kontaktmøte den 26.10.15.

AMU godkjende AAU den 30. november 2015, sjå AMU-sak 18/15.

c) Revidering av og vedtak om verneområde

Arbeidsgjevar og hovudverneombod (HVO) hadde over lang tid sett behovet for å endre inndelinga av verneområda i Herøy kommune. Siste endring vart gjort i AMU i 2013. Då auka ein talet på verneområde frå 22 til 23, ein såg allereie då at ei ytterlegare utviding var nært førestående.

Inndelinga av verneområde var ikkje slik at det enkelte verneombod føler at dei har full oversikt over sitt område og tilsette dei skal vere verneombod for.

Arbeidsmiljølova § 6-1 (2) heiter det; «[h]vert verneområde skal være klart avgrenset og må ikke være større enn at verneombudet kan ha full oversikt og ivareta sine oppgaver på forsvarlig måte».
Personal- og organisasjonsavdelinga og hovudverneombod hadde ein grundig prosess på ny oppdeling av verneområde. Ein har mellom anna arrangert Verneombodsdag (fellessamling) der alle verneomboda og leiarane vart invitert, og der dette spørsmålet var eit av temaene. Forslag til ny inndeling er såleis gjort i samarbeid med gjeldande avdelingar og arbeidstakarar. Dette vart også drøfta i Kontaktmøtet.
AMU godkjende nye verneområde den 30. november 2015, sjå AMU-sak 19/15.

d) IA-plan
I høve til avtale om Inkluderande Arbeidsliv (IA) pliktar Herøy kommune å utarbeide ein handlingsplan over dei aktivitetar som byggjer opp under dei overordna måla som ligg til grunn for IA-avtalen.
Herøy kommune har signert samarbeidsavtale for IA for perioden 04.03.14 til 31.12.18, som erstattar avtalen frå 24. februar 2010.
Overordna mål for IA-avtalen er å betre arbeidsmiljøet, styrkje nærværet, førebyggje og redusere sjukefråveret og hindre utstøyting og fråfall frå arbeidslivet.
Herøy kommune har prosedyrar, rutinar og aktivitetar knytt til IA-arbeidet, og gjennom handlingsplan for IA vert dette både ein reiskap og dokumentasjon på det arbeidet som har vore gjort og arbeid som skal gjennomførast i framtida.
Handlingsplanen skal reviderast årleg, og ved inngåing av ny IA-avtale skal handlingsplanen utarbeidast i høve til dei premissane som vert lagde for denne avtalen.
AMU godkjende IA-plan den 30. november 2015, sjå AMU-sak 21/15.

2. VEDTAKSRAPPORT
Ingenting å rapportere.

3. TENESTERAPPORTERING

Intern avviksrapportering

Kategori	Tal samla	Låg alvorsgrad	Middles alvorsgrad	Høg alvorsgrad
Helse, miljø og tryggleik				
Organisasjon	1		1	
Tenester/brukar				

Avviket vart rapportert den 17. desember, og gjaldt manglande rutinar og/eller bruk av rutinar i samband med ny-tilsetting og ved avslutning av arbeidshøve. Avviket vart lukka av personal- og organisasjonsleiar den 22. den desember 2015. Det vart gjennomført kontroll om det låg føre tilgjengelege og oppdaterte rutinar/sjekklister i Compilo

(Kvalitetslosen). Det kan stadfestast at det låg føre oppdaterte rutinar/sjekklister. Det er sendt ut påminning om bruken og rutinane/sjekklistene er sendt på leseliste til rådmannen si leiargruppe i Compilo.

Pålegg frå offentlege tilsynsorgan
Ingenting å rapportere.

Utviklingsarbeid
Det er sett i verk fylgjande utviklingsoppgåver innafor avdelinga sitt ansvarsområde:

a) Oppretting av partsamansett arbeidsgruppe – tidsregistreringssystem
Organisasjonen (leiarar, stab og brukarar) erfarer at dagens tidsregistreringsystem er lite føremålstenleg og brukarvenleg. Rådmannen gav personal- og organisasjonsleiar i oppdrag å leie arbeidsgruppe som skal utforme førespurnad og kravs spesifikasjon, og innhente tilbod frå andre tidsregistreringstilbydarar. Arbeidsgruppa har utarbeide dokumentasjon, som vil verte sendt ut i løpet av januar 2016.

b) Oppretting av partsamansett arbeidsgruppe – krav om stilling etter Arbeidsmiljølova
Som fylgje av endringar Arbeidsmiljølova om krav om stilling og auka stilling erfarer organisasjonen at det ikkje ligg føre gode nok rutinar for handtering av krav, ansvar og saksgang. Rådmannen gav personal- og organisasjonsleiar i oppdrag å leie arbeidsgruppe som skal gjere greie for og utforme føremålstenelege rutinar. Etter møte i gruppa har personal- og organisasjonsleiar byrja på ei rutine som gruppa skal drøfte vidare.

c) Oppretting av arbeidsgruppe på leiarnivå – tryggleiks-/personvernansvarleg
IKT-leiar har i kraft av si stilling også vore tryggleiksansvarleg. Dette er ein uheldig rollekombinasjon, då ein kan sjå føres seg «bukken og havresekken-dilemma». Arbeidsgruppa har drøfta kva kvalifikasjonar og oppgåver som ligg til rolla, og har kome med ei tilråding til rådmannen.

d) Utarbeiding av program for leiaropplæring
Opplæringa er i all hovudsak knyt opp til HMS, løn og andre personalfagleg område.

e) Kvalitetsarbeid
Personal- og organisasjonsavdelinga arbeider kontinuerleg med kvalitetsarbeid, slik ajourhald og oppdatering i høve lov, regelverk og avtaler. Herøy kommune nyttar Compilo (Kvalitetslosen) som verkty i saband med kvalitetsarbeid og oppfylging.

4. SJUKEFRÅVÆR OG REFUSJONAR

Innleiing

Frå og med 01.01.15 har sjukefråveret i Herøy kommune vorte rapportert tertialvist, der Personal- og organisasjonsavdelinga også sender ut status for sjukefråvær for den enkelte avdeling kvar månad. Sjukefråværet blir regelmessig lagt fram for AMU. Tabellane nedanfor syner sjukefråværet for 1., 2. og 3. tertial 2015. Vi har og teke med ein tabell som gir grunnlag for å samanlikne tala for 3. kvartal 2014 og 2015.

Tabell 1

Tertialvise fråvær i % Herøy kommune. 1. tertial, 2. og 3. tertial 2015 L= Langtidsfråvær, K= Kortidsfråvær									
Avdeling	1. tertial	K	L	2. tertial	K	L	3. tertial	K	L
Personal og org. ink	8,69	1,31	7,37	4,52	1,4	3,12	5,32	1,03	4,29
Økonomi (>10)	5,71	3,21	2,51	15,14	0,79	14,35	9,87	1,45	8,41
Fellessekr. (<5)	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Rådm./ass.rådm. (<	0	0	0	0	0	0	0	0	0
IKT (<5)	37,56	0	37,56	11,57	0	11,57	0,39	0,39	0
Servicetorget (<10)	8,87	8,87	0	0,88	0,88	0	14,25	3,14	11,11
Utviklingsavd. (<10)	7,12	1,66	5,26	2,07	0,84	1,23	5,44	3,53	1,91
Barnehageavd. (<40	13,63	3,06	10,57	8,35	2,93	5,41	12,32	3,46	8,86
Grunnskuleavd. (<2	7,32	2,44	5,27	5,38	0,87	4,51	5,32	1,5	3,82
Anl. og drift (<15)	11,58	3,22	8,36	4,89	0,42	4,47	0,8	0,8	0
Brannvern (<30)	1,09	1,09	0	0,28	0,13	0,15	1,23	0,95	0,28
Helse (<40)	8,01	0,98	7,02	6,61	0,74	5,86	2,55	0,67	1,87
Pleie og omsorg (<3	12,08	2,45	9,63	8,87	1,98	6,89	7,04	2,14	4,9
Bu og hab. (<75)	16,05	2,99	13,07	8,02	2,28	5,74	7,94	3,11	4,84
Barnevern (<10)	14,16	0,71	13,45	8,08	0,74	7,34	5,28	2,45	2,82
Kultur (>10)	3,52	2,85	0,67	3,43	2,68	0,75	5,69	1,95	3,73
Eigedom (<40)	12,26	2,7	9,56	8,96	2,32	6,64	22,29	3,21	16,38
NAV kommune (10)	15,51	6,23	9,26	17,4	2,77	14,69	13,64	2,27	11,37
Totalt fråvær	10,53	2,41	8,12	7,25	1,55	5,7	7,52	2,04	5,48

Diagram viser tertialvist sjukefråværet dei siste 3 åra, dvs. 2013, 2014 og 2015.



Tabellen viser sjukefråvær for 3. tertial høvesvis i 2014 og 2015.

Tabell 2

Tertialvisefråvær i % Herøy kommune 3. tertial 2014 og 3. tertial 2015 L= Langtidsfråvær, K=Kortidsfråvær						
	2014			2015		
Avdeling	3. tertial	K	L	3. tertial	K	L
Personal og org. inkl	7,29	1,82	5,47	5,32	1,03	4,29
Økonomi (>10)	1,58	1,15	0,43	9,87	1,45	8,41
Fellessekr. (<5)	0	0	0	0	0	0
Rådm./ass.rådm. (<	0	0	0	0	0	0
IKT (<5)	36,57	4,07	32,5	0,39	0,39	0
Servicetorget (<10)	1,3	1,01	0,29	14,25	3,14	11,11
Utviklingsavd. (<10)	2,08	2,08	0	5,44	3,53	1,91
Barnehageavd. (<40	14,46	3,21	11,25	12,32	3,46	8,86
Grunnskuleavd. (<25	6,61	1,61	5	5,32	1,5	3,82
Anl. og drift (<15)	3,18	0,68	2,5	0,8	0,8	0
Brannvern (<30)	2,56	1,29	1,28	1,23	0,95	0,28
Helse (<40)	5,72	1,2	4,52	2,55	0,67	1,87
Pleie og omsorg (<3	9,07	2,01	7,06	7,04	2,14	4,9
Bu og hab. (<75)	12,79	1,6	11,19	7,94	3,11	4,84
Barnevern (<10)	2,9	1,95	0,94	5,28	2,45	2,82
Kultur (>10)	0,7	0,7	0	5,69	1,95	3,73
Eigedom (<40)	13,47	2,59	10,84	22,29	3,21	16,38
NAV kommune (10)	2,68	2,68	0	13,64	2,27	11,37
Totalt fråvær	8,27	1,8	6,32	7,52	2,04	5,48

Herøy kommune hadde eit samla sjukefråvær i 3. tertial 2015 på 7,52%. Det betyr at kommunen ligg om lag akkurat på mål for nærvær som er 92,5%. Dersom vi samanliknar med same tertial 2014, har vi ein reduksjon i fråværet med 0,75%. Generelt endrar sjukefråværet seg gjennom året, og ligg ofte på eit høgare nivå i 3. tertial. Langtidsfråværet er det som gjev størst utslag på statistikken og for 3. tertial 2015 er det på 5,48%. Samanliknar vi igjen 2014 og 2015, skil det over ein prosent.

Vurdering og konklusjon

Generelt ser vi av bade tabell 1 og 2 at sjukefråværet varierer mykje frå den eine avdelinga til den andre. Avdelingar med få tilsette vil få ein større prosentvis utslag enn avdelingar med mange tilsette. Døme på dette er Personal- og organisasjonsavdelinga eller IKT- avdelinga som har få tilsette.

11 av 18 avdelingar har ein nedgang i sjukefråveret frå 3. tertial 2014 til 2015, noko som isolert sett er svært positivt.

Dersom vi ser på utviklinga av sjukefråværet i 2015, er det særleg verdt å merke

nedgangen i sjukefråvær hos Pleie- og omsorgsavdelinga som har hatt ein jamn nedgang i 2015. Avdelinga hadde i 1. tertial eit sjukefråvær på 12,08, gjekk ned til 8,81 i 2. tertial og hadde for 3. tertial eit sjukefråvær på samla 7,04%. Noko som ligg godt under målsetjinga til Herøy kommune.

Ei anna avdeling som har hatt markant nedgang er Bu- og habiliteringsavdelinga med ein nedgang på 8,11% frå 1. til 3. kvartal. Andre avdelingar som kan skilte med nedgang i same periode er Barnevern som har gått frå 14,6% til 5,28%, Anlegg og drift frå 11,58% til 0,8% og avdelingane Nav kommune, helse og grunnskulen har også hatt ein nedgang på om lag 2%. Det er og grunn til å vise til markant nedgang hos IKT-avdelinga som har under ein halv prosent fråvær i 3. tertial.

Ei av dei avdelingane som har hatt ei negativ utvikling er Eigedomsavdelinga, med ein auke på 10% sjukefråvær. Når det er sagt er det grunn til å understreke at det er ei svært samansett avdeling og med til dels tungt fysisk arbeid, og her ligg mellom anna reinhald og vedlikehald.

Tabellane syner også ein oppgang i sjukefråvær i dei små avdelingane, mellom anna Servicetorget, men det er grunn til å understreke at i ei avdeling med få tilsette gir ei endring i nærværet stort utslag.

Samla sett er det mykje positivt å lese ut av statistikken, sjølv om der er ein liten auke frå siste tertialrapport. Dei store avdelingane har ei fin utvikling i nærværet, og det kan synes som om fråværet kan stabilisere seg inn i mot det som er målsetjinga til Herøy kommune. Eit nærvær på 92,5%.

Herøy kommune er ei IA-verksemd og det vert jobba målretta med sjukefråvær, både gjennom førebygging og oppfølging av sjukmelde. Med utgangspunkt i dei tala som no føreligg er det mange som gjer ein god jobb og med synleg resultat.

Oversyn krav og refusjonar heile organisasjonen

Personal- og organisasjonsavdeling vil for framtida rapportere tertialvis med tanke på krav og refusjonar (sjukepengar og foreldrepengar) som organisasjonen har i høve NAV. Ved større avvik eller avvik over tid vil desse verte kommentert særskilt. Eit samla årsoversyn vil kome i samband med årsrapporten.

Grunngjevinga og målsettinga for å rapportere på desse tala er å informere politikarane om status og utvikling, likeeins synleggjere viktigheita med at leiarar og personal- og organisasjonsavdelinga fylgje opp og faktisk krev refusjonar frå NAV til rett tid.

Sjukepengerefusjonar 3. tertial
Oversynet syner genererte sjukepengekrav per månad (blå søyler), det vil sei dei krav i kroner arbeidsgjevar meiner å ha på NAV, og motteken refusjonar i kroner (raude søyler) frå NAV per månad.



Oppdatert per. 11.01.15

Vi gjer merksam på at genererte krav og motteken refusjonar ikkje er samanfallande. Eit krav som vert sendt til NAV, skal i teorien verte bokført refundert månaden etter, men i praksis gjeng det opp til tre månader. Det er fleire grunnar til forseinkinga, t.d. krav som ikkje vert sendt beinvegs eller restansar hjå NAV.

Samla sjukepengekrav og motteken refusjonar i 3. tertial 2015;

Sjukepengar	Kroner	Differanse
Totalt genererte krav	kr 3 978 212,-	
Totalt motteke refusjon	kr 3 557 582,-	kr - 420 630,-

Herøy kommune har vel kr. 400 000,- utestående hjå NAV per 11. januar 2016. Målet er at krav og refusjonar skal gå i null ved års slutt.

Erfaring syner at ein aldri kjem heilt i ballanse. Dette kan skuldast fleire årsaker bl.a. for seint framsett krav og arbeidsgjevar har ikkje krav på refusjon.

Foreldrepengerefusjonar 3. tertial
Oversynet syner genererte foreldrepengekrav per månad (blå søyler), det vil sei dei krav i kroner arbeidsgjevar meiner å ha på NAV, og motteken refusjonar i kroner (raude

søyler) frå NAV per månad.



Oppdatert per 11.01.15

Vi gjer merksam på at genererte krav og motteken refusjonar ikkje er samanfallande. Eit krav som vert sendt til NAV, skal i teorien verte bokført refundert månaden etter, men i praksis gjeng det opp til tre månader. Det er fleire grunnar til forseinkinga, t.d. krav som ikkje vert sendt beinvegs eller restansar hjå NAV. Som ein ser av diagrammet er likevel differansen mindre månad for månad, samanlikna med sjukepengerefusjonar. Dette skuldast at arbeidsgjevar berre sender inn eit krav ved oppstart av foreldrepengar, som gjeld for heile foreldrepermisjonsperioden. For sjukepengar må det sendast inn nye krav for kvar forlenging av sjukefråværet.

Samla foreldrepengekrav og motteken refusjonar i 3. tertial 2015;

Foreldrepengar	Kroner	Differanse
Totalt genererte krav	kr 1 494 052,-	
Totalt motteke refusjon	kr 1 356 025,-	kr - 138 027,-

Herøy kommune har nær kr. 140 000,- utestående hjå NAV per 11. januar 2016. Målet er at krav og refusjonar skal gå i null ved års slutt.

Erfaring syner at ein aldri kjem heilt i ballanse. Dette kan skuldast fleire årsaker bl.a. for seint framsett krav og arbeidsgjevar har ikkje krav på refusjon.

Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth
Personal- og organisasjonsleiar

Fosnavåg 11. januar 2015

Økonomiavdelinga

1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

Har ikkje registrert viktige hendingar i 3. tertial 2015

2. VEDTAKSRAPPORT

Budsjett/økonomiplan 2016-2019 vedteke. Står igjen å sende til Fylkesmannen

3. TENESTERAPPORTERING

Intern avviksrapportering
Ingenting å rapportere.

Pålegg frå offentlege tilsynsorgan
Ingenting å rapportere.

Utviklingsarbeid
Det er ikkje sett i verk utviklingsoppgåver innafor avdelinga sitt ansvarsområde:

Anna
Vår utfordring i 3 tertial er knytt til personellressursen. Vi har hatt stort sjukefråvær i tillegg til at ein person pensjonerte seg i sommaren 2015. Det har ført til at mange har fått tatt ut for lite ferie i 2015 (mange feridagar overført ti 2016). Fleire av medarbeidarane har strekt seg langt for å få hjula til å gå rundt med minst mogeleg plunder og heft for andre avdelingar/publikum. Faren er at dette kjem til halde fram også våren 2016. Totalt har vi 1,4 årsverk mindre i drift no enn vi hadde på tilsvarande tidspunkt i 2015.

Servicetorget Tertialrapportering 3
Servicetorgleiar /Wenche Moltu

1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

Førehandsrøysting vart gjennomført fram til valdato 10.09.2015.

På grunn av sjukmelding i avdelinga har det vore redusert bemanning.

2. VEDTAKSRAPPORT

Det er gjort vedtak på kva det skal lagast handlingsplan for i utarbeiding av ny kriseplan. Arbeidet med planen er ikkje avslutta.

3. TENESTERAPPORTERING

Det er sendt 11 avvik på forhold ein meiner ikkje fungerer overfor publikum i organisasjonen. Det er ikkje meldt avvik på ST i perioden.

Utviklingsarbeid
I denne perioden har det vore redusert bemanning (vakanse) og langtidssjukmelding. Det har ikkje vore høve for å tenke utviklingsarbeid då ein har hatt fokus på dagleg drift.

PLEIE- OG OMSORGSAVDELINGA

Pleie- og omsorgsleiar Ragnhild Velsvik Berge

1. VIKTIGE HENDINGAR 3. TERTIAL

Avdelinga rapporterer særleg om fylgjande hendingar innafor sitt ansvarsområde:

Fylkesvinnar i konkurransen «Gylne måltidsøyeblikk»
I samarbeid med Fylkesmannen inviterte Landbruksdepartementet alle sjukeheimane i landet til å delta i denne konkurransen med fokus på matglede og ernæring. Institusjonskjøkkenet i Herøy gjekk til topps i vårt fylke. Kjøkkenet leverer mat til alle sjukeheimsavdelingane, men av praktiske årsaker måtte ein legge sjølve konkurransen til matsalen ved hovedkjøkkenet, som er på Herøy omsorgssenter. Ein jury frå fylkesmannen har i denne anledning besøkt kommunen ved to høve. Vi nådde ikkje til topps i landssamanheng, men er godt nøgde med å vere ei båtlengd føre på fylkesnivå. Både deltakinga og prisen har inspirert til vidare arbeid med å utvikle gode tenester innanfor dette fagområdet.

Oppstart av arbeidet med nybygg for heildøgs omsorgsbustadar og base for heimetenestene. Ein viktig milepæl at eit etterlengta prosjekt har kome i gang, og avdelinga har vore aktivt deltakande i planlegginga av bygget hausten 2015

Positive erfaringar

- Fleire leiarar peiker på dei positive sidene ved det å ha dyktige lærlingar i avdelingane, både med tanke på kvalitet og effektivitet.
  Fagutviklingssjukepleiar jobbar aktivt ut mot ungdommen for å rekruttere gode kollegaer for framtida. I haust har vg2 helsefag vore på besøk på sjukeheimen og fått omvisning og innblikk i våre arbeidsområde. Aldri har så mange frå vg2 vore interesserte i læretid. Vi har også delteke med informasjon under yrkesveka til 9.klasse, og bidrege til ein helse- og omsorgsstand.
- Mange peiker på gode erfaringar med å ha fått kreftsjukepleiar i kommunen
- Fleire avdelingar har fått ein erfaren lege som fast vikar, og er svært nøgde med det. Pasientflyten og kompleksiteten på sjukeheimane har auka etter samhandlingsreforma, og sjukeheimslegen har ei svært viktig rolle.
- Har fått wifi-gjestenett på sjukeheimsavdelingane og planlegg innkjøp av nettbrett for å kunne ta i bruk skype for pasientane
- Det har vore fleire innlegg i media som er viktig for god omdømmebygging
- Avdelingane melder om godt arbeidsmiljø og sjukefråværet er bra til å vere ei pleie- og omsorgsavdeling. Leiargruppa har hatt omfattande fokus på kompetansebygging og gode rutiner for sjukefråværsoppfølging. Det har også vore tema på fagdagane i avdelingane.
- Fleire avdelingar rapporterer om gode erfaringar med arbeidspraksisplassar frå NAV

Tenester

- Siste månadane før jul var det sterkt press på sjukeheimsplassar. Julehelga gjekk vi i møte med fleire pasientar med seng på korridor, og avdelingane måtte utifrå fagleg forsvarleg teneste auke bemanninga, særleg på natt. Desembermånad nyttar vi 99,6% av sjukeheimsplassane, og den månaden blir den med høgast belegg i 2015. I perioden for tertialrapporten har avdelinga i gjennomsnitt eit belegg på 98,2. Heimetenestene har etter lang tid med stort arbeidspress hatt det litt lettare dette tertialet. Like inn i jula kom der til nye utfordringar som vil prege det nye året.
- På Ø-hjelpsplassane i Myrvåg har der vore 14 pasientar, med eit snitt på ca 3 liggedøgn pr pasient. I eit evalueringsmøte vart det i samråd med kommuneoverlege og tillitsvalt konkludert med at ein våren 2016 vil marknadsføre desse plassane betre overfor legar, sjukhus og innbyggarar i Herøy kommune.

2. VEDTAKSRAPPORT

Ingenting å rapportere.

3. TENESTERAPPORTERING

Intern avviksrapportering

Det er meldt slike avvik i Kvalitetslosen frå 1.9.15 – 31.12.15:

Kategori	Tal samla	Låg alvorsgrad	Middels alvorsgrad	Høg alvorsgrad
Helse, miljø og tryggleik	14	4	4	6
Organisasjon	13	4	2	3
Teneste/brukar	38	11	18	9

I første tertial vart det meldt 65 avvik, i andre 111 og no 61. Det kjem ut likt ulikt resultat i statistikkspørjinga for alvorsgrad og kategori. Eg veit ikkje kva som er årsaken, men det er så lite at det har ingen betydning for vår tolkning av resultatet. Ein gjennomgang av avvika viser at det er vanskelig å skilje mellom kategoriane. Uroleg pasient er til dømes meldt av nokre under teneste og andre under HMT. Begge deler kan vere rett. Folk vurderer også svært ulikt når det gjeld alvorsgrad.

Under **kategori HMT** er det uroleg pasient og feil på utstyr som dominerer. Andre stikkord er for lite personale, dårleg luft, stikk på sprøyte og medikamentfeil. Under **kategori organisasjon** er feilmedisinering, og feil og/eller manglande informasjon det som går mest igjen. Andre stikkord er IKTdrift og bygningsmessige manglar. Og under **kategori teneste** er det feilmedisinering og fall som har dei klart fleste avvika. Her er også uroleg pasient og manglande informasjon meldt av fleire. Andre stikkord er stikk, feil på utstyr, lite personell, og klage på pasientreise.

Trass ein stor innsats på området medikamenthandtering, mellom anna gjennom deltaking i den nasjonale pasient-tryggleikskampanjen, er dette framleis avdelinga si største utfordring. Feila er av forskjellig karakter. Resultata vert gått gjennom i

leiargruppa i pleie- og omsorg, og den enkelte leiar vil så ta det vidare i sine avdelingar.

Avvik frå offentlege tilsynsorgan
Ingenting å rapportere.

Pålegg frå offentlege tilsynsorgan
Ingenting å rapportere.

Utviklingsarbeid
Det er sett i verk fylgjande utviklingsoppgåver innafor avdelinga sitt ansvarsområde:

Tilpasning til helsenett
Det pågår framleis eit utviklingsarbeid med den elektroniske kommunikasjonen innad i helsenettet. Også den elektroniske kommunikasjonen mellom omsorgstenesta og legane i kommunen er no på plass i høve den tekniske biten. Neste steg vert å få dette i dagleg drift på legesida.

Prosjekt vikarbank
Prosjektet er under arbeid med midlar frå fylkesmannen til frikjøp av prosjektleiar i 20% stilling fram til sommaren 2016.

Prosjekt aktivitetsvenn
Prosjektet pågår. Gjennom midlar frå demensaksjonen i Nasjonalforeningen, vart Herøy kommune som ei av tre kommunar i fylket, plukka ut til å vere med på dette prosjektet.

Ragnhild Velsvik Berge

BU- OG HABIILITERINGSAVDELINGA

Renathe Rossi-Kaldhol

1. VIKTIGE HENDINGAR TREDJE TERTIAL

Avdelinga rapporterer særleg om fylgjande hendingar innafor sitt ansvarsområde:

Ingen særskilte hendingar

2. VEDTAK

Vedtaksrapport omfattar vedtak frå og med 1.9.2015- 31.12.2015:

Ingen vedtak

3. TENESTE

Det er meldt slike avvik i Kvalitetslosen frå 1.9.15 – 31.12.15: 14 avvik

Kategori	Tal samla	Låg alvorsgrad	Middels alvorsgrad	Høg alvorsgrad	Status
Helse, miljø og tryggleik	3	1	2	0	3/3: Lukka
Organisasjon	3		1	2	3/3: Lukka
Teneste/brukar	8	3	3	2	7/8: Lukka

Pålegg frå offentlege tilsynsorgan
Ingen tilsyn, ingen registrerte pålegg.

Utviklingsarbeid
Det er sett i verk fylgjande utviklingsoppgåver innafor avdelinga sitt ansvarsområde:

Arbeid med «Herøy ressurssenter»:
Arbeid med Herøy ressursenter vart på nytt satt på vent i investeringsbudsjettet. Bu- og habiliteringsavdelinga har over 6-7 år jobba mykje med dette prosjektet. Vidare framdrift er avhengig av tildelte ressursar og arbeid frå andre avdelingar i kommunen for gjennomføring.

Arbeid med utvikling av «kompetanseteam»:
Bu- og habiliteringsavdelinga arbeidar med eit med vikarprosjektet som har arbeidstittel « Eit kompetanseteam». Ideèn handlar om å tilsette personell i heile stillingar som skal arbeide på tvers i bu- og habiliteringsavdelinga. I

kompetanseteamet vurderar vi alternative turnusar med komprimert arbeid og opp til 12,5-13 timars vaktlengde og større grad av friperiodar.

Kompetanseteamet har som hensikt å dekkje mesteparten av det daglege vikarbehovet i avdelinga, der vi likevel må bruke pengar for å ha vikar og skal vere eit arbeidsgivargrep i forhold tilt å sikre høg fagkompetanse, i staden for å få stadig nye krav om auke i stilling frå personell utan utdanning, etter innstrammingа i lovverket frå 1 januar 2015 om vikarbruk. Det er avdelingsleiar for Nestunet som er prosjektleiar. Prosjektet var forankra i årsplanen og er elles i samarbeid med HTV og HVO i kommunen.

Måtet var å få prosjektet klart som ei eiga grunngjeve sak i samband med budsjettarbeidet for 2016. Dette kom vi ikkje i mål med. Sidan dette er eit prosjekt utan frikjøpt tid for å sikre framdrift, ser vi at det i praksis vert vanskeleg å prioritere høgt nok.

Barn,- familie- og helseavdelinga

Leiar for Barn-, familie og helseavdelinga
Inger Marie Tofthagen

1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

Avdelinga rapporterer særleg om fylgjande hendingar innafor sitt ansvarsområde:

Hending
Det er fortsatt vanskeleg å få tilsett i ledige fastlegeheimler. Vakansar over tid har skapt utfordringar. Kommunen har i denne perioden hatt to turnusleger og det har og vore noko meir stabilitet blant vikarane. Det arbeidast vidare for å få tilsett i fastlegeheimlene.

Hending
I løpet av første halvår 2016 vil to av seksjonsleiarane verte pensjonistar. Dette er medarbeidarar som har vore lenge i organisasjonen. Prosessen med å få tilsett nye seksjonsleiarer vart gjennomført seinhausten. Det vil dermed ikkje verte vakanse i desse stillingane ved leiarskiftet.

Hending
Rådmannen har vedteke at NAV skal verte ein del av avdelinga frå 1.1.2016. Arbeidet med iverksettinga av dette er i gang og det er mellom anna helde ei felles samling for alle i den nye avdelinga. Det var ei positiv stemning og eit godt møte.

2. VEDTAKSRAPPORT

Ingenting å rapportere.

3. TENESTERAPPORTERING

Det er meldt 2 avvik i Kvalitetslosen siste tertial:

Avvika gjeld manglande registrering i fråværssystem (TRIO). Avvika er handsama og lukka. Det har og vore store utfordringar med omsyn til IKT i dette tertialet, særleg ved overgang til nytt journalsystem for legesentra.

Pålegg frå offentlege tilsynsorgan
Ingenting å rapportere.

Utviklingsarbeid

Det er sett i verk fylgjande utviklingsoppgåver innafor avdelinga sitt ansvarsområde:

Organisering av tenesta for rusmisbrukarar

Arbeidsgruppe som vurderte organiseringa av tenesta for rusmisbrukarar la fram rapporten. Det vidare arbeidet med å få gjennomført endringa er i gang og det er mellom anna gjennomført fellesmøte og NAV-leiaren har vorte deltakar i leiargruppa i avdelinga.

Strategisk rekrutteringsplan for leger

Avdelinga har utarbeida ein strategisk rekrutteringsplan for legetenesta. Denne planen kjem med forslag til tiltak for å få rekrutert og ikkje minst behalde fastlegar i kommunen. Planen vil verte politisk handsama på nyåret 2016.

Tverrfagleg arbeid

Saman med dei øvrige avdelingane som arbeider med tverrfagleg tilnærming for barn og unge har avdelinga reorganisert arbeidet. Det er positivt igjen å sette fokus på tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid. Sjølv om vi har gjort mykje gjennom mange år er det fortsatt noko å hente på dette området.

Barnehageavdelinga

Laila Kvalsund Solhaug

VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

1.Klage på vedtak om kommunalt tilskot frå PBL

Kommunen har fått klage frå Private Barnehagers Landsforbund på vegne av dei private barnehagane i Herøy på vedtak etter rekneskapsavslutninga 2014. Klaga går på at kommunen gjorde fleire vedtak . Kommunen gjorde det m.a. for å rette opp ei feilføring ein oppdaga i reknearket. Får ein ikkje retta opp denne feilen, vil dei private barnehagane få meir utbetalt enn det dei skal ha etter regelverket. PBL meiner at kommunen ikkje kan rette opp denne feilen når vedtaket er gjort. Klagen er sendt til fylkesmannen for endeleg avgjerdsle. Kommunen har og fått klage frå PBL på vegne av Gnist barnehager Myklebust. Dei klagar på at kommunen gjorde nytt vedtak om tilskot for hausten 2014. Kommunen gjorde dette pga det ein meiner er ei stor aktivitetsendring i barnehagen. Regelverket opnar opp for å gjere nye vedtak i eit tilskotsår dersom barnehagen har ei stor aktivitetsendring. Endringa denne hausten er ein nedgong i barnetalet tilsvarande 12 småbarnsplassar. Dette resulterer i at barnehagen sparer fleire stillingar, og det bør få konsekvens for utmåling av tilskot. PBL og barnehagen er ikkje einig i dette og klagar på vedtaket. Kommunen opprettheld sitt vedtak og har sendt saka til avgjerdsle hos fylkesmannen.

2.Status ledige barnehageplassar

Framleis nokre ledige plassar i eit par av barnehagane.

3.Ny ordning : Redusert foreldrebetaling pga lav inntekt frå 01.05.2015 og gratis kjernetid pga lav inntekt frå 01.08.2015.

Kommunen har til no fått 22 søknader om redusert foreldrebetaling med bakgrunn i dette regelverket. Tilsaman har dette kosta kommunen kr. 127 488,- i 2015. Dei private barnehagane får refundert sine tapte inntekter frå kommunen.

1. VEDTAK

Ingenting å rapportere.

2. TENESTE

Det er ikkje meldt avvik i Kvalitetslosen i løpet av 3. tertial

Dato	Avvik	Alvorsgrad
Status		
Framdrift		

Pålegg frå offentlege tilsynsorgan
Ingen registrerte pålegg.

SKULEAVDELINGA

Sølvi Lillebø Remøy

1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

1.1 Oppstart av planleggingsarbeid for tilbygg ved Leikanger skule
1.2 Vidareutdanning av fleire tilsette i grunnskule og PPT, med nasjonal delfinansiering
1.3 Etablering av pilotprosjekt med norskopplæring for minoritetsspråklege på mellom- og ungdomstrinn. Innføringsgruppe med elevar frå fleire skular.
1.4 Pedagogisk arbeid på tvers av alle barneskular i kommunen, felles etterutdanning og nettverk.
1.5 Deltaking i nasjonal satsing for ungdomstrinnet. Skulebasert utviklingsarbeid kombinert med nettverk på tvers av ungdomsskular.

2. VEDTAK

Ingenting å rapportere

3. TENESTE

Ingen melde avvik.

Pålegg frå offentlege tilsynsorgan
Ingen registrerte pålegg.

Utviklingsarbeid

1. Utviklingsgruppe for vurdering av I'Pad som kompensatorisk hjelpemiddel i grunnskulen. Deltaking frå grunnskule, PPT og IKT. Igangsetting/Utprøving våren 2016.
2. Planlegging av utviklingsarbeid for å sikre overgangar på tvers i grunnskulen; barnehage – småskule, småskule – mellomtrinn, mellomtrinn – ungdomstrinn, ungdomstrinn – vidaregåande. Prosessar for gjennomføring våren 2016.
3. Vidareutvikling av digitalt skuleadministrativt program, oppgradering og igangsetting av nye modular. Mål: effektivitet, kvalitet, sikker arkivering.
4. Opplæring av personal ved PPT og skulekontor til å delta i beredskapsteam mot mobbing i samarbeid med Adferdssenteret iStavanger og Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Fosnavåg, 6.januar 2016
Skuleleiaren

NAV Herøy

NAV-leiar Berit Lyngstad

1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

Avdelinga rapporterer særleg om fylgjande hendingar innafor sitt ansvarsområde:

Arbeidsmarknaden

NAV Herøy har om lag 130 registrerte kontaktpunkt med arbeidsgjevarar i 3. tertial. Dette omhandlar bedriftsbesøk, oppfølging av arbeidstakarar i praksis, hjelp til rekruttering og formidling av arbeidskraft, og informasjon og rettleiing om ulike tiltak og tilskot.

3. tertial har vore særleg prega av alle permitteringane i maritim sektor. NAV-kontoret har eit godt samarbeid med dei verksemdene dette gjelde.

Arbeidsløysa har hatt ei vidare auke frå 2. tertial. Utviklinga i 3. tertial kan uttrykkast slik:

Månad	Antall personer	I prosent av arbeidsstokken	Endring siste månad	Endring siste år
September	128	2,8	- 45	16
Oktober	131	2,8	3	47
November	152	3,3	21	71
Desember	199	4,3	47	108

Mottak av flyktningar

Flyktningtenesta har busett 15 personar i 3. tertial. Frå Eritrea har det kome 1 mann, mens det frå Syria er busett 2 menn og 4 kvinner, samt 8 barn i alderen 4-14 år.

2. VEDTAKSRAPPORT

Ingenting å rapportere

Eigedomsavdelinga har ferdigstilt eit utkast til byggeprogram for prosjektet, men byggeprogrammet er ikkje handsama politisk.

Det er i budsjett- og økonomiplan 2016-2019 løyvd kr. 500 000 i planleggingsmidlar i 2017. Det er ikkje løyvd utbyggingsmidlar for prosjektet.

FRAMDRIFTSPLAN OG ØKONOMI

Byggeprogram oversendast til politisk handsaming i komite for helse- og omsorg og kommunestyret i løpet av 2016 / 1, som førebuing til arbeidet med budsjett 2017-2020.

Økonomi	
Budsjett 2015	500 000,-
Budsjettendring	-
Sum	**500 000,-**
Rekneskap pr. rapporteringsdato	20 000,-
Resultat	**480 000,-**

61506 HERØY KULTURHUS – MINDRE OMBYGGING

Eigedomsavdelinga v/ prosjektleiar Rolf-Henning Skrede Hide

PROSJEKTBESKRIVING

Ombygging av dagens lokale for IKT ved Herøy kulturhus til nye lokale for Frivillegsentralen samt ombygging av dagens lager/trimrom i underetasjen i Kulturhuset til ny base for IKT. Prosjektet inneber at Frivillegsentralen ved ferdigstilling kan flytte ut frå innleigde lokale i Fosnavåg sentrum.

STATUS

Eigedomsavdelinga har utarbeida teikningsgrunnlag for ny IKT-base, men avventar ei avklaring frå den interkommunale IKT-gruppa på kvar IKT-funksjonane i regionane skal lokaliserast, herunder om samlokalisering er aktuelt eller ikkje. Prosjektet vert dyrare enn løyvde midlar i budsjett 2015. Alternativ lokalisering av IKT kan difor verte aktuelt.

FRAMDRIFTSPLAN OG ØKONOMI

Eigedomsavdelinga avventer ei prinsippvurdering av spørsmålet om lokaliseringa av IKT-funksjonane frå IKT-avdelingane i dei samarbeidande kommunene. Denne vurderinga er venta i løpet av 2016/T1.

Økonomi	
Budsjett 2015	500 000,-
Budsjettendring	-
Sum	**500 000,-**
Rekneskap pr. rapporteringsdato	10 000,-
Resultat	**490 000,-**

61509 EINEDALEN SKULE - FLEIRBRUKSHALL

Eigedomsavdelinga v/ prosjektleiar Rolf-Henning Skrede Hide

PROSJEKTBESKRIVING

Planlegging og bygging av ein fleirbrukshall ved Einedalen skule. Prosjektet er eit samarbeid mellom eigedomsavdelinga, skuleavdelinga, kulturavdelinga og handballgruppa i Bergsøy idrettslag. Herøy kommune er byggherre for prosjektet, men både omfang av prosjektet og privat delfinansiering vurderast.

STATUS

Eigedomsavdelinga har ferdigstilt eit utkast til byggeprogram for prosjektet, men byggeprogrammet er ikkje handsama politisk.

Det vart avsett kr. 250 000 i planleggingsmidlar for prosjektet i budsjett 2015. Av desse midlane er kr. 100 000,- omdisponert til planleggingsmidlar for prosjekt 70022 - Leikanger skule og grendahus - tilbygg og rehabilitering.

FRAMDRIFTSPLAN OG ØKONOMI

Byggeprogrammet oversendast til handsaming i komite for oppvekst og kommunestyret våren 2016 som førebuing til budsjettprosessen for 2017-2020.

Økonomi	
Budsjett 2015	250 000,-
Budsjettendring	- 100 000,-
Sum	**150 000,-**
Rekneskap pr. rapporteringsdato	115 000,-
Resultat	**35 000**,-

61517 EGGESBØVEGEN 2 – RIVING

Eigedomsavdelinga v/ prosjektleiar Trond Sellereite

PROSJEKTBESKRIVING

Miljøsanering og riving av Eggesbøvegen 20

STATUS

Eggesbøvegen 20 er ferdigstillt. Prosjektet er påført ein del ekstraarbeid og ekstrakostnadar då miljøkartleggingsrapporten frå ekstern konsulent ikkje var god nok.

FRAMDRIFTSPLAN OG ØKONOMI

Prosjektet ferdigstillast innan 28.02.2016.

Økonomi *	
Budsjettløyving	1 500 000,-
Tilleggsløyving	-
Sum	**1 500 000,-**
Rekneskap pr. rapporteringsdato	1 309 082,-
Resultat	**190 918,-**

* Sjå også prosjekt 60402.

70021 HERØY RÅDHUS – MINDRE OMBYGGING

Eigedomsavdelinga v/ prosjektleiar Trond Sellereite

PROSJEKTBESKRIVING

Prosjektet omhandlar mindre ombygging og oppgradering av Herøy rådhus for å lukke avvik etter branntilsyn og offentleg heiskontroll samt ferdigstille parkeringsområdet mot tilgrensande private grunneigarar.

STATUS

Prosjektet er nedprioritert grunna stor arbeidsmengde.

FRAMDRIFTSPLAN OG ØKONOMI

Arbeidet med prosjektet vert teke opp att i 2016.

Økonomi	
Budsjett 2015	250 000,-
Budsjettendring	100 000,-
Sum	**150 000,-**
Rekneskap pr. rapporteringsdato	0,-
Resultat	**150 000,-**

70022 LEIKANGER SKULE OG GRENDAHUS – TILBYGG/REHABILIGERING

Eigedomsavdelinga v/ prosjektleiar Rolf-Henning Skrede Hide

PROSJEKTBESKRIVING

Prosjektet omfattar eit tilbygg til Leikanger skule for å dekke arealbehov grunna auka elevtal, rehabilitering av yttertak, yttervegg og vindu i eksisterande skulebygg, herunder også utskifting av ventilasjonsaggregat og etablering av nye rømingsvegar samt eit tilbygg til Leikanger grendahus.

STATUS

Byggeprogrammet er godkjent av kommunestyret. Prosjektet detaljprosjekterast no i samarbeid med Ose Ingeniørkontor AS.

FRAMDRIFTSPLAN OG ØKONOMI

Prosjekteringsgrunnlag ferdigstillast innan 22.01.2016 og med oversending av konkurransegrunnlag til plan- og byggenemnda 01.02.2016. Prosjektet vert deretter lyst ut på anbod med frist for innlevering av tilbod innan utgangen av februar månad.

Økonomi	
Budsjett 2015	0,-
Budsjettendring	850 000,-
Budsjettløyving 2016	11 400 000,-
Refusjon frå Leikanger grendalag	1 000 000,-
Sum	**13 250 000,-**
Rekneskap pr. rapporteringsdato	519 581,-
Resultat	**12 730 419,-**

70023 NEDRE DRAGSUND 2 – MINDRE OMBYGGING

Eigedomsavdelinga v/ prosjektleiar Trond Sellereite

PROSJEKTBESKRIVING

Mindre ombygging for å sikre brannvernets nye tankbil naudsynt lagring innandørs samt andre naudsynte tiltak for å tilpasse bygget til nye leigetakarar.

STATUS

Bygging av kaldtlager ved bygget er ferdigstillt . Brannvernets tankbil er plassert her i påvente av ei endeleg avklaring av om bygget delvis kan byggast om permanent til ny brannstasjon. Lavhallen i bygget har også fått installert port for ABB som ny leigetakar i bygget.

FRAMDRIFTSPLAN OG ØKONOMI

Prosjektet er avslutta innanfor dei rammer 2015-budsjettet gav. Prosjektets vidare omfang og framdrift avhenger av budsjett 2016.

Økonomi	
Budsjett 2015	800 000,-
Budsjettendring	-
Sum	**800 000,-**
Rekneskap pr. rapporteringsdato	847 000,-
Sum	**- 47 000,-**

72505 OMSORGSBUSTADAR OG BASE FOR HEIMETENESTA

Eigedomsavdelinga v/ prosjektleiar Trond Sellereite

PROSJEKTBESKRIVING

Bygging av 16 omsorgsbustadar og base for heimetenesta i nybygg ved Herøy omsorgssenter – Blå avdeling. Omsorgsbustadane skal erstatte dagens institusjonsplassar og arbeidsplassar ved Herøy omsorgssenter – gul avdeling.

STATUS

Pågåande arbeid med fundamentering. Arbeidet med råbygget er oppstarta. Forholdet med nabotomta er avklara, slik at ein er sikra god framdrift vidare.

FRAMDRIFTSPLAN OG ØKONOMI

Prosjektet skal etter planen ferdigstillast innan 31.12.2016.

Økonomi	
Budsjett 2015	40 300 000,-
Budsjettendring	-
Sum	**40 300 000,-**
Rekneskap pr. rapporteringsdato	6 915 208,-
Resultat	**33 384 792,-**

HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr: Arkiv:	2016/110 033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
24/16	Formannskapet	09.02.2016
23/16	Kommunestyret	18.02.2016

REGLEMENT FOR HERØY KOMMUNESTYRE.

Møtebehandling:

Ap v/Svein Gjelseth kom med slikt framlegg:

«§24 Oppmoding om ny handsaming vert stroken i si heilheit.»

Framlegget frå Ap fall med 4 mot 5 røyster.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 09.02.2016

Kommunestyret vedtek reglementet med dei endringane som går fram av saksutgreiinga.

Tilråding:

Kommunestyret vedtek reglementet med dei endringane som går fram av saksutgreiinga.

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe
- Kontrollutvalet

Vedlegg:

- Reglement for Herøy kommubnestyre

Saksopplysningar:

Kommunelova § 39 har slik ordlyd:

«*39.Reglement. Arkiv.*
1. Kommunestyret og fylkestinget fastsetter selv ved reglement nærmere regler for saksbehandlingen i folkevalgte organer.
2. Kommunestyret og fylkestinget skal selv vedta reglement for delegasjon av avgjørelsesmyndighet og for innstillingsrett innen 31. desember året etter at kommunestyret og fylkestinget ble konstituert. Sist vedtatte reglement og eventuelle andre vedtak gjelder inntil nytt reglement er vedtatt.
3. Departementet kan gi forskrifter om behandling, bevaring, ordning av og tilsyn med kommunens og fylkeskommunens arkiver.
0 Endret ved lov 25 mai 2012 nr. 28 (ikr. 1 juli 2012 iflg. res. 25 mai 2012 nr. 449).»

Vurdering og konklusjon:

I reglementet er det lista opp ein del saksområde som ikkje er delegerte og der kommunestyret sjølv gjer vedtak. Når det gjeld punktet «Kommunen si politiske organisering og hovudlinene i kommunen si administrative organisering og styring», har det vore lagt til grunn at administrativ organisering og styring ligg til rådmannen som leiar for den kommunale administrasjonen. Det har likevel vore slik at rådmannen har informert og rådført seg med formannskap og kommunestyre om vesentlege endringar i den administrative organiseringa og styringa.

§1
I andre ledd rår eg til at «framlegg til vedtak» vert endra til «tilråding» i samsvar med gjeldande praksis.

I fjerde ledd rår eg til at setninga «Dokumenta vert i tillegg lagt ut på kommunen si heimeside (web)» vert stroken då dette høyrer heime under §2.

§2
I tredje ledd tilrår eg slik endra ordlyd: «I innkallinga skal stå tid, stad for møtet og sakliste.

I fjerde ledd tilrår eg slik ordlyd: «Tid og stad for møtet og kvar saksdokumenta er tilgjengelege skal kunngjerast i Vestlandsnytt».

I femte ledd tilrår eg slik ordlyd: «Møteinnkallinga skal vere tilgjengeleg for publikum i tida frå møtet er kunngjort og fram til møtet er halde.»

I sjette ledd tilrår eg fylgjande ordlyd: Dei utsende saksdokumenta vert utlagde på «heimesida (web)», rådhuset og biblioteket.

§3
Her tilrår eg at «fellessekretariatet» vert erstatta med «politisk sekretariat».

§9
Her tilrår eg at «framlegget» vert erstatta med «tilråding» i første ledd.

§12
Skrivefeil må rettast opp.

§ 13
Eg tilrår fylgjande endring i andre ledd:

Framlegget skal leverast skriftleg «på fastsett skjema» helst tidleg i sakshandsaminga. Skriftleg framlegg skal underskrivast av medlemen som sette det fram, og det skal gå fram om framsett av ei gruppe «eller av ein medlem».

§17
Skrivefeil under «grunngitt spørsmål» må rettast.

§20
Eg tilrår at fylgjande setning i tredje ledd vert stroken: «Sakene skal bokførast i rekkefølgje for kalendaråret og slik at ein ser kva saka gjeld.»

Skrivefeil i fjerde ledd må rettast.

§22
Vedtak som formannskapet gjer i medhald av hastekompetanse, gjeld «utvidet myndighet i hastesaker» etter kommunelova §13.

§24
Det kan vere noko uklårt kva som er bakgrunnen for dette punktet.

Fosnavåg, 28.01.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

REGLEMENT FOR HERØY KOMMUNESTYRE (K-sak 79/12)

Kommunestyret er kommunen sitt øverste organ.

Herøy kommunestyre har 33 medlemer.

Kommunestyret gjer vedtak på vegne av Herøy kommune dersom dette myndet ikkje ligg til andre organ gjennom lov eller delegeringsvedtak, jf § 6 i kommunelova.

Kommunestyret vedtek sjølv:

- Kommuneplanen
- Økonomiplan og handlingsprogram
- Areal- og temaplanar.
- Reguleringsplanar
- Årsbudsjett og alle vesentlege endringar i dette
- Oppretting av nye, nedlegging av eksisterande eller vesentleg endringar i kommunen sitt tenestetilbod
- Skatte- og avgiftsvedtak
- Kommunen sin årsrekneskap
- Årsmelding/årsrapport
- Kommunen si politiske **organisering** og hovudlinene i kommunen si administrative organisering og styring
- Prosjektrekneskap/-rapport for kommunen sine investeringsprosjekt større enn 500.000 kroner
- Periodevis rapportering
- Prioritering av løyvingar til fast vegdekke, veglys m.m.
- Bevillingssaker (alkoholsaker)

For heil- eller deleigde selskap gjeld:

Kommunestyret fastset gjennom vedtekter for selskapa korleis representasjon til dei ulike selskapa sine styringsorgan skal veljast, dei ulike organa sine ansvars- og fullmaktslover samt rapporteringsforholda, jfr kommunelova § 11 og lovene for dei respektive selskapstypane.

Reglement:

§1. Saksførebuing for kommunestyret.

Rådmannen skal syte for at dei sakene som skal opp i kommunestyret, er forsvarleg førebudde, jf § 23.2 i kommunelova.
Ordføraren skal også sjå til at sakene som er på saklista til kommunestyret, er forsvarleg førebudde.

I kommunestyresakene skal der til vanleg vere framlegg til vedtak frå organa som legg fram saka til vanleg formannskapet, komiteane, valnemnda eller kontrollutvalet.

Ordføraren syter for at tilrådingane vert mangfalda og sende til kommunestyremedlemene, eit rimelege tal varamedlemer, rådmannen og kommunerevisjonen saman med innkallinga til møtet.

Lokal presse, radio og TV får tilsendt kommunestyredokumenta som er offentlege. Dokumenta vert i tillegg lagt ut på kommunen si heimeside (web).

§2. Innkalling til møte. Dokumentutlegging.

Kommunestyret tek avgjerdene sine i møte som vert haldne etter møteplan som skal oppsettast, når ordføraren elles finn det nødvendig, når formannskapet gjer vedtak om det eller når minst 1/3 av medlemene krev det.

Ordføraren kallar kommunestyret saman til møte og setter opp saklista.
1/3 av kommunestyremedlemene kan før saklista vert utsendt, krevje å få ei sak sett på saklista.

I innkallinga skal stå tid og stad for møtet, sakliste og kvar saksdokumenta er tilgjengelege.

Innkallinga med sakliste skal til vanleg kunngjerast i Vestlandsnytt, unntaksvis i Sunnmørsposten. Innkallingsfristen skal til vanleg vere 1 veke, men fristen skal unntaksvis kunne reduserast til 5 dagar, innkallingsdagen og møtedagen medrekna. Konstituerande møte i kommunestyret skal innkallast med 14 dagars varsel.

Offentlege saksdokument i original eller avskrift skal vere tilgjengeleg for publikum i tida frå møtet er kunngjort og fram til møtet vert halde.

Dei utsende saksdokumenta vert utlagde på rådhuset og biblioteket.

§3. Forfall. Varamedlemer.

Lovleg forfall skal snarast råd meldast **skriftleg** til fellessekretariatet og forfallsgrunn oppgiast. Fellessekretariatet kallar straks inn varamedlem etter reglane i § 16.1 i kommunelova. Fellessekretariatet kan også kalle inn varamedlem når han er kjend med at nokon må gå frå møtet som ugild i ei sak som skal handsamast. Medlemen/gruppa skal varsle ordføraren dersom det er ynskjeleg med slik innkalling.

Medlem som kjem under møtet, skal melde seg til ordføraren før han tek den ledige plassen. Dersom ei sak er teken opp til handsaming, skal han vente til røystinga er over.

Medlem som må gå før møtet er slutt, melder **skriftleg** frå til ordføraren, før møtet startar. Varamedlemen kan innkallast etter §16.1 i kommunelova. Varamedlem som er til stades, kan få løyve frå kommunestyret til å møte. Dersom ei sak er teken opp til endeleg røysting, skal han vente til røystinga er over.

Varamedlem som møter i kommunestyret, skal overlate plassen til medlem eller varamedlemer som i nummerrekkefølgje står fram om vedkomande, dersom denne

kjem til møtelokalet. Dersom ei sak er teken opp til handsaming, skal han vente til røystinga er over.

§4. Andre deltakarar i møtet enn kommunestyremedlemene.

Rådmannen har møteplikt med talerett, men ikkje framleggs- eller røysterett.

Formannskapet/ordføraren kan, med atterhald om kommunestyret si godkjenning, be om at sakkunnige/tilsette møter. Desse kan gi opplysningar og utgreiingar, men har elles ikkje høve til å vere med i drøftingane.

§5. Møteleiar. Opne eller stengde dører. Teieplikt.

Kommunestyret sine møte vert leia av ordføraren eller varaordføraren når ordføraren har forfall. Har **dei** forfall, skal det veljast setteordførar/**settevaraordførar.**

Møta vert haldne for opne dører dersom ikkje anna følgjer av lovbestemt teieplikt, personvern eller kommunestyret vedtek å handsame ei sak for stengde dører i medhald av § 31.3 i kommunelova.

Debatt om dette skal gå føre seg for stengde dører dersom ordføraren krev det, eller kommunestyret vedtek det.

Vert det vedteke å handsame ei sak for stengde dører, pliktar medlemene og dei kommunale tenestemenn som måtte vere til stades, å teie om drøftingane og om vedtak som ikkje er offentlege. Teieplikta varer til dess noko anna vert vedteke, eller til grunnane for stengde dører har falle bort.

§6. Opning av møtet.

Til fastsett tidspunkt les ordføraren opp medlemene i kommunestyret og varamedlemene som møter. Er minst halvparten av medlemene til stades, kan møtet settast, jf § 33 i kommunelova.

Frå no og til møtet sluttar kan ingen av medlemene forlate salen/tilstøytande rom utan å melde frå til møtestyraren på førehand.

§7. Saklista.

Sakene vert handsama i den rekkefølgje dei er nemnde i innkallinga. Interpellasjon og grunngitt spørsmål skal handsamast etter dei andre sakene. Kommunestyret kan gjere vedtak om ei anna rekkefølgje.

Ei sak som ikkje er utsend og nemnd i innkallinga (saklista) til kommunestyremøtet, kan ikkje realitetshandsamast dersom ordføraren eller 1/3 av møtelyden set seg mot dette.

§8. Habilitet.

Den som er inhabil i ei sak, jf. § 40.3 i kommunelova, jf kapittel II i forvaltningslova, eller den som etter § 40.4 i kommunelova blir friteken, skal ikkje vere med å drøfte eller avgjere saka.

Kommunestyret gjer vedtak i habilitetsspørsmål ved vanleg fleirtal. Ein kvar pliktar å seie frå om tilhøve som kan føre til inhabilitet. Er det reist spørsmål om habiliteten til ein medlem, skal han ha høve til å uttale seg til habilitetsspørsmålet før han går frå og før spørsmålet vert handsama. Kan fleire vere inhabile, skal alle gå frå før handsaminga av habilitetsspørsmålet.

§9. Sakshandsaminga startar.

Ordføraren les opp saksnummer, saksnemning og til vanleg framlegget i saka. Han greier elles ut saka i den grad han finn det naudsynt.

Ordføraren spør om nokon vil ha ordet. Talarane får ordet i den rekkefølgje dei ber om det. Ber fleire om ordet samstundes, avgjer ordføraren rekkefølgja mellom dei.

§10. Ordskifte - replikk - til dagsorden.

Talaren skal rette orda sine til ordføraren, ikkje til møtelyden. Han skal halde seg nøye til saka eller den delen av saka som ordskiftet gjeld. Ordføraren skal sjå til at dette vert gjort.

Det må ikkje seiast noko som er ei krenking mot dei som er med i kommunestyret eller andre. Heller ikkje må det lagast bråk eller uro som teikn på misnøye eller samtykke.

Bryt ein medlem ordensreglane, skal ordføraren åtvare han, om nødvendig to gongar. Rettar han heller ikkje då seg etter ordensreglane, kan ordføraren ta ordet frå han eller la kommunestyret røyste over om han skal stengast ute frå resten av saka eller frå heile møtet.

Replikk skal markerast med to fingrar i veret og ordet skal giast til vedkomande straks etter eit innlegg og før neste talar får ordet. Replikken skal vere kort og vere eit direkte tilsvar til innlegget. Talaren har høve til å svare på replikken. Ordføraren skal sjå til at dette vert halde.

Ein medlem kan be om ordet til dagsorden og får då ordet utanom talarlista. Dette kan gjelde framlegg om å sette strek i taletida, innføre avgrensa taletid, innvendingar på sakshandsaminga, røystemåten, møteavviklinga, m.v. Det er ikkje høve til å kome inn på realitetane i sakene. Innlegg til dagsorden skal vere korte.

§11. Ordføraren si stilling under ordskiftet.

Ordføraren må som møteleiar ikkje avbryte nokon som har ordet, utan når han lyt påtale brot på reglementet eller rette opp mistydingar frå talaren si side.

Vil ordføraren vere med i ordskiftet utanom den utgreiinga som er nemnd i § 9, og det ikkje gjeld korte innlegg, skal han gi frå seg møteleiinga til varaordføraren.

§12. Avgrensing og avslutning av ordskiftet.

I kommunestyret skal ein i kvar sak ha slik taletid:

Ordføraren og gruppeleiar/evt. saksansvarlege i kvar gruppe: 10 min.
Kommunestyremedlemer som er leiarar i utval/komitear som legg fram saka:10 min.
Andre medlemer: 5 min.
Orientering/svar frå ordførar og utval/komiteleiarar skal ikkje reknast med i taletida.
Replikkar skal ikkje takast med med i taletida.
Innlegg til kommunestyret si dagsorden skal ikkje reknast med i taletida.

Kommunestyret kan innskrenke/utvide taletida.

Finn kommunestyret at ei sak er drøfta ferdig, kan det vedta å avslutte ordskiftet.

Ved handsaming av framlegg om å avgrense taletida eller avslutte ordskiftet, skal bere ein talar frå kvar gruppe få eit kort innlegg til framlegget.

Før det vert sett strek for påteikning på talarlista, må alle framlegg i saka ligge føre.

§13. Framlegg.

Berre kommunestyremedlemene kan kome med framlegg.

Framlegg skal leverast skriftleg til ordføraren helst tidlege i sakshandsaminga. Skriftleg framlegg skal underskrivast av medlemen som sette det fram, og det skal gå fram om framlegget er framsett av ei gruppe.

Det kan likevel settast fram muntleg framlegg om utsetting, oversending, tilsetting, val og framlegg som er nemnde i sakspapira.

Ordføraren refererer til vanleg framlegga som blir framsette.

§14. Saka vert teken opp til røysting.

Dersom det vert framsett eit utsettingsframlegg, skal ordskiftet avgrensast til berre å gjelde dette. Deretter skal det røystast over utsettingsframlegget. Dersom det fell, vert saka handsama.

Når ordskiftet er ferdig, vert saka teken opp til røysting. Frå då av kan saka ikkje drøftast eller nye framlegg framsettast.

Berre dei medlemene som er til stades når saka vert teken opp til røysting, har rett til å røyste. Dei kan ikkje forlate salen før røystinga er ferdig, og dei pliktar å røyste. Ved val og tilsetting kan blanke stemmesetlar nyttast, jf § 40.2 i kommunelova.

Er saka delt opp eller det skal røystast over fleire framlegg, gjer ordføraren framlegg om røystemåten. Vert det debatt om dette, skal ordføraren nøye sjå til at talarane berre held seg til røystespørsmålet.

§15. Prøverøysting.

Før endeleg røysting i ei sak, kan kommunestyre halde prøverøysting som ikkje er bindande. Framgangsmåten ved prøverøysting bør vere på det næraste lik den endelege røystemåten.

§16. Røystemåten.

Røystinga skjer:

- ved godkjenning når ingen seier imot framlegget som ligg føre.
- ved at ordføraren ber dei som er imot eit framlegg om å reise seg. Når ein medlem krev det, vert det halde kontrarøysting. Ordføraren ber då dei som er for framlegget, om å reise seg.
- med skriftleg røysting med setlar utan underskrift ved val og tilsettingar når ein medlem krev det. Det er høve til å røyste blankt. Ordføraren nemner opp to medlemer til å telje røystene.

Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal. Står røystene likt i tilsettingssaker, vert ordføraren si røyst avgjerande.

Står røystene likt ved val, vert valet avgjort ved loddtrekking, jf § 38.1 i kommunelova.

Ved val gjeld dessutan reglane om kjønnskvotering i § 38.2 i kommunelova.

§17. Spørsmål.

Kommunestyremedlemene kan etter § 34.2 i kommunelova kome med spørsmål til ordføraren.

Interpellasjon
Ein interpellasjon må vere innlevert skriftleg av ein kommunestyremedlem så tidleg at den kan sendast ut til kommunestyret saman med innkallinga, til vanleg 8 dagar før møtet. Interpellasjonen bør helst gjelde prinsipielle spørsmål. Den som har meldt interpellasjonen, har rett til å legge fram ei kort muntleg grunngiing.

Ordføraren svarar på interpellasjonen. Eit evt. ordskifte bør avgrensast slik § 12 gir høve til.

Ordføraren eller 1/3 av medlemene kan motsette seg at det vert gjort vedtak i tilknyting til interpellasjonen.

Grunngitt spørsmål
Kvar medlem kan kome med grunngitt spørsmål til ordføraren. Spørsmåla skal vere skriftlege og gjelde konkrete tilhøve. Spørsmål må vere ordføraren i hende seinast to heile dagar før kommunestyremøtet, møtedagen ikkje medrekna. Spørjaren gir greie for spørsmålet og har rett til å legge fra ei kort muntleg grunngiing. Han har rett til å få ordet etter at svaret er gitt.

Spørsmål i møtet
Kvar medlem kan rette spørsmål til ordføraren i byrjinga av møtet, også om saker som ikkje står på saklista. Ordføraren sjølv eller ein annan etter samråd med ordføraren kan svare på spørsmålet. Ordføraren kan avgjere at svar på spørsmålet skal bli gitt på neste møte. Det er til vanleg ikkje høve til debatt i samband med slike spørsmål.

§18. Sendenemnder. Deputasjonar.

Kommunestyret kan ved heilt spesielle høve gi ordet til andre enn dei som er nemnde i § 4.

§19. Orden i salen og bygninga.

Ordføraren skal syte for å halde god orden i møtesalen og i bygninga elles, slik at talarane ikkje vert avbrotne eller uroa. Dersom publikum ved meiningsytring eller på anna vis uroar førehavinga eller elles oppfører seg på ein måte som strir mot god orden, kan ordføraren vise ut alle eller einskilde tilhøyrarar.

Teikningar, bilete, brev e.l. må ikkje plasserast i salen når det er møte med mindre ordføraren har godkjent dette.

§20. Når møtet sluttar - bokføring.

Ordføraren er ansvarleg for at det vert ført møtebok for kommunestyret sine møte, jf. § 30.3 i kommunelova.

I møteboka skal møtestad og møtetid førast inn for kvart møte, likeeins innkallingsdag og -måte, namna til medlemer som ikkje møter og namna til varamedlemene som møter. Det skal innførast i møteboka kven som går til og frå under møtet. Møteboka saman med ei liste over dei som er innvalde, vil såleis syne kven som er til stades i kvar sak.

Elles skal førast inn det som trengst for å syne gangen i førehavinga og at vedtaka er gjorde etter rett framgangsmåte. Sakene skal bokførast i rekkefølgje for kalendaråret og slik at ein kan sjå kva saka gjeld. Dei framlegga som vert sette fram og røysta over, skal bokførast under kvar sak.

Møteleiaren vel i starten av møtet to medlemer til å skrive under pprotokollen, og dei går gjennom den mellombelse protokollen i slutten av møtet. Den

ferdige protokollen vert sendt dagen etter til dei to valde for endeleg kontroll, med frist på to dagar for tilbakemelding.

Dei underskrivne utskriftene skal oppbevarast på forsvarleg vis.
Når året er ute, skal utskriftene innbindast og oppbevarast på forsvarleg vis.

Utskrift av møteboka skal utsendast saman med innkallinga til førstkomande kommunestyremøte. Evt. merknader til møteboka skal innførast i møteboka i førstkomande kommunestyremøte, jf § 13 i kommunelova.

§21 Protokolltilførsel.

Ein medlem kan be om protokolltilførsel etter at ei sak er slutthandsama. Protokolltilførselen skal vere skriftleg, og han må framsettast under møtet. Vert det usemje, kan kommunestyret ved røysting avgjere om protokolltilførselen skal førast inn i møteboka. Protokolltilførselen skal evt. førast som eige punkt i møteboka.

§22. Meldingar.

Vedtak som formannskapet gjer i medhald av tildelt hastekompetanse, skal leggast fram for kommunestyret i førstkomande møte som melding.

§23. Anke på vedtak.

Tre eller fleire kommunestyremedlemer kan anke vedtak som er gjort av kommunestyret, andre folkevalde organ eller av administrasjonen inn for departementet (delegert til fylkesmannen m.fl.) for å få kontrollorert om avgjerda er lovleg, jf. § 59 i kommunelova. Slikt krav må vere sett fram innan tre veker etter at vedtaket vart gjort.

§24. Oppmoding om ny handsaming.

Administrasjonen kan avvise krav om å få opp til ny førehaving saker som lovleg er avgjort av kommunestyret når kravet kjem før det har gått tre månader etter vedtaket. Eit fast utval, styre eller råd kan ogå avvise eit slikt krav når det gjeld saker som seinare skal handsamast i kommunestyret. Krav om ny førehaving i kommunestyret frå staten/fylkesmannen kan ikkje avvisast etter denne paragrafen.

HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr: Arkiv:	2016/110 033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
25/16	Formannskapet	09.02.2016
24/16	Kommunestyret	18.02.2016

REGLEMENT FOR HERØY FORMANNSKAP, MARITIM OG TEKNISKE KOMITE, KOMITE FOR NÆRING, KULTUR OG IDRETT, KOMITE FOR HELSE OG OMSORG, KOMITE FOR OPPVEKST.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 09.02.2016

Kommunestyret vedtek reglementet med dei endringane som går fram av saksutgreiinga.

Tilråding:

Kommunestyret vedtek reglementet med dei endringane som går fram av saksutgreiinga.

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe
- Kontrollutvalet

Vedlegg:

- Reglement for Herøy formannskap m.fl.

Saksopplysningar:

Kommunelova § 39 har slik ordlyd:

«*39.Reglement. Arkiv.*
1. Kommunestyret og fylkestinget fastsetter selv ved reglement nærmere regler for saksbehandlingen i folkevalgte organer.
2. Kommunestyret og fylkestinget skal selv vedta reglement for delegasjon av avgjørelsesmyndighet og for innstillingsrett innen 31. desember året etter at kommunestyret og fylkestinget ble konstituert. Sist vedtatte reglement og eventuelle andre vedtak gjelder inntil nytt reglement er vedtatt.
3. Departementet kan gi forskrifter om behandling, bevaring, ordning av og tilsyn med kommunens og fylkeskommunens arkiver.
0 Endret ved lov 25 mai 2012 nr. 28 (ikr. 1 juli 2012 iflg. res. 25 mai 2012 nr. 449).»

Vurdering og konklusjon
Er tilrår slik endring i 2.2, 2.3, 2.4 og 2.5:

Leiar og nestleiar vert valde av kommunestyret «fortrinnsvis» mellom kommunestyret sine faste medlemar.

Dette er i samsvar med nyval av komiteane i 2015.

Fosnavåg, 28.01.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

REGLEMENT FOR HERØY FORMANNSKAP, MARITIM OG TEKNISK KOMITE, KOMITE FOR NÆRING, KULTUR OG IDRETT, KOMITE FOR HELSE OG OMSORG, KOMITE FOR OPPVEKST (K-sak 79/12)

§ 1 GENERELL INSTRUKS

Herøy formannskap, Maritim og teknisk komite, komite for næring, kultur og idrett, komite for helse og omsorg og komite for oppvekst skal følgja lov og føresegner og - så langt det høver - dei reglar og retningsliner for sakshandsaming, møteorden og møtestyring m.m. som er fastsett i *Reglement for Herøy kommunestyre*.

§ 2 VAL

2.1 Herøy formannskap

Formannsskapet skal ha 9 medlemar. Medlemane i formannsskapet skal veljast av og mellom medlemane i kommunestyret ved høvetalsval. Ordførar og varaordførar er høvesvis leiar og nestleiar. Formannskapet vert vald først i konstituerande møte i kommunestyret. Deretter vert ordførar og varaordførar vald.

2.2 Maritim og teknisk komite

Komiteen skal ha 7 medlemar. Medlemane i Maritim og teknisk komite skal veljast av og mellom medlemane **og varamedlemene i kommunestyret ved avtaleval med mindre nokon i kommunestyret krev høvetalsval**. Leiar og nestleiar vert valde av kommunestyret mellom kommunestyret sine faste medlemar.

Talet på varamedlemer for kvar gruppe skal svare til talet på medlemer gruppa skal ha, med tillegg av to.

2.3 Komite for næring, kultur og idrett

Komiteen skal ha 7 medlemar. Medlemane i komite for næring, kultur og idrett skal veljast av og mellom medlemane **og varamedlemene i kommunestyret ved avtaleval med mindre nokon i kommunestyret krev høvetalsval**. Leiar og nestleiar vert valde av kommunestyret mellom kommunestyret sine faste medlemar.

Talet på varamedlemer for kvar gruppe skal svare til talet på medlemer gruppa skal ha, med tillegg av to.

2.4 Komite for helse og omsorg

Komiteen skal ha 7 medlemar. Medlemane i komite for helse og omsorg skal veljast av og mellom medlemane i **og varamedlemene i kommunestyret ved avtaleval med mindre nokon i kommunestyret krev høvetalsval**. Leiar og nestleiar vert valde av kommunestyret mellom kommunestyret sine faste medlemar

Talet på varamedlemer for kvar gruppe skal svare til talet på medlemer gruppa skal ha, med tillegg av to.

2.5 Komite for oppvekst

Komiteen skal ha 7 medlemar. Medlemane i komite for oppvekst skal veljast av og mellom medlemane **og varamedlemene i kommunestyret ved avtaleval med mindre nokon i kommunestyret krev høvetalsval**. Leiar og nestleiar vert valde av kommunestyret mellom kommunestyret sine faste medlemar

Talet på varamedlemer for kvar gruppe skal svare til talet på medlemer gruppa skal ha, med tillegg av to.

§ 3 GENERELLE PLIKTER

Formannskapet og komiteane har på kommunestyret sine vegner det folkevalde leiingsansvar innanfor sine fagområde og skal sjå til:

- at oppgåvene vert løyste på ein effektiv og god måte
- at løyvde midlar vert nytta i samsvar med føremålet
- at det er etablert gode rapporteringsrutinar

§ 4 HERØY FORMANNSKAP SINE OPPGÅVER

4.1 Saksområde

Under føresetnad av at arbeidet ikkje er delegert vidare til rådmannen, skal formannskapet handsama og gjera vedtak eller gje innstilling til kommunestyret i saker som gjeld:

- Heilskapsplanlegging (Kommuneplanarbeidet) og større tverrsektorielle planer.
- Reguleringplanar
- Miljøoppgåver
- **Beredskap**
- Organisasjonsutvikling og arbeidsgjevarpolitikk
- Politiske leiings- og samordningsoppgåver, inklusivt samarbeid med andre kommunar.
- Leie og samordne arbeidet med økonomiplanen og leggja fram forslag til økonomiplan og årsbudsjett jfr. Kommunelova §§§ 44, 45 og 46.
- Finansforvaltning.
- Saker med økonomisk konsekvens går via formannsskapet og evt. vidare til kommunestyret
- Kjøp av kommunale tomter og eigedomar og tildelinga av industritomter.
- Andre saker etter tilvising frå ordføraren
- Kommune, fylkes- og stortingsval (valstyre)
- Grunnkjøp, oreigning og liknande.
- Saker etter Alkohollova.
- **Startlån**
- **Flyktning og innvandrarspørsmål**
- Andre prinsipielle saker som ikkje er lagt til andre utval

Formannskapet har det politiske ansvaret for oppfølging av følgjande funksjonar i kommunen:

- Generell service og informasjon til innbyggjarane
- Administrativ leiing
- Politisk organisering og styring

Formannskapet arbeider elles med saker som ikkje er delegert til andre eller som ikkje ligg til kommunestyret sjølv.

4.2 Generelt mynde

Formannskapet syter for utarbeiding av og lagar innstilling i dei sakene som berre kommunestyret avgjer:

- Kommuneplanen
- Økonomiplan og handlingsprogram
- Areal- og temaplanar.
- Reguleringsplanar
- Årsbudsjett og alle vesentlege endringar i dette
- Oppretting av nye, nedlegging av eksisterande eller vesentleg endringar i kommunen sitt tenestetilbod
- Skatte- og avgiftsvedtak
- Kommunen sin årsrekneskap
- Årsmelding/årsrapport
- Kommunen si politiske **organisering** og hovudlinene i kommunen si administrative organisering og styring
- Prosjektrekneskap/-rapport for kommunen sine investeringsprosjekt større enn 500.000 kroner
- Periodevis rapportering
- Bevillingssaker (alkoholsaker)

Formannskapet gjer vedtak i prinsipielle saker og innstiller i saker som skal til kommunestyret.

Formannskapet kan:
- Gje politiske retningsliner innanfor arbeidsområdet sitt for administrasjonen si handtering av enkeltsaker etter delegert mynde.
- Be om rapport innanfor arbeidsområdet sitt frå administrasjonen om kva for saker eller utval av saker som er avgjort etter delegert mynde.
- Avgjere saker innanfor arbeidsområdet sitt som rådmannen ønskjer å løfte til eit overordna politisk styringsorgan.

Formannskapet har mynde til å gjere vedtak i saker som skulle vere avgjort av eit anna organ når det er nødvendig å gjere vedtak så raskt at det ikkje er tid til å innkalle dette (kommunelova § 13 pkt. 1).

4.3 Mynde i lovsaker
Formannskapet gjer vedtak i enkeltsaker innanfor alle særlovsområde så langt dette myndet ikkje er delegert til anna organ eller administrasjonen.

4.4 Mynde i økonomiske saker
Formannskapet fører eit overordna tilsyn med ressursbruken og budsjettstyringa i kommunen.

Formannskapet kan overføre driftsmidlar mellom kommunen sine einingar (rammeområde) når dette ikkje fører til vesentlege endringar i årsbudsjettet eller er i strid med føresetnader for budsjettet.

Formannskapet disponerer løyvinga på kontoen for tilleggsløyvingar innanfor føresetnadene i avsnittet ovanfor.

Formannskapet kan omgjere avsetjingar og gjere strykingar så langt det er nødvendig for å gjere opp rekneskapen utan underskot.

Formannskapet godkjenner prosjektrekneskap/-rapport for kommunen sine investeringsprosjekt mindre enn 500.000 kroner. I tilfelle kapitalrekneskapen si inntektsside må aukast som følgje av prosjektet (tilleggsfinansiering), må kommunestyret sjølv vedta dette.

4.5 Fullmakt – hastesaker
Formannskapet har mynde til å treffa vedtak i saker som ordinært skulle ha vore avgjort av kommunestyret, i dei høve når det er turvande å treffa vedtak så raskt at det ikkje er tid til å innkalla kommunestyret, jfr. Kommunelova l. § 13 pkt. 1.

4.6 Overprøving av saker
Tre eller fleire medlemer - frå formannskapet - kan krevja at eit vedtak som i utgangspunktet er delegert og endeleg, skal kunna overprøvast av overordna organ (kommunestyret) både med omsyn til den skjønsmessige avgjerd og om vedtaket er i samsvar med lov, føresegner og dette reglementet. Krav må setjast fram i same møte. Organet kan, dersom særleg sterke grunnar og tidsomsyn krev det, med vanleg fleirtal vedta at krav om overprøving etter dette punkt, ikkje skal ha oppsetjande verknad.

§ 5 MARITIM OG TEKNISK KOMITE SINE OPPGÅVER
5.1 Saksområde

Komiteen skal ha spesielt fokus på utvikling av lokalsamfunnet.

Maritim og teknisk komite får på vegne av kommunestyret følgjande ansvar og mynde:

- Mynde til å ivareta kommunen sitt ansvar og mynde etter Lov om havner og farvann med tillegg av evt. foresegner, så langt det kan delegerast av kommunestyret
- Uttaleorgan i saker som går på maritimt retta utdanning.
- Uttaleorgan med omsyn til bruk av sjøområda innafor hamnedistriktet (fiskeri, oppdrett m.v.).
- Uttaleorgan i saker som har noko å seie for dei maritime interessene i brei skala.
- Maritimt og teknisk komite vil ut over dette kunne ta opp eller ta initiativ til drøfting av alle typar saker som har konsekvensar for martimt retta verksemd.
- Ansvar og mynde etter veglova så langt dette kan delegerast av kommunestyret.
- Mynde til å vedta dispensasjonar etter plan- og bygningslova, jfr § 19-4.
- Mynde til å gjere vedtak i prinsipielle byggesaker.
- Ansvar og mynde etter Lov om konsesjon ved erverv av fast eigedom (konsesjonslova) så langt dette kan delegerast av kommunestyret.
- Mynde til å gjere vcdtak om frådeling etter jordlova
- Mynde til å gjere vedtak i stadnamnsaker.

- **Innstille til kommunestyret i saker om prioritering av løyvingar til fast dekke, veglys m.m.**
- **Matrikkel**
- **Motorferdsel i utmark**
- **Vassressursar/vassforsyning**
- **Trafikktrygging/trafikktryggingsplan**
- **Kloakkrammeplan**

Generelt mynde
Maritim og teknisk komite gjer vedtak i prinsipielle saker og innstiller i saker som skal til kommunestyret.

Komiteen har uttalerett i forhold til overordna planverk som grip inn i komiteen sitt arbeidsområde.

Komiteen avgjer som 1. instans, i dei **enkeltsakene** innan overnemnde ansvarsområde, der avgjerdsrett ikkje er delegert til rådmannen eller gjennom særlov til fagperson.

Maritim og teknisk komite kan:
- Gje politiske retningsliner innanfor arbeidsområdet sitt for administrasjon si handtering av enkeltsaker etter delegert mynde.
- Be om rapport innanfor arbeidsområdet sitt frå administrasjonen *om* kva for saker eller utval av saker som er avgjort etter delegert mynde.
- Avgjere saker innanfor arbeidsområdet sitt som rådmannen ønskjer å løfte til eit overordna politisk styringsorgan.

Komiteen rapporterer direkte til kommunestyret, men saker med økonomisk konsekvens går via formannsskapet og vidare til kommunestyret

§ 6 KOMITE FOR NÆRING, KULTUR OG IDRETT SINE OPPGÅVER
6.1 Saksområde

Komiteen skal ha spesielt fokus på utvikling av lokalsamfunnet.

Komite for næring, kultur og idrett får på vegne av kommunestyret følgjande ansvar og mynde:

- Strategisk næringsutvikling/**næringsetablering**
- Gjere vedtak om tilskot frå kommunalt næringsfond
- Gjere vedtak om tilskot frå RDA- midlar
- Gjere vedtak om tilskot frå kulturmidlar
- alt allment kulturarbeid
- **kulturminne**
- kulturbygg og idrettsanlegg
- bibliotektenester
- kultur- og bygningsvern
- fritidsklubbar
- idrett

- friluftssaker
- reiseliv

Generelt mynde
Komite for næring, kultur og idrett gjer vedtak i prinsipielle saker og innstiller i saker som skal til kommunestyret.

Komiteen har uttalerett i forhold til overordna planverk som grip inn i komiteen sitt arbeidsområde.

Komiteen avgjer som 1. instans, i dei **enkeltsakene** innan overnemnde ansvarsområde, der avgjerdsrett ikkje er delegert til rådmannen eller gjennom særlov til fagperson.

Komite for næring, kultur og idrett kan:

- Gje politiske retningsliner innanfor arbeidsområdet sitt for administrasjon si handtering av enkeltsaker etter delegert mynde.
- Be om rapport innanfor arbeidsområdet sitt frå administrasjonen om kva for saker eller utval av saker som er avgjort etter delegert mynde.
- Avgjere saker innanfor arbeidsområdet sitt som rådmannen ønskjer å løfte til eit overordna politisk styringsorgan.

Komiten rapporterer direkte til kommunestyret, men saker med økonomisk konsekvens går via formannskapet og vidare til kommunestyret.

§ 7 KOMITE FOR HELSE OG OMSORG SINE OPPGÅVER

Komiteen skal ha spesielt fokus på **utvikling av tenestetilbodet og den kommunale tenesteproduksjonen**, her under kvalitet, omfang, service, brukarundersøkingar, serviceerklæringar og liknande
Komiteen helse og omsorg får på vegne av kommunestyret følgjande ansvar og mynde:

- kommunale helseoppgåver
- pleie- og omsorgsoppgåver
- sosiale tenester
- barnevern
- rusmiddelproblematikk
- tiltak for funksjonshemma

Generelt mynde
Komite for helse og omsorg gjer vedtak i prinsipielle saker og innstiller i saker som skal til kommunestyret.

Komiteen har uttalerett i forhold til overordna planverk som grip inn i komiteen sitt arbeidsområde.

Komiteen avgjer som 1. instans, i dei **enkeltsakene** innan overnemnde ansvarsområde, der avgjerdsrett ikkje er delegert til rådmannen eller gjennom særlov til fagperson

Komite for helse og omsorg kan:

- Gje politiske retningsliner innanfor arbeidsområdet sitt for administrasjon si handtering av enkeltsaker etter delegert mynde.
- Be om rapport innanfor arbeidsområdet sitt frå administrasjonen om kva for saker eller utval av saker som er avgjort etter delegert mynde.
- Avgjere saker innanfor arbeidsområdet sitt som rådmannen ønskjer å løfte til eit overordna politisk styringsorgan.

Komiten rapporterer direkte til kommunestyret, men saker med økonomisk konsekvens går via formannskapet og vidare til kommunestyret.

§ 8 KOMITE FOR OPPVEKST SINE OPPGÅVER

Komiteen skal ha spesielt fokus på **utvikling av tenestetilbodet og den kommunale tenesteproduksjonen**, her under kvalitet, omfang, service, brukarundersøkingar, serviceerklæringar og liknande.

Komiteen for oppvekst får på vegne av kommunestyret følgjande ansvar og mynde:

- grunnskule
- barnehage
- skulefritidsordning
- vaksenopplæring
- PP-tenester
- Kulturskule

Generelt mynde
Komite for oppvekst gjer vedtak i prinsipielle saker og innstiller i saker som skal til kommunestyret.

Komiteen har uttalerett i forhold til overordna planverk som grip inn i komiteen sitt arbeidsområde.

Komiteen avgjer som 1. instans, i dei **enkelt**sakene innan overnemnde ansvarsområde, der avgjerdsrett ikkje er delegert til rådmannen eller gjennom særlov til fagperson.

Komite for oppvekst kan:

- Gje politiske retningsliner innanfor arbeidsområdet sitt for administrasjon si handtering av enkeltsaker etter delegert mynde.
- Be om rapport innanfor arbeidsområdet sitt frå administrasjonen *om* kva for saker eller utval av saker som er avgjort etter delegert mynde.
- Avgjere saker innanfor arbeidsområdet sitt som rådmannen ønskjer å løfte til eit overordna politisk styringsorgan.

Komiteen rapporterer direkte til kommunestyret, men saker med økonomisk konsekvens går via formannskapet og vidare til kommunestyret.

§ 9 GENERELT FOR KOMITEANE

9.1 Overprøving av saker
Tre eller fleire medlemer - frå komiteane - kan krevja at eit vedtak som i utgangspunktet er delegert og endeleg, skal kunna overprøvast av overordna organ (kommunestyret) både med omsyn til den skjønsmessige avgjerd og om vedtaket er i samsvar med lov, føresegner og dette reglementet. Krav må setjast fram i same møte. Organet kan, dersom særleg sterke grunnar og tidsomsyn krev det, med vanleg fleirtal vedta at krav om overprøving etter dette punktet, ikkje skal ha oppsetjande verknad.

9.2 Klagesaker
I dei høve der eit statleg organ (Fylkesmannen m.m.) er klageinstans, skal komiteane sende klage på enkeltvedtak gjort av komiteane som 1. instans, vidare til dette organet, med mindre komiteane gjev klagaren medhald.

9.3 Overordna prinsipielle vurderingar
I enkeltvedtakssaker der det oppstår spørsmål av prinsipiell politisk karakter, kan komiteane ta slike saker opp med formannskap / kommunestyre til generell prinsipiell drøfting, avklaring og presisering før endeleg vedtak. Vedtak om å be om slike prinsipielle vurderingar kan gjerast med alminnelig fleirtal.

§ 10 MØTEINNKALLING - GENERELLE SAKSHANDSAMINGSREGLAR
Ordinære møte i styreorgana skjer i samsvar med møteplan, som er sett opp av ordførar i samråd med leiarane i styreorgana. Møte utover desse kan det kallast inn til når leiar eller minst 1/3 av medlemene krev det.

Formannskapet og komiteane har rett og plikt til å handsama dei saker som fell inn under det einskilde styreorgan sitt saks- og ansvarsområde, jfr. ordføraren sin tildelingsrett av saker – jfr. neste pkt.

Saker som femner om fleire styreorgan sitt arbeidsområde, skal berre handsamast av eitt organ. Ordføraren avgjer dette. I einskilde høve kan saker sendast på høyring i fleire politiske styringsorgan, før vedtaksorganet handsamar saka.

I tillegg til det som er fastsett i særlege vedtak av kommunestyret, kan formannskapet og komiteane innanfor sitt arbeidsområde delegere vidare til rådmannen deler av sitt saksområde, så framt ikkje lover og føresegner er til hinder for det.

For utgreiing av spesielle saker m.m. kan formannskapet eller dei andre komiteane nemna opp arbeidsutval /ad hoc-utval. Også tenestemenn o.a. som ikkje er politisk valde, men som sit inne med særleg fagkunnskap, kan vera med i slike utval. Møte i formannskap / komiteane er opne for publikum, om ikkje sakene er fortrulege, jfr. REGLEMENT FOR HERØY KOMMUNESTYRE.

§ 11 INNSTILLINGAR TIL KOMMUNESTYRE
Når formannskap og komiteane legg fram si innstilling for kommunestyret, skal innstillinga innehalda:

- Rådmannen sine utgreiingar og forslag til innstilling.
- Evt. røystingar og / eller merknader i andre organ.

- Formannskapet / komiteane sine merknader, evt. fleirtals- og mindretalsforslag. Sluttar formannskapet/komiteane seg til rådmannen si innstilling, vert dette å protokollera.
- Røystingane i formannskap og komiteane skal vera protokollerte slik at det tydeleg kjem fram kven som røysta kva (namn, parti).

Sjølv om fleire politiske organ har gjeve sine merknader i ei sak, skal saka slutthandsamast berre av eitt politisk organ, og det skal berre liggja føre ei innstilling til kommunestyret.

§ 12 SAKSORDFØRAR
I dei tilfelle der det er ynskjeleg, peikar formannskap / komiteane ut saksordførarar for presentasjon av eventuelle fleirtals- og mindretalsinnstillingar under handsaminga av saka i kommunestyret.

§ 13 HØYRING
Både formannskap og komiteane kan kalla inn til lukka eller opne høyringar eller temamøte for å få opplysning om eit saksområde som høyrer inn under deira særlege forvaltningsansvar.

Vedkomande styreorgan har ansvaret for høyringa og avgjer tema, plan for gjennomføring av møtet og korleis møtet skal kunngjerast. Organet avgjer kva for personar, lag og organisasjonar m.m. som skal inviterast og kven som skal ha talerett. Organet kan avgjera at møta skal ta til med innlegg frå namngjevne personar, at organet sine medlemer stiller spørsmål og at ordet deretter vert fritt. Vedkomande styreorgan har, innanfor sitt saks- og ansvarsområde, rett til å ta sjølvstendige initiativ overfor administrasjonen for å be om opplysningar og utgreiingar. Ønskje om slik hjelp frå kommunen si forvaltning skal rettast til rådmannen.

Møteleiaren eller den han / ho peiker ut, skal leia høyringa. Møteleiaren avgjer taletid for innlegg og kven som kan stilla spørsmål /ha innlegg.

Det skal ikkje røystast eller treffast konklusjon i høyringsmøtet. Styreorganet avgjer i ordinært møte etterpå kva for konklusjonar som skal treffast, og oppfølging av det som kom fram under høyringa.

Det skal utarbeidast referat frå høyringa. Referatet skal innehalda omtale av kva som var føre i møtet, kven som var til stades frå styreorganet og andre innkalla / inviterte, og kven som uttalte seg / svara på spørsmål. Om det skal førast meir detaljert referat ut over dette, vert å avgjera i det einskilde høve.

§ 14 TALERETT - UTTALERETT
Talerett har styreorganet sine medlemer, distriktsrevisor, ordføraren eller varaordføraren dersom han møter på vegne av ordføraren, rådmannen eller den som møter på hans vegne.

Andre kan, når særskilde lovføresegner gjev rett til det, delta på møtet med dei rettar og plikter som gjeld i det einskilde høve. Dette gjeld t.d. representantar for statlege organ og styresmakter, representantar og fullmektigar for partar, representantar frå

fagorgan eller fagpersonar med spesiell tilknyting til den enkelte sak. Formannskapet og komiteane kan elles, når styret finn dette rimeleg, gje andre høve til å koma til orde i møtet.

Medlemar av Eldrerådet, Rådet for funksjonshemma og valde representantar for brukargrupper av kommunale tenester kan i særlege høve, når styreorganet finn dette føremålstenleg, få høve til å uttala seg eller gje kommentarar til ei einskild sak. Slike grupper skal på førehand i rimeleg tid før møtet, melda frå til møteleiaren om eit slikt ynskje. Det er styreorganet gjennom fleirtalsvedtak som kan gje slikt løyve.

§ 15 ETISK ÅTFERD OG REGLAR FOR ORDEN M.M.

Alle som tek del i sakshandsamings- og vedtaksprosessen under møte i styreorgan (medlemer og varamedlemer, rådmann og dei som opptrer på hans vegner og evt. andre) skal følgja dei reglane for orden og etisk framferd.

HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr: Arkiv:	2016/110 033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
26/16	Formannskapet	09.02.2016
25/16	Kommunestyret	18.02.2016

OVERORDNA REGLEMENT FOR DELEGASJON AV MYNDE.

Møtebehandling:
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 09.02.2016
Kommunestyret har ikkje merknader til reglementet slik det ligg føre.

Tilråding:

Kommunestyret har ikkje merknader til reglementet slik det ligg føre.

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe
- Leiarar politiske komitear
- Kontrollutvalet

Vedlegg:

- Reglement vedteke i K-sak 91/02.

Saksopplysningar:

Kommunelova § 39 har slik ordlyd:

«39.Reglement. Arkiv.
1. Kommunestyret og fylkestinget fastsetter selv ved reglement nærmere regler for saksbehandlingen i folkevalgte organer.
2. Kommunestyret og fylkestinget skal selv vedta reglement for delegasjon av avgjørelsesmyndighet og for innstillingsrett innen 31. desember året etter at kommunestyret og fylkestinget ble konstituert. Sist vedtatte reglement og eventuelle andre vedtak gjelder inntil nytt reglement er vedtatt.
3. Departementet kan gi forskrifter om behandling, bevaring, ordning av og tilsyn med kommunens og fylkeskommunens arkiver.
0 Endret ved lov 25 mai 2012 nr. 28 (ikr. 1 juli 2012 iflg. res. 25 mai 2012 nr. 449).»

Vurdering og konklusjon:

Eg har ikkje merknader til reglementet slik det ligg føre.

Fosnavåg, 25.01.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

1. Overordna reglement for delegasjon av mynde (K-sak 91/02).

1.1 Føremål

All mynde er i utgangspunktet lagt til kommunestyret. Det er kommunestyret si oppgåve å delegere mynde slik at ein får ein effektiv organisasjon. Dei omsyna som må avvegast i samanheng med dette er:

- Rettstryggleik for innbyggjarane som har saker til handsaming
- Effektiv ressursbruk
- Service og sakshandsamingstid
- At enkeltvedtak skal vere i samsvar med politiske mål og retningsliner

Dette overordna delegasjonsreglementet gjev:

- Retningsliner for korleis mynde skal delegerast
- Retningsliner for bruk av delegert fullmakt
- Tiltak for rettstryggleik, kontroll og tilbakemelding

1.2 Heimel

Kommunelova § 10 pkt. 2 gjev heimel for kommunestyret sin delegasjon til utval.
Kommunelova § 23 pkt. 4 gjev heimel for delegasjon til administrasjonen.
Kommunelova § 9.5 gjev heimel for delegasjon til ordføraren.

1.3 Delegeringslina

All delegering tar utgangspunkt i kommunestyret. Kommunestyret delegerer til andre politiske utval og til administrasjonen ved rådmannen. Alle folkevalde organ kan delegere mynde til administrasjonen ved rådmannen dersom ikkje kommunestyret bestemmer noko anna. Rådmannen kan delegere vidare til sine underordna.

1.4 Generelle retningsliner

All delegert mynde skal utøvast i samsvar med lover, forskrifter, retningsliner og planar gitt av overordna organ, og innafor rammer og føresetnader i budsjettet.

I kommunen sitt saksarkivsystem skal det takast sikte på å føre eit register av presedenssaker som dannar retningsliner for handsaming av enkeltsaker.

1.5 Rett til å la vere å gjere bruk av delegert fullmakt

Eit underordna organ eller ein administrativ leiar i delegeringslina kan overlate til det overordna organet eller administrativ leiar å fatte vedtak i heilt spesielle saker der kommunen til dømes manglar retningsliner eller presedens.

1.6 Omgjeringsrett

Eit overordna organ eller administrativ leiar kan unntaksvis av eige tiltak omgjere vedtak gjort av eit underordna organ eller medarbeidar. Leiar av det overordna organet eller overordna administrativ leiar kan bestemme at iverksetjing av vedtaket skal utsetjast inntil endeleg vedtak er fatta. Omgjeringa må ta omsyn til Fvl. § 35.

1.7 Vedtak som krev samordning

Delegert mynde skal ikkje brukast slik at vedtaket får konsekvensar utover eige arbeids- og ansvarsområde. Slike tilfelle krev semje mellom dei involverte organa eller administrative einingar. Dersom dei ikkje oppnår semje, skal saka bringast inn for overordna organ eller administrativ leiar.

1.8 Mindretalsanke

I saker der eit politisk organ har fått delegert avgjerdsmynde, kan minst 1/3 av medlemene eller rådmannen før møtet er slutt krevje at saka vert lagt fram for næraste overordna organ.

1.9 Ordinær klagerett

Alle enkeltvedtak (jfr. Fvl. § 2) kan påklagast av ein part eller annan med rettsleg klageinteresse.

For alle enkeltvedtak gjort av politisk organ etter delegert mynde frå kommunestyret, går klaga til kommunen sitt klageutval (klageinstansen) etter at saka har vore til ny handsaming i vedkomande organ (underinstansen). Får klagaren fullt medhald i underinstansen, stoppar saka der.

Dette punktet omfattar ikkje klageretten til fylkesmannen etter særlovgjevinga.

1.10 Dokumentasjon av delegerte vedtak

Alle delegerte saker vert handsama etter forvaltningslova og reglar fastsette for sakshandsaming i kommunen.

Alle vedtak skal dokumenterast og journalførast i kommunen sitt sakarkivsystem der ikkje anna tilfredsstillande journalføring er innført.

1.11 Rapportering av delegerte vedtak

Administrasjonen fører systematisk oversikt over alle delegerte vedtak som vert fatta. Overordna administrative ledd, vedkomande utval, revisjon, kontrollutvalet eller kommunestyret kan når dei måtte ynskje det be om å få oversikt over alle eller eit utval av vedtak som er fatta.

HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr: Arkiv:	2016/110 033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
27/16	Formannskapet	09.02.2016
26/16	Kommunestyret	18.02.2016

DELEGASJON TIL ORDFØRAREN.

Møtebehandling:
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 09.02.2016
Kommunestyret har ikkje merknad til delegasjonsvedtaket slik det ligg føre.

Tilråding:

Kommunestyret har ikkje merknad til delegasjonsvedtaket slik det ligg føre.

Særutskrift:

- Ordføraren
- Rådmannen si leiargruppe
- Kontrollutvalet

Vedlegg:

- Delegasjon frå kommunestyret til ordføraren (K-sak 79/12)

Saksopplysningar:
Kommunelova § 39 har slik ordlyd:

«39.Reglement. Arkiv.

1. Kommunestyret og fylkestinget fastsetter selv ved reglement nærmere regler for saksbehandlingen i folkevalgte organer.

2. Kommunestyret og fylkestinget skal selv vedta reglement for delegasjon av avgjørelsesmyndighet og for innstillingsrett innen 31. desember året etter at kommunestyret og fylkestinget ble konstituert. Sist vedtatte reglement og eventuelle andre vedtak gjelder inntil nytt reglement er vedtatt.

3. Departementet kan gi forskrifter om behandling, bevaring, ordning av og tilsyn med kommunens og fylkeskommunens arkiver.

0 Endret ved lov 25 mai 2012 nr. 28 (ikr. 1 juli 2012 iflg. res. 25 mai 2012 nr. 449).»

Vurdering og konklusjon:

Eg har ingen merknad til delegasjonsvedtaket slik det ligg føre.

Fosnavåg, 25.01.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Delegasjon frå kommunestyret til ordføraren.

10.1 Ordføraren skal skrive under kontrakter for større byggje- og anleggsprosjekt.

10.2 Ordføraren kan fremje påtale etter straffelova § 79, 5. ledd.

10.3 Ordføraren kan avgjere bruk av midlar frå budsjettkonto "gåver" på inntil kr 10.000 i kvart enkelt høve.

10.4 Ordføraren kan ta avgjerd i spørsmål om støtteannonsering.

HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr: Arkiv:	2016/110 033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
28/16	Formannskapet	09.02.2016
27/16	Kommunestyret	18.02.2016

DELEGASJON TIL RÅDMANNEN.

Møtebehandling:

Camilla Storøy (Krf) kom med slikt framlegg:

> «Ber om at det vert ført i protokoll at vi ønskjer ei sak der vi diskuterer pkt. 9.3 med kva som er prinsippiell og kurant sak.»

Framlegget frå Camilla Storøy vart vedteke mot 1 røyst.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 09.02.2016

I reglementet for delegasjon frå kommunestyret til rådmannen vert det gjort slike endringar:

1. Tillegg til pkt 9.3, 4. ledd:

   Rådmannen skal til vanleg utgreie «**og kome med innstilling**» i saker …

2. Nytt underpunkt under pkt 9.5:

   Rådmannen kan fremje påtale etter straffelova § 79, 5. ledd

Tilråding:

I reglementet for delegasjon frå kommunestyret til rådmannen vert det gjort slike endringar:

3. Tillegg til pkt 9.3, 4. ledd:

Rådmannen skal til vanleg utgreie «**og kome med innstilling**» i saker …
.

4. Nytt underpunkt under pkt 9.5:

Rådmannen kan fremje påtale etter straffelova § 79, 5. ledd

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe
- Kontrollutvalet

Vedlegg:

- Delegasjon frå kommunestyret til rådmannen.

Saksopplysningar:

Kommunelova § 39 har slik ordlyd:
«*39. Reglement. Arkiv.*
1. Kommunestyret og fylkestinget fastsetter selv ved reglement nærmere regler for saksbehandlingen i folkevalgte organer.
2. Kommunestyret og fylkestinget skal selv vedta reglement for delegasjon av avgjørelsesmyndighet og for innstillingsrett innen 31. desember året etter at kommunestyret og fylkestinget ble konstituert. Sist vedtatte reglement og eventuelle andre vedtak gjelder inntil nytt reglement er vedtatt.
3. Departementet kan gi forskrifter om behandling, bevaring, ordning av og tilsyn med kommunens og fylkeskommunens arkiver.
0 Endret ved lov 25 mai 2012 nr. 28 (ikr. 1 juli 2012 iflg. res. 25 mai 2012 nr. 449).»

I kommunelova § 23 pkt. 2 heiter det:

«Administrasjonssjefen skal påse at de saker som legges fram for folkevalgte organer, er forsvarlig utredet, og at vedtak blir iverksatt…»

I vedlagde reglement pkt 9.3, 4 ledd, heiter det:

«Rådmannen skal til vanleg utgreie saker som skal handsamast i formannskap og utval (første folkevalde organ som handsamar ei sak). Nærare retningsliner for form og innhald i saksutgreiingane vert fastlagde av kommunestyret.»

Innstillingsretten er ikkje direkte omtala i kommunelova eller i reglementet. Men det har vore praksis, så lenge eg kjenner til, at rådmannen har kome med innstilling i alle saker.

I K-sak 147/13 vedtok kommunestyret å endre delegasjonsfullmakta til rådmannen til også å inkludere fylgjande;

«Rådmannen kan fremje påtale etter straffelova § 79, 5. ledd.»

Rådmannen har her fått same fullmakta som ordføraren.

Lovverket er elles heile tida under endring og krev løpande oppdatering.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen skal sjå til at saker som vert lagt fram for folkevalde organ er forsvarleg utgreidde. Eg vil rå til at det vert presistert at rådmannen også har rett og plikt til å kome med innstilling i desse sakene.

Reglementet må også oppdaterast i forhold til nye vedtak og endring i lovverket.

Fosnavåg, 26.01.2016

Olaus-Jon Kopperstad

Rådmann

Delegasjon frå kommunestyret til rådmannen (K-sak 79/12)

9.1 Føremål

Dette reglementet skal bidra til:

- Ei føremålstenleg og effektiv arbeidsdeling mellom politiske organ og administrasjonen
- Fjerne saker frå dei politiske vedtaksorgana som mest er av formell eller gjennomførande karakter til fordel for saker som vidareutviklar kommunen som organisasjon og som samfunn.
- Gje administrasjonen nødvendig handlefridom til å utvikle ein effektiv organisasjon med vekt på å dekkje innbyggjarane sine behov innanfor dei politisk opptrekte rammene.
- Sikre innbyggjarane ein rask og effektiv service og sakshandsaming.

9.2 Rådmannen sitt arbeids- og ansvarsområde

Rådmannen er øvste leiaren for den kommunale administrasjonen. Han/hennar rettar og plikter går m.a. fram av kommunelova § 23.

Rådmannen skal ha eit særleg ansvar for:

- Leie administrasjonen sitt arbeid med å førebu saker for dei folkevalde organa og sjå til at desse er forsvarleg utgreidde m.a. med omsyn til heilskapsperspektiv og konsekvensar for økonomi, personell og publikum sine krav til tenester.
- Gjennomfører dei politiske vedtaka.
- Syte for god forvaltning og effektiv bruk av kommunen sine økonomiske ressursar, under dette etablere rutiner for intern kontroll.
- Vidareutvikle, kvalitetssikre og tilpasse kommunale tenester til dei behov innbyggjarane har.
- Leie det strategiske plan- og utviklingsarbeidet i kommunen.
- Motivere og utvikle kommunen sine tilsette innanfor ein fleksibel og effektiv organisasjon.
- Kommunen sitt overordna ansvar for arbeidet med helse, miljø og tryggleik.
- Oppfølging av dei andre kommunale leiarane.
- Delta i kommunen sitt interkommunale samarbeid og ekstern profilering.

9.3 Generelt mynde

Rådmannen har delegert mynde til å avgjere alle saker som ikkje har prinsipiell karakter – eller som er kurante. Kva som er av prinsipiell karakter, må takast stilling til ikkje berre ut frå karakteren og konsekvensane av vedtaket, men også ut frå ei vurdering av i kva grad dei viktigaste skjønnsmessige sidene av den aktuelle avgjerda er klarlagde gjennom politiske vedtak, instruksar eller tidlegare praksis.

Dersom det er tvil om saka er av prinsipiell karakter, skal rådmannen ta opp med ordføraren om saka leggjast fram for overordna politisk organ til avgjerd.

Rådmannen kan vidaredelegere mynde dersom kommunestyret ikkje har bestemt noko anna.

Rådmannen skal til vanleg utgreie saker som skal handsamast i formannskap og utval (første folkevalde organ som handsamar ei sak). Nærare retningsliner for form og innhald i saksutgreiingane vert fastlagde av kommunestyret.

Rådmannen er tilsetjingsmynde for alle stillingar der slikt mynde ikkje er lagt til andre ved lov eller reglement.

Rådmannen gjer vedtak i alle personalsaker innanfor dei retningsliner som administrasjonsutvalet eller kommunestyret vedtek.

9.4 Mynde i økonomiske saker

Rådmannen har ansvar for og mynde til å nytte av heile kommunen sitt budsjett innanfor kommunestyret sitt vedtekne budsjett, mål og retningsliner.

Rådmannen har fullmakt til å overføre driftsmidlar mellom kommunen sine felles stabs- og støtteeiningar når dette ikkje er i strid med budsjettføresetnadene eller fører til vesentlege endringar i budsjettet.

Rådmannen har fullmakt til å gjennomføre dei låneopptaka som kommunestyret har vedteke og fylkesmannen har godkjent etter kommunelova § 50. Fullmakta gjeld også refinansiering av eldre gjeld for å redusere kommunen sine finansieringskostnader.

Innanfor same eining (rammeområde) kan rådmannen omdisponere mellom alle driftspostane og eventuelt styrke driftspostar ved bruk av meirinntekter i samsvar med reglane i økonomireglementet.

Rådmannen kan auke ein driftspost ved å ta i bruk tidlegare overførde løyvingar til vedkomande føremål.

Rådmannen kan fråfalle kommunal pant eller fråfalle/vike prioritet når dette ikkje fører med seg tapsrisiko for kommunen.

Rådmannen har mynde til å godkjenne avdragsutsetting med inntil eitt år for lån der kommunen har gitt kommunal garanti.

9.5 Mynde til å treffe vedtak etter særlover

Rådmannen får delegert mynde til å gjere vedtak i følgjande saker etter særlov når sakene er av ikkje prinsipiell karakter **og** myndet er lagt til anna organ anten med heimel i lov eller i delegasjonsreglement:

9.5.1 Plan og bygningslova (27.06.2008 nr 71)

I samsvar med delegasjonsreglementet er ikkje prinsipielle avgjerder delegert til rådmannen. Dette inneber at ikkje prinsipielle saker i medhald av plan- og bygningslova kan handsamast administrativt.

9.5.2 Lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) (LOV-2005-06-17-101)

- Møte på vegne av kommunen ved kart- og delingsforretningar.
- Overlate til andre å utføre kart- og delingsforretningar.
- Adresseforvaltning (§ 21).

9.5.3 Nabolova (16.06.61 nr. 15).

- Opptre på vegne av kommunen i naboforhold.

9.5.4 Veglova (21.06.63 nr. 23).

- Kommunen sitt mynde etter veglova.

9.5.5 Vegtrafikklova (18.06.65 nr. 4).

- Kommunen si mynde etter vegtrafikklova med tilhøyrande forskrifter.
- Skiltforskriftene av 10.10.80 nr. 1, pkt. 30 (Jf. Delegasjon frå vegsjefen av 02.01.98).

9.5.6 Lov om samferdsel (04.06.76 nr. 63).

- Gi uttale på vegne av kommunen i alle løyvesaker (unntatt saker vedk. kollektivtransport).

9.5.7 Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (10.06.77 nr. 82).

- Kommunen sine oppgåver og mynde etter lova.

9.5.8 Eigarseksjonslova (23.05.97 nr. 37).

- Kommunen sitt mynde etter eigarseksjonslova.

9.5.9 Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg (16.03.2012 nr. 12).

- Mynde etter forskrift om kommunale vatn- og avløpsgebyr av 10.01.95.

9.5.10 Forureiningslova (13.03.81 nr. 6).

- Kommunen sitt mynde etter forureiningslova med tilhøyrande forskrifter (§ 83).
- Mynde etter vedtekter for renovasjon vedk. kloakkslam og hushaldningsavfall.

9.5.11 Konsesjonslova (Lov 2003-11-28-98)

Mynde til å gjere vedtak/uttale seg på vegne av kommunen på følgjande punkt:

- Konsesjon for bustadtomt eller tomt til fritidsbustad som det ikkje er bygd på dersom tomta er under 2 daa (§ 4, 1. ledd).
- Konsesjon på areal som er ein del av byggeområde som nemnt i plan- og bygningslova §§ 20-4, 1. ledd nr. 1 og 25, 1. ledd nr. 1.
- Konsesjon på eigedom der konsesjonsfridom er sett ut av kraft med heimel i Konsesjonslova § 5.
- Fritak frå bu- og driveplikt etter Odelslova § 28 og Konsesjonslova § 5, 2. ledd.

9.5.12 Handelslova (06.06.80 nr. 21) og forskrift om handel utanom fast utsalsstad datert 15.05.91.

- Avgjere søknad om oppsøkjande handelsverksemd utanom fast utsalsstad.

9.5.13 Lov om trussamfunn (13.06.69 nr. 25).

- Fordele støtte til trussamfunn, jf. §§ 19, 19a.

9.5.14 Lov om gjeldsordning (17.07.93 nr. 99).

- Godta eller forkaste forslag til gjeldsordningar innanfor ei ramme på kr. 200.000,-.
- Gjere avskriving av tap på etableringslån, med dekning av kommunen sin innskotskonto for etableringslån i bank som vert nytta ved forvaltning av etableringslån. Innbetalingar på etableringslån i høve til oppretta gjeldsordningar godskrivast innskotskontoen.

9.5.15 Alkohollova (06.06.89 nr. 27).

- Godkjenne ny styrar og stedfortredar ved skifte i løyveperioden (§ 1-7c).
- Godkjenne utviding av skjenkelokale for ei enkelt tilstelling (§ 4-2).
- Avgjere søknader om ambulerande løyve til slutta lag (§ 4-5).
- Fastsetjing av avgifter etter § 7-1 i alkohollova og §§ 11-1, 11-2 og 11-3 i forskriftene.
- Alminneleg løyve til enkeltarrangement (§17)
- Saker etter alkohollova, som ligg innanfor rammer sett i alkoholpolitisk plan, vert delegert til rådmannen. Saker som fell utanfor planverket, prinsipielle saker, klagesaker og saker som etter alkohollova ikkje kan delegerast skal handsamast i kommunestyret **(K-sak 176/12).**

9.5.16 Serveringslova (13.06.97 nr. 55).

- Godkjenne ny styrar ved skifte (§ 4).
- Serveringsløyve

9.5.17 Lov om helse og omsorgstjenester (Lov 2011-06-24-30)

- Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som følgjer av lova.

9.5.18 Lov om kommunale helse- og omsorgstenester av 24.06.2011 nr 30.

- Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som følgjer av lova.

9.5.19 Lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven) av 24.06.2011 nr 29.

- Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som følgjer av lova.

9.5.20 Lov om barneverntjenester (barnevernloven) av 17.07.1992.

- Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som følgjer av lova.

9.5.21 Lov om vern mot smittsomme sykdommer av 24.05.1999 nr. 55.

- Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som følgjer av lova.

9.5.22 Lov om helsepersonell m.v av 02.07.1999 nr. 64.

- Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som følgjer av lova.

9.5.23 Lov om pasientrettigheter av 02.07.1999 nr. 63.

- Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som følgjer av lova.

9.5.24 Lov om helsemessig beredskap av 17.01.1986 nr. 3047.

- Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som følgjer av lova.

9.5.25 Lov om vern mot tobakkskader av 15.12.1995 nr. 99

- Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som følgjer av lova.

9.5.26 Lov om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern 02.07.1999 nr. 62.

- Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som følgjer av lova.

9.5.27 Lov om samordnet næringsmiddeltilsyn av 17.03.1978 nr. 6

- Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som følgjer av lova.

9.5.28 Lov om sosiale tenester i NAV (Lov 2009-12-18-131).

- Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som følgjer av lova.

9.5.29 Lov om tilsyn med næringsmiddel (19.05.33 nr. 3).

- Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som fylgjer av lova..

9.5.30 Lov om barn og foreldre (08.04.81 nr. 7).

- Gi uttale på vegne av kommunen (§41).

9.5.31 Lov om folketrygd (17.06.66 nr. 12).

- Gi uttale på vegne av kommunen (§ 18-3).

9.5.32 Lov om vaksenopplæring (28.05.76).

- Avgjere søknad om kommunalt tilskot til vaksenopplæring etter reglar vedteke av kommunen.

9.5.33 Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) (17.07.98)

- Kommunen si oppgåve og mynde etter lova med følgjande unntak:
  Saker om skulekrinsar, skulekrinsgrenser, namn på skular, målform i grunnskulen og fastsette forskrifter etter lov om opplæring og saker som kommunestyret sjølv skal handsame etter lova

9.5.34 Barnehagelova (05.05.95 nr. 19).

- Kommunen si oppgåve og mynde etter lova med dei unntak som fylgjer av lova.

9.5.35 Lov om film og videogram (15.05.87 nr. 21).

- Avgjere søknad om løyve til omsetting av videogram i næring, og framvising av film i næring (§2).

9.5.36 Jordlova (12.05.95 nr. 23).

- Kommunen sine oppgåver og mynde etter lova.

9.5.37 Skogbrukslova (LOV 2005-05-27-31)

- Kommunen sine oppgåver og mynde etter lova.

9.5.38 Odelslova (28.06.74 nr. 58).

- Fritak frå bu- og driveplikta etter § 28, jf. Konsesjonslova § 5, 2. ledd.

9.5.39 Lov om regulering av ervervsmessig husdyrhald (13.06.75 nr. 46) med forskrifter.

- Kommunen si oppgåver og mynde etter lova.

9.5.40 Lov om vassdrag (15.03.40 nr. 3).

- Kommunen sine oppgåver og mynde etter lova knytt til landbrukssektoren.

9.5.41 Lov om friluftslivet (28.06.57 nr. 16).

- Kommunen sine oppgåver og mynde etter lova knytt til landbrukssektoren.

9.5.42 Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernloven). LOV-2002-06-14-20

- Kommunen sitt mynde etter lov om vern mot brann, eksplosjon og ulukker med farlege stoff og om brannvesenet sine redningsoppgåver av 14. juni 2002 nr. 20 med tilhøyrande forskrifter vert delegert til administrasjonssjefen (rådmannen) for vidare delegering til brannsjefen.

HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr: Arkiv:	2016/110 033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
29/16	Formannskapet	09.02.2016
28/16	Kommunestyret	18.02.2016

FELLES REGLEMENT FOR DEI POLITISKE ORGANA.

Møtebehandling:

Camilla Storøy (Krf) kom med slikt framlegg:

> «Pkt. 1.14 – same ordlyd som i §17 i kommunestyret sitt reglement og tilpassast komiteane.»

Framlegget frå Krf vart vedteke mot 3 røyster.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 09.02.2016

Kommunestyret vedtek reglementet slik det ligg føre.

Tilråding:

Kommunestyret vedtek reglementet slik det ligg føre.

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe
- Kontrollutvalet

Vedlegg:

- Felles reglement for dei politiske organa.

Saksopplysningar:
Kommunelova § 39 har slik ordlyd:
«39.Reglement. Arkiv.
1. Kommunestyret og fylkestinget fastsetter selv ved reglement nærmere regler for saksbehandlingen i folkevalgte organer.
2. Kommunestyret og fylkestinget skal selv vedta reglement for delegasjon av avgjørelsesmyndighet og for innstillingsrett innen 31. desember året etter at kommunestyret og fylkestinget ble konstituert. Sist vedtatte reglement og eventuelle andre vedtak gjelder inntil nytt reglement er vedtatt.
3. Departementet kan gi forskrifter om behandling, bevaring, ordning av og tilsyn med kommunens og fylkeskommunens arkiver.
0 Endret ved lov 25 mai 2012 nr. 28 (ikr. 1 juli 2012 iflg. res. 25 mai 2012 nr. 449).»

Vurdering og konklusjon:
Eg har ingen merknad til reglementet.

Fosnavåg, 28.01.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

FELLES REGLEMENT FOR DEI POLITISKE ORGANA (K-sak 79/12)

1.1 Føremål
Føremålet med dette reglementet er:

- Gje hovudretningsliner for arbeidet i dei politiske organa
- Gje einsarta og like retningsliner for alle sentrale kommunale organ
- Opne for fleksibilitet i organa si arbeidsform innanfor nokre formelle rammer
- Gje oversikt over dei viktigaste pliktene og rettane for folkevalde
- Leggje grunnlag for vitalisering av det politiske arbeidet
- Bidra til at kommuneforvaltninga vert open
- Leggje forholda til rette for dialog mellom dei folkevalde organa og innbyggjarane

1.2 Heimel
Reglementet er fastsett med heimel i kommunelova § 39.1. Reglementet har utfyllande status i forhold til lov og forskrifter gitt i medhald av lov.

Reglementet gjeld for alle organ oppretta med heimel i kommunelova, og for andre kommunale organ så langt det ikkje er i strid mot særskilde fastsette reglar.

1.3 Møteprinsippet
Folkevalde organ gjer vedtaka sine i møte.

Når det er nødvendig å få avgjort ei sak før neste møte, kan leiaren for organet avgjere at saka vert teka opp til handsaming ved fjernmøte eller ved skriftleg sakshandsaming, jfr. kommunelova § 30.2 og Kommunaldepartementet si forskrift av 13. januar 1993.

1.4 Møteplan
Ordføraren syter for at alle organ lagar møteplanar for eitt år om gongen og at møteplanen er slik samordna at det sikrar ei effektiv sakshandsaming.

Møteplanen vert kunngjord på ein føremålstenleg måte.

1.5 Saksplan
Saklista for kvart møte skal inndelast i vedtakssaker, drøftingssaker og orienteringssaker.

Det skal leggjast vekt på å trekkje organa tidleg inn i saksområda. Saksplanen vert ajourført løpande med innkomne saker og når dei vert planlagde for handsaming.

1.6 Sekretærhjelp til komitear og utval
Rådmannen har ansvar for å utnemne sekretærfunksjonar for komitear og utval. Rådmannen kan peike ut særskilde sekretærar for kvar komite/utval.

1.7 Innkalling og sakliste
Det er leiaren av det respektive organet som set opp sakliste for det enkelte møtet.

Innkalling med sakliste og saksdokument skal som hovudregel sendast ut seinast **7** dagar før møtet skal haldast. Sakliste m.m. skal sendast alle faste medlemer, fremste varamedlemer, ordførar, revisjon**, leiaren** i kontrollutvalet, eldrerådet, **råd for menneske med nedsett funksjonsevne**, rådmannen og lokal presse.

1.8 Saksførebuing og saksdokument

Rådmannen har ansvaret for at saker som skal handsamast i folkevalde organ er forsvarleg utgreidde.

Saksframlegga skal vere korte og oversiktlege, omfatte hovudproblemstillingar, alternative løysingar og administrasjonen sine vurderingar. Saker til ad-hoc-komiteane skal ikkje til vanleg ha forslag til vedtak frå rådmannen, medan saker til andre organ skal ha slikt forslag med mindre organet sjølv bestemmer noko anna.

Ein skal unngå bruk av vedlegg med mindre det er nødvendig for å få saka tilstrekkeleg belyst og dokumentert.

1.9 Forfall – ugildskap – vararepresentantar

Ein representant som ikkje kan møte på grunn av lovleg forfall, skal utan opphald melde dette **skriftleg** med forfallsgrunn til sekretariatet. Sekretariatet kallar straks inn vararepresentant.

Ein representant skal i god tid ta habilitetsspørsmålet opp med leiaren for organet – som kan kalle inn vararepresentant. Organet avgjer sjølv spørsmålet om habilitet.

1.10 Opne møte

Alle møte i politiske organ skal haldast for opne dører.

Unntak for dette er når behandling i lukka møte fylgjer av lovbestemt teieplikt eller der omsynet til personvern eller andre tungtvegande private eller offentlege interesser tilseier det same, jfr. kommunelova § 31.3.

1.11 Teieplikt

Representantar og tilsette som deltar i handsaming av saker underlagt teieplikt etter forvaltningslova § 13 er bundne av teieplikta slik ho er definert i lova.

For saker som ikkje fylgjer lovbestemt teieplikt, men som likevel er handsama i lukka møte, gjeld teieplikta inntil ho er oppheva eller grunngjevinga for handsaminga i lukka møte er falle bort.

1.12 Møteleiing – gjennomføring av møtet

Møtet vert leia av leiaren i organet. Møtet vert avvikla i samsvar med god møteskikk for kommunale organ. Avstemmingar skjer i samsvar med § 35 i kommunelova. Alle avklaringar om gjennomføring av møtet vert vedtatt av organet sjølv med alminneleg fleirtal dersom ikkje anna fylgjer av lov.

1.13 Vedtaksfør

Eit folkevald organ kan berre treffe vedtak dersom minst halvparten av medlemene har vore til stades under forhandlingane og avgitt stemme i vedkomande sak, jfr. kommunelova § 33.

1.14 Spørsmål og interpellasjonar

Alle medlemer kan rette spørsmål til leiaren av møtet, også om saker som ikkje står på dagsorden. Leiaren svarer så langt han/ho er i stand til det.

Alle medlemer kan i tillegg rette skriftlege førespurnader (interpellasjonar) til leiaren i forkant av møtet. Slike førespurnader må leverast seinast 3 virkedagar før møtet. Møteleiaren skal varsle skriftlege førespurnader ved opninga av møtet.

1.15 Møtebok

Alle politiske organ fører møtebok frå forhandlingane sine. Av møteboka skal ein kunne lese kva for representantar som har delteke i handsaminga av dei ulike sakene. Møteboka skal vise gangen i forhandlingane, framsette framlegg og måten vedtaka er fatta på. **Alle framsette framlegg skal vere skriftlege og underskrivne.**

Møteleiaren – eller i tilfelle protest vert reist – organet med alminneleg fleirtal, avgjer om protokolltilførslar skal tillatast.

Møteleiaren vel i starten av møtet to medlemer til å skrive under protokollen, og dei går gjennom den mellombelse protokollen i slutten av møtet. Den ferdige protokollen vert sendt dagen etter til dei to valde for endeleg kontroll, med frist på to dagar for tilbakemelding.

1.16 Høyringar

Dei politiske organa kan vedta å gjennomføre høyringar i samband med handsaminga av konkrete saker eller å setje søkjelys på ulike saksforhold. Høyringar (både allmannamøte og avgrensa høyringar) er i utgangspunktet opne, jfr. punkt 1.11.

Høyringane vert leia av leiaren i organet som har ansvaret for førebuing og gjennomføring i samråd med organet sitt. Det kan inviterast og engasjerast innleiarar til høyringane. Det vert ikkje gjort vedtak. Det vert ført eit kort og oppsummerande referat frå høyringane.

1.17 Ad-hoc- komitear

Kommunestyret kan opprette ad-hoc-komitear for å førebu eit bestemt sakskompleks, eller til å utføre særskilde (tidsavgrensa) verv. Kommunestyret skal oppnemne komiteane etter framlegg frå gruppeleiarane og ordførar. Saksområde, mandat og tidsfrist og eventuelt budsjett skal vedtakast av kommunestyret etter framlegg frå gruppeleiarane og ordførar. Komiteane skal samansetjast av medlemer og varamedlemer frå kommunestyret.

Komiteane har ikkje vedtaksmynde utan at dette er gitt i mandatet frå kommunestyret.

Ad-hoc-komiteane skal ha saksordførar for alle saker. Saksordføraren skal leie arbeidet i komiteen sitt arbeid med saka og har ansvaret for innstillinga og presentasjonen av ho i kommunestyret

1.18 Legalitetskontroll

Tre eller fleire medlemer av kommunestyret kan i lag bringe eit vedtak gjort av eit folkevald organ eller administrasjonen inn for departementet til "lovlighetskontroll", jfr. § 59 i kommunelova. Tidsfrist for krav om lovlighetskontroll er 3 veker frå vedtaket er gjort.

1.19 Folkevalde sin rett til dokumentinnsyn

Folkevalde har tilgang til alle dokument i den kommunale forvaltninga etter prinsippa om "meroffentlighet", (jfr Reglement for folkevalde sin innsynsrett K-sak 33/08).

Ordføraren har ein sjølvstendig rett til innsyn i alle dokumenta i kommunen.

Kommunestyret kan gjere vedtak om å få innsyn i dokument for heile kommuneforvaltninga. Andre organ kan gjere tilsvarande vedtak for sitt arbeids- og ansvarsområde. Dette gjeld også innsyn i saksdokument som inneheld teiepliktige opplysningar når det er eit klart behov for dette ved handsaming a av ei konkret sak i vedkomande organ, jfr Fvl. § 13 b nr 2 og 4. Kontrollutvalet har sjølvstendig innsyn i medhald av § 6 i eiga forskrift for kontrollutval.

Førespurnad om dokumentinnsyn etter dette punktet skal rettast til leiaren av det forvaltningsorganet som handsamar saker, dvs. rådmannen eller leiar for administrasjonseining.

1.20 Å ta opp nye saker

Politiske organ kan ta opp nye saker. Dersom administrasjonen ikkje kan imøtekome behovet for saksførebuing, vert dette avgjort av formannskapet etter at administrasjonen har vurdert arbeidet/kostnadene med saksførebuinga.

HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr: Arkiv:	2016/110 033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
30/16	Formannskapet	09.02.2016
29/16	Kommunestyret	18.02.2016

REGLEMENT FOR ADMINISTRASJONSUTVAL

Møtebehandling:
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 09.02.2016
Kommunestyret vedtek reglementet slik det ligg føre.

Tilråding:

Kommunestyret vedtek reglementet slik det ligg føre.

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe
- Kontrollutvalet

Vedlegg:

- Reglement for administrasjonsutval

Saksopplysningar:
Kommunelova § 39 har slik ordlyd:

«39.Reglement. Arkiv.

1. Kommunestyret og fylkestinget fastsetter selv ved reglement nærmere regler for saksbehandlingen i folkevalgte organer.

2. Kommunestyret og fylkestinget skal selv vedta reglement for delegasjon av avgjørelsesmyndighet og for innstillingsrett innen 31. desember året etter at kommunestyret og fylkestinget ble konstituert. Sist vedtatte reglement og eventuelle andre vedtak gjelder inntil nytt reglement er vedtatt.

3. Departementet kan gi forskrifter om behandling, bevaring, ordning av og tilsyn med kommunens og fylkeskommunens arkiver.

0 Endret ved lov 25 mai 2012 nr. 28 (ikr. 1 juli 2012 iflg. res. 25 mai 2012 nr. 449).»

Vurdering og konklusjon:
Eg har ikkje merknad til reglementet slik det ligg føre.

Fosnavåg, 28.01.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

REGLEMENT FOR ADMINISTRASJONSUTVAL (K-sak 79/12)

1.1 Val og samansetjing
Utvalet er samansett av 5 medlemer valt av kommunestyret av formannskapet sine medlemer, og 2 medlemer utpeika etter forholdstalsprinsippet av og mellom arbeidstakarorganisasjonane. Kommunale arbeidstakarar bør ikkje veljast som arbeidsgjevarrepresentantar. Kommunestyret vel leiar og nestleiar mellom dei valde politiske medlemene.

1.2 Arbeids- og ansvarsområde
Utvalet er kommunen sitt partssamansette utval etter kommunelova § 25 for handsaming av fellessaker som gjeld forholdet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette.

Utvalet er også kommunen sitt likestillingsutval.

Utvalet bør prioritere arbeidet med:

- Arbeidsgjevarpolitikk i vid forstand (jfr. KS si arbeidsgjevarpolitiske plattform)
- Personalpolitiske retningsliner for kommunen si verksemd
- Rammer, reglement og retningsliner for administrasjonen sin operative personalfunksjon
- Mål og rammer for kommunen si opplæringsverksemd og kompetanseutvikling

Dei deler av arbeidsgjevarpolitikken som dei tilsette ikkje har rett til å handsame, vert overført til formannskapet.

Kurante vedtak i enkeltsaker innanfor lovområda er normalt delegert til administrasjonen.

1.3 Generelt mynde
Utvalet gjer vedtak i prinsipielle saker og innstiller i saker som skal til kommunestyret.

Utvalet kan:

- Gje personalpolitiske retningsliner innanfor ansvarsområdet sitt for administrasjonen si handtering av enkeltsaker
- Be om rapport innanfor ansvarsområdet sitt frå administrasjonen om kva for saker eller utval av saker som er avgjorde etter delegert mynde
- Avgjere saker innanfor arbeidsområdet sitt som rådmannen ønskjer å løfte til eit overordna politisk styringsorgan

HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr: Arkiv:	2016/110 033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
31/16	Formannskapet	09.02.2016
30/16	Kommunestyret	18.02.2016

REGLEMENT FOR ARBEIDSMILJØUTVALET.

Møtebehandling:
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 09.02.2016
Kommunestyret vedtek reglementet slik det ligg føre.

Tilråding:

Kommunestyret vedtek reglementet slik det ligg føre.

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe.
- Kontrollutvalet.

Vedlegg:

- Reglement for arbeidsmiljøutvalet

Saksopplysningar:
Kommunelova § 39 har slik ordlyd:

«39.Reglement. Arkiv.

1. Kommunestyret og fylkestinget fastsetter selv ved reglement nærmere regler for saksbehandlingen i folkevalgte organer.

2. Kommunestyret og fylkestinget skal selv vedta reglement for delegasjon av avgjørelsesmyndighet og for innstillingsrett innen 31. desember året etter at kommunestyret og fylkestinget ble konstituert. Sist vedtatte reglement og eventuelle andre vedtak gjelder inntil nytt reglement er vedtatt.

3. Departementet kan gi forskrifter om behandling, bevaring, ordning av og tilsyn med kommunens og fylkeskommunens arkiver.

0 Endret ved lov 25 mai 2012 nr. 28 (ikr. 1 juli 2012 iflg. res. 25 mai 2012 nr. 449).»

Vurdering og konklusjon:
Eg kan ikkje sjå at det har vore utarbeidd reglement for arbeidsmiljøutvalet tidlegare.
Vedlagde reglement byggjer på

- Arbeidsmiljølova kap 7
- Arbeidstilsynet sin rettleiar
- Tilsvarande reglement i andre kommunar
- Andre reglement i Herøy kommune

Fosnavåg, 28.01.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

REGLEMENT FOR ARBEIDSMILJØUTVALET

Herøy kommune har etablert Arbeidsmiljøutval (AMU) i samsvar med Arbeidsmiljølova (Aml) § 7-1.

AMU har ei sentral rolle i høve vernetenesta og HMT-arbeidet i organisasjonen, og skal handsame saker i samsvar med Aml § 7-2.

1. Val og samansetning

AMU består av 8 medlemmar, 4 medlemmar frå arbeidsgjevar og 4 medlemmar frå arbeidstakarane. Ordførar og rådmann er faste medlemmar i AMU frå arbeidsgjevar. Politiske medlemmar og varamedlemmar vert valt. Rådmann peikar ut vara for seg. Hovudverneombod er fast medlem og arbeidstakarane sin representant i utvalet.

Medlemmane vert valt for 2 år om gongen. Utvalseiar vert valt for 1 år. Leiar vert valt mellom medlemmane, og annan kvar gong frå arbeidsgjevar- og arbeidstakarsida.

Herøy kommune sin kontaktperson frå bedriftshelsetenesta rådgjevande møter som rådgjevande organ utan stemmerett. Det same gjeld personal- og organisasjonsleiar, som også er fast sekretær for utvalet.

Ved likt stemmetal teller leiar si stemme dobbelt.

2. Arbeid- og ansvarsområde

AMU skal arbeid for eit fult ut forsvarleg arbeidsmiljø i organisasjonen. AMU skal ta del i planlegging og oppfylginga av verne- og HMT-arbeidet i organisasjonen.

AMU skal:

- Handsame spørsmål som gjeld bedriftshelse- og vernetenesta
- Handsame spørsmål om opplæring og instruksjon som kan ha verknad for arbeidsmiljøet
- Handsame planar om nye lokalar, prosessar eller ombygging, som krev samtykke frå Arbeidstilsynet
- Handsame planar som kan få vesentleg tyding for arbeidsmiljøet, slik som nyt arbeidsutstyr, rasjonalisering, endringar i arbeidsprosessar og førebyggjande vernetiltak
- Ta aktivt del i HMT-arbeidet, ta del i kartleggingar, utarbeiding av handlingsplanar og gje råd i høve prioriteringar og tiltak
- Vurderer helse- og velferdsaspektet ved arbeidstidsordningar
- Gå igjennom alle rapportar om ulukker, nesten-ulukker og sjukdom som kan skuldast arbeidsmiljøet. Særskilt ha fokus på grunnen til hendinga og sjå til at arbeidsgjevar gjer det som er naudsynt for å hinder at det skje igjen
- Gå igjennom alle rapportar som yrkeshygieniske undersøking og måleresultat
- Handsame spørsmål om tilrettelegging for arbeidstakar med redusert funksjonsevne
- Utarbeide årsrapport

AMU kan opprette underutval.

3. Sakshandsaming
AMU avgjer sjølv tal på møter per år. Om to medlemmar krev det skal haldast møte i utvalet.

Alle medarbeidarar kome med innspel til saker til for AMU. Verneombod og AMU kan ta opp saker av eige initiativ.

Det skal skrivast referat frå alle møte.

Alle medlemmar av AMU, og elles andre som arbeider med saker i tilknyting AMU, har teieplikt om personlege høve og opplysningar som kan utnyttast av andre til næringsverksemd. Teieplikta gjeld ikkje når det er gjeve samtykke, eller når det er naudsynt for å informerer arbeidstakar om ulukke- eller helsefare.

4. Opplæring
Medlemmane av AMU har krav på naudsynt opplæring. Opplæringa skal gjennomførast so snart som råd etter nyval.

Opplæringa skal gje kunnskap om korleis verne- og HMT-arbeidet skal drivast, slik som ergonomi, støy, lys, klima og førebyggjande arbeid. Opplæringa skal gje ei innføring i Arbeidsmiljølova og anna relevant regelverk.

HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr: Arkiv:	2016/110 033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
32/16	Formannskapet	09.02.2016
31/16	Kommunestyret	18.02.2016

REGLEMENT FOR KLAGEUTVAL

Møtebehandling:
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 09.02.2016
Kommunestyret vedtek reglementet slik det ligg føre.

Tilråding:

Kommunestyret vedtek reglementet slik det ligg føre.

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe
- Kontrollutvalet

Vedlegg:

- Reglement for klageutval

Saksopplysningar:
Kommunelova § 39 har slik ordlyd:

«39.Reglement. Arkiv.

1. Kommunestyret og fylkestinget fastsetter selv ved reglement nærmere regler for saksbehandlingen i folkevalgte organer.

2. Kommunestyret og fylkestinget skal selv vedta reglement for delegasjon av avgjørelsesmyndighet og for innstillingsrett innen 31. desember året etter at kommunestyret og fylkestinget ble konstituert. Sist vedtatte reglement og eventuelle andre vedtak gjelder inntil nytt reglement er vedtatt.

3. Departementet kan gi forskrifter om behandling, bevaring, ordning av og tilsyn med kommunens og fylkeskommunens arkiver.

0 Endret ved lov 25 mai 2012 nr. 28 (ikr. 1 juli 2012 iflg. res. 25 mai 2012 nr. 449).»

Vurdering og konklusjon:
Eg har ikkje merknad til reglementet slik det ligg føre.

Fosnavåg, 28.01.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

REGLEMENT FOR KLAGEUTVAL (K-sak 79/12)

1 Val og samansetjing
Utvalet er samansett av 5 medlemer valt for den kommunale valperioden av kommunestyret. Tre av medlemene vert valde frå kommunestyret, medan to bør veljast utanom kommunestyret sine medlemer. Kommunestyret vel leiar og nestleiar.

2 Arbeids- og ansvarsområde
Klageutvalet er kommunen sitt særskilde klageutval etter Fvl. § 28, 2. lekk.

3 Generelt mynde
Klageutvalet handsamar og avgjer alle klagesaker i enkeltvedtak som er gjort av forvaltningsorgan oppretta i medhald av kommunelova eller administrasjonen etter delegasjon frå kommunestyret der ikkje anna klageinstans er bestemt ved særlov.

Departementet er klageinstans i enkeltvedtak gjort av kommunestyret.

4 Sakshandsaming
Rådmannen held sekretariat for klageutvalet.

I saker der rådmannen er ugild etter kommunelova § 40, pkt. 3c kan klageutvalet engasjere sekretariatsbistand.

HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr: Arkiv:	2016/110 033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
33/16	Formannskapet	09.02.2016
32/16	Kommunestyret	18.02.2016

REGLEMENT FOR PLAN OG BYGGENEMND.

Møtebehandling:
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 09.02.2016
Kommunestyret vedtek reglementet slik det ligg føre.

Tilråding:

Kommunestyret vedtek reglementet slik det ligg føre.

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe
- Kontrollutvalet

Vedlegg:

- Reglement for plan og byggenemnd

Saksopplysningar:
Kommunelova § 39 har slik ordlyd:

«39.Reglement. Arkiv.

1. Kommunestyret og fylkestinget fastsetter selv ved reglement nærmere regler for saksbehandlingen i folkevalgte organer.

2. Kommunestyret og fylkestinget skal selv vedta reglement for delegasjon av avgjørelsesmyndighet og for innstillingsrett innen 31. desember året etter at kommunestyret og fylkestinget ble konstituert. Sist vedtatte reglement og eventuelle andre vedtak gjelder inntil nytt reglement er vedtatt.

3. Departementet kan gi forskrifter om behandling, bevaring, ordning av og tilsyn med kommunens og fylkeskommunens arkiver.

0 Endret ved lov 25 mai 2012 nr. 28 (ikr. 1 juli 2012 iflg. res. 25 mai 2012 nr. 449).»

Vurdering og konklusjon:
Eg har ikkje merknad til reglementet slik det ligg føre.

Fosnavåg, 28.01.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

REGLEMENT FOR PLAN- OG BYGGENEMND(K-sak 79/12)

1. Kommunestyret vel fast plan og byggenemnd for perioden.

2. Nemnda skal stå føre planlegging og oppføring av kommunale bygg. Nemnda vert valt av kommunestyret, og får oppdrag frå formannskap/kommunestyret. Nemnda skal gjere vedtak når minst halvparten av medlemene er til stades. Ved likt røystetal avgjer formannen med dobbeltstemme.

3. Til nemnda vert for heile valbolken valt 5 faste politiske medlemer med personlege varamenn. Til kvart prosjekt kan kommunestyret velje to andre medlemer med personlege varamenn. Kommunestyret vel leiar og nestleiar i valperioden. Også dei faste medlemene held fram til prosjektet er ferdig. Dei nyvalde går såleis berre inn i nye prosjekt. Kommunestyret kan av særlege grunnar skifte ut medlemer og varamedlemer.

4. Med tale- og forslagsrett kan desse møte:

   Ordførar
   Rådmann eller dei som møter for rådmannen
   Verneombod for vedkomande verneområde.
   Andre med rett til å møte eller som vert oppnemnde til å møte.

5. Det skal førast protokoll frå møta. Protokoll skal sendast alle med møterett. Formannskapet og kommunerevisjopnen skal og ha utskrift. Av protokollen må det gå klart fram kva som er endeleg vedtak og kva som er tilrådingar andsynes andre organ. Fellessekretariatet syter for nødvendig ekspedering.

6. Anlegg- og driftsavdelinga skal vere sekretariat for nemnda. Leiaren for avdelinga skal peike ut sekretær. Sekretæren vert sakshandsamar og prosjektleiar. Sekretæren skal halde leiaren for nemnda og leiaren for Anlegg- og driftsavdelinga løpande orienterte om tilhøva for dei einskilde prosjekta, og syte for at nødvendige endringar (tillegg eller frådrag) vert avklara og godkjende før dei vert sette i verk. I samråd med leiaren av Anlegg- og driftsavdelinga skal sekretæren på førehand utarbeide sakspapir og framlegg til vedtak for alle viktige saker. Saksutgreiingane og tilrådingane skal signerast av sekretæren og leiaren for Anlegg- og driftsavdelinga. Sakspapira skal sendast til alle med møterett.

7. Nemnda held møte når leiaren for nemnda eller 2 av medlemene finn det nødvendig. Ordføraren kan og be om at nemnda vert kalla inn. Sekretæren varslar leiaren for nemnda når det etter han si meining er trong for møte. Leiaren for nemnda kan delegere til leiaren for Anlegg- og driftsavdelinga å kalle inn til møte.

8. Utgangspunkt for utarbeiding av prosjektdokument, for innhenting av tilbod m.m. skal vere gjeldande Norsk Standard og gjeldande lover, forskrifter og reglar på området. Formannskapet kan gje nærare reglar, slik at sakene ikkje får meir omstendeleg sakshandsaming enn nødvendig.

9. Nemnda kan engasjere arkitektar og konsulentar innanfor løyvingane som er øremerka til dette. Er det ikkje avsett midlar til dette, går saka til formannskapet/kommunestyret for eventuell løyving. Som grunnlag for kontrakt med planleggaren skal i regelen nyttast gjeldande Norsk Standard.

10. Nemnda legg fram planar for prosjektet med fullstendig kostnadsoverslag og finansieringsplan.

11. Nemnda kan lyse prosjekt ut på tilbod når planane er godkjende og løyving ligg føre.

12. Nemnda kan godkjenne tilbod innanfor ramma. Tilbod utover ramma skal godkjennast av formannskap/kommunestyret. Her skal det vere med eit revidert kostnadsoverslag og finansieringsplan. Kostnadsoverslaget og finansieringsplanen skal vere i så mange alternativ som nemnda innstiller tilbod.

13. Leiaren for nemnda fører kontraktsforhandlingar saman med leiaren for Anlegg- og driftsavdelinga og sekretæren. Ordføraren skriv under tilfredsstillande kontrakter.

14. Nemnda samordnar arbeidet med å hente inn nødvendige godkjenningar.

15. Mindre endringar kan godkjennast administrativt. Nemnda kan under vegs godta større endringar, og tilbod i samsvar med endringar, som ikkje går ut over løyvingane til prosjektet. Vesentlege endringar i utforminga av byggeprosjekt må leggast fram for formannskap/kommunestyre.

16. Nemnda kan setje arbeidet i gang når:
    - Endelege planar er godkjende av kommunestyret og eventuelt andre instansar.
    - Finansieringsplan er godkjend av kommunestyret og løyvingar til prosjektet ligg føre.
    - Tilfredsstillande kontrakter er underskrivne.
    - Nemnda fremjer byggearbeidet i samsvar med den prioritet, jfr. budsjett og økonomiplan, og dei retningslinene som er fastsette av formannskap/kommunestyre.

17. Byggenemnda vert innkalla til møte dersom protokollen frå byggemøta viser avvik i forhold til løyvingane og ved viktige milepælar i framdrifta

18. Nemnda må på førehand ha fått tilleggsløyvingar for disposisjonar som det er sannsynleg vil føre til overskridingar av løyvingane til prosjektet og elles må det søkjast om tilleggsløyving når det er fare for overskridingar av løyvingane.

19. Anlegg- og driftsavdelinga gjev melding om status, framdrift og den økonomiske sida av prosjektet i samband med den løpande tertialrapporteringa til formannskap/kommunestyret.

20. Rekningar skal attesterast av sekretæren/prosjektleiar i byggenemnda. Rekningane skal tilvisast av den som har tilvisingsrett på det aktuelle budsjettområdet.

21. Det skal førast eige byggerekneskap. Økonomiavdelinga fører denne rekneskapen som skal reviderast på vanleg måte.

22. Nemnda legg fram sluttrekneskapen til godkjenning i kommunestyret.

HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ENG	Arkivsaknr:	2014/1945
		Arkiv:	144

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
35/16	Formannskapet	09.02.2016
33/16	Kommunestyret	18.02.2016

HØYRING FRÅ MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE - SKJØTSELPLAN 2015 HERØY GAMLE KYRKJESTAD OG KLOSTERHAUGEN

Møtebehandling:
Kulturleiar Eileen Gjerde møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 09.02.2016
Herøy kommune har ingen merknader til framlegg til «Skjøtselplan 2015 - Herøy gamle kyrkjestad og Klosterhaugen».

Intensjonsavtale/skjøtselavtale med tilhøyrande økonomiske konsekvensar vert godkjent slik framlagt.

Tilråding:

Herøy kommune har ingen merknader til framlegg til «Skjøtselplan 2015 - Herøy gamle kyrkjestad og Klosterhaugen».

Intensjonsavtale/skjøtselavtale med tilhøyrande økonomiske konsekvensar vert godkjent slik framlagt.

Særutskrift:
Møre og Romsdal Fylkeskommune v/kulturavdelinga
Kyrkjeverja i Herøy
Herøy kystmuseum
Eigedomsleiar
Kulturleiar

Vedlegg:
Høyring av framlegg til skjøtselsplan for Herøy gamle kyrkjestad
Rapport oppmåling og kartfesting av skader på herøy gamle kyrkjestad og kyrkjegard
Rapport Herøy gamle kyrkjestad og Klosterhaugen

Saksopplysningar:
Etter initiativ frå Herøy kystmuseum vart det i 2013 søkt Riksantikvaren om BARK-midlar til skilting av den gamle kyrkjestaden, Klosterhaugen og Herøy gard. Ved skilting skal ein normalt sjå på skjøtselbehov, og det har lenge vore kjent at det var skjøtselutfordringar også på denne mellomalderkyrkjestaden.

Denne skjøtselplanen er såleis relatert til ei BARK-satsing, som står for **B**evaringsprogram for **AR**keologiske **K**ulturminne. Herøy gamle kyrkjestad og Klosterhaugen er av dei utplukka fornminna/kulturminna for skilting/skjøtsel i Herøy og nemnt i regional delplan for kulturminne. Skjøtselplanen omfattar ikkje Herøy gard som heilskap og heller ikkje dei marine kulturminna, men desse er del av skiltinga.

Skjøtselplanen er utarbeidd av Møre og Romsdal Fylkeskommune, i samråd med Indre Herøy sokn v/Herøy kyrkjelege fellesråd, Herøy kystmuseum, Herøy kommune (v/kulturkontoret) og Riksantikvaren vest. Skiltinga er i tillegg høyrd hjå Bergen Sjøfartsmuseum.
Som grunnlag for planen er det gjort ei kartlegging i form av innmåling av: dei ulike kulturminna, skader særleg på kyrkjegardsmur og eldre gravminne. Kartlegginga er samla i rapporten «Oppmåling og kartfesting av skadar på Herøy gamle kyrkjestad og kyrkjegard».

Skjøtselplanen viser kva behov for skjøtsel områda har og tilrådde tiltak, samt kven sitt ansvar dette er og kva tidshorisont ein ser føre seg før dette vonleg er løyst. Prinsippet har vore:

1) Førebygge ny skade
2) Restaurere/utbetre skader ift. kva som er mest akutt og kva som er mogleg økonomisk

Ansvarleg for skjøtsel vert knytt til eigar, der vedkomande part syrgjer for naudsynte løyve ift. t.d. kulturminnelova ligg føre. Fylkeskommunen og Riksantikvaren vest bidreg med råd.

Herøy kyrkjelege fellesråd, saksbehandling:

Fr-sak 05/16 Høyring av framlegg til skjøtselplan for Herøy gamle kyrkjestad og klosterhaugen på Herøy, Herøy k

Vedtak i fellesrådet – 21.01.2016:
Fylgjande framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke:
Herøy kyrkjelege fellesråd har ingen merknader til Framlegg til skjøtselplan for Herøy gamle kyrkjestad og klosterhaugen på Herøy

Intensjonsavtale/skjøtselavtale med tilhøyrande økonomiske konsekvensar vert godkjent med atterhald om at dei andre partane godkjenner sine avtalar.

Eigarstyret Herøy kystmuseum, saksbehandling:

Saka er ikkje ferdigbehandla i skrivande stund. Evt. vedtak kan leggjast fram i møter

Vurdering og konklusjon:
Herøy kommune vurderer Framlegg til skjøtselplan skjøtselplan for Herøy gamle kyrkjestad og Klosterhaugen på Herøy til å vere eit viktig tiltak for å førebygge nye skader og restaurere/utbetre gjeldande skader på staden.

Forslag til intensjonsavtale/skjøtselavtale med tilhøyrande økonomiske konsekvensar vert godkjent slik framlagt.

Konsekvensar for folkehelse:
Herøy gard er eit mykje brukt utfartsmål for folk i alle aldrar, både for å delta på aktivitetar i regi av kystmuseet, Herøyspelet, kyrkja, sogelaget m.fl. og til naturopplevingar og rekreasjon. At staden vert teken vare på er viktig både sett i perspektiv av no-tida og for staden si minst tusenårige historie.

Konsekvensar for beredskap:
Fleire av tiltaka er nødvendige for å unngå ikkje ynskja hendingar på menneske og kulturminne.

Konsekvensar for drift:
Framlegg til intensjonsavtale/skjøtselavtale kan takast i vare gjennom allereie vedteke budsjett for 2016. avhengig av eksterne tilskot, vil det sidan kunne tilkome auka kostnader for kommunen.

Fosnavåg, 01.02.2016

Olaus-Jon Kopperstad	Eileen Gjerde
Rådmann	Kulturleiar

Sakshandsamar: Eileen Gjerde

Eiken G.

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr. | Saksbeh.
17 DES. 2015
Ark.kode P
Ark.kode S
J.nr. | Dok.nr
Kassasjon

Møre og Romsdal fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		80423/2015/C51	Øyunn Kleiva, 71 25 88 67	15.12.2015

Høyring av framlegg til skjøtselsplan for Herøy gamle kyrkjestad og Klosterhaugen på Herøy, Herøy k.

Vi oversender her framlegg til skjøtselplan for dei freda kulturminna Herøy gamle kyrkjestad og Klosterhaugen på Herøy gard til høyring. Til denne ligg også ein meir detaljert rapport som viser skadekartlegging.

Særleg Herøy gamle kyrkjestad har store utfordringar knytt til sikring og skade. Ma er vegetasjonen dels av ein slik karakter at ein må forvente enno større skade, om ikkje noko vert gjort. Skjøtselplanen er meint å gi eit grunnriss for å kunne løyse dei store utfordringar Klosterhaugen og Herøy gamle kyrkjestad har. I planen inngår også skilt som no er under produksjon og som snart er klar for oppsetjing.

Vi vil gjerne at dette dokumentet skal verte eit felleseige. Vi har motteke innspel undervegs i arbeidet og vi ber alle partar som vi her reknar til å vere Herøy kommune, Herøy kystmuseum, Herøy kyrkjelege fellesråd og Riksantikvarens distriktskontor vest, i tillegg til Møre og Romsdal fylkeskommune, om merknadar til planen innan 20.1.2016.

Vi gjer særleg merksam på framlegg til skjøtselsavtale bak i planen. Det er ikkje sikkert denne er dekkande.

Utfordringane til Herøy gamle kyrkjestad er så store at det kanskje vert aktuelt å invitere Herøysamfunnet med på ein liten dugnad. Vi ber i så fall Herøy kommune hjelpe Herøy kyrkjelege fellesråd med å skape merksemd kring saka lokalt.

Den endelege skjøtselsplanen, etter at denne er justert som fylgje av innspel, er meint å vere eit dokument signert av alle partar.

Med helsing

Bjørn Ringstad
fylkeskonservator

Øyunn Kleiva
rådgivar/arkeolog

Vedlegg:
-Framlegg til skjøtselsplan
-Skadekartering

Postadresse: Postboks 2500, 6404 Molde • Besøksadresse: Julsundvn 9 • Telefon: 71 25 80 00 • Telefaks: 71 24 50 01
e-post: post@mrfylke.no • www.mrfylke.no

Møre og Romsdal fylkeskommune

Ein tydeleg medspelar

Arkeologisk rapport 2015

Oppmåling og kartfesting av skadar på Herøy gamle kyrkjestad og kyrkjegard

Arve Eiken Nytun

Herøy, gnr 39/1 og 8 i Herøy kommune

Møre og Romsdal
fylkeskommune

Ein tydeleg medspelar

Arkeologisk rapport 2015

Oppmåling og kartfesting av skader på Herøy gamle kyrkjestad og kyrkjegard

Herøy gbnr 39/1 og 8 i Herøy kommune

Arve Eiken Nytun Feltperiode: 05.03 – 12.03 2015 Rapportdato: 30.10 2015

Innhaldsliste

1.0 Samandrag	s.3
2.0 Bakgrunn og formål med arbeidet	s.4
3.0 Kulturhistorisk riss	s.5
3.1 Automatisk freda og nyare tids kartfesting	s.5
4.0 Registrering, tilstandsskildring og kartfesting	s.7
4.1 Kyrkjegardsmuren	s.7
4.2 Den nye kyrkjetufta	s.15
4.2.1 Kyrkjetufta og kar-fundamenta	s16
4.2.2 Steinhoggarmerke	s.19
4.3 Mellomalderkyrkjetufta	s.21
4.4 Gravsteinar og sarkofagar	s.23
4.5 Vegfar og landingsplassar	s.49
4.6 Klosterhaugen	s.54
4.7 Dokumentasjon	s.55
5.0 Resultat og konklusjon	s.56
6.0 Vedlegg	

1.0 Samandrag

Arbeidet blei føreteke på Herøy gamle kyrkjegard og kyrkjestad gbnr 39/1 og 8 i Herøy kommune. Formålet med arbeidet var å kartlegge skadar på kyrkjemur, tufter, graver samt andre konstruksjonar og strukturar innan kyrkjegardsområde. Tuftane og muren vart også målt opp på nytt, og nye strukturar som kan sjåast i samanheng med anlegget vart også kartfesta og skildra. Kulturminna er frå ulike tider men hovudsaklig frå historisk tid.

Feltarbeidet blei utført av Arve Eiken Nytun i perioden 05.03 – 12.03 2015, og rapporten blei ferdigstilt 23.10 2015.

Då dette i hovudsak var ei dokumentasjon- og kartleggingsregistrering vart visuell overflateregistrering nytta som metode. Skadar vart dokumenterte ved foto og kartfesting. Kulturminne som tidlegare ikkje har vore kartfesta vart målt inn med GPS.
Det vart kartlagt ein del konkrete skadar som bør utbetrast, samt meir generelle tiltak som bør vurderast for å motverke framtidige skadar og øydeleggingar. Dei konkrete skadane var i hovudsak knytt til kyrkjegardsmuren, den nyaste kyrkjetufta og enkeltgraver. Dei meir generelle tiltaka som bør utbetrast er knytt opp mot vedlikehald og skjøtsel av vegetasjon i og kring kyrkjegarden.

Til saman er det 3 lokalitetar innanfor område. Desse lokalitetane har tidligare blitt registrerte og oppmålt.
- Havneområde, Herøy havn, ID 124898
- Kyrkjestad, Herøy Kyrkjestad, ID 84565
- Bosetning- aktivitetsområde, Klosterhaugen ID 92632

2.0 Bakgrunn og formål med arbeidet

Skjøtselsplanen relatert til BARK er bakgrunnen for skadekartfestinga og kartfestingane av strukturar som vart gjort gjennom dette arbeidet. Denne skjøtselsplanen er utarbeidd av Møre og Romsdal fylkeskommune, i samråd med Indre Herøy sokn v/Herøy kyrkjelege fellesråd, Herøy Kystmuseum og Riksantikvaren vest.

Målet med arbeidet var å i høgst mogeleg grad kartfeste og beskrive skadar på kyrkjegarden/kyrkjestaden og Klosterhaugen. Det vart også kartfesta fleire strukturar som ikkje tidligare har vore kartfesta. Nokon av desse er viktige kulturminne som steinhoggarmerke, vegfar og gravminner.

Figur 2. Kart over område på Herøy gard. Kjelde: Askeladden.ra.no



Figur 3. Flyfoto over område på Herøy gard med avmerka lokalitetar. Kjelde: Askeladden.ra.no

3.0 Kulturhistorisk riss

Den historiske bakgrunnen til Herøy gard, kyrkjestad og gravplass vil ikkje bli utdjupa her, men det vil bli gitt ei kort oversikt over dei arkeologiske lokalitetane som ligg på Herøya. Til saman er tre lokalitetar registrert frå tidligare; Hamneområde, kyrkjestaden og busettingspora på Klosterhaugen.



Figur 4. Bilete av område der den gamle mellomalderkyrkja stod fram til midten av 1800-talet, då ho vart riva. Hellene i bakken markerar veggen på kyrkja.

3.1 Automatisk freda og nyare tids kulturminne

Hamneområde, Herøy havn, ID 124898

I Askeladden vert område beskrive slik *"Havneområde med flere løsfunn, blant annet ankere, flasker, takstein, murstein, krittpiper."*

Kyrkjestad, Herøy Kyrkjestad, ID 84565

Herøy kyrkjestad omfamnar området innafor kyrkjegardsmuren. Her ligg restane etter mellomalderkyrkja (id 84565-1), tufta etter den nyare kyrkja som vart flytta på tidleg 1900-talet (84565-2), samt sjølve kyrkjegarden, som m graver frå ulike tidsperiodar, samt andre kulturminne knytt til kyrkjestaden (84565-3).

Busetting- aktivitetsområde, Klosterhaugen ID 92632

I Askeladden vert området beskrive slik: *"Det er synlege vollar etter ein mur på eit berg. Dette har vore tolka som spor etter diverse: kloster, slik namnet peikar mot, "gildestofva i Herøyom" og utsiktstårn - over leia (Øystein Ekroll). Eg har laga eit lite registreringsinngrep i vollen - det kom fram marmor som i kyrkja- m/kalkmørtel men større steinar er tekne ut. Det ligg eindel marmorblokker nede i bakken nedanfor. Ruinene er altså ein låg overgrodd voll.*

På berget den ligg på er det også innhogne bumerkje."

Figur 5. Bilete viser altersteinen som skal ha vore inne i den austre delen av mellomalderkyrkja.

Ei oversikt over freda kulturminne er å finne på www.kulturminnesok.no, eller som wms-teneste i ein andre nettportalar (t.d. www.gislink.no, www.kulturminneatlas.no)

4.0 Registrering, tilstandsskildring og kartfesting

Feltarbeidet vart utført av arkeolog og feltleiar Arve Eiken Nytun i perioden 05.03 – 12.03 2015, og utgjorde totalt dagsverk. Museumsstyrar Håvard Hatløy og fylkes arkeolog Øyunn Kleiva var også med på enkelte delar av feltarbeidet.

Feltarbeidet starta ved å gå over området og få oversikt over dei forskjellige strukturane og skadane som var påført dei. Deretter vart strukturar og skadar kartfesta og skildra. Det vart også lagt vekt på tiltak som kan hindre framtidige skadar på dei ulike kulturminna.

Figur 6. Bilete av den nyaste kyrkjeruinen på Herøya

4.1 Kyrkjegardsmuren

Kyrkjegardsmuren omkransar heile kyrkjegarden, og både den eldre og nyare kyrkjetufta. I nord, aust og sør grensar den tett mot sjøen. Spesielt i nordaust og søraust. Muren er ein relativt solid konstruksjon som er bygd opp av gneis, marmor og diverse andre lokale bergartar. I aust ligg muren på kanten av eit berg som går bratt ned mot sjøen. Her er muren relativt spinkel og lav og utkasta fleire stadar. Mot nord og nordvest er konstruksjonen meir solid, til tross for at det er fleire utrasingar fleire stadar. I sør vert lendet svært bratt og berget erstattar muren som avgrensing av kyrkjegarden.

Til saman vart det registrert 15 parti på kyrkjegardsmuren som var utrasa. Partia er nummerert i figuren under.



Figur 7. Ny oppmåling av kyrkjegardsmuren, med nummerering av skadar og stadar der tiltak bør gjerast

Km 1: *Partiet ligg på den ASA side av kyrkjegarden.*

Her er muren svært lav og grensar mot eit berg som går bratt ned mot sjøen. Noko stein har rasa ut i sjøen. Det er mykje vegetasjon i området som kan skade konstruksjonen. Her er sjølve mur-konstruksjonen svak.

Dette er den SA enden av kyrkjegardsmuren og mot SV grensar den mot ei bergside. Segna seier att omkomne etter forlis skal ligge begravd på denne markflekken aust om mellomalderkyrkja.

Figur 8. Parti 1 av kyrkjegardsmuren.

Km 2: *Parti 2 ligg aust om mellomalderkyrkja*

Her er muren relativt tynn og svak, noko utrasa. Muren grensar mot svaberget og sjøen. Det er mykje buskvegetasjon inn mot muren. Dette kan vere ei medverkande årsak til utrasing, og kan føre til ytterligare utrasing.

Figur 9. Parti 2 av kyrkjegardsmuren. Her er det mykje vegetasjon, og mur-konstruksjonen er relativ ustabil

Km 3: *Partiet ligg aust for mellomalderkyrkja*

Eit parti på om lag to meter av muren har rasa heilt ut. Her er det fare for meir utrasing dersom tiltak ikkje vert satt i verk. Muren er noko ustabil på begge sidene av utrasinga.

Figur 10. Parti 3 av kyrkjegardsmuren. Utrasing, hovudsaklig mot aust.

Km 4: *Partiet ligg i den nordaustlege delen av kyrkjegarden.*

Eit parti på 2 – 2,5 meter som har rasa heilt ut. Her er det fare for meir utrasing om tiltak ikkje vert satt i verk. Ei stor ask står tett inn til utsida av steingarden. Denne har store røter og kan vere ei medverkande årsak til utrasinga. Jord-sig kan også vere ein faktor.



Figur 11 og 12. Bilete til venstre viser utrasing av kyrkjegardsmuren. Bilete til høgre viser eit større tre like ved utrasinga.

Km 5: *Partiet ligg i den nordaustlege delen av kyrkjegarden*

Eit sår i muren på om lag 2 meter. Muren er tynn og ustabil her. Det stend ei stor ask to meter mot NV. Røtene kan vere ein medverkande årsak til utrasing.

Figur 13 og 14. Bileta viser parti 5 av utrasinga av kyrkjegardsmuren

Km 6: *Partiet ligg i den nordaustlige delen av kyrkjegarden*

Mindre sår/utrasing i muren på om lag ein meter. Stor ask stend to meter mot aust. Denne kan ha ei medverkande årsak til utrasinga, saman med trykk frå jorda som ligg mot innsida av kyrkjegarden.

Figur 15. Bilete viser utrasing av parti 6 av kyrkjegardsmuren.

Km 7: *Parti 7 ligg i den nordaustlige sida av kyrkjegarden*

På dette partiet er det fare for utrasing av eit murparti grunna pressa frå innsida av muren. Her ligg mykje jord som pressar ut muren. Her er det vegetasjonsproblem, og mykje torv og mose veks på toppen av muren. Muren er elles stabil.

Figur 16. Bilete viser mykje vegetasjon, og ein noko utpressa kyrkjegardsmur.

Km 8: *Parti 8 ligg på den austlige sida av mellomalderkykja*

Eit 1,5 utrasa parti. Muren er ustabil og treng utbetring. Her er også mykje vegetasjon som kan vere ei medverkande årsak til

Figur 17. Bilete viser utrasing av kyrkjegardsmur ved parti 8

Km 9 og 10: *Parti 9 og 10 ligg på nordsida av kyrkjegarden*

Det veks mykje torv på kyrkjegardsmuren. Like nord for muren er det store treklynger. Desse fører til at store røter kjem opp mot muren, samt at meir vegetasjon får gode vekstforhold, som igjen kan føre til nye spirar og utsprenging av muren.

Figur 18 og 19. Bilete til venstre viser ein del større tre som stend tett inn mot kyrkjegarden. Bilete til høgre viser vegetasjon som veks oppe på kyrkjegardsmuren mellom parti 9 og 10.

Km 11: *Parti 20 ligg på nordsida av kyrkjegardsmuren*

Her stend det to store tre på innsida av kyrkjegardsmuren, som på sikt kan føre til utrasing dersom røtene går inn i muren. Ein bør vurdere om desse må takast ned.

Figur 20. Bilete viser to større tre som stend tett på innsida av kyrkjegardsmuren. Parti 11.

Km 12 og 13: *Parti 12 og 13 ligg på den nordvestlige delen av kyrkjegarden*

Parti 12 er ei om lag 1,5 meter utrasing av muren. Dette gjer muren svak i raskantane som kan føre til ytterligare utrasing.

Parti 13 er eit større parti av den nordlige sida av muren har rasa ut. Den sørlige sida som vender inn mot kyrkjegarden stend relativt stabilt. Nesten 4 meter av muren i retning VA har rasa ut mot nord. Store blokker (også marmor frå mellomalderkyrkja.) ligg i grøfta mot vegen.

Figur 21 og 22. Bilete til venstre viser utrasinga ved parti 12. Bilete til høgre viser utrasinga ved parti 13.

Km 14: *Parti 14 ligg på den vestlige sida av kyrkjegardsmuren*

Stort parti på 3 meter har rasa utover og innover i retning VA. Her er muren relativt ustabil. Noko stein er forsøkt stabla opp att. I denne utrasinga er det funne ei ristning (R1). Det har også byrja å vekse nokre mindre tre tett mot kyrkjemuren ved dette partiet, som kan føre til framtidige skadar.

Figur 23. Bilete viser parti 14 av kyrkjegardsmuren. Her er det også ei ristning på ein av steinane.

Km 15: *Parti 15 ligg på vestsida av kyrkjegardsmuren*

På dette punktet har muren ikkje rasa ut, men det er noko vegetasjon som har byrja å vekse opp frå muren. Dette kan føre til framtidige utrasingar, og bør fjernast.

Figur 24. Bilete viser at vegetasjon har byrja å vekse på kyrkjegardsmuren.

4.2 Nye kyrkjetufta

Kyrkjetufta etter den nyaste kyrkja ligg i den nordvestlige delen av området. Kyrkja vart bygd då den gamle mellomalderkyrkja vart riven i 192. Mykje marmorsteinen frå mellomalderkyrkja vart nytta som fundament i den nye kyrkjetufta, både i sjølve kyrkjetufta og karfundamenta inne i kyrkja. På fleire av desse er det registrert steinhoggarmerke eller bumerke.



Figur 25. Kartet viser dei partia/områda av tufta som har rasa ut eller er i ferd med å rase ut.

Sjølve tufta er relativt stabil og god, men kara inne i kyrkjekonstruksjonen er noko skada. Her vil eg gå gjennom skadeomfanget, samt kva tiltak som bør settast i verk for å hindre ytterligare skadar.

4.2.1 Kyrkjetufta og karfundament

Sjølve kyrkjemuren er i relativ god stad. Steinen ligg stabilt og det vart ikkje registrert spesielle utrasingar eller andre skadar som bør rettast opp. Det er likevel noko vegetasjon kring muren som må haldast nede. Dette gjeld også eventuell mosevekst som igjen kan gi grunnlag for at meir vegetasjon får feste. Det er også registrert nokre ristningar i kyrkje

Inne i kyrkjetufta er der til saman 8 karfundament som er meint som avstivingar, eller berande konstruksjonar for reisverket. Desse er bygd opp som firkanta rektangulære fundament av stein. Mykje av steinen er marmorstein som stammar frå mellomalderkyrkja.

Kar 1: *er det nordvestligaste karet i kyrkjetufta.*

Karet har måla 5,75m x 1,5m og er noko utrasa i NA og SV. Her er konstruksjonen ustabil, og det er fare for ytterligare utrasing. Langs sidene av karet veks det treklynger. Desse er trulig årsaka skadane.

Figur 26. Bilete over viser kar 1, parti 1.

Kar 2: *er det sørvestligaste karet i kyrkjetufta.*

Karet målar 5,5m x 1,35m. Det er noko utrasing på den sørlige langsida av karet. Elles er konstruksjonen relativt stødig.

Figur 27 og 28. Bilete til venstre viser kar 2 mot aust. Bilete til høgre viser kar 2 mot nordaust

Kar 3: *Karet ligg like sør for kykjemuren og aust for kar 1.*

Karet målar 2m x 1,5m. Konstruksjonen er stødig, men det er eit søkk like nord for karet, mot kar 5. Her kan det vere fare for utrasing dersom undergrunnen gir etter.

Figur 29. Bilete viser søkket mellom Kar 3 og 5 og kyrkjetufta.

Kar 4: *Karet ligg like nord for den sørlige kyrkjekuren og aust for kar 2.*
Karet har måla 2m x 1,2m. Konstruksjonen er stødig, men ein fundamentstein er noko utglidd i det NA hjørne.

Kar 5: *Karet ligg like sør for kyrkjemuren og like aust for kar 3.*
Karet har måla 1,15 x 2,15m. Foreløpig stødig konstruksjon, men skråar noko mot søkket mellom kyrkjemuren og kar 3. Her er det noko utgliding moet N.

Figur 30. Bilete viser utrasing av kar 5.

Kar 6: *Karet ligg vest for kar 7 og nord for den sørlige kyrkjemuren. Parti 4*
Karet har måla 2,2m x 1,25m. Konstruksjonen er stødig, men noko utgliding kan sjåast i midten av karet. Her er det eit lite glis som viser at undergrunnen har gitt noko etter.

Figur 31. Bilete viser kar 6, parti 4.

Kar 7 og 8: *Kara er dei austligaste i kyrkjetufta. Parti 5 og 6*
Karet har måla 4,15m x 1,4m, men er totalskadd, og måla er basert på heile utrasinga. Ein trevelt et truleg årsaka til skaden. Utrasinga mot nord går heilt inn i kyrkjemuren. Her må heile konstruksjonen restaurerast.

Karet har måla 4,14m x 1,4m. Karet er sterkt skada. Grunnen er trulig trevelt og vegetasjon. Det kjem opp mindre skot/tre i konstruksjonen. Desse kan gjere større skade om dei får vekse opp.

Figur 32 og 33. Bileta over viser kar 7 og 8. Begge er totalskadd grunna trevelt

Det er ikkje mykje større vegetasjon inne i tufta, men nokon langs den nordlige kyrkjemuren,

spesielt sørvest og aust om søkket. Det er også vegetasjon i kar 1, aust for kar 4, samt noko mindre spreidd kring kar 5 og 6.

4.2.2 Steinhoggarmerke og bumerke

Fleire stadar på marmorsteinen som vart lagt opp som fundament for den yngste kyrkja er det funne merker/ristningar i steinen. Dette kan vere steinhoggarmerke eller bumerke. Steinhoggarmerke var eit teikn steinhoggarane la att på produktet sitt for å vise til kva arbeid dei hadde gjort. Bilete av ristningane kan sjåast i bilete bak i rapporten.



Figur 34. Kart over viser kvar det er registrert steinhoggarmerke på marmorstein i kyrkjetufta.

5 av 7 steinhoggarmerka er å finne på sidene av kyrkjetufta, eitt på kar 5 og eitt på kyrkjegardsmuren. Ein skal ikkje sjå bort ifrå at det kan vere fleire slike merker på marmorstein i tufta eller i kyrkjegarden. Derfor er det viktig å undersøke kvar stein nøye ved restaurering av dei utrasa partia på både tufta og kyrkjemuren.

Figur 35. Ristning 9 nyleg funnen på kyrkjemuren. Kan du sjå den?

4.3 Mellomalderkyrkjetufta

Staden der mellomalderkyrkja har stått er i dag merka opp med hellesteinar, slik ein kan sjå kvar kyrkjetufta har vore. Kringom veks det nokre større furutre samt anna vegetasjon. Dette er vegetasjon som kan skade kulturminna, spesielt dersom dei ikkje vert skøytte. Rotveksten til furutrea er kanskje dei som er mest skadelege for kulturminna.



Figur 36. Bilete viser kvar mellomalderkyrkjetufta er markert med steinheller, slik ein kan sjå korleis kyrkja stod før ho vart teken ned.

I tilknyting til mellomalderkyrkja stend det ein alterstein. Denne altersteinen skal kome frå kyrkja, og er i dag plassert opp på eit steinfundament. Steinen er noko skada i det SA hjørne. For at ikkje biten som ligg laus skal kome vekk lyt ein sikre at den ligg stabilt og godt. Kanskje er det også lurt å feste den noko betre i fundamentet slik at den ikkje dett ned og i verste fall treff nokon.

Figur 37: Altersteinen frå mellomalderkyrkja. Ein bit i eine hjørne er avbroten.

4.4 Gravsteinar og sarkofagar

Gravene på Herøy gard er av svært varierande kvalitet. Spesielt er dei gamle gravene i dårlig forfatning. Til saman er det registrert at 63 av gravene på Herøy gard treng vedlikehald. Skadane på gravsteinane/sarkofagane vil bli beskrive nærmare under. Bilete kan finnast i fotoliste og fotovedlegget bake i rapporten.



Figur 38. Kart over skada graver av eldre dato.

Grav 1: Trippelgrav

Stor kistegrav (familiegrav?) med 3 graver. Berre betong att. Denne er svært måsegrodd og betongen går i oppløysing. Den ligg like ved rota av eit større tre.

Figur 39. Grav 1. Trippelgrav

Grav 2: Mindre gravstein
Skada i sørlig hjørne. Noko lav veks på steinen og han skrår bakover og til sida. Skrift er innrissa i steinen men er noko utydelig.

Figur 40. Grav 2. Mindre gravstein

Grav 3, 4, 5, 6 og 7: Betongrammer.
Berre grav 6 har gravplate/gravstein. Overgrodde rammer som også er skada fleire stadar. Spesielt er det brotskadar i rammeverket. Rammene har byrja å synke ned i grunnen. Det veks mose og lav på betongen.

Figur 41: Grav 3, 4, 5, 6 og 7. Betongrammer

Grav 8: Gravstein
Stein med innrissa bokstavar. Vanskelig å tyde. Kan vere av dei eldste gravsteinane på gravplassen. Steinen stend like ved mellomalderkyrkja. Noko forvitra stein, som trulig også er årsaka til at skrifta er vekk. Inskripsjonane er synlege ved direkte sollys, men ellers svært utydelig. Frå 1500 talet? Steinen er ein naturleg stein.

Figur 42. Grav 8. Gravsteinen i vanleg lys.

Figur 43. Grav 8. Gravsteinen i direkte sollys. Gøymd skrift kjem fram.

Grav 9: Gravplate
Gravplata/steinen ligg velta på ryggen. Den er brekt i to litt over midten, og det veks noko lav på den. Skriftfargen har byrja å falme.

Figur 44. Grav 9. Gravplate

Grav 10: Gravkors Gravkors i god stand (restaurert). Støtta opp med eit stag i bakkant. Metallet i sjølve korset ser også behandla ut.

Grav 11: Gravkors
Gravkorset er rusta og knekt frå fundamentet. Det stend noko skeivt og berre stukket i jorda. Utydeleg skrift på korset.

Figur 45 og 46. Bilete til venstre viser grav 10. Bilete til høgre viser grav 11.

Grav 12: Betongramme med stein
På gravsteinen veks det lav, og skrifta har blitt noko utydelig. Betongfundament eller betongramma som steinen stend på er sterkt mosegrodd, spesielt kring steinen. Betongen har byrja å smuldre opp.

Grav 13: Betongramme med stein
Både ramme og stein er noko mosegrodd. Grava lutar litt mot nord. Betongen har byrje å forvitre.

Figur 47 og 48. Bilete til venstre viser grav 12. Bilete til høgre viser grav 13.

Grav 14: Betongramme med stein
Noko mosegrodd stein og ramme. Det veks gult lav på sjølve gravsteinen. Heile grava lutar litt mot Nord.

Figur: 49. Grav 14. Betongramme med stein

Grav 15: Gravstein

Hellestein med inskripsjonar. Desse er synlege i direkte sollys. Noko laus, men stend stødig. Den stend om lag 1 meter nord om kyrkjetuftas sørlige vegg.

Figur 50. Grav 15. Gravstein med inskripsjonar. Synlige i direkte sollys.

Grav 16: Gravplate av jern
Heile teksta er ikkje synleg. Plata er noko overgrodd av gras og mose. Den ligg om lag 1,5 meter frå kyrkjetuftas sørlige vegg. Det er noko buskvekst imellom.

Grav 17: Gravkors i jarn
Det er ikkje skrift på korset. Mest truleg avbrote og stukke direkte ned i marka. Lutar litt mot vest. Jarnplate stend lent inn til jernkorset. Det er tekst på jarnplata. Fundamentet for jarnkorset ligg rett aust for plata. Her er feste til korset att i fundamentet. Plata manglar eit stykke i øvre del og er sprukke nært midten. Ein del rust.


Figur 51 og 52. Til venstre grav 16. Gravplate i jarn. Til høgre grav 17.Gravkors og plate i jarn.

Grav 18: Betongsarkofag
Støyp med nedstøypt steinplate. Erosjon i både betong og steinplate. Teksta er noko skada og berre delvis mogeleg å lese. Det stend eit stort tre med store røter vest for grava.

Grav 19: Betongsarkofag med kors og plate
Jernkors utan tekst. Plate med tekst festa i betongen og i korset (noko laust). Det veks lav på grava og jernet er noko rusta. Betongen har sprekker fleire stadar.

Figur 53. Grav 18. Betongsarkofag med betongstein.

Figur 54. Grav 19. Betongsarkofag med jarnkors og plate.

Grav 20: Gravplate av jern

Ligg i mellomalderkyrkja, i nordvestlige hjørne. Det veks noko lav og plata er overgrodd i kantane.

Figur 55. Grav 20. Gravplate inne i mellomalderkyrkja

Grav 21: Jernkors
Berre nedre del att. Her ligg fundament og jernplate på bakken. Det er ein del rust på jernet. Gravkorset er i svært dårlig tilstand.



Figur 56 og 57. Grav 21. Bilete til venstre frå framsida og bilete til høgre frå sida.

Grav 22: Jernkors
Broten frå fundamentet. Stend laust og lutar mot nord. Dårlig tekstkvalitet på korset.

Grav 23: Jernkors
Stend godt. Noko rust, og overgrodd med mose i botnen.

Figur 58 og 59. Bilete til venstre er frå Grav 22. Bilete til høgre er frå Grav 23.

Grav 24: Jernsarkofag
Både topp og sider er av jern. Det veks noko lav på jernet. Elles i ok stand.

Grav 25: Sarkofag
Sarkofaglokk på steinheller. Overgrodd med lav. Steinveggane er noko rasa ned og forskyvde.

Grav 26: Sarkofag
Sarkofaglokk på steinheller. Noko utrasa mot nord. Steinhellene er forskyvde. Det veks lav på sarkofagen.

Grav 27: Betongsarkofag
Betongen skalar noko av i søraust. Gravstein kledd med betongknutar som dekor. Gras og mosevekst i skøytar og elles. Glasert stein på tekstområde.

Figur 60. Grav 24, 25, 26 og 27. Sarkofagar

Figur 61. Grav 24. Sarkofag

Figur 62. Grav 25. Sarkofag

Figur 63. Grav 26. Sarkofag

Figur 64. Grav 27. Betongramme med stein

Grav 28: Betongramme

2 graver? Sterkt skada. Ramme mot sør er overgrodd. Ingen gravstein

Grav 29: Betongramme med gravstein

Forvitra betongramme. Knust glas i plate i nedre og nordlige del. Veks tornebusk i sør og vest.

Figur 65. Grav 28. Betongramme

Figur 66. Grav 29. Betongramme med stein

Grav 30: Mindre gravplate

Lutar mot sør. Heldt oppe av eit jernstativ. Stor rot 2 meter mot sør. Det veks noko lav på gravsteinen.

Figur 67. Grav 30. Gravstein/helle.

Grav 31: Jernkors

Defekt jernkors. Berre nedre stong og jernplate att. Avbrote frå fundamentet. Det er noko rust på jernet, og det veks lav. Manglar sjølve korset mot toppen.

Figur 68 og 69. Grav 31. Jarnkors med plate.

Grav 32: Betongsarkofag

Sterkt mosegrodd sarkofag. Betongen har gått noko i oppløysing. Det ligg eit ukjent jernkors på grava.

Grav 33: Gravstein

Det veks gult lav på gravsteinen. Det er nokre sprekker mellom fundamentet og gravsteinen. Det er også sprekker i dekor og dekorplate. Det ser ut som den tidligare har vore avbroten, men har blitt reparert.

Figur 70 og 71. Grav 32 til venstre. Grav 33 til høgre

Grav 34: Gravstein

Gravsteinen er velta og ligg med teksta nedover.

Figur 72. Grav 34. Nyare grav, men velta med tekstsida mot bakken

Grav 35: Kors (Anna med barnet)
Korset har begynt å gå opp i skøyten i loddrett sveiseskøyt. Korset stend noko ustabilt, og bør fundamenterast betre. På sjølve sarkofagen er det noko skadar i nordaustleg hjørne.

Figur 73. Grav 35. Kors og sarkofag. Grav 35 (Anna med barnet)

Figur 74. Grav 35. Skade i steinfundamentet i nordaustleg hjørne.

Figur 75. Grav 35. Rivna sveis i korset.

Grav 36: Sarkofag

Jernlokk på steinheller. Loket ligg noko skeivt og ute av posisjon. Det veks lav på jarnloket.

Figur 76 og 77. Grav 36. Gravplate ligg skeivt på grunnlaget av heller.

Grav 37: Betongsarkofag med gravstein
Avbroten gravstein. Gras og mose veks på betongen.

Figur 78 og 79 . Grav 37. Betongramme med avbroten stein.

Grav 38: Metallsarkofag
Små groper i sarkofagloket (ikkje gjennomgåande) Noko rust.

Figur 80. Grav 38. Sarkofag

Grav 39: Metallsarkofag
Det veks noko lav på sarkofagen. Det er også ein del rust på jernet. Elles i OK stand.

Figur 81. Grav 39. Sarkofag

Grav 40: Steinhelle med metallstativ

Mykje vegetasjon, spesielt aust for grava. Dårlig forfatning. Ingen tekst.

Figur 82 og 83. Grav 40. Bilete til venstre syner vegetasjonsproblem.

Grav 41:Metallsarkofag

Loket på grava er av metall, medan veggane til sarkofagen er av steinheller. Desse er svert skeive. Dette skyldast store tre like vest om sarkofagen.

Grav 42: Metallsarkofag på betong

Grava er av same type som grav 41. Det er eit brot i metalloket i det nordaustlege hjørnet, og hellesteinane er ute av posisjon Det stend eit stort tre like vest for grava.

Grav 43: Metallsarkofag på betong

Denne grava er av same type som grav 42 og 41, Sarkofag med metallkistelok på hellesteinar. Denne i noko betre sand enn dei to andre, men også sterkt truga av det store treet i vest.

Grav 44: Metallsarkofag
Overgrodd metallsarkofag. Noko rust/lav.

Figur 84. Grav 41, 42, 43. Graver ute av posisjon på grunn av rotvekst.



Figur 85. Oversiktsbilete over gravene som ligg kring det store treet.

Grav 45: Gravstein

Gravsteinen ligg nede og er noko prega av tidens tann. Skrifta har blitt noko utydelegare og det veks lav på den.

Figur 86. Grav 45. Gravstein

Grav 46: Metallsarkofag

Metallsarkofag med sideveggar i metall og smijernsgjerde på toppen. Grava er i ok stand, men det er noko rust på den, samt noko lav. Metallsarkofagen kvilar på ei betongramme som er i ferd med å gå i oppløysing

Figur 87. Grav 46: Metallsarkofag

Grav 47: Metallsarkofag
Dette er ein metallsarkofag lik grav 46. Den har laust smijernsgjerde på loket, er noko prega av rust og forvitra betongfundament. Det veks litt lav på metallet.

Figur 88. Grav 47. Metalsarkofag

Figur 89. Grav 47. Metalsarkofag

Grav 48: Metallsarkofag

Dette er ein metallsarkofag lik grav 47. Den er noko rusta og har forvitra betongfundament. Det veks noko lav på den.

Figur 90. Grav 48. Metalsarkofag

Grav 49 og 50: Betongramme med gravstein

Desse gravene er av betong. Betongen er sterkt angripen av mose og lav.

Figur 91. Grav 49 og 50. Betongrammer med gravstein

Grav 51: Betongramme m/stein
Betongramma er sterkt forvitra. På steinen veks det ein god del mose.

Figur 92. Grav 51. Betongramme med stein

Grav 52: Betongramme m/stein
Betongramma er noko forvitra, og det veks mose/lav på steinen

Figur 93. Grav 52. Betongramme med stein

Grav 53: Betongramme m/stein
Betongramma er noko forvitra, og det veks mose/lav på steinen

Grav 54: gravstein
Gravsteinen har gått eit stykke ned i jorda, og er nærast attgrodd med mose og lav.

Figur 94 og 95 . Grav 53 og 54. Grav 53 til venstre. Grav 54 til høgre

Grav 55: Stor ramme i betong m/stein
Stor mosegrodd betongramme. Ingen stein.

Figur 96 og 97. Grav 55. Betongramme m/stein

Grav 56: Betongsarkofag m/liggande kors
Sterkt mosegrodd betongsarkofag. Det ligg eit kors på sarkofagen, men det er uvisst om den høyrer til grava.

Figur 98. Grav 56. Betongsarkofag.

Grav 57: Betongramme m/stein
Steinen er truleg av marmor og det veks noko lav på den. Skrifta er noko utydeleg. Steinen stend på betongramme som er sterkt mosegrodd.

Figur 99. Grav 57. Betongramme med stein

Grav 58: Broten stein
Steinen ligg flat på marka. Det veks lav på den.

Grav 59: Ramme m/stein og jarnstativ
Jarnstativet er rusta, og på steinen veks det lav. På betongramma rundt er det noko mosevekst.

Grav 60: Betongramme m/gravstein
Det veks gult lav på sjølve steinen. Betongramma rundt er noko nedsunket.

Grav 61 og 62: Betongramme m/ stein
Betongen er sterkt forvitra, og steinen er noko mosegrodd.

Figur 100. Grav 58, 59, 60, 61 og 62

Grav 63: Betongramme med stein:
Steinen og betongramma er noko skeiv. Det veks lav/mose på steinen.

Figur 101. Grav 63.

Oppsummering

Gravene som er beskrive over er berre eit utval av dei eldste og dei som er i dårligast forfatning. Der er også nyare og eldre graver som ikkje har det same behovet for skjøtsel. Det er i hovudsak dei same skadane som går att innan dei forskjellige gravtypane. Jernkors og med eller utan plate er ofte brotne frå fundamentet eller sterkt angripe av rust. Betongrammer og betongsarkofagar er prega av forvitra og mosegrodd betong, noko som igjen fører til at betongen sprekk opp og brotnar. Gravsteinar er ofte angripne av gult eller kvitt lav. Det gule lavet veks ofte på glaserte flater, medan det kvite lavet oftast er å finne på steinar med noko mattare kvalitet. Metallsarkofagane er også utsatt for rust og brotskader. Gravplater som er støtta opp på steinheller er ofte pressa ut av posisjon, enten av bevegelse i jorda eller av rotveksten til større tre og busker.

Bauta 1 og 2

Figur 102 og 103. Bilete til venstre viser bauta 1. Bilete til høgre viser bauta 2. Denne bautasteinen hadde tidligare ei informasjonsplate festa på den austlege sida. Denne er borte i dag.

4.5 Vegfar og landingsplassar

Kring den nyare kyrkjegardtufta og mellomaldertufta er der framleis spor etter vegfar og landingsplassar. Det vart målt inn to vegar, to fortøyingsboltar, ein fortøyingsring, og ein vor.



Figur 104. Kart over vegfar og landingsplassar kring kyrkjestaden

Voren er kalla Likvoren. Det var her båten med den avdøde la til når det var begravelse ved Herøy kyrkje. Voren er vanskelig å få auge på under kaia og tilstanden på den er derfor uviss, men truleg er den noko forfallen. På nordsida er det også to fortøyingsboltar. Desse stend relativt godt, men er noko rusta.

Figur 105. Likvoren NNV for kyrkjegarden.

Figur 106. Likvoren ligg gøymd under bryggja.

Figur 107. Fortøyingsbolt med ring like NV for den nyaste kyrkjetufta.

Vegen til "nye kyrkja" kan framleis skimtast i marka mot den austre inngangen av kyrkja. Denne er innmålt og kartlagt. Her er det hovudsaklig vegetasjonen som må haldast nede for att den skal vere synleg.

Figur 108. Vegen kan skimtast i midten av bilete. Den svingar seg nodover mot inngangspartiet til kyrkja

Det er også ei mindre ås som går opp frå sjøen på sørsida av mellomalderkyrkjegarden. Vegen er delvis oppbygd av stein, og delvis trakka til i terrenget. Ved sjøenden av vegen er det registrert ein fortøyingsring samt eit hol etter ein fortøyingsring.

Figur 109. Her går den ein gamal sti frå sjøen og opp til mellomalderkyrkjetufta

Figur 110: Vegen opp frå sjøen. Fortøyingsplass

Figur 111. Trapp bygd av naturstein dannar det fyrste partiet av stien frå sjøen.

Figur 112 og 113. Bilete til venstre viser ein fortøyingsring ved stien. Bilete til høgre viser hol etter feste av ein slik ring.

Dei eldre spora etter ferdsel er framleis synlege på Herøy gard. Fortøyingsringane er noko rusta, og dei gamle vegane er berre synleg om ein held vegetasjonen nede. Det er også viktig å hindre utrasing og utgliding av den trappestien frå sjøen til mellomalderkirkjetufta.

4.6 Klosterhaugen

Klosterhaugen er ein stad lenger vest på Herøya, og ber namnet etter munnleg tradisjon. På haugen er det spor etter ei tuft, og fleire marmorsteinblokker ligg i kring tufta. Her veks det grasvegetasjon og nokre tre. Saudar beitar i området og held graset nede. Her er ikkje andre skadeomfang enn tidens tann. Vegetasjonen må haldast nede. Ristningane kan også bli prega av vèrforhold og vatn. Her bør ein drøfte tiltak for bevaring.

Figur 114. Nye innmålingar av klosterhaugen, ristningane ved klosterhaugen og marmorblokker ikring.

Figur 114. Klosterhaugen. Tuft etter eldre bygning



Figur 115 og 116. Kring Klosterhaugen ligg det fleire marmorblokker. Bileta over syner nokon av dei

Figur 117. På Klosterhaugen er det registrert to ristingar. Desse er vanskelig å få auge på og mosevekst trugar dei.

4.7 Dokumentasjon

Kulturminne og skadar på kulturminne vart fotografert og kartfesta. Det blei nytta eit Canon digitalkamera, og teke 151 bilete (sjå vedlegg 1). Bileta er sortert, merka og arkivert ved bruk av Fotostation.

Kartfestinga blei gjort av Arve Eiken, ved bruk av PDA og CPOS, og bearbeida ved hjelp av ArcMap. Karta (sjå vedlegg 2) er meint for å gi ei oversikt over kvar dei forskjellige skadane som er beskrive i rapporten er.

5.0 Resultat og konklusjon

Fleire av kulturminna på Herøy gamle kyrkjestad er no vurderte i forhold til tilstand og framtidig behov for skjøtsel. Dei største skadane ser ut til å vere i kyrkjegardsmuren, men også kara i den nye kyrkjetufta og gravminna på kyrkjegarden har stort behov for å skjøtsel. Fleire av dei eldre gravene treng også skjøtsel slik dei ikkje vert heilt øydelagde. Eg vil konkludere med fyljande prioriteringar

1. Det vart registrert til saman 15 område med større og mindre skadar på kyrkjegardsmuren. I hovudsak er det utrasingar, men her er også vegetasjonsproblem der store tre eller mose veks kring eller på kyrkjegardsmuren. For å motverke nye utrasinga lyt ein få bukt med den store vegetasjonen kring muren, men også den mindre mose og krattveksten som er spesielt sterk på den nordlige og austlege sida. Dette punktet er viktig for sikkerheita til besøkande på kyrkjegarden.

2. Tufta til den nye kyrkjetufta er relativt stabil. Også her bør vegetasjonen haldast nede og hindre nye spirar. Kar-fundamenta inne i kyrkjetufta er derimot noko utrasa. Det er her registrert 7 punkt der det er behov for skjøtsel. Her lyt ein sikre at konstruksjonane stend godt, dette er også viktig for sikkerheita til besøkande. Ein lyt også passe på at eventuelle steinhoggarmerke ikkje vert skada.

3. Av eldre graver er det totalt målt inn og skildra 63 graver. Desse har varierande skadar, som til dømes rust og brotskadar på jarnkors og sarkofagar, mosegrodde steinar og bristar og avflaking av betongrammer. Det er ofte dei same skadane som opptrer på fleire av gravene og dei kjem ofte som eit resultat av mangel på vedlikehald eller tre/vegetasjon som har vakse seg for stort og tett innpå gravene. Spesielt gjeld dette dei sørligaste sarkofaggravene. Sarkofaggravene med helleveggar og jarnplater har kanskje størst behov for skjøtsel, då fleire har eller er på god veg til å rase ut.

4. Mellomalderkyrkjetufta er markert med heller. Desse ligg fint, og syner korleis kyrkja har sett ut. Vegetasjon som furutre og buskvekstar veks tett innpå desse markeringane. Desse kan gjere skade om dei ikkje vert heldt nede. Det er også eit gamal alterstein som er plassert i den austre delen av kyrkja som er noko skada i det eine hjørne. Dette bør utbetrast, slik den avbrotne biten ligg meir stabilt.

5. Eg vil nemne at fleire kulturminne er målt inn. Ristningar på marmorsteinar (hovudsaklig på den nye kyrkjetufta), og i berget på Klosterhaugen, 3 fortøyingsboltar/ringar, ein vor, to vegar knytt til kyrkjene, samt tradisjonsområde. Kring desse er det generelle skjøtselsbehov som behandling av rust, halde nede vegetasjon samt hindre mosevekst som er viktige for at kulturminna skal vere mest mogeleg synlege.

6.0 Vedlegg

1. Fotoliste
2. Kartmateriale
3. Bilder

Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkeshuset
6404 Molde

Telefon: 71 25 80 00
E-post: post@mrfylke.no
www.mrfylke.no

Møre og Romsdal fylkeskommune

Ein tydeleg medspelar

Skjøtselplan 2015

Herøy gamle kyrkjestad og Klosterhaugen

id 84565 og 92632

Herøy gbnr 39/1,2 og 8, Herøy kommune

Møre og Romsdal
fylkeskommune

Ein tydeleg medspelar

Arkeologisk rapport 2015



Skjøtselsplan
Herøy gamle kyrkjestad og kyrkjegard

Herøy gbnr.39/1, 2 og 8, Herøy kommune

Planen er utarbeidd av

Møre og Romsdal fylkeskommune ved arkeolog Øyunn Kleiva,

i samråd med.

-Herøy kommune ved Eileen Gjerde

-Herøy kystmuseum ved avdelingsleiar Håvard Hatløy

-Herøy kyrkjelege fellesråd ved kyrkjeverje Marit Sævik Leinebø

-Riksantikvaren vest ved rådgjevar Hanne Merete Moldung

Der ikkje anna er nemnt foto: Øyunn Kleiva/Møre og Romsdal fylkeskommune hausten 2014. Framsida er frå synfaring 31.5.2013 med representantar frå styret, styreleiar Roald Sporstøl og Bjørn Otterlei.

Omslagets nedre frontfoto av kyrkjegardsmurane er teke av Roald Sporstøl 1.juledag 2011 då uveret Dagmar herja og det datt tre som vaks inne i nykyrkjemurane.

Innhald

Bakgrunn	s. 5
Kort historikk	s. 6
Askeladden	s. 8
Partar/eigedomstilhøve/forvaltningsområde	s. 11
Planar og lovverk	s. 13
Tilstand og tiltaksbehov: Herøy gamle kyrkjestad	s. 16
Herøy kyrkjegard som del av heilskap	s. 17
Herøy gamle kyrkjestad - Freda og ikkje freda	s. 17
Gravlegging på mellomalderkyrkjegarden i dag.	s. 18
Vegetasjon på og kring kyrkjegarden	s. 20
Slått og ikkje slått	s. 20
Oppvekst av skot. Større tre.	s. 22
Vegetasjon i Mariakyrkjetufta	s. 23
Gamle gravminne på skade	s. 26
Trekyrkjemuren. Vegetasjon og skade	s. 29
Kyrkjegardsmuren og portane	s. 33
Registrering av bygningsstein frå gamlekyrkja mm	s. 36
Samandrag tiltak Herøy gamle kyrkjestad	s. 37
Tilstand og tiltaksbehov: Klosterhaugen	s. 40
Vegetasjon1. Gras, nye skot: sau og slått	s. 42
Vegetasjon 2 Mose og lav på berg og hoggemerke	s. 43
Vegetasjon 3 Attgroing/lav/mose på bygningsstein i bakken	s. 44
Samandrag tiltaksbehov Klosterhaugen	s. 44
Skilting	s. 45
Økonomi	s. 47
Del 1 Finansieringsplan og rekneskap	
Del 2 Finansieringsplan	
Skjøtselsavtalar	s. 49

« ...hvorfor nu den er bleven saa bekjendt fremfor de andre øer og holme, der ligger op til den, og som baade ere større og rigere udstyret med jordlag, kommer naturligvis af, at den ligger lige ved havets alfarvej, saa at alle skibe, som indenskjærs gaa fra og til stat, stryge tæt forbi den. Desuden. Naar en liden klippeø i dette mægtige arkipel bærer en kirke, drager den uvilkaarlig syn og tanke til sig fremfor noget andet; thi efter en sjøfart, hvor landego (svinøy) giver livshaabet, kommer herø kirke siden til og giver den fulde fortrøstning."

Magdalene Thoresen om Herøy i Billeder frå Vestkysten af Norge 1872.

Bakgrunn

Herøy gard, med kystmuseet, mellomalderkyrkjestad mm er eit viktig kulturminne og aktivitetsområde for Herøy kommune, så vel som kommunane ikring. Det er ein vakker stad der det er godt å vere, og der kommunen og området sine røtene attende i historia kan fylgjast. Staden gir identitet og kunnskap. Den gamle kyrkjestaden ligg slik at dei som vitjar Herøy gard og kystmuseet også er i kyrkjeområdet. Herøy kystmuseum formidlar heile øya og derved heile kommunen si historie.

Etter initiativ frå Herøy kystmuseum vart det i 2013 søkt Riksantikvaren om BARK midlar til skilting. Skiltinga omfattar den gamle kyrkjestaden, Klosterhaugen og Herøy gard. Ved skilting skal ein normalt og sjå på skjøtselsbehov. Det har lenge vore kjent at det var utfordringar også på denne mellomalderkyrkjestaden.

Denne skjøtselplanen er såleis relatert til ei BARK satsing. BARK er bevaringsprogram for arkeologiske kulturminne. Herøy gml kyrkjestad og Klosterhaugen er av dei utplukka fornminna/ kulturminna for skilting/skjøtsel i Herøy og er nemnt i regional delplan for kulturminne. Skjøtselsplanen omfattar ikkje Herøy gard som heilskap og heller ikkje dei marine kulturminna, men desse er del av skiltinga.

Skjøtselsplanen er utarbeidd av Møre og Romsdal fylkeskommune, i samråd med Indre Herøy sokn v/Herøy kyrkjelege fellesråd , Herøy kystmuseum, Herøy kommune og Riksantikvaren vest. Skiltinga er i tillegg høyrd hjå Bergens Sjøfartsmuseum.

Under arbeidet med skjøtselplanen vart det behov for ei kartlegging i form av innmåling av dei ulike kulturminna og ei kartlegging av skader særleg på kyrkjegardsmur og eldre gravminne. Dette vart utført av fylkeskommunen ved arkeolog Arve Eiken Nytun og rapporten hans vil vere ein praktisk reiskap for å halde oversyn over kva som trengst kvar.

Skjøtselplanen viser kva behov for skjøtsel områda har og tilrådde tiltak, samt kven sitt ansvar dette er og kva tidshorisont ein ser føre seg før dette vonleg er løyst.

Prinsippet her har vore 1) førebygge ny skade 2) restaurerer/utbetre skader i forhold til kva som er mest akutt og kva som er mogleg økonomisk.

Ansvarleg for skjøtsel vert knytt til eigedom, vedkomande part syrgjer for at naudsynte løyve i forhold til t.d. kulturminnelova ligg føre. Fylkeskommunen og Riksantikvaren vest bidreg med råd. Riksantikvaren vest er forvaltningsorgan for freda kulturminne av kyrkjeleg karakter.

Den vesle øya Herøy nordvest for Nautøy har gitt namn til kommunen Herøy.

Kort historikk

Herøy ligg ved Flåværleia.

Herøy har vore kyrkjestad i alle fall sidan Mariakyrkja vart bygd på 1100-talet. Ho var i romansk stil. Ho har vore i lokal marmor og annan stein. Steinkyrkja vart reven til fordel for ny tømmerkyrkje. Trekyrkja vart reist nedanfor den gamle i 1859. Steinen frå gamlekyrkja vart nytta til mur på den nye og også til kyrkjegardsmur. Tømmerkyrkja vart teken ned i 1916 og flytt til Skaret på Myklebust i Ytre Herøy som grunnlag for ei større kyrkje. Murane etter trekyrkja står att i dag på Herøy. Det er nytta stein frå gamlekyrkja både i murane til trekyrkja og i kyrkjegardsmuren som vart utvida då nykyrkja vart bygt. Begge kyrkjene ligg innanfor det som i dag er ein kyrkjegard. Tilkomst til og næraste granne er Herøy kystmuseum.

Lenger vest på øya ligg Klosterhaugen, der det i dag er låge spor etter ei tufte oppe på berget. Denne har marmor og mørtelstein i massen og i bakken nedanfor ligg marmorstein. Det er hogge to bumerke berget utanfor tufta. Aslak Bolt vitja «Gildestofa i Herøyum» i 1433. Hans Strøm nemner klosteret i 1762. Klosterhaugen er no del av Herøy gard.

Prestegarden på Herøy var ring som gard, og prestane vart sitjande med eigne gardar. Våningshuset er bygd i 1752 då var garden framleis prestegard.
I 1760 vart Raftenes i indre Herøy prestegard gjennom eit makebyte.
I 1770 vart garden selt på auksjon til Sivert Olsen. Olsen dreiv handel på Herøy.
Til garden vart rekna holmar ikring og Nautøya.
Herøy består i dag av to gardar. Herøy gard bnr 1, vart museum i 1981.Museet heiter i dag Herøy kystmuseum og er eigd av Herøy kommune. Museet er ein konsolidert del av Sunnmøre Museum.





Frå kulturminnedatabasen AskeladdenT.v. Klosterhaugen, t.h. Kyrkjestad og hamn

Askeladdenregistrerte kulturminne:
Askeladden er den nasjonale kulturminnebasen, den er diverre berre open for kommunar og forvaltningsorgan. Publikumsversjonen heiter kulturminnesøk, http://www.kulturminnesok.no/ Kulturminnesøk finst og som app for mobil.

-Klosterhaugen idnr 92632 automatisk freda jfr kulturminnelova §§ 3 og 4
tuft med marmor, mørtel, bumerke, marmorbyggestein i bakken laust.
-Herøy hamn idnr124898 uavklara 3 enkeltminne:
124898-1 funnstad flasker, takstein og keramikkskår mm (vest av sjøbuda)
124898-2 funnstad 3 anker, flasker mm (nordspiss av askeladden markering)
124898-3 funnstad takstein, teglpanner, murstein mm (austspiss av askeladden markering)
-Herøy kyrkjestad idnr 84565:
84565-1 Kyrkjetuft etter Mariakyrkja også her kalla marmorkyrkja eller mellomalderkyrkja – automatisk freda
84565-2 Murar etter trekyrkja
84565-4 Mellomalderkyrkjegard automatisk freda uklar avgrensing

Det er og ei rekke relaterte kulturminne i området kring: likvor, båtfeste, mogleg gravområde utanfor mur, kyrkjeveg osb. Deler av dette kan som fylgje av denne prosessen verte definert som freda kulturminne. Alt vert samla omtalt som Herøy gamle kyrkjestad.

Om mellomalderkyrkjestaden i Askeladden/Kulturminnesøk:

HERØY STA. MARIA, gnr. 39 Herøy (Herøy sogn). Eldste omtale av kirken er i 1432 (Herøyia kirkio, AB 137), av prest i 1385 (Biærnæ Simvnr son prestr i Hæroeyghvm, DN III:463). Nåværende Herøy kirke står på (gnr. 37) Myklebust (AK 101-5-2). Den middelalderske steinkirken sto på (39) Herøy, på østspissen av ei mindre øy noen kilometer sørøst for nåværende kirke. Kirken ble revet i 1859, og en tømmerkirke ble reist rett vest for den eldre kirken. Middelalderkirken ble revet og stein fra denne ble benyttet til grunnmur for den nye samt til å forhøye kirkegårdsmuren. I 1916 ble tømmerkirken demontert og flyttet til Myklebust hvor den ble gjenreist i en noe endret form, og kirkestedet på Herøy ble lagt øde. Seinere ble bruken av kirkegården tatt opp igjen. Steinkirken hadde ved rivingen rektangulært grunnplan med målene 22,3x8,6 m (utvendig), portaler i skipet mot vest og nord og i korpartiet mot sør. Veggene var delvis kledd med kvader i lokal marmor, og hele eller deler av kirken har hatt en profilert sokkel. Mot skipets sørøsthjørne var det på et tidspunkt blitt satt opp en forstøtningsmur mot vestre del av sørveggen. Etter at kirken ble revet ble det påført et 0,7-1,2 m tykt lag sjø- og skjellsand, og over dette et 5-15 cm tykt lag myrjord, over hele kirkegårdsområdet. Ifølge Eide er det trolig at kirken ble bygd på 1100-tallet (Eide 1974, Rabben 1972:42ff, Ekroll 1997:271f). Dette antyder dermed at kirken opprinnelig hadde rektangulært skip med smalere, rektangulært kor, og at den rektangulære form ved rivningstidspunktet var et resultat av en ombygging av det eldre koret. Kirken sto på kanten av en knaus som går bratt ned i sjøen, men det er tvilsomt om dette skulle være grunnen til at den ikke hadde sørportal. Dedikasjonen er etter DN XVII:681 (1474). 26. juni 1433 var biskop Aslak Bolt i visitas på Herøy (DN V:631), og generelt skulle han være j Herøiom iiij næter (AB 190). Prestegjeldet lå som prebendekall til kapellanen ved Vår Frue Kirke i Trondheim fram til 1747 da det ble et fritt kall (NG 36), og før reformasjonen var Herøy et av de seinmiddelalderske kannikgjeld (Dybdahl 1989:189ff). I 1589 var Herøy hovedkirke med annekser på Hareid, Ulstein, Sande og Rovde (Thr.R. 61). I 1766 var Herøy hovedkirke med Sande og Rovde som annekser. I tilknytning til kirken og gården er det kjent en gildestue på Herøy på 1430-tallet (DN V:631). I tillegg skal det ha stått et "kloster" på en haug på Herøy kalt Klosteret (Strøm II:275). Dette dreier seg rimeligvis om et selehus, muligens med et tilhørende kapell. Ifølge en lokal tradisjon skal "3de Søstre som vare i Havs Nød" ha lovet å bygge kirker dersom de ble reddet, og de lot bygge på Herøy, Kinn og Giske (Rabben 1972:40, sitat fra sogneprest Grüner i 1819, og han nevner flere andre varianter over dette og lignende sagn mht. bygging av kirke på Herøy



Kyrkjesoknet sin eigedom markert med raudt.

Tuftene sett frå lufta.

Kart A.Nytun

Partar/eigedomstilhøve/forvaltningsområde

Skjøtselsplanen er eit felleseige for Herøy kystmuseum, Herøy kommune, Riksantikvaren vest, og Indre Herøy sokn ved Herøy kyrkjelege fellesråd og Møre og Romsdal fylkeskommune.

Marine kulturminne
Bergens Sjøfartsmuseum v/ Lilli Ingvaldsen og Arild Marøy Hansen har som forvaltningsorgan for marine kulturminne vore høyringsparti ang. skiltinfo.
Skjøtselsplanen omfattar ikkje arkeologiske funn i sjø.
Bergens Sjøfartsmuseum, Postboks 7800, 5020 Bergen tlf 55549600

Herøy gml kyrkjestad
Herøy gnr 39 bnr 8 og 2
Eigar: Indre Herøy sokn
Forvalta av : Den norske kyrkja, Herøy kyrkjelege fellesråd,
Lisjebøvegen 1, 6091 Fosnavåg
kyrkjekontoret@heroy-kyrkje.no
Tlf 70080260
Kyrkjeverje Marit Sævik Leinebø
kyrkjeverja@heroy-kyrkje.no
tlf 70080262

Mellomalderkyrkjestad/kyrkjegard idnr 84565-1 og -4
Automatisk freda kulturminne jfr kulturminnelova §§ 3 og 4
I tillegg er der bygningsstein frå marmorkyrkja i kyrkjegardsmur og tuft.
Det kan og ligge graver utanom muren.
Det er svært vanskeleg å setje grenser.

Forvaltningsorgan for arkeologiske mellomalderminne med kyrkjeleg tilknytning er:
Riksantikvaren
Pb 8196 Dep, 0034 Oslo
Tlf 22940400
postmottak@ra.no
ved:
Riksantikvaren distriktskontor Vest
v/Hanne Merete Moldung
Mob 98202797



Herøy kystmuseum/Herøy gard
Herøy 39/1 (Herøy gard)
Eigar: Herøy kommune
Stiftinga Herøy kystmuseum
Konsolidert del av Sunnmøre Museum
Avdelingsleiar: Håvard Hatløy

Som del av dette:
Klosterhaugen idnr 92632 Automatisk freda kulturminne.
Heile arealet: Statleg sikra friluftsområde (84 daa). Verdi: svært viktig. Regionalt. Mykje nytta.
Herøy 39/6 er den andre gardseigedomen på Herøy.

Herøy kommune
Kommunen er eigar av Herøy kystmuseum, men er og med som kommune.
Pb 274, 6099 Fosnavåg. Tlf 70081300
postmottak@heroy.kommune.no
Kulturleiar Eileen Gjerde tlf 70081380/95456945

Kulturavdelinga, Møre og Romsdal fylkeskommune
Kulturavdelinga, Møre og Romsdal fylkeskommune har oppgåver etter delegering av kulturminnelova knytt til skjøtsel/skilting av freda kulturminne og søker ma BARK-midlar.
Tlf 71258000
Skjøtselansvarleg Øyunn Kleiva tlf 95945835 (permisjon deler av 2016)
Fylkeskonservator Bjørn Ringstad tlf 71258841

Planar og lovverk

Kommuneplan for Herøy 2013-2025 Samfunnsdel
(Tiltaksdel Kompetanse og næringsliv -pkt 8 Satse på miljøvenleg turisme
Tiltaksdel Barn og unge og identitetpkt 12)

Kommuneplan for Herøy Arealdel
Arealet er i kommuneplanen sin arealdel lagt ut til offentleg føremål (tunet med bygningar ved Herøy kystmuseum, gravplassen, dagens parkeringsplass og framtidig areal for parkeringsplass) og landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område). Det er krav om utarbeiding av reguleringsplan. Aktuelle område ligg i arealdelen med omsynssoner D og C

Reguleringsplanarbeid for Herøy gard med tilgrensande eigedommar
Oppstarta 1.7.2014



1. Herøy kystmuseum
2. Kyrkjeminne med gravplass
3. Herøy amfi, frilufts- og rekreasjonsområde
4. Privat eigedom med hus og løe
5. Privat eigedom med hus og løe
6. Privat eigedom med fritidshus og garasje
7. Parkeringsplass

Kontakt Herøy kommune: Berit Sandvik Skeide

er oppbrukt. Stubbebehandling med round-up, vil vere effektiv i forhold til nyskyting frå rot. Gifta er nedbroten når rota er det, men eventuell bruk må godkjennast av Riksantikvaren så vel som Mattilsynet. Ein må pårekne at etter rotning vil marka der røter har vore dette litt i hop, -og vil kunne innverke på stabilitet. Fordelen ved fjerning må haldast opp i mot dei uheldige sidene, og fordelane vil nok her vege tyngre. Røter må aldri dragast opp.



Kart over skader i mur på trekyrkjemurar. Kart Arve Nytun.

"Tufta til den nye kyrkjetufta er relativt stabil, sjølv om ein også her bør halde vegetasjonen nede. Karfundamenta inne i kyrkjetufta er derimot noko utrasa. Det er her registrert 7 punkt der det er behov for skjøtsel. " (Nytun 2015:56), Her trengst stabilisering enkelte stadar, for ma å ivareta sikkerheita til vitjande.



Her ser vi korleis graset har fått vakse inne mellom murane på trekyrkja. Må vel kunne gå an å gå her med «bie», når ein slær det andre. Avdelingsleiar Håvard Hatløy ved Herøy kystmuseum.

Behov for litt stabilisering også av indre steinar.

Byrjinga på neste utrasing?

Tufta etter trekyrkja er ikkje freda som tuft, men har fornminne i form av stein i frå marmorkyrkja i seg. Dersom ein heller vil rive enn sikre trekyrkjemuren, lyt desse ivaretakast i samråd med Riksantikvaren vest/Universitetsmuseet i Bergen. Avdelingsleiar ved Herøy kystmuseum og fylkeskommunen kan kartlegge. Også restaurering forutset kartlegging.

Skal ein fjerne noko frå dette samla miljøet, må ein vere klar over at ein då reduserer verdet og tidsdjupna til kulturminnet.

Kyrkjegardsmuren og portane

Generelt sett er murane meir solide i dei yngre delene av kyrkjegarden enn dei eldre, kanskje pga at ein her har hatt godt byggematerial (kyrkjesteinen) og arbeidet enno ikkje er så gamalt. Muren har nokre stadar rasa ut. Stadane er ca avmerka på kart innleiingsvis. Røter frå ståande større tre kan raskt utgjere ein trussel mot mur. Krattskog er der neste større tre kjem og øydelegg mur. All vegetasjon innmot murar må ned!

Tilstanden på muren er dårleg mange stadar og det bør både vere akutt fjerning av større tre til neste sommar, kraftig vegetasjonspleie kring samt fagleg skikkeleg oppløing av det som er i ferd med å rase ut.

"Det vart registrert til saman 15 område med større og mindre skadar på kyrkjegardsmuren, I hovudsak er det utrasingar, men her er også vegetasjonsproblem, der store tre eller mose veks kring eller på kyrkjegardsmuren. For å motverke nye utrasingar lyt ein få bukt med den store vegetasjonen kring muren, men også den mindre mose og krattveksten som er spesielt sterk på den nordlege og austlege sida. Dette punktet er viktig for sikkerheita til besøkande på kyrkjegarden."(Nytun 2015:56)

Tiltak:

I dei yngre delene av kyrkjegarden kan ein lø opp att utrasing. Turmuringa bør gjerast på skikkeleg vis, slik at steinen blir liggande. Det same vil kunne gjerast i område som er automatisk freda der det ikkje er behov for nyfundamentering. Skader i mur synest noko overfladisk i den forstand. Men vert mur ståande utrasa vil det kunne fortsette å rase langs kantane. Eldre bygningsstein og steinhoggarmerke bør då kartleggast og dokumeterast, gjerne i 3D skanning, hoggemerka kan også kalkerast.

Samstundes bør ein forhindre utrasing som fylgje av ukontrollert trefall ved å ta ned tre som har røtene i murområdet. Det må då påreknast jamn nedtaking av skot i årevisframover, alt. stammebehanding med roundup. Bruk av plantevernmiddel må fylgje mattilsynet sine reglar, samt vere klarert frå Riksantikvaren for mellomalderområda.

Ansvar. Kyrkja på sine område og museet på dei områda kommunen eig i kring muren.

Tidsramme: 2016

Utrasing i kyrkjegardsmur, to stadar i muren i yngre mur mot nord.



Skadestadar på mur. Kart: A. Nytun-

Her ser vi dei to asketrea rett innanfor kyrkjegardsmuren i N t.v. oversyn mot N, t.h. nærbilete mot S. Vi ser dei veks for tett på. Dei flotte trea er med å gje staden karakter, slike tre finst ikkje i alle miljø her ute på øyane, men samstundes er dei ein heilt konkret trussel mot muren og røtene har allereie øydelagd ein god del. I aust og i eldre miljø. Her ser vi kor tett tre står inn i den der heller lause muren med noko utrasing. Mot N. Tiltak: -hogging

Her kan alskens vegetasjon skyte opp og gro. Her bør det både slåast betre, samt ryddast for tre. Vegetasjonen dekker nesten muren.

T.v. I aust og i eldre miljø. Her ser vi kor tett tre står inn i den der heller lause muren med noko utrasing. Mot N. T.h. Her er vi på nordsida i den eldre kyrkjegarden (mot A). Store tre innanfor murane sprenger på muren. Muren er her og det som held jordmassene på plass. Tre bør fjernast. Muren vert som vi ser fremst mosedekt når det vert fuktig og vegetasjonsriket nok i kring.

T.v. Utrasing rett aust av nordporten. Grastorv i topp. Hamna nedanfor. Kjekt å sjå fjorden! Flåværleia. T.h. Same stad meir mot A. Muren vert lågare. Nokre eldre gravminne. Turrtre bortanfor kan dette kva tid som helst.

Vegetasjon og kyrkjegards mur – ein del heilt overgrodd i aust – eldre del. Utanfor trengst slått!



Nordporten mot hamna

Eit vakkert syn: Nordporten omramma av to høge steinar bunde saman med jarnband. Verkar stabilt. Store stein som dette må jamnleg sjekkast.

Vestporten t.v. innanfrå og ut mot V, t.h. utanfrå og inn mot A. Tydeleg bygningsstein.

Vestporten gjer mindre av seg, Treportane treng noko vedlikehald mot råte ol, men er utskiftbare mot same sort. Her gjeld det å vere god kopist! Men ikkje før ein må.



Mykje fin gamal bygningsstein i kyrkjegardsmuren. T.v. Her den yngre nordvestre delen med trekyrkjemuren bak. Mot V. T.h. Kystmuseets Håvard Hatløy viser fram merke i bygningsstein av marmor mm frå gamlekyrkja i yngre mur.

Registrering av bygningsstein mm frå gamlekyrkja

Klosterhaugen, kyrkjegardsmuren, trekyrkjemuren har marmorstein, eklogitt og anna bygningsstein. Det er behov for å kartlegge marmorstein og anna bygningsstein med og utan profilar/steinhoggarmerke. Nokre av dei eldre steinane samt steinhoggarmerke og bumerke er kartfest knytt i tilstandskarteringa. Viktig at dette **kartleggingsarbeidet vert utført før/tilknytt reparasjonsarbeid** på turrmur. Det er i dag Håvard Hatløy som her har best oversyn og kunnskap og som er ressursen.

Ansvar: Kyrkja koblar inn RA, museet og fylkeskommunen i god tid før tiltenkt reparasjon.



Steinhoggarmerke innmålt på stein gjenbrukt frå marmorkyrkja i trekyrkjemuren. Nytun 2015

Nytt alter i Mariakyrkjetomta med helle i frå marmorkyrkja. Denne har ein sprekk. . Mot V

Samandrag tiltak Herøy gamle kyrkjestad

Skader kan samla kort skisserast slik: Fyrst gras, så buskas, så tre – så skade.

For å unngå vidare skadeutvikling er difor sterk vegetasjonsskjøtsel heilt avgjerande. Det må fellast store tre på kontrollert vis og på rett tid. Det må takast kjerr og det må årleg fylgjast opp på taking av rotskot. Behovet vil avta noko. Det må fjernast mose der kyrkjegardsmuren grør att. Tre som øydelegg graver og freda mellomalderkyrkjetuft og kyrkjegardsmur må ned. Normalslått må intensiverast. Det må slåast betre på manuelt vis inn mot murane. Motorisert ljå, ofte kalla bier er mogleg å bruke med varsemd. Ein skal ikkje skade med reiskap ein nyttar. Ein må årleg rive opp småskota som spirer i murar. **Dette er akutttiltak som bør setjast i gang i 2016.**

Restaurering er likevel naudsynt og her er det kyrkjegardsmuren som bør prioriterast, saman med ustabile deler av trekyrkjetufta. Her trengst fagfolk samt samarbeid med Riksantikvaren om løyve. Alle tiltak som kan innverke på freda kulturminne lyt avklarast i si konkret planlagde form med Riksantikvaren vest. **Budsjettering og avklaring vil vere naturleg i 2016.**

Ein bør også få oversyn over kostnadar til restaurering av enkelte graver samt altarhella. Så er det å vone at ein kan få røyst pengar til dette**. Ein kan ta det viktigaste og enklaste fyrst.**

Steingraver med lav kan enkelt pakkast inn i lystett plast eller presenning, med eller utan spriting. Mest effektivt er det å la alt stå nokre år. Men vintertildekking fungerer også, om enn eit lite stykke arbeid å kle av og på. Vintertildekking 5-10 år gir svært god effekt. Dette er rimeleg.

Høgtrykkspyling, sandblåsing, sterke vaskemiddel ol for å fjerne lav mm, skader ekstremt og er ikkje lov.

Generelt: hovedansvar knytt til eigedom, men kyrkja vil trenge både hjelp og råd og midlarfor å få restaureringsprosjekt på gang. Det vil vere behov for å innhente fagleg kompetanse knytt til steinmurararbeid, smedarbeid, samt konservering som går på liming ol.

Vegetasjonsskjøtsel med kraftig opphoping no, må sjåast som resultat av lang tid med låg innsats. Vonleg kan dette kome inn under vanleg arbeid etter kvart, forutsett akutttiltaka vert tekne no.

Nye graver på mellomalderkyrkjegrunn
Kyrkja lagar **gravplan** i samråd med Riksantikvaren i 2016.

Vegetasjon på og kring Herøy gamle kyrkjestad
-Supplere maskinslått med småslått langs alle kantar og sider av murar, samt oppe i bakken, men ta ikkje lyngen. NB maskinslått kan vere orsak til skade på eldre graver. Dette må ikkje førekome.
-Fjerne kratt og småskog inne mellom trekyrkjetuftene, i lyngbakkken, utanfor og innanfor kyrkjegardsmuren må fylgjast opp ekstra fyrste åra.
-Eventuell setje opp enkelt gjerde ved berget om sauene skal haldast ute.
-Take ned stortrea nede ved muren som sprenger ut denne?
-Sage ned stortrea(NB kontrollert utføring) som øydelegg gravene på toppen av kyrkjegarden? NB ikkje stubbebryting, takast tidleg på sommar.
-
Ansvar: Kyrkja på og Herøy kommune kring jfr eigedomskart. Tidspunkt 2016.

Tiltak vegetasjon på Mariakyrkjatufta:
-Halde rosespirea nede, dei breier seg voldsomt.
-Hogge ned bergfuru og lauvtre i murkanten og innmot graver.
-Skjere bort nyvaksen torv over markerings heller om ein ynskjer å vise fram omrisset

Ansvar: Kyrkja. Tidspunkt 2016.

Skader på graver
Skadekartering Fylkeskommunen i samråd med museet. Er utført 2015.
Likevel vil det for kvar grav trengast planlegging av den enkelte reparasjon. Lag priroitert liste. Fjern tre som øydelegg.
Ansvar: Sokn/Kyrkja - ta til planlegging 2016

Ved inngrep i grunn og på minne eldre enn 1537 må ha løyve.
Hugs her kan vere graver som i seg sjølv er freda med ståande stein (1537).

Tiltak: Skader på kyrkjegardsmurar
Skadekartering, dette er i korte trekk utført no, men ein treng nok planlegging av reparasjon. Få fagfolk (turrmurar) inn og få laga overslag og avklaring av om refundamentering er naudsynt. Hugs at den eldre murane i aust forutset løyve.
Registrering særmerke eldre stein. Kanskje kan kystmuseet hjelpe.
Ved behov for refundamentering må det føreligge dispensasjon frå kulturminnelova på ved mellomalderkyrkjegard. Ta kontakt uansett med Riksantikvaren vest.
Fjerne tre og kratt.

Ansvar: Sokn/kyrkja Tidspkt : planlegging og fyrste tiltak 2016.

Skader på trekyrkjeruin
Same framgangsmåte som over.
Skadekartering Fylkeskommunen i samråd med museet (utført 2015).
Sikring Sokn/Kyrkja

Generelt behov for kartfesting og kartlegging
-Mange nye gamle element er no innmålt og kartfest. Meir kan vere behov for.
Dokumentasjonsbehov er viktig når det skal gjerast reparasjon av mur.
-Stein frå mellomalderkyrkja Ansvar: Herøy kystmuseum/Riksantikvaren Vest
-Kalkering steinhoggarmerke Fylkeskommunen/Kystmuseet

Innhente naudsynte løyve frå Riksantikvaren vest
Direkte, eller ved hjelp av fylkeskommune

Tilstand og tiltaksbehov Klosterhaugen

Klosterhaugen ligg bak trea her. Tilkomst i dag via gamleskilta og flotte tre i søraust. Snarare veg går frå dagens tursti nordanfor. Bygningssteinsblokkene ligg på nordsida. Klosterhaugen er del av sikra friluftsområde og det føreligg skjøtselsplan frå 1994.

Klosterhaugen inngår i skjøtseslplan frå 1994 mellom dei areala i skjøtselsplanen som har felt med trevegetasjon (analyseområde 11) og ligg rett nord om store lauvtre med estetisk verdi. Dette er delsvis planta gamle tre. I 1994 litt nyetablert skog. Her i område 11 spenner fukttilhøva frå turrt til friskt. På sørsida av haugen veks ein del planter ein ikkje elles finn på øya, og rapporten frå 1994 meiner dette er utifrå jordsmonn og sørhelling av berget. Jordprøver viser ph 5.4, dette er mindre surt enn dei andre prøvene, om enn surt. Lite fosfor, men bra med kalium. Ask og lønn er dei store treslaga som dominerer her.

Når det gjeld skjøtsel ligg den i det som vert kalla område 2 med større tre. «Problemet her er nye skot som kjem opp i feltsjiktet under dei store trea. Områda har stor verdi som opne lundar langs stien, og bør ikkje få lov til å vekse att av kratt. Om ein har beitedyr gåande her vil desse gjerne ta seg av spirane etter kvart, slik at ein ikkje treng rydde så ofte» (1994:46). Skjøtselsplanen meiner at Herøy kystmuseum har potensial til å vise eldre driftsformer i landbruket.

På toppen av berget Klosterhaugen ligg ei låg tuft, ytre mål ca 10 x 5-6 m, indre mål ca 5,5 x 3,5 m.

Til tross for folkenemninga var det ikkje nødvendigvis noka kopling mellom tuft og kloster, spørsmålet museet stilte var om dette kunne vere gildestova som er nemnt i eldre kjelder. Tuftene består av marmorrester, kalkmørtel og mold. I bakken nordanfor ligg marmorblokker. Materiale frå kyrkja kan vere brukt om att også her, men det kan og ha vore eit mellomalderbygg, kloster i tydinga klostercelle, dvs. bustad, utkikkstårn eller anna. Klosterhaugen er no definert som eit freda kulturminne.





Triveleg i tufta på Klosterhaugen. Foto: Arve Eiken Nytun

Vegetasjon 1: Gras, nye skot: sau og slått

I samsvar med skjøtselsplanen går her i dag fem vinterfora søyer. I tillegg slår kystmuseet noko kring tufter og haug. Til trass for stor innsats frå både folk og sau, er det slik at det no er tendens til at gras får tuevekst på tuftene. Tuftene bør stellast noko betre enn området kring. Det kan godt vere meir sau. Kanskje kan dyra gå innanfor eit lettgjerde på eit areal rundt haugen ei stund innimellom for å auke beitetrykket nett her.

Ved Klosterhaugen tek også bakkane ikring til å få såpass mykje vokster at, om det ikkje truar kulturminnet, gjer det landskapet meir utilgjengeleg.

Mykje greiner etter desse store trea . Her frå området ein går gjennom når ein kjem via dagens skilt i sør. Ein ser då berget godt.

Tufta og lendet kring september 2014. Skjøtselsarbeidarar med for god fortilgong? Intensiver beitinga nett her?

Tiltak: Intensivere beiting/slått. Ansvar: Herøy kystmuseum/Herøy kommune. Tidsramme: Frå og med 2016.

Vegetasjon 2: Mose og lav på berg og hoggemerke



Mose og lav på berg og hoggemerka, foto mot mot V.



Kalkering 12.6.2003 Ø. Kleiva skanna i to deler, difor ikkje heilt korrekt gjengivelse her av avstand.

Tiltak: Vintertildekking med presenning vil gje god effekt her. Kan bli glatt for sauene. Sauefrie periodar? Mose kan fjernast varsamt manuelt i ekstremt turt eller vått ver.

Vegetasjon 3: attgroing/lav/mose på bygningssteinen i bakken

Her ligg bygningstein av type gamlekyrkja (marmor og anna tilhogd). Attgroing av steinane i bakken

Her kan tildekking nyttast jfr over, forsiktig avrensking av mose i ekstremt turt eller vått ver. Slå godt, fjerne torv som veks innover. Blokkene er kartfest av fylkeskommunen (Nytun 2015).

Samandrag tiltaksbehov Klosterhaugen

-Meir av dagens skjøtsel. Fortsetje eksisterande tiltak og gjerne auke på: beiting frå sau og slått av menneske. Gjerde inne eit areal kring haugen for å intensivere beitinga periodevis? Fjerne gras/torv innmot steinane i bakken. Halde trevokstr nede.
-Vintertildekke bumerke og event. stein i bakken for å fjerne lav.
-Nytt skilt. Hovedansvar: Herøy kystmuseum. 2015.
-Kartfesting av ulike element, inkl. bygningsstein frå bakken. Møre og Romsdal fylkeskommune i samråd med Herøy kystmuseum. Utført 2015.

Klosterhaugskilt i dag står søraust av berget. Fin plassering, men sidan desse kom opp er det komen veg til amfiet som passerer Klosterhaugen på nordsida.

Nye skilt er del av samla skilting og er tenkt plassert ved vegen i nord.

Skilting.

Som del av prosjektet inngår nyskilting. Herøy kystmuseum har hand om dette arbeidet, alle partar har hatt høve til å uttale seg før skilta vart ferdigstilt. Det vert 3 informasjonskilt, samt pilskilt/husskilt.

Skilt Visjon skråstilt
1)- Herøy/gard og generell info om heile miljøet. Stad: bergveggen v/parkeringsplassen. A1 liggande, Herøy kystmuseum skaffar løyve.
2) - Herøy gamle kyrkjestad. Stad: hamna aust av nordporten.A1 liggande
3) –Klosterhaugen. Stad Ved Klosterhaugen A2 liggande
Høyring av skilttekst hjå alle partar
Omsetjing
Tidsramme: Utført 2015. Oppsetjing 2016

Herøy gamle kyrkjestad

Trekyrkja

Etter kvart vart mellomalderkyrkja for lita. I 1659 vart ho revet og ny kyrkje vart reist på ein grunnmur av stein etter den gamle. I 1816 fekk dei kyrkjeskip utå Skarsi ved Fosnavåg. Eit nytt vart kjøpt og det nedre laga dannar då kyrkje på Herøy.

Grunnmuren etter den lita kyrkja ser ein til høgre innanfor steingarden.

The Wooden Church

Over time, the medieval church became too cramped for the congregation. It was torn down in 1659 and replaced by a new church, built on a foundation of stone from its predecessor. In 1816, the wooden church was moved to Skarsi in Fosnavåg. A new era had dawned, and they no longer rowed to the church on Herøy.

Mariakyrkja

I fleire hundre år var Herøy prestegjeld eit hovudsoll på Sunnmøre. Den eldste av dei to kyrkjene ein kjenner til her på Herøy er Mariakyrkja - ei mellomalderkyrkje delvis bygd i lokal marmor.

I fjera her ved inngangen til gravplassen ligg tilrøsten, steinbrygga som vart nytta til landgang. Vegen gjekk vidare gjennom steinportalen og opp på høgste platået på Herøyberget der steinkyrkja stod. Kyrkja var bygd på 1100-talet i den eldste romanske stilen, ei enkel rektangulær form, lik tradisjonen i Irland og Storbritannia. Kyrkja var 22,3 m lang og 8,8 m bred i ytre mål. Høgda opp under raftа var 5,9 m og til mønet var det 11,5 m. Etter kvart vart det bygd klokketårn og våpenhus. Eit gravkammer vart bygd innåt austveggen. Inventar dei meterhjukе veggane var det ein preportal som skilda kor og skip. Før gallerі og benker kom, stod folk til messe.

I om lag 600 år fekk Mariakyrkja stå her på nakne berget, der jord måtte førast i land med båt til gravleggings. Det gamle alterbordet i granitt ligg framleis på ein sokkel i koret.

St. Mary's Church

Herøy parish was the primary church site on Sunnmøre for several hundred years. The older of the two known churches here on Herøy is St. Mary's Church – a medieval church partly built with local marble.

On the shore near the entrance to the cemetery lies 'Likvorren', a stone pier used for landing by boats. The route continued through the portal and up to the highest plateau on the hill, where the stone church stood. The church was built in the 12th century in a Romanesque style, with a simple rectangular shape, similar to the architectural traditions of Ireland and the United Kingdom. The church was 22.3 m long and 8.8 m wide, measured externally. The ceiling height under the rafters was 5.9 m and 11.5 m up to the ridge of the roof. A bell tower and vestibule were added later, and a tomb was built outside the east wall. Within the metre-thick walls there was a wooden portal which separated the choir from the nave. Before the gallery and benches were added, the congregation had to stand during the services. St. Mary's Church stood here on this bare hill for about 600 years. Earth for the graves had to be transported to the island by boat. The old altar table, made of granite, still stands on a base in the "choir".

BUMERKE
På berget rett vest for tufta på Klosterhaugen er det hogge inn to store bumerke.

MARKS
Two large marks are engraved in the stone which stands directly to the west of the Abbey Hill site.

SPOR ETTER BYGGET
Fleire steinar frå bygget ligg i tørrlinga rundt haugen. Nokre av steinane er i marmor. I undergrunnen ligg mange små steinar med kalkmørtel som bindemiddel.

CONSTRUCTION REMAINS
Several stones from the remains of the construction stand on the slopes of the mound. Some of these stones are marble. The base consists of several smaller stones held together with lime mortar.

Klosterhaugen

Haugen framfor deg ber namnet Klosterhaugen og er knytt til ei segn om eit kloster.

På toppen ligg ei tuft etter ei steinbygning på 5x10 m. Bygget har vore godt synleg inn leia frå Stadthavet - eit seglingsmerke for dei reisande. Kan dette ha vore den fyrste kyrkja, eller eit anneks knytt til eit kloster? Det synte veg til ei trygg hamn, også åndeleg.

I berget opp på haugen er det hogge inn to store bumerke. Kongar, som Olav den heilage og Sverre, hadde husting her på sine reiser. Erkebiskop Aslak Bolt låg her i 1433 for å få fastlagt skatteinntektene av kyrkja.

Er det nokon av dei som har sett sitt merke i berget, eller er det munkar og pilegrimar i ei ledig stund? Mange stogga her på si reise til Nidaros.

Abbey Hill

The hill before you is associated with traditional folklore regarding an abbey.

The site of a stone construction are located at the top of the hill. This building must have been visible from the sea - a sea mark for seafarers. Might this have been the very first church, or an abbey? It showed the way to a safe harbour, also in the spiritual sense.

Engraved in the stone at the top of the mound are two large marks. Several saga King's stopped to hold governing assemblies here while on their travels. Archbishop Aslak Bolt visited in 1433 to ascertain the church's tax income. Could any of them have engraved their mark on the stone? Or was this done by monks or pilgrims during a free moment? Many of them made a stop here on their way to Nidaros Cathedral.

KLOSTERHAUGEN
ABBEY HILL

BUMERKE
MARKS

AMFI I SPELEPLASS
AMPHITHEATRE / STAGE

DU STÅR HER
YOU ARE HERE

Klosterhaugen med dei store og mørke bumerke er freda etter kulturminnelova § 3 og 4. Det er ikkje lov å gjere noko som kan medføre endringar, skade eller skjemming av desse eller omgivelsane utan eiter særskilt løyve frå Riksantikvaren.

Klosterhaugen, with its runic and surrounding areas, is now protected in accordance with Sections 3 and 4 of the Cultural Heritage Act. Any act which might encroach upon, harm, or damage the site and church, or the surrounding area, is prohibited, without special authorisation from the Directorate for Cultural Heritage.

Sunnmøre Museum

Økonomi

Del 1 Skilting og skjøtselsplan 2013-2015

Finansieringsplan ved søknad			
Riksantikvaren BARK 2013	kr 210.000		
Herøy kystmuseum	kr 100.000		
Totalt	kr 310.000		
Rekneskap			
Derav:			
Skiltkjøp og trykk		kr 81.440	
Layout mm		kr 82.801	
Tekst og foto skilt samt adm prosjekt 4 veker		kr 60.000	
		kr 224.241	kr 224.241
Skjøtselsplan/skadekartering/adm fylkeskommunen			
Skriving skjøtselsplan Lønn 3 vekeverk		kr 40.063	
Reise skjøtselsplan og skilting 2013-15		kr 4.603	
Kartfesting/Skadekartering Lønn		kr 22.007	
Reise		kr 5.515	
Adm. og skilt fylkesk. 1 vekeverk		kr 13.582	
Utlegg		kr 85.770	kr 85.770
Tilsaman			kr 310.011
Reell finansiering vert etter dette:			
Bark til fylkesk.	kr 210.000		
kr 175.000 til skilt, overført 2014 til Herøy k.m.			
kr 35.000 til skjøtselsplan			
Herøy kystmuseum	kr 49.241		
Møre og Romsdal fylkesk. HP	kr 50.770		
Tilsaman	kr 310.011		

Del 2 Skjøtsel oppstart 2015-

Finansieringsplan ved søknad BARK 2015		
Riksantikvaren BARK2015 tilsagn	kr 100.000	
Andre	kr 100.000	
Til saman	kr 200.000	
Finansieringsplan ved slutt 2015		
BARK-midlar vert gitt til Indre Herøy sokn/kyrkja	kr 100.000	
Fylkesk HP- kultur tilskot Indre Herøy sokn/kyrkja		kr 30.000
Indre Herøy sokn/kyrkja	kr 20.000	
Herøy kommune midlar til Herøy kystmuseums skjøtsel	kr 50.000	
Tilsaman	kr 200.000	

Dette gir 50.000 disponibelt for Herøy kystmuseum til skjøtsel primært retta mot utsida av kyrkjegarden.
Dette gir 150.000 disponibelt til kyrkja, derav kr 20.000 av eigne midlar til skjøtsel og sikring.

Ein må pårekne større behov og event naudysnt med eksterne midlar for kyrkja.

Skjøtselsavtalar:

Intensjonsavtale/Skjøtselsavtale				
Prosjekt				
Herøy gamle kyrkjestad skjøtsel og skilting				
Part				
Herøy kommune				
Postadresse		**Postnr**	**Poststad**	**Tlf**
Pb 274		6090	Fosnavåg	70081300
Idnr:	**Lokalitetsnamn:**	**Gbnr:**	**Gardsnamn:**	**Kommune**
92632	Klosterhaugen	39/1	Herøy	Herøy
Idnr	**Lokalitetsnamn**	**Gbnr**	**Gardsnamn**	**Kommune**
84565 områda kring	Herøy gamle kyrkjestad	39/1	Herøy	Herøy
Vi pliktar:				

-Halde vegetasjonen nede på kommunens grunn på og rundt Klosterhaugen og rundt den gamle kyrkjestaden jfr skjøtselsplan.

- Rette hovudinnsats i skjøtsel på Herøy gard framover mot området ikring kyrkjegarden i form av kraftig vegetasjonsskjøtsel 2016, og tett opp fylgjing dei påfylgjande åra. Deretter jamnt stell.
- Intensivere slått samt periodevis beitinga noko, kring Klosterhaugen. Frå 2016.
- Dekke til bumerka på Klosterhaugen vinterstid for å få bort lav.
- Skjøtsel skal take omsyn til det her er snakk om freda kulturminne og nærmiljø med muligheit for fleire funn.

Avtalen gjeld 10 år frametter.

Dato	Stad	Underskrift

Intensjonsavtale/Skjøtselsavtale				
Prosjekt				
Herøy gamle kyrkjestad skjøtsel og skilting				
Part				
Herøy kystmuseum				
Postadresse		Postnr	Poststad	Tlf
Herøy gard	Notøy	6070	Tjørvåg	70085290
Idnr:	Lokalitetsnamn:	Gbnr:	Gardsnamn:	Kommune
92632	Klosterhaugen	39/1	Herøy	Herøy
Idnr:	Lokalitetsnamn:			
84565 – områda utanom kyrkjegardsmuren	Herøy gamle kyrkjestad			

Vi pliktar:

- Hovudansvar og eigarskap/vedlikehald skilting. 2014-15.
- Fjerning av skilt kan likevel ikkje skje utan i samråd med andre partar.
- Skjøtte overståande område vel jfr skjøtselsplan, i samråd med kommunen.
- Fylgje vilkår sett for freda kulturminne gjennom kulturminnelova.
- Bidra med råd/hjelp overfor kyrkja ang. skjøtsel/vedlikehald/kartlegging

Avtalen gjeld 10 år frametter.

Dato	Stad	Underskrift

Intensjonsavtale/Skjøtselsavtale				
Prosjekt				
Herøy gamle kyrkjestad skjøtsel og skilting				
Part				
Indre Herøy sokn v/Den norske kyrkja, Herøy kyrkjelege fellesråd				
Postadresse		**Postnr**	**Poststad**	**Tlf**
Lisjebøvegen	1	6091	Fosnavåg	70080260
Idnr:	**Lokalitetsnamn:**	**Gbnr:**	**Gardsnamn:**	**Kommune**
84565	Herøy gamle kyrkjestad	39/ 2 og 8	Herøy	Herøy
Vi pliktar				
-Ivareta Herøy gamle kyrkjestad som freda kulturminne: -Utarbeide gravplan i samråd med og godkjent av Riksantikvaren 2016 -Skjøtte vegetasjon slik at denne ikkje skader tufter, mellomalderkyrkjegard, murar og gravminne jfr skjøtselsplan. Dette inneber eit stort tak 2016 og 2017, samt tett oppfylgjing vidare framover. - Søke å finne finansiering for og vedlikehalde murar og gravminne. 2016- Avtalen gjeld 10 år frametter.				
Dato	**Stad**	**Underskrift**		

Intensjonsavtale/Skjøtselsavtale				
Prosjekt				
Herøy gamle kyrkjestad skjøtsel og skilting				
Part				
Kulturavdelinga, Møre og Romsdal fylkeskommune				
Postadresse		**Postnr**	**Poststad**	**Tlf**
Fylkeshuset		6404	Molde	71258000
Idnr:	**Lokalitetsnamn:**	**Gbnr**	**Gardsnamn:**	**Kommune**
84565	Herøy gamle kyrkjestad, samt område kring	39/1,2 og 8	Herøy	Herøy
Idnr	**Lokalitetsnamn**	**Gbnr**		
92632	Klosterhaugen, samt område kring	39/1		
Vi pliktar:				
-Utarbeide skjøtselsplan/skadekartering. 2014-2015. -Bidra med råd ved skilting 2013-2015/søke tilskot for støtte RA 2013 -Bistå med råd ved realisering av skjøtselsplanen 2015-/søke tilskot for støtte hjå RA 2014 -Rådgjeving tilknytt kulturminnelova. Avtalen gjeld 10 år frametter.				
Dato	**Stad**	**Underskrift**		
	Molde	Heidi-Iren Wedlog Olsen Fylkeskultursjef		

Intensjonsavtale/Skjøtselsavtale				
Prosjekt				
Herøy gamle kyrkjestad skjøtsel og skilting				
Part				
Riksantikvaren, Distriktskontor vest				
Postadresse		Postnr	Poststad	Tlf
Pb	8196 Dep	0034	Oslo	22940400
Idnr:	**Lokalitetsnamn:**	**Gbnr**	**Gardsnamn:**	**Kommune**
84565	Herøy gamle kyrkjestad, samt område kring	39/1,2 og 8	Herøy	Herøy
Idnr	**Lokalitetsnamn**	**Gbnr**		
92632	Klosterhaugen, samt område kring	39/1		
Vi pliktar:				
-Råd og innspel ved skilting 2013-2015 -Rådgjeving for kyrkja ved realisering av skjøtselsplanen og utarbeiding av gravplan. -Rådgjeving/forvaltning tilknytt kulturminnelova. Avtalen gjeld 10 år frametter.				
Dato	**Stad**	**Underskrift**		

Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkeshuset
6404 Molde

Telefon: 71 25 80 00
E-post: post@mrfylke.no
www.mrfylke.no

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr: Arkiv:	2015/1209 Q80

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
9/16	Maritim og teknisk komite	16.02.2016
38/16	Formannskapet	09.02.2016
34/16	Kommunestyret	18.02.2016

ØKONOMISK AVSLUTNING - TRAFIKKTRYGGINGSTILTAK - VEGLYS SKULEOMRÅDET PÅ BERGSØY

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 09.02.2016

1. Prosjektrekneskapen for 50015 nye veglys ved skuleområdet på Bergsøya, vert godkjent med eit netto forbruk på kr 104.838,-

2. Mindreforbruket på **kr 55.162,-** vert overført til trafikktryggingsmidlar for 2016, anvarsnummer 5011 og funksjonsnummer 301.

Tilråding:

1. Prosjektrekneskapen for 50015 nye veglys ved skuleområdet på Bergsøya, vert godkjent med eit netto forbruk på kr 104.838,-

2. Mindreforbruket på **kr 55.162,-** vert overført til trafikktryggingsmidlar for 2016, anvarsnummer 5011 og funksjonsnummer 301.

Særutskrift:
Økonomiavdeling, her
Utviklingsavdelinga, her

Saksopplysningar:

Prosjektet gjeld utskifting av veglys til LED lysarmatur langs den kommunale vegen ved skuleområdet på Bergsøya.

I MTK-sak 87/15 blei det løyvd kr 160.000,- til prosjektet. Prosjektet er finansiert med avsette trafikktryggingsmidlar frå budsjett i 2015. Kommunen har ikkje motteke stønad frå andre finansieringskjelder til dette prosjektet.

Forbruket (eks.mva) på prosjektet har vore slik:

Nye lysarmatur inkl arbeid med montering	kr	104.838,-

Prosjektrekneskapen for anlegget vert då slik:

Kommunal løyving	kr	160.000,-
-Anleggskostnad	kr	104.838,-
= Mindreforbruk	**kr**	**55.162,-**

Vurdering og konklusjon:

Prosjektet har blitt gjennomført slik det blei skissert i MTK-sak 87/15, og tidlegare kostnadsanslag viser at prosjektet er blitt noko rimelegare enn det som blei løyvd til prosjektet.

Etter ein gjennomgang av prosjektrekneskapen sit ein att med eit mindreforbruk som ei rår til blir tilbakeført til den generelle budsjettposten for trafikktryggingsmidlar for 2016. Ved utgangen av 2015 stod der att kr 4.385.000 av dei avsette trafikktryggingsmidlane i budsjettet. Dette er vidareført i budsjett for 2016.

Fosnavåg, 27.01.2016

Olaus-Jon Kopperstad	Jarl Martin Møller
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr:	2015/132
		Arkiv:	Q80

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
2/16	Maritim og teknisk komite	26.01.2016
39/16	Formannskapet	09.02.2016
35/16	Kommunestyret	18.02.2016

ØKONOMISK AVSLUTNING - TRAFIKKTRYGGINGSTILTAK - KRYSSINGSPUNKT MOLTU SKULE

Møtebehandling:

Maritim og teknisk komite si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 09.02.2016

1. Prosjektrekneskapen for 50142 utbygging av kryssingspunkt ved Moltu skule, vert godkjent med eit netto forbruk på kr 198.899,-

2. Mindreforbruket på kr 160.101,- vert overført til trafikktryggingsmidlar for 2016, anvarsnummer 5011 og funksjonsnummer 301.

Møtebehandling:

Planleggar Aleksander Zahl Tarberg møtte og orienterte.
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Maritim og teknisk komite - 26.01.2016

1. Prosjektrekneskapen for 50142 utbygging av kryssingspunkt ved Moltu skule, vert godkjent med eit netto forbruk på kr 198.899,-

2. Mindreforbruket på kr 160.101,- vert overført til trafikktryggingsmidlar for 2016, anvarsnummer 5011 og funksjonsnummer 301.

Tilråding:

1. Prosjektrekneskapen for 50142 utbygging av kryssingspunkt ved Moltu skule, vert godkjent med eit netto forbruk på kr 198.899,-

2. Mindreforbruket på kr 160.101,- vert overført til trafikktryggingsmidlar for 2016, anvarsnummer 5011 og funksjonsnummer 301.

Særutskrift:

Økonomiavdeling, her
Utviklingsavdelinga, her

Saksopplysningar:
Prosjektet gjeld oppfølging av eit tiltak i gjeldande kommunedelplan for trafikktrygging 2015-18. Tiltaket gjeld etablering av fartshump, opphøgd overgangsfelt for fotgjengarar, skilting, merking og tilrettelegging for mjuke trafikantar rundt området ved Moltu skule.

Herøy kommune mottok kr 100.000,- i stønad frå samferdselsdepartementet for trafikktryggingstiltak ved Moltu skule. Av omsyn til at tiltaket endra seg vesentleg i karakter blei det i MTK-sak 86/15 løyvd kr 139.000 (eks.mva) meir til prosjektet. Prosjektet er finansiert med avsette trafikktryggingsmidlar frå budsjett i 2015. Total løyving for prosjektet var på kr 239.000,-. Herøy kommune har motteke tilsegn på kr 120.000,- frå 50/50-ordninga av Statens Vegvesen og Møre og Romsdal fylkeskommune.

Prosjektet omfattar etablering overgangsfelt for fotgjengarar, fartshump, forsterka belysning (LED), graving, asfaltering og skilting. I samband med oppføring av ny lysmast i stål har det vore naudsynt å få utført grunnarbeid (graving) for fundament, trekkerør for straumkabel og jordingsleidning.

Forbruket (eks.mva) på prosjektet har vore slik:

Skilt parkering forbode	kr	1.820,-

+Trafikkskilt langs fylkesveg	kr	9.556,-
+Asfalt, fartshump og skiltmontering	kr	70.146,-
+Veglys	kr	72.098,-
+Grunnarbeid, graving m.m	kr	45.279,-
= Netto anleggskostnad	kr	198.899,-

Prosjektrekneskapen for anlegget vert då slik:

Kommunal løyving inkl tilskot frå samf.dep	kr	239.000,-
+tilskot frå fylkeskommunen og vegvesen	kr	120.000,-
-Anleggskostnad	kr	198.899,-
= Mindreforbruk	**kr**	**160.101,-**

Vurdering og konklusjon:
Prosjektet har blitt gjennomført slik det blei skissert i siste MTK-sak 86/15. Kommunen har gjennom 50/50-ordninga med fylket fått innvilga eit tilskot som dekkjer omlag halvparten av kostnadane som blei løyvd til prosjektet. Prosjektet har blitt noko rimelegare enn først kostnadsoverslag. Grunnen til dette er at kommunen har fått dekt kostnader med oppmerking av vegareal som følgje av re-asfaltering og etablering av fartshump av Statens Vegvesen, samt at ein har fått dekt 50 % av skissert kostnad med tiltaket etter søknad til fylkeskommunen.

Etter ein gjennomgang av prosjektrekneskapen sit ein att med eit mindreforbruk som ei rår til blir tilbakeført til den generelle budsjettposten for trafikktryggingsmidlar for 2016. Ved utgangen av 2015 stod der att kr 4.385.000 av dei avsette trafikktryggingsmidlane i budsjettet. Dette er vidareført i budsjett for 2016.

Fosnavåg, 13.01.2015

Olaus-Jon Kopperstad	Jarl Martin Møller
Rådmann	Avd.leiar

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg

HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr: Arkiv:	2016/144 146

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
40/16	Formannskapet	09.02.2016
36/16	Kommunestyret	18.02.2016

ÅRSPLAN 2016

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 09.02.2016

1. Kommunestyret vil understreke at hovudutfordringa i 2016 er å skape samsvar mellom dei kommunale inntektene og utgiftene, slik at det kan leggast til rette for investeringar i budsjett- og økonomiplanperioden.

2. Kommunestyret ber om at budsjettrundskrivet vert lagt fram for formannskapet innan utgangen av mai.

3. Kommunestyret ber om at det i løpet av 1. halvår 2016 vert lagt fram byggeprogram i ulike alternativ for fylgjande byggeprosjekt:

- Einedalen skule – tilbygg fleirbrukshall
- Herøy ressurssenter
- Nedre Dragsund 2
- Bergsøy skule
- Fosnavåg driftsbase
- Herøy kulturhus – framtidig bruk

4. Kommunestyret ber om at kommunedelplan for bustadpolitikk vert oversendt kommunestyret til slutthandsaming i 1. tertial 2016.

5. Kommunestyret er klar over at personalsituasjonen er krevjande i ein del avdelingar og at framdrifta av ein del saker er avhengig av kva for personalressursar som vert stilt til disposisjon.

Tilråding:

6. Kommunestyret vil understreke at hovudutfordringa i 2016 er å skape samsvar mellom dei kommunale inntektene og utgiftene, slik at det kan leggast til rette for investeringar i budsjett- og økonomiplanperioden..

7. Kommunestyret ber om at budsjettrundskrivet vert lagt fram for formannskapet innan utgangen av mai.

8. Kommunestyret ber om at det i løpet av 1. halvår 2016 vert lagt fram byggeprogram i ulike alternativ for fylgjande byggeprosjekt:
    - Einedalen skule – tilbygg fleirbrukshall
    - Herøy ressurssenter
    - Nedre Dragsund 2
    - Bergsøy skule
    - Fosnavåg driftsbase
    - Herøy kulturhus – framtidig bruk

9. Kommunestyret ber om at kommunedelplan for bustadpolitikk vert oversendt kommunestyret til slutthandsaming i 1. tertial 2016.

10. Kommunestyret er klar over at personalsituasjonen er krevjande i ein del avdelingar og at framdrifta av ein del saker er avhengig av kva for personalressursar som vert stilt til disposisjon.

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe
- Hovudtillitsvalde
- HVO
- Kommunerevisjonen

Vedlegg:

- Vedtak i K-sak 192/15
- Investeringstiltak 2016
- Årsplanar for avdelingane

Saksopplysningar:

Årsplan 2016 gjeld rådmannen og avdelingane si oppfølging av budsjettvedtaket for 2016.

I pkt 1 i budsjettvedtaket har kommunestyret vedteke strategi for dei 4 programområda i økonomiplanperioden. I årsplanane har leiarane vorte utfordra på korleis dei kan bidra til å realisere strategien på programområda økonomi, organisasjon (arbeidsmiljø), tenester og lokalsamfunn.

Kommunen sin visjon er «Herøy – ei båtlengd føre. Men vi kan ikkje ligge ei båtlengd føre på alle område. Leiarane er difor utfordra på kva det er viktig for den enkelte avdeling å vere god på (innovatør/spydspiss).

Rammene for avdelingane går fram av pkt. 2 i budsjettvedtaket. Ei rammeinnsparing på 7.110.000 kr er fordelt med 5.000.000 kr på avdelingane og 2.110.000 kr på vakansar (rådmann og servicetorg).

I pkt 9 i budsjettvedtaket bad kommunestyret om at stillingar vert haldne vakante så lenge det er forsvarleg. Kommunestyret bad vidare om at rådmannen i samarbeid med administrasjonen og dei tillitsvalde legg fram ein plan for reduksjon av lønsutgiftene/nedbemanning innan 01.03.2016.

Formannskapet har gjort vedtak om at vurderinga av kva som er forsvarleg skal gjerast av den som har det faglege ansvaret. Det er gjort ein gjennomgang av omgrepet «fagleg forsvarleg» med sikte på mest mogleg lik praksis i skjønnsutøvinga.

Når det gjeld plan for reduksjon av lønsutgiftene/nedbemanning, vert dette lagt fram i eiga sak.

I pkt 10 vart det gjort slikt vedtak:

«Kommunestyret legg til grunn at det vert gjennomført organisatoriske endringar med verknad frå 01.01.2017 slik at det vert lagt betre til rette for å nytte ressursane på tvers i organisasjonen. For å styrke organisasjonen si evne til å gjere dei nødvendige omstillingane, vert leiarutviklingsprogrammet vidareført. Kommunestyret vil også gjennomføre Kommunekompasset. Det vert søkt KS om OU-midlar til dekning av kostnadane.»

Prosessnotat om organisasjonsendring vert lagt fram for formannskapet i møtet 23.02.16.

Det er gjort avtale med KS-konsulent om Kommunekompasset. Arbeidet startar med intervju 09. og 10.02.16. Kommunen har fått tilsegn om OU-midlar.

Styringshjulet/årshjulet er revidert. Eg ser behov for å kome tidleg i gang med budsjettprosessen. Det er lagt opp til at budsjettrundskrivet vert klart i løpet av 1. halvår. I mai/juni er det lagt inn administrativ og politisk prioritering av nye drifts- og investeringstiltak. Rådmannen legg fram sitt salderte budsjett tidleg i november.

Vurdering og konklusjon:
Hovudutfordringa i 2016 er å skape samsvar mellom inntekter og utgifter. Kommunen kan ikkje over tid ha ei drift der utgiftene er større enn inntektene. I ein situasjon der ein kan frykte skattesvikt, vil det også vere viktig å legge godt til rette for busetjing og næringsetablering slik at ein kan legge eit grunnlag for auka skatteinntekter.

Eg er særleg opptatt av å få ei tidleg avklaring i budsjettarbeidet når det gjeld prioritering av bygge- og anleggsprosjekt av fleire grunnar;

- Dersom slike prosjekt skal få ei rask framdrift, er ein avhengig av plan- og gjennomføringsprosessane heng saman. Det betyr at det må lagast ei tidsline der regulering, økonomisk løyving, programfase, prosjektering, tilbodsinnhenting og gjennomføring kan skje utan unødvendig opphald. Det må også sikrast at ein har nødvendige ressursar til å arbeide med dei ulike fasane i prosjekta. Skal vi få til dette, må vi tidleg ha klare signal på kva for prosjekt som skal prioriterast i økonomiplanperioden, slik at framdrifta kan planleggast skikkeleg.
- Perioden 2017-2019 vert ein svært viktig periode når det gjeld prioritering av bygge- og anleggsprosjekt m.a. på grunn av kommunereformen som er planlagt gjort gjeldande frå 2020. Kommunereformen kan ha som konsekvens at det som er Herøy kommune i dag, går inn i eit større fellesskap. Det betyr at det er dei folkevalde i dette fellesskapet som vil avgjere m.a. kva for bygge- og anleggsprosjekt som skal gjennomførast i vårt område etter 2020. Vi vil sjølve bestemme kva som skal realiserast før 2020.

På dette grunnlaget er det søkt å leggje ein god plan for oppfølging av bygge- og anleggsprosjekt, jfr vedlegg. Når det gjeld byggeprosjekt, er det lagt opp til at byggeprogram i for dei ulike større prosjekta vert lagt fram i ulike alternativ for politisk handsaming 1. halvår 2016. Realisering av investeringsprosjekt i økonomiplanperioden er avhengig av at det vert skapt eit handlingsrom for investeringar gjennom streng prioritering i drifta då eigedomsskatt ikkje synest å vere særleg aktuelt.

Det vil neppe vere særleg rom for nye driftstiltak i 2017.

Vurdering av organisatoriske forholda må sjølvsagt skje i samråd med dei tilsette og dei tilsette sine organisasjonar.

Konsekvensar for folkehelse:
Usikkert.

Konsekvensar for beredskap:
Usikkert.

Konsekvensar for drift:
Usikkert.

Konsekvensar for økonomi:
Usikkert.

Fosnavåg, 03.02.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

HERØY KOMMUNE

Økonomiavdelinga

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2015/525
		Arkiv:	124

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
218/15	Formannskapet	24.11.2015
192/15	Kommunestyret	10.12.2015

BUDSJETT 2016 OG ØKONOMIPLAN 2016-2019. 3. HANDSAMING

Møtebehandling:
Økonomileiar Geir Egil Olsen, eigedomsleiar Robert Myklebust møtte og orienterte.

Det vart halde gruppemøte.

Endringar i tilrådinga frå formannskapet:

5. a. Barnehagesatsane .... Kr. 2.655,- for heil plass + matpengar kr. 350,-.
5. j. Kurdøgnprisen .... Kr. 1.920,-.
5. q Nytt pkt. - Festeavgifter auke til kr. 150,- per grav.
5. r Som pkt. 5 q i formannskapet si tilråding.
11. «.... skal leggast fram for kommunestyret for endeleg godkjenning.»
16. Inntekter i investeringsrekneskapen som følgje av sal av eigedomar og tomter skal inntektsførast på tomtefondet.
17. Byggeprogram for nye bygg skal utgreiast i ulike alternativ i komiteane før godkjenning i formannskap og kommunestyre.
18. Som pkt. 16 i formannskapet si tilråding.

Svein Gjelseth (Ap) kom med slikt endringsframlegg til pkt. 10:

> «Vidare bør ein ha ein kritisk gjennomgang i høve drifta i samband med budsjettarbeidet for 2017. (Ref. Kostrarapporten)»

Det vart røysta punktvis:
– alle punkta med endringane ovanfor vart samrøystes vedtekne.

Tilråding i Formannskapet - 24.11.2015

1. Kommunestyret vedtek følgjande strategi:

   Herøy kommunestyre ser folketalsvekst og positivt omdøme som dei to mest sentrale indikatorane for positiv utvikling. Kommunestyret vedtek følgjande strategi for dei 4 programområda i økonomiplanperioden:

   Organisasjon
   - utvikle gode leiarar på alle nivå gjennom systematisk leiarutvikling
   - utvikle kompetansen til dei tilsette med bakgrunn i organisasjonen sitt behov

   Tenester
   - Tilpasse tenestenivået og folk sine forventingar til det kommunen kan levere innanfor tilgjengelege ressursar
Herøy kommune skal vere ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i.

Korleis skal du som leiar bidra til at Herøy sin misjon vert ivaretatt gjennom avdelinga sitt daglege arbeid?

1. Leiinga og personalet i barnehagane skal ha personleg og fagleg engasjement og vere pådrivarar til at alle barn med sine behov vert sett kvar dag.

2. Foreldre og barn skal oppleve å bli sett, høyrt og møtt på ein god måte i barnehagen

Økonomi

Kommunestyret har lagt føringar for at avdelingane skal syte for streng prioritering i drifta, satse på tiltak som frigjev ressursar, leggje grunnlag for å byggje opp bufferfond og ta ut synergiar gjennom samarbeid.

Rammeinnsparinga på dei ulike avdelingane og nedbemanning av organisasjonen er ein føresetnad for kommuneøkonomien for 2016.

Korleis skal di avdeling bidra til at kommunestyret sine føringar og forventningar om ein reduksjon i budsjettet og nedbemanning vert gjennomført i 2016 ?

1.Streng vurdering av vikarbruk
2. Ved nok søknader, overbooke litt tal barn, pkt 1 og 2 vil på sikt påvirke utbetaling til private bhgar om ein lukkast
3.Streng vurdering av søknad om ekstra ressurser
4. Nytte IA regelverket for å unngå sjukemeldingar
5. Bruk av bunde fond

Organisasjon

Kommunestyret vil utvikle gode leiarar på alle nivå gjennom systematisk leiarutvikling og utvikle kompetansen til dei tilsette med bakgrunn i organisasjonen sitt behov.

Kommunestyret ber om at stillingar vert haldne vakante så lenge det er **forsvarleg**. Kommunestyret ber vidare om at rådmannen i samarbeid med administrasjonen og dei tillitsvalde legg fram ein plan for reduksjon av lønsutgiftene/nedbemanning innan 01.03.2016.»

Kommunestyret legg til grunn at det vert gjennomført organisatoriske endringar med verknad frå 01.01.2017 slik at det vert lagt betre til rette for å nytte ressursane på tvers i organisasjonen.

Korleis skal du som leiar bidra til å motivere medarbeidarar til nødvendig endringar og legge grunnlag for at organisasjonen sine overordna målsetjingar vert ivaretatt ?

1. Legge til rette for gode prosessar der vi saman kan sjå mulegheitene endringane vil gi
2. Ha openheit og gi god informasjon samt formidle at det er lov å stille kritiske spørsmål
3. Vere ein god støttespelar samstundes som kritiske spm vert stilt

Tenester

Kommunestyret ber om at stillingar vert haldne vakante så lenge det er **forsvarleg**.

Korleis kan du som leiar sikre at dei fagleg ansvarlege har kompetanse til å definere eit forsvarleg tenestenivå slik at vurderingane vert mest mogleg lik på dei ulike arbeidsstadane?

1. Vere i tett dialog med den enkelte styrar – gå gjennom prosedyrer/sjekkliste vedk kva som er forsvarleg teneste i barnehagen
2. I denne prosessen godta at leiar må prioritere barna framføre administrasjon for å heile tida sikre forsvarleg teneste for barna

Lokalsamfunn

Herøy kommune ynskjer at innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv skal vere tilfredse med kommunen som tilretteleggjar, samfunnsbyggjar og tenesteytar.

Kommunen har målsetting om å vere :

- ei trygg kommune med god beredskap.
- ein open organisasjon som gir informasjon til innbyggarane.
- ein organisasjon som er samarbeids- og omstillingsvillig.

- ein organisasjon som fremjar godt omdømme.

I budsjettet for 2016 legg kommunestyret til rette for ei satsing på bustad- og næringsutvikling, kultur, opplevingar og omdømebygging.

Korleis skal du og di avdeling forsterke tiltaka som kommunestyret har lagt til rette for i 2016 ?

1. Barnehagane vere synlege i nærmiljøet og i media
2. Nøgde brukarar
3. Leiarar og tilsette med god evne til samarbeid og vilje til omstilling

Andre utfordringar i 2016:

- Sjukefråveret er framleis høgt i to av barnehagane
- Rekruttere og behalde pedagogane slik at vi er rusta for både dagens og framtida sine krav

Fosnavåg 20.01.2016

Olaus-Jon Kopperstad **Laila K. Solhaug**

ÅRSPLAN – MÅLKART 2016

AVDELING:Skuleavdelinga

MÅLSETTING

Kommunen sin visjon, *Herøy – ei båtlengd føre*, er offensiv og knyter historie og framtid saman. Gjennom identitetsbygging, skape felleskjensler og legge grunnlag for innovasjon skal ein gjere bevisste val på kva område ein skal vere i forkant.

På kva område skal avdelinga fylgje opp kommunen sin visjon og vere ein innovatør/spydspiss?

1. **Systematisk skuleutvikling i tråd med «Strategi for 2015-18, Herøyskulen - ein los i leia». Felles arbeid 1.-10.årstrinn.**
2. **Tverrfagleg samhandling til beste for elevane sin trivsel og læring.**
3. **Bruk av digitale læringsverktøy, som Smartboard og IPad.**
4. **Norskopplæring for minoritetsspråklege; innføringsgruppe og vaksne**
5. **Ein kulturskule som ligg i front både på aktivitet, kreativitet og utvikling**
6. **Ei systemretta PP-teneste, som i endå større grad deltar i skulane sitt arbeid for å fremje læring**

Herøy kommune skal vere ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i.

Korleis skal du som leiar bidra til at Herøy sin misjon vert ivaretatt gjennom avdelinga sitt daglege arbeid?

Arbeide for å sikre gode og trygge skular, der tilsette og elevar trivst og utviklar seg og der elevar og føresette blir møtt med respekt.
Sikre høg kompetanse i avdelinga, både ved nytilsetjing, vidareutdanning og eigenutvikling.
Sikre godt omdøme, både internt og eksternt

Økonomi

Kommunestyret har lagt føringar for at avdelingane skal syte for streng prioritering i drifta, satse på tiltak som frigjev ressursar, leggje grunnlag for å byggje opp bufferfond og ta ut synergiar gjennom samarbeid.

Rammeinnsparinga på dei ulike avdelingane og nedbemanning av organisasjonen er ein føresetnad for kommuneøkonomien for 2016.

Korleis skal di avdeling bidra til at kommunestyret sine føringar og forventningar om ein reduksjon i budsjettet og nedbemanning vert gjennomført i 2016 ?

1. **Fortsatt aktiv vurdering av forsvarlegheit før innsetjing av vikar og tilsetjing i vakansar**
2. **Innkjøp av det ein MÅ ha**
3. **Om nødvendig for å nå innsparingskravet, redusere undervisningstimar, og dermed redusere stillingar. Dette frå 1.august 2016.**

Organisasjon

Kommunestyret vil utvikle gode leiarar på alle nivå gjennom systematisk leiarutvikling og utvikle kompetansen til dei tilsette med bakgrunn i organisasjonen sitt behov.

Kommunestyret ber om at stillingar vert haldne vakante så lenge det er **forsvarleg**. Kommunestyret ber vidare om at rådmannen i samarbeid med administrasjonen og dei tillitsvalde legg fram ein plan for reduksjon av lønsutgiftene/nedbemanning innan 01.03.2016.»

Kommunestyret legg til grunn at det vert gjennomført organisatoriske endringar med verknad frå 01.01.2017 slik at det vert lagt betre til rette for å nytte ressursane på tvers i organisasjonen.

Korleis skal du som leiar bidra til å motivere medarbeidarar til nødvendig endringar og legge grunnlag for at organisasjonen sine overordna målsetjingar vert ivaretatt ?

1. **Informere om prosess, skape forståing for endringane**
2. **Trygge medarbeidarar på at medverknad vert ivaretatt jfr. lov- og avtaleverk**
3. **Trygge medarbeidarane på premissane**

Tenester

Kommunestyret ber om at stillingar vert haldne vakante så lenge det er **forsvarleg**.

Korleis kan du som leiar sikre at dei fagleg ansvarlege har kompetanse til å definere eit forsvarleg tenestenivå slik at vurderingane vert mest mogleg lik på dei ulike arbeidsstadane?

1. **Dialog rundt omgrepet forsvarleg, sikre lik forståing. Elevane si læring og sikkerheit må stå i fokus for vurderinga.**
2. **Etterspørje kva vurderingar den enkelte leiar gjer i ulike situasjonar**
3. **Halde fram leiarutvikling, der leiarskap og påverknad er tema**

Lokalsamfunn

Herøy kommune ynskjer at innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv skal vere tilfredse med kommunen som tilretteleggjar, samfunnsbyggjar og tenesteytar.

Kommunen har målsetting om å vere :

- ei trygg kommune med god beredskap.
- ein open organisasjon som gir informasjon til innbyggarane.
- ein organisasjon som er samarbeids- og omstillingsvillig.
- ein organisasjon som fremjar godt omdømme.

I budsjettet for 2016 legg kommunestyret til rette for ei satsing på bustad- og næringsutvikling, kultur, opplevingar og omdømebygging.

Korleis skal du og di avdeling forsterke tiltaka som kommunestyret har lagt til rette for i 2016 ?

1. I større grad arbeide for ei heilskapleg forståing av «vi-kommunen»
2. Møte elevar, føresette og lokalsamfunn med respekt og openheit. Vere løysingsorienterte, innan dei rammer lov og reglement set.
3. Vere handlingsdyktige og ryddige når uønskte hendingar oppstår. Vere i forkant med prosedyrar og bevisstheit.
4. Vere ei open avdeling, med kontakt og samarbeid med arbeidslivet og lokalsamfunnet rundt.

Andre utfordringar i 2016:

- Driftsikkert IKT-utstyr og støtte
- Oppretthalde motivasjon, arbeidsglede og fokus på mandat i ei tid med endringsprosessar og omstilling
- Kunne ha eit godt læringsmiljø, trass i fysiske og bygningsmessige utfordringar i fleire avdelingar

Fosnavåg, 2.februar 2016

Olaus-Jon Kopperstad **Sølvi Lillebø Remøy**

ÅRSPLAN – MÅLKART 2016

AVDELING:
Barn- familie og helse

MÅLSETTING

Kommunen sin visjon, *Herøy – ei båtlengd føre*, er offensiv og knyter historie og framtid saman. Gjennom identitetsbygging, skape felleskjensler og legge grunnlag for innovasjon skal ein gjere bevisste val på kva område ein skal vere i forkant.

På kva område skal avdelinga fylgje opp kommunen sin visjon og vere ein innovatør/spydspiss?
Avdelinga skal være ein pådrivar til at kommunen skal tenkje heilheit rundt den einskilde brukar.
God samarbeidskompetanse skal vidareutviklast.
Avdelinga vil innan alle sine områder arbeide for tidleg inovasjon.

Herøy kommune skal vere ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i.

Korleis skal du som leiar bidra til at Herøy sin misjon vert ivaretatt gjennom avdelinga sitt daglege arbeid?
Eg vil vedlikehalde treffsteda for alle tilsette i avdelinga.
Framheve viktigheita av samarbeid der det er naturleg.

Økonomi

Kommunestyret har lagt føringar for at avdelingane skal syte for streng prioritering i drifta, satse på tiltak som frigjev ressursar, leggje grunnlag for å byggje opp bufferfond og ta ut synergiar gjennom samarbeid.

Rammeinnsparinga på dei ulike avdelingane og nedbemanning av organisasjonen er ein føresetnad for kommuneøkonomien for 2016.

Korleis skal di avdeling bidra til at kommunestyret sine føringar og forventningar om ein reduksjon i budsjettet og nedbemanning vert gjennomført i 2016 ?

1. **Ved å halde stillingar medlertidig vakante ved sjukdom og anna fråvær så langt det fortsatt vil kunne vere forsvarlege tenester.**
2. **streng disiplin på forbruk. Prioritere kurs og samlingar i regionen.**
3. **Vurdere til ein kvar tid kva som er gode nok tenester (forsvarleg drift).**

Organisasjon

Kommunestyret vil utvikle gode leiarar på alle nivå gjennom systematisk leiarutvikling og utvikle kompetansen til dei tilsette med bakgrunn i organisasjonen sitt behov.

Kommunestyret ber om at stillingar vert haldne vakante så lenge det er **forsvarleg**. Kommunestyret ber vidare om at rådmannen i samarbeid med administrasjonen og dei tillitsvalde legg fram ein plan for reduksjon av lønsutgiftene/nedbemanning innan 01.03.2016.»

Kommunestyret legg til grunn at det vert gjennomført organisatoriske endringar med verknad frå 01.01.2017 slik at det vert lagt betre til rette for å nytte ressursane på tvers i organisasjonen.

Korleis skal du som leiar bidra til å motivere medarbeidarar til nødvendig endringar og legge grunnlag for at organisasjonen sine overordna målsetjingar vert ivaretatt ?

1. Eg vil motivere ved å informere og legge til rette for medverknad i endringsprosesser
2. Eg vil legge grunnlaget ved å ha ein ope prosess i avdelinga kor det er rom for å kome med alle typar spørsmål og innvendingar
3.Eg vil formidle dei overordna målsetjinane som til ein kvar tid er gjeldande i prosessen.

Tenester

Kommunestyret ber om at stillingar vert haldne vakante så lenge det er **forsvarleg**.

Korleis kan du som leiar sikre at dei fagleg ansvarlege har kompetanse til å definere eit forsvarleg tenestenivå slik at vurderingane vert mest mogleg lik på dei ulike arbeidsstadane?

1. Eg vil fortsette den dialogen vi i avdelinga har hatt rundt forsvarlege tenester
2. Eg vil lage rom i leiarmøte til å ta opp drøftingar av forsvarlegheit innan dei einskilde områda.
3. Eg vil følgje nøye med og til einkvar tid vurdere eventuelle klagesaker om kva som vert utfallet av dei.

Lokalsamfunn

Herøy kommune ynskjer at innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv skal vere tilfredse med kommunen som tilretteleggjar, samfunnsbyggjar og tenesteytar.

Kommunen har målsetting om å vere :

- ei trygg kommune med god beredskap.
- ein open organisasjon som gir informasjon til innbyggarane.
- ein organisasjon som er samarbeids- og omstillingsvillig.
- ein organisasjon som fremjar godt omdømme.

I budsjettet for 2016 legg kommunestyret til rette for ei satsing på bustad- og næringsutvikling, kultur, opplevingar og omdømebygging.

Korleis skal du og di avdeling forsterke tiltaka som kommunestyret har lagt til rette for i 2016 ?

1.Vi skal vere ein ope organisasjon som gir relevant informasjon til innbyggarane.
2.Informasjonssida vi har i Vestlandsnytt kvar månad skal vidareførast
3.Vi skal vere opne og ærlege med brukarane. Alltid fokus på at vi er kommunen sitt ansikt utad.

Andre utfordringar i 2016:

- **Behalde og rekruttere gode fagpersonar.**
- **Avdelinga må få vere aktive med i prosessen ved omorganisering**
- **Integrere NAV i avdelinga samstundes som det pågår ei større organisasjonsendring.**

Fosnavåg.....

Olaus-Jon Kopperstad **Inger Marie Tofthagen**

ÅRSPLAN – MÅLKART 2016

AVDELING: Pleie- og omsorg

MÅLSETTING

Kommunen sin visjon, *Herøy – ei båtlengd føre*, er offensiv og knyter historie og framtid saman. Gjennom identitetsbygging, skape felleskjensler og legge grunnlag for innovasjon skal ein gjere bevisste val på kva område ein skal vere i forkant.

På kva område skal avdelinga fylgje opp kommunen sin visjon og vere ein innovatør/spydspiss?

- *Demensomsorga skal vidareutviklast med basis i ein god pårørandeskule, eit godt dagsenter og to avdelingar der personalet har spisskompetanse på demensomsorg.*
- *Insitusjonskjøkkenet vart i 2015 kåra til fylkets beste. Mat, og rammene for måltidet, har stor betydning for både den fysiske og sosiale helsa. Satsinga på ernæring skal vidareutviklast som eit viktig førebyggingstiltak ved å ha dette som tema i personellgruppene i heimetenesta og på institusjonane.*
- *Målretta og innovativ bruk av moderne teknologi*
    - *Ta i bruk aponett; elektronisk bestilling av medisin*
    - *Deltaking i utviklingsprosjekt med Noveau*
    - *Elektronisk faktuerering gjennom SSIKT*
- *Levere god sakshandsaming med minimum av klager omgjorde av overordna klageinstans*
- *Ha god pasientflyt med effektiv bruk av kommunen sine tenestetilbod*
- *Bruke rett kompetanse til rett tid på rett stad.*
    - *Prøveperiode med prosjekt bemanningsteam*
- *Tilbodet for øyeblikkelig hjelp døgn ved Myrvåg omsorgssenter skal gjerast kjent i lokalsamfunnet, og vere eit alternativ som er betre enn sjukehus for rette målgruppa*

Herøy kommune skal vere ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i.

Korleis skal du som leiar bidra til at Herøy sin misjon vert ivaretatt gjennom avdelinga sitt daglege arbeid?

- *Sørge for at mellomleiarane kjenner misjonen ved å ha dette som tema i leiargruppa. Det var eige tema på leiarsamling i 2015, og det vil bli repetisjon i 2016*
- *Bidra til godt omdømme ved å levere gode tenester*
    - *Utvikle kreftomsorga med utgangspunkt i kreftsjukepleiaren/koordinatoren*
    - *Systematisk oppfølging av avvik for å sette inn tiltak der vi må verte betre*
- *Bruke rett kompetanse til rett tid på rett stad, og legge til rette for å vidareutvikle kompetansen*

- *Omstrukturere personalgruppa som følgje av nytt tilbod med heildøgns omsorgsbustadar og nedlegging av 10 sjukeheimsplassar.*
- *Deltaking i HF og Sjustjerna sin felles kompetanseplan*
- *Etterspørje god kvalitet på fagdagane*
- *Evaluere beredskapsplanane til avdelinga*

Økonomi

Kommunestyret har lagt føringar for at avdelingane skal syte for streng prioritering i drifta, satse på tiltak som frigjev ressursar, leggje grunnlag for å byggje opp bufferfond og ta ut synergiar gjennom samarbeid.

Rammeinnsparinga på dei ulike avdelingane og nedbemanning av organisasjonen er ein føresetnad for kommuneøkonomien for 2016.

Korleis skal di avdeling bidra til at kommunestyret sine føringar og forventningar om ein reduksjon i budsjettet og nedbemanning vert gjennomført i 2016 ?

1. **Sterkt fokus på sparing av vikarutgifter gjennom heile året**
2. **Vurdere endra bruk av ressursar i samband med overgang frå sjukeheimsdrift til omsorgsbustadar**
3. **Vurdere endra/redusert ressursbruk i samband med senioravgang i stabsfunksjonen**

Organisasjon

Kommunestyret vil utvikle gode leiarar på alle nivå gjennom systematisk leiarutvikling og utvikle kompetansen til dei tilsette med bakgrunn i organisasjonen sitt behov.

Kommunestyret ber om at stillingar vert haldne vakante så lenge det er **forsvarleg**. Kommunestyret ber vidare om at rådmannen i samarbeid med administrasjonen og dei tillitsvalde legg fram ein plan for reduksjon av lønsutgiftene/nedbemanning innan 01.03.2016.»

Kommunestyret legg til grunn at det vert gjennomført organisatoriske endringar med verknad frå 01.01.2017 slik at det vert lagt betre til rette for å nytte ressursane på tvers i organisasjonen.

Korleis skal du som leiar bidra til å motivere medarbeidarar til nødvendig endringar og legge grunnlag for at organisasjonen sine overordna målsetjingar vert ivaretatt ?

1. **Gjennom fortløpande informasjon om endringsprosessen**
2. **Bidra til involvering med løysingsfokus, og der det er mulig mot tiltak som fremmer folkehelse og kvardagsrehabilitering**
3. **Ha fokus på kvalitet, effektivitet og nye arbeidsmåtar (PUKK-hulet)**

Fosnavåg……..

Olaus-Jon Kopperstad **Ragnhild Velsvik Berge**

Tenester

Kommunestyret ber om at stillingar vert haldne vakante så lenge det er **forsvarleg**.

Korleis kan du som leiar sikre at dei fagleg ansvarlege har kompetanse til å definere eit forsvarleg tenestenivå slik at vurderingane vert mest mogleg lik på dei ulike arbeidsstadane?

1. **Sørge for basisopplæring. Alle sakshandsamarane i staben og heimetenestene deltok på fylkesmannen sitt grunnkurs i sakshandsaming i januar 2016**
2. **Evaluere eigne sakshandsamingsrutiner og praksis i etterkant**
3. **Delta aktivt i drøfting av tildelingssaker (mentorrolle)**

Lokalsamfunn

Herøy kommune ynskjer at innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv skal vere tilfredse med kommunen som tilretteleggjar, samfunnsbyggjar og tenesteytar.

Kommunen har målsetting om å vere :

- ei trygg kommune med god beredskap.
- ein open organisasjon som gir informasjon til innbyggarane.
- ein organisasjon som er samarbeids- og omstillingsvillig.
- ein organisasjon som fremjar godt omdømme.

I budsjettet for 2016 legg kommunestyret til rette for ei satsing på bustad- og næringsutvikling, kultur, opplevingar og omdømebygging.

Korleis skal du og di avdeling forsterke tiltaka som kommunestyret har lagt til rette for i 2016 ?

1. **Evaluere avdelinga sine beredskapsrutiner**
2. **Deltaking i nasjonalt/internasjonalt teknologisk utviklingsprosjekt**
3. **Generelt ved å markedsføre tiltaka som er med i årsplanen**

Andre utfordringar i 2016:

- **Oppfølging av nybygg for omsorgsbustadar**
- **Omlegging av drift frå 10 sjukeheimsplassar til 1 ekstra plass på blå avdeling og 15 plassar i omsorgsbustad med heildøgns omsorg. Krev god planlegging og stor omstilling for både pasientar og personale**
- **Redusert bemanning/drift i staben kombinert med store utviklingsoppgåver (omorganisering sentralt og i heimetenestene) gjer drifta krevjande**
- **Følgje opp tiltaka i Helse- og omsorgsplanen**

ÅRSPLAN – MÅLKART 2016

AVDELING: BU- OG HABILITERING

MÅLSETTING

Kommunen sin visjon, *Herøy – ei båtlengd føre*, er offensiv og knyter historie og framtid saman. Gjennom identitetsbygging, skape felleskjensler og legge grunnlag for innovasjon skal ein gjere bevisste val på kva område ein skal vere i forkant.

På kva område skal avdelinga fylgje opp kommunen sin visjon og vere ein innovatør/spydspiss?

Bu- og habiliteringsavdelinga har som mål å gje gode og verdige tenester med respekt for det einskilde menneske. For å klare dette må vi sørgje for å ha kompetente medarbeidarar og vere gode til å «sjå» den som treng hjelp av oss. Å finne moglege løysingar innanfor helselovgivninga med stram økonomisk ramme, krev at vi heile tida tenkjar nytt og er løysingorienterte i forhold til samarbeid både internt i avdelinga og eksternt med andre.

Bu- og habiliteringsavdelinga arbeidar kontinuerleg med å finne betre løysingar ved behov for vikarbruk i avdelinga, og har eit prosjektarbeid under arbeid per d.d knytt til det.

God kvalitet på tenester heng ikkje kun saman med ressursstorleik. Vi må legge til rette for og bruke ny teknologi i tenesteytinga. Det kan til dømes vere nye varslingsreiskap, eller kommunikasjonsverktøy (ustyr og metode).For å utvikle oss må vi samarbeide tverr- og fleirsektorielt og hente inn ny kunnskap om kva som er mogleg å få til.

Herøy kommune skal vere ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i.

Korleis skal du som leiar bidra til at Herøy sin misjon vert ivaretatt gjennom avdelinga sitt daglege arbeid?

Bu- og habiliteringsavdelinga er ei tenesteavdeling for delar av kommunen sine innbyggjarar. Dei som er mottakarar av våre tenester, skal oppleve oss som serviceinnstilte og profesjonelle.

Bu- og habiliteringsavdelinga skal opplevast som ein god, rettferdig og profesjonell arbeidsgivar. Vi skal legge til rette for at dei tilsette kan oppleve gode arbeidsforhold i samsvar med lovkrav når det gjeld helse, miljø og sikkerheit. Bu- og habiliteringsavdelinga sett motivasjon, engasjement og trivsel høgt på sakskartet.

Økonomi

Kommunestyret har lagt føringar for at avdelingane skal syte for streng prioritering i drifta, satse på tiltak som frigjev ressursar, leggje grunnlag for å byggje opp bufferfond og ta ut synergiar gjennom samarbeid.

Rammeinnsparinga på dei ulike avdelingane og nedbemanning av organisasjonen er ein føresetnad for kommuneøkonomien for 2016.

Korleis skal di avdeling bidra til at kommunestyret sine føringar og forventningar om ein reduksjon i budsjettet og nedbemanning vert gjennomført i 2016 ?

1. *Bu- og habiliteringsavdelinga må kontinuerleg ved auke behov for teneste, vurdere om det er mogleg med auka tenesteleveranse, utan å auke bemanningsnorma i omsorgsbustadane, og samstundes halde oppe dei individuelle lovebestemte vedtaka.*

2. *Bu- og habiliteringsavdelinga må med vakanse i stillingar som ikkje er turnusstillingar, vurdere om det er mogleg å omprioritere oppgåver/tenesteområder for å redusere bemanning anten midlertidig og/eller permanent. Det må leggast til grunn at det er fagleg forsvarleg.*

3. *Bu- og habiliteringsavdelinga skal ikkje leige inn vikar ved korttidsfråver, før ein har vurdert å om det er mogleg å klare seg utan vikar (fagleg forsvarleg). Dette vil kunne føre til ein standardreduksjon for brukarar.*

Organisasjon

Kommunestyret vil utvikle gode leiarar på alle nivå gjennom systematisk leiarutvikling og utvikle kompetansen til dei tilsette med bakgrunn i organisasjonen sitt behov.

Kommunestyret ber om at stillingar vert haldne vakante så lenge det er **forsvarleg**. Kommunestyret ber vidare om at rådmannen i samarbeid med administrasjonen og dei tillitsvalde legg fram ein plan for reduksjon av lønsutgiftene/nedbemanning innan 01.03.2016.»

Kommunestyret legg til grunn at det vert gjennomført organisatoriske endringar med verknad frå 01.01.2017 slik at det vert lagt betre til rette for å nytte ressursane på tvers i organisasjonen.

Korleis skal du som leiar bidra til å motivere medarbeidarar til nødvendig endringar og legge grunnlag for at organisasjonen sine overordna målsetjingar vert ivaretatt ?

1. *Bu- og habiliteringsleiar skal bidra positivt inn i omorganiseringsprosessen med tid, energi, openheit og kompetanse, slik at Herøy kommune kan nå sine fastsette målsettingar.*

2. *Bu- og habiliteringsleiar vil bidra til ein open og transparent prosess og mellom anna informere si leiargruppe jamleg, slik at alt overordna arbeid som vert gjort og som vil få betyding for vår del av organisasjonen, er kjent for både leiarar og tilsette i bu- og habiliteringsavdelinga. Informasjon, innspel og vurderingar gjort i avdelinga vår, vil vere essensielt for å skape tryggleik i endringsarbeidet.*

3. *Bu- og habiliteringsavdelinga skal ha eit tett samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane og vernetenesta, ved endringar som har betyding for tilsette i vår avdeling.*

Tenester

Kommunestyret ber om at stillingar vert haldne vakante så lenge det er **forsvarleg**.

Korleis kan du som leiar sikre at dei fagleg ansvarlege har kompetanse til å definere eit forsvarleg tenestenivå slik at vurderingane vert mest mogleg lik på dei ulike arbeidsstadane?

1. *Leiarane i bu- og habilitieringsavdelinga har vore stabile over mange år, og har opparbeidd seg ein god erfaringsbase. Det vil likevel vere behov for å heve kompetansen knytt til skjønnsvurderingar på individnivå ut frå lovkrav. Dette er ei komplekst arbeid, som krev at vi tek del i dei kursa som mellom anna Fylkesmannen årleg legg opp til. Dette er noko vi prioriterar.*

2. *Ei fagleg vurdering av forsvarleg tenestenivå for omsorgstenester, vert gjort i eit samarbeid mellom avdelingsleiarane, bu- og habiliteringsleiar og stab/støtte for tildeling av pleie og omsorgstenester.*

3. *Ei fagleg vurdering av tenestenivå knytt til vaksenopplæring, vert gjort i samarbeid med avdelingsleiar og lærarar for tenesteområdet, etter tilråding frå PPT.*

Lokalsamfunn

Herøy kommune ynskjer at innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv skal vere tilfredse med kommunen som tilretteleggjar, samfunnsbyggjar og tenesteytar.

Kommunen har målsetting om å vere :

- ei trygg kommune med god beredskap.
- ein open organisasjon som gir informasjon til innbyggarane.
- ein organisasjon som er samarbeids- og omstillingsvillig.
- ein organisasjon som fremjar godt omdømme.

I budsjettet for 2016 legg kommunestyret til rette for ei satsing på bustad- og næringsutvikling, kultur, opplevingar og omdømebygging.

Korleis skal du og di avdeling forsterke tiltaka som kommunestyret har lagt til rette for i 2016 ?

1. *Avdelinga skal ha reviderte planar/prosedyrar knytt til beredskap. Ifht brannberedskap; plansamarbeid med eigedomsavdelinga som utleigar.*

2. *Avdelinga skal fortsette å vere samarbeids- og omstillingsvillig. Avdelinga deltek aktivt i interkommunalt 7-stjerne nettverk der helseføretaket er representert og i fleire kommunale samarbeidsfora.*

3. *Ved å verte opplevd som serviceinnstilte og faglege, bygge godt omdømme både internt i kommunen og eksternt til andre.*

Andre utfordringar i 2016:

- **Utilstrekkeleg kapasitet på byggingssida for dagtilboda. Dette er krevjande for optimal tenestelevering.**
- **Behov for auka tenestenivå for fleire brukarar, samstundes med krav om rammekutt og krav om å halde stillingar vakante.**

Fosnavåg.....

Olaus-Jon Kopperstad **NN**

ÅRSPLAN – MÅLKART 2016

AVDELING: KULTURAVDELINGA

MÅLSETTING

Kommunen sin visjon, *Herøy – ei båtlengd føre*, er offensiv og knyter historie og framtid saman. Gjennom identitetsbygging, skape felleskjensler og legge grunnlag for innovasjon skal ein gjere bevisste val på kva område ein skal vere i forkant.

På kva område skal avdelinga fylgje opp kommunen sin visjon og vere ein innovatør/spydspiss?

- *Fosnavåg konserthus og Fosnavåg kino*
  Arbeide vidare for å «Bli et senter for konsert, kino og kulturaktiviteter samt reiseliv og kurs/konferansar i regionen» i godt samarbeid med Thon Hotel Fosnavåg og andre aktørar innan reiseliv og fritidsaktivitetar..

- *Øya Herøy med tilgrensande området*
  Øya har tre hovudaktørar; kystmuseet, kyrkja og sogespelet. I tillegg er staden definert som fyrtårn for prosjektet «Kystpilegrimsleia».
  Det er sett i gong fleire planaktivitetar for å kunne leggje til rette for ivaretaking og utvikling av eksisterande og nye kulturtilbod på staden.

- *Herøy folkebibliotek*
  Biblioteket har fått tilskot frå Nasjonalbiblioteket til å utvikle folkebiblioteket som møteplass og debattarena i tråd med den nye lova. Hausten 2015 har vi samarbeidd med Høgskulen i Volda knytt til dette arbeidet. Biblioteket planlegg for tre debattar ila 2016 med dagsaktuelle tema. Hovudmålgruppa er ungdom og unge vaksne.

Herøy kommune skal vere ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i.

Korleis skal du som leiar bidra til at Herøy sin misjon vert ivaretatt gjennom avdelinga sitt daglege arbeid?

- *Avdelinga sine etablerte og nye aktivitet skjer i samhandling med andre kommunale avdelingar, offentlige instansar, privat næringsliv og frivillige aktørar.*

Økonomi

Kommunestyret har lagt føringar for at avdelingane skal syte for streng prioritering i drifta, satse på tiltak som frigjev ressursar, leggje grunnlag for å byggje opp bufferfond og ta ut synergiar gjennom samarbeid.

Rammeinnsparinga på dei ulike avdelingane og nedbemanning av organisasjonen er ein føresetnad for kommuneøkonomien for 2016.

Korleis skal di avdeling bidra til at kommunestyret sine føringar og forventningar om ein reduksjon i budsjettet og nedbemanning vert gjennomført i 2016 ?

1. Omorganisering av tilsynstenester ved kulturhuset.
   Tiltaket inneber ei forventa reduksjon i lønskostnader ved at ein går frå 134 % stillingsheimel med mykje kveld og helgetillegg, til 100 % dagtidsstilling med forventa lite kveld og helgetillegg.

   Ordninga inneber overføring av reinhald av idrettshallen til reinhaldsseksjonen, samt ein mindre stillingsheimel til eigedomsavdelinga for arbeidet.
   I tillegg krev endringa avklaringar/oppgåver med/til brukarane.

2. Vurdering av kulturavdelinga som heilheit knytt til omorganiseringsprosessen som er sett i gong.

Organisasjon

Kommunestyret vil utvikle gode leiarar på alle nivå gjennom systematisk leiarutvikling og utvikle kompetansen til dei tilsette med bakgrunn i organisasjonen sitt behov.

Kommunestyret ber om at stillingar vert haldne vakante så lenge det er **forsvarleg**. Kommunestyret ber vidare om at rådmannen i samarbeid med administrasjonen og dei tillitsvalde legg fram ein plan for reduksjon av lønsutgiftene/nedbemanning innan 01.03.2016.»

Kommunestyret legg til grunn at det vert gjennomført organisatoriske endringar med verknad frå 01.01.2017 slik at det vert lagt betre til rette for å nytte ressursane på tvers i organisasjonen.

Korleis skal du som leiar bidra til å motivere medarbeidarar til nødvendig endringar og legge grunnlag for at organisasjonen sine overordna målsetjingar vert ivaretatt ?

1. Å vere bevisst kva som motiverer/utviklar, og korleis implementere tiltak i kvardagen for god drift og utvikling.
I tillegg til dei faste statusmøta med leiarane, vil vi gjennomføre 2 til 4 årlege fellessamlingar.

2. Legge til rette for dei opplæringsbehova den enkelte/seksjonane har for å bidra til at kommunen når sine mål.

3. Legge til rette for dei opplæringsbehova den enkelte medarbeidar har for å bidra til at seksjonen/avdelinga når sine mål.

Tenester

Kommunestyret ber om at stillingar vert haldne vakante så lenge det er **forsvarleg**.

Korleis kan du som leiar sikre at dei fagleg ansvarlege har kompetanse til å definere eit forsvarleg tenestenivå slik at vurderingane vert mest mogleg lik på dei ulike arbeidsstadane?

1. Forsvarlegheitsvurdering mot. tenestenivå for:
    a. Konserthus og kino
    b. Kulturhus og idrettshall
    c. Folkebibliotek

2. Reetablere og utvikle aktiviteten i fritidsklubben etter stenging i byggefasen i samarbeid med Ungdomsrådet m.fl.

Lokalsamfunn

Herøy kommune ynskjer at innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv skal vere tilfredse med kommunen som tilretteleggjar, samfunnsbyggjar og tenesteytar.

Kommunen har målsetting om å vere :

- ei trygg kommune med god beredskap.
- ein open organisasjon som gir informasjon til innbyggarane.
- ein organisasjon som er samarbeids- og omstillingsvillig.
- ein organisasjon som fremjar godt omdømme.

I budsjettet for 2016 legg kommunestyret til rette for ei satsing på bustad- og næringsutvikling, kultur, opplevingar og omdømebygging.

Korleis skal du og di avdeling forsterke tiltaka som kommunestyret har lagt til rette for i 2016 ?

1. Bidra i utviklinga av Fosnavåg konserthus og Fosnavåg kino til å «Bli et senter for konsert, kino og kulturaktiviteter samt reiseliv og kurs/konferansar i regionen» i godt samarbeid med Thon Hotel Fosnavåg og andre aktørar innan reiseliv og fritidsaktivitetar.
   Arbeidet legg til rette for å nå alle lokalsamfunnsmåla i 2016.

2. Fremje prosjektet kystpilegrimsleia.
   Satsinga legg til rette for mindre næringsutvikling, samt kultur, oppleving og omdømebygging.

3. Fortsette arbeidet for utvikling av folkebiblioteket som møteplass og debattarena.
   Satsinga legg til rette for samfunnsbygging og omdømebygging.

4. Fortsette arbeidet for utvikling av Herøy kulturhus og Herøyhallen, i samarbeid med brukarar av huset og eigedomsavdelinga.
   Arbeidet legg til rette for kultur, oppleving og omdømebygging.

5. Planarbeid:
   a. Frivilligplan (revidering)
   b. Kommunedelplan for næring, kultur og idrett (revidering)
   c. Områderegulering av øya Herøy med tilgrensande områder (under utarbeiding)
   d. Kulturminneplan

Framdriftsplan med milestolpar for prosjekt som ligg i K-sak 192/15:

- Kulturhuset (kvitevarer, møblar o.l.)

Andre utfordringar i 2016:

- Personal:
  - Permisjon i 100 % stilling ved folkebiblioteket frå ca. 1. mai. og i eitt år. Forsvarlegheitsvurdering vert lagt til grunn.
  - Forventa reduksjon i tilskot til teknisk ansvarleg ved konserthuset ila 2016 ifm. at hotellet ynskjer trekke seg frå samarbeidsavtalen. Må sjåast i samband med det heilheitlige samarbeidet med THF og forsvarlegheitsvurderinga.
  - Endring frå midlertidig til faste stillingsheimlar for tilsette ved kinoen. Forsvarlegheitsvurdering vert lagt til grunn.

- Fosnavåg konserthus og Fosnavåg kino:
  Fremje sak til politisk behandling om organisering av drifta.

- Herøy kulturhus og Herøyhallen:
  God og hensiktsmessig leiing og drift av kulturhuset og idrettshallen.

Fosnavåg 3.2.2016

Olaus-Jon Kopperstad **Eileen Gjerde**

ÅRSPLAN – MÅLKART 2016

AVDELING: Utviklingsavdelinga

MÅLSETTING

Kommunen sin visjon, *Herøy – ei båtlengd føre*, er offensiv og knyter historie og framtid saman. Gjennom identitetsbygging, skape felleskjensler og legge grunnlag for innovasjon skal ein gjere bevisste val på kva område ein skal vere i forkant.

På kva område skal avdelinga fylgje opp kommunen sin visjon og vere ein innovatør/spydspiss ?

Innovasjon, nytenking og effektivisering skal vere ein del av kvardagen til avdelinga.

Ein skal arbeide aktiv for at GIS vert implementert med nye og innovative produkt som bidreg til effektiv kartforvaltning for alle. Brukervenlege tenester skal forenkle kvardagen til innbyggarane, tilsette og kundar.

Byutviklingsprosjektet Fosnavåg skal vidareførast som eit eksempel for berekraftig arealplanlegging og utbygging.

Korleis skal du som leiar bidra til at Herøy sin misjon vert ivaretatt gjennom avdelinga sitt daglege arbeid og legge grunnlaget for eitt tverrfagleg samarbeid?

Ein skal forsterke effekten av nyleg gjennomført omorganisering med fokus på prioritering og gjennomføringsevne innanfor alle fagområder som avdelinga har ansvar for.

Ein skal vidare bidra til at det interne samarbeidet på tvers av avdelingar gir optimalisert ressursutnytting både internt og eksternt.

Økonomi

Kommunestyret har lagt føringar for at avdelingane skal syte for streng prioritering i drifta, satse på tiltak som frigjev ressursar, leggje grunnlag for å byggje opp bufferfond og ta ut synergiar gjennom samarbeid.

Rammeinnsparinga på dei ulike avdelingane og nedbemanning av organisasjonen er ein føresetnad for kommuneøkonomien for 2016.

Korleis skal di avdeling bidra til at kommunestyret sine føringar og forventningar om ein reduksjon i budsjettet og nedbemanning vert gjennomført i 2016 ?

Utviklingsavdelinga vil i 2016 ha desse fokusområda for å sikre kommunestyret sine føringar vert ivaretatt:

-ikkje sette inn vikarar ved ledige heimlar med unntak av stillingar som er knytt til beredskap.

-effektivisere intern og ekstern tenesteproduksjon ved å ta i bruk ny teknologi eller arbeidsmåtar

-redusere eller ta bort tenestetilbod som ikkje lovpålagde.

Organisasjon

Herøy kommune skal gjennom sine styringsprinsipp *samhandling, kommunikasjon, medverknad og nytenking* nå sine overordna målsettingar med å legge grunnlag for *trivsel, miljø, samhald og nyskaping* i kommuneorganisasjonen og samfunnet.

Kommunestyret vil utvikle gode leiarar på alle nivå gjennom systematisk leiarutvikling og utvikle kompetansen til dei tilsette med bakgrunn i organisasjonen sitt behov. Dei overordna målsetjingane som gjeld for organisasjonen og samfunnet skal følgjast opp.

Korleis skal du som leiar bidra til motiverte medarbeidarar og legge grunnlag for at organisasjonen sine overordna målsetjingar vert ivaretatt ?

Eg som leiar ønskjer å bygge ei avdeling i tråd med kommunestyret sine ambisjonar om å ha ein organisasjon som held god fagleg standard og som bidreg til positivt arbeidsmiljø.

Avdelinga vil legge til rette for:

-relevante kompetansehevande kurs som gir meir effektive arbeidsprosessar.
-større medverknad og ansvar i planlegging av eigen kvardag.
-å forsterke arbeidsplassen sitt positive arbeidsmiljø.
-årlege medarbeidarsamtalar
-regelmessige møter innanfor dei ulike fagområda bidreg til forutsigbare prosessar.
-personleg utvikling.
-avdelingstur med fagleg påfyll.

Tenester

Kommunestyret ber avdelingane om å tilpasse tenestenivået innanfor tilgjengelege ressursar sett i lys av dei forventningar innbyggarane har til kommunen. Tenestene skal utøvast med kvalitet og tilstrekkeleg kompetanse og sakshandsaminga skal vere i tråd med forvaltningslova.

Korleis kan du som leiar sikre at forventningane som er stilt vert ivaretatt på best mogleg måte innanfor ditt ansvarsområde og korleis skal dette målast ?

Det viktigaste vil vere å sørgje for at dei enkelte tenesteområda i avdelinga får rett prioritering. Ved å legge til rette for politisk forventningsavklaring vil ein kunne imøtekome behov og krav som samfunnet har til organisasjonen til ei kvar tid.

Avdelinga har fokus på at saksbehandlingstida er innanfor eit forsvarleg nivå og ikkje går utover lova sine krav. Ved å ha fokus på gode interne rapporteringar kan ein følgje opp at måla vert nådd på dette punktet løpande.

Revidering av sakshandsamingsrutiner og prosedyrer i kvalitetslosen vil sikre god og lik sakshandsaming itråd med lova sitt formål. Måloppnåing vert ivaretatt gjennom fylkesmannen si avgjerd i klagesaker. Avdelinga har styrka eiga handsaming av klager ved at «arbeidet» vert kvalitetsikra av eigen medarbeidar med jus-kompetanse.

Lokalsamfunn

Herøy kommune ynskjer at innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv skal vere tilfredse med kommunen som tilretteleggjar, samfunnsbyggjar og tenesteytar.

Kommunen har målsetting om å vere :

- ei trygg kommune med god beredskap.
- ein open organisasjon som gir informasjon til innbyggarane.
- ein organisasjon som er samarbeids- og omstillingsvillig.
- ein organisasjon som fremjar godt omdømme.

I budsjettet for 2016 legg kommunestyret til rette for ei satsing på bustad- og næringsutvikling, kultur, opplevingar og omdømebygging.

Korleis skal du og di avdeling forsterke tiltaka som kommunestyret har lagt til rette for i 2016 ?

Avdelinga vil ha fokus på bruker/kundetilfredshet samt vere løysingsorientert i vår tilnærming til ulike saker som avdelinga er involvert i.

Avdelinga skal vere aktiv i samfunnsbygginga ved legge til rette for eit mangfald av aktivitetar i tråd med overordna planverk og på bakgrunn av dei gjennomgåande perspektiva til kommuneplanen sin samfunnsdel.

Avdelinga skal vere open og innovativ og søkje samarbeid der det er naturleg.

Avdelinga skal yte kvalitet, vere rask, og ha forutsigbar saksbehandling som gjev grunnlag for godt omdømme.

Andre utfordringar som skal prioriterast i 2016:

- Etablere ei god og effektiv avdeling der samhaldet står i fokus
- Følgje opp planprioriteringa 2016

- Følgje opp anleggsprioritering 2016
- Sjå på tiltak som effektiviserer handsaming av bygge og delesaker
- Redusere ventetid på oppmåling til eit minimum.
- Starte opp kvalitetsprosjekt på matrikkel og eigedomskart
- Fullføre scanning av byggesaksarkiv
- Ei sterk satsing på GIS
- Vidareføre byutviklingsprosjektet for Fosnavåg, fase 2
- Følgje opp miljøprosjekt Fosnavåg hamn
- Optimalisere kjøp og sal av eigedomar
- Følgje opp kommunereformarbeidet
- Trafikktrygging
- Vassverk
- Hamnesak

Diskutere:
Brann bør alt flyttast til Brannsjef, han har personal og bør ha økonomiansvar og ?

Fosnavåg……..

Olaus-Jon Kopperstad **NN**

Planid	Plannamn	Type plan	Planoppgåve	Kommunal/Privat	Planleggar	Pol.prioritet
201245	Kommunedelplan Herøy kommune - avlaup	Kommunedelplan	Revisjon	Kommunal	Ole Magne	1 prioritet(kommunal)
201405	Reguleringsendring Koparstad, Havutsikten AS	Detaljregulering	Reguleringsendring	Privat	Ole Magne	Utan prioritet(privat)
201302	Kommunedelplan for Herøy - bustadpolitikk	Kommunedelplan	Revisjon	Kommunal	Ole Magne	1 prioritet(kommunal)
201303	Rusmiddelpolitisk handlingsplan			Kommunal	Ole Magne	2 prioritet(kommunal)
201401	Kommunedelplan for Herøy - strategisk næringsplan	Kommunedelplan	Revisjon	Kommunal	Ole Magne	1 prioritet(kommunal)
201402	Kommunedelplan for Herøy - idrett,fysisk og friluft	Kommunedelplan	Revisjon	Kommunal	Ole Magne	1 prioritet(kommunal)
	Kommunedelplan for Herøy - vassforsyning	Kommunedelplan		Kommunal	Jon Rune	1 prioritet(kommunal)
	Frivilligplan for Herøy			Kommunal	Ole Magne	2 prioritet(kommunal)
	Planstrategi for Herøy	Anna plan	Revisjon	Kommunal	Ole Magne	1 prioritet(kommunal)
	Kommunereform	Anna plan	Anna planarbeid	Kommunal	Ole Magne	1 prioritet(kommunal)
	Kommmunedelplan for Herøy - trafikktrygging	Kommunedelplan	Revisjon	Kommunal	Ikkje fordelt	1 prioritet(kommunal)
	Interkommunalt planarbeid - Kystsone	Anna plan	Ny plan	Kommunal	Ole Magne	1 prioritet(kommunal)
201265	Reguleringsplan for Kvalsund hamn	Detaljregulering	Ny plan	Kommunal	Aleksander	2 prioritet(kommunal)
201267	FV 654 Flusundkrysset - kryss mot Kvithaugsmyra	Detaljregulering	Ny plan	Kommunal	Aleksander	1 prioritet(kommunal)
	FV 18 Leine - Remøyholmen	Detaljregulering	Reguleringsendring	Kommunal	Ikkje fordelt	2 prioritet(kommunal)
201411	Reguleringsplan Herøy gard	Detaljregulering	Ny plan	Kommunal	Berit	1 prioritet(kommunal)
201305	Reguleringsendring Frøystad skule Gnr 20 Bnr 27 m.fl	Detaljregulering	Ny plan	Kommunal	Berit	1 prioritet(kommunal)
201516	Regulering av deponi Fosnavåg	Detaljregulering	Ny plan	Kommunal	Berit	1 prioritet(kommunal)
201602	Regulering ytre del Fosnavåg, byutvikling	Detaljregulering	Ny plan	Kommunal	Berit	1 prioritet(kommunal)
	Myklebust, utviding av bustadfelt	Detaljregulering	Ny plan	Kommunal	Ikkje fordelt	2 prioritet(kommunal)
	Industriområde Myrvåg	Detaljregulering	Ny plan	Kommunal	Ikkje fordelt	2 prioritet(kommunal)
	Parkeringsplass lysløype Leikong	Detaljregulering	Ny plan	Kommunal	Ole Magne	2 prioritet(kommunal)
201309	Detaljregulering planfri kryssing Koppen	Detaljregulering	Ny plan	Kommunal	Aleksander	1 prioritet(kommunal)
201260	Detaljregulering gang og sykkelveg Nykrem-Djupvik	Detaljregulering	Ny plan	Kommunal	Aleksander	2 prioritet(kommunal)
201254	Detaljregulering gang og sykkelveg Frøystad-Torvik	Detaljregulering	Ny plan	Kommunal	Aleksander	2 prioritet(kommunal)
201312	Detaljregulering gang og sykkelveg Moltu	Detaljregulering	Ny plan	Kommunal	Aleksander	1 prioritet(kommunal)
	Detaljregulering gangveg Osen, Leikong	Detaljregulering	Ny plan	Kommunal	Ikkje fordelt	2 prioritet(kommunal)
	Nerlandsøybrua, tilleggsregulering veg	Detaljregulering	Ny plan	Kommunal	Aleksander	1 prioritet(kommunal)
	Nerlandsøybrua	Detaljregulering	Ny plan	Regional	Aleksander	1 prioritet(kommunal)
201601	Masseuttak stein	Detaljregulering	Ny plan	Kommunal	Berit	1 prioritet(kommunal)
	Detaljreguleringsplan for næringsområde	Detaljregulering	Ny plan	Kommunal	Ikkje fordelt	2 prioritet(kommunal)
201286	Fv 654 Indre Herøy kyrkje - Stokksund	Detaljregulering	Ny plan	Regional	Aleksander	1 prioritet(kommunal)
201408	Reguleringsendring Jensholmen båtlag	Detaljregulering	Reguleringsendring	Privat	Berit	Utan prioritet(privat)
201514	Detaljregulering Indre Moltumyr	Detaljregulering	Ny plan	Privat	Aleksander	Utan prioritet(privat)
201502	Reguleringsendring Eggesbøjorda sør	Detaljregulering	Reguleringsendring	Privat	Berit	Utan prioritet(privat)

201504	Detalregulering Stokksund B33	Detaljregulering	Ny plan	Privat	Ole Magne	Utan prioritet(privat)
201506	Detaljregulering for gnr 19 Bnr 85 m.fl Røyra	Detaljregulering	Ny plan	Privat	Berit	Utan prioritet(privat)
201505	Detaljregulering Teigebogen/Teigeneset	Detaljregulering	Ny plan	Privat	Ole Magne	Utan prioritet(privat)
	Detaljregulering Gjertnesmarka	Detaljregulering	Ny plan	Privat	Aleksander	Utan prioritet(privat)
201511	Detalregulering Flusund brygge gnr 27 bnr 2	Detaljregulering	Ny plan	Privat	Aleksander	Utan prioritet(privat)
	Detaljregulering for Kleivaneset	Detaljregulering	Ny plan	Privat	Aleksander	Utan prioritet(privat)
201410	Detaljregulering for Teigane gnr 5 bnr 1 m.fl	Detaljregulering	Ny plan	Privat	Ole Magne	Utan prioritet(privat)
201509	Detaljregulering for B5 Teige	Detaljregulering	Ny plan	Privat	Ole Magne	Utan prioritet(privat)
201512	Reguleringsendring Leine gnr 26 bnr 24	Detaljregulering	Ny plan	Privat	Ole Magne	Utan prioritet(privat)
201515	Detaljregulering for Håvika gnr 53 bnr 5	Detaljregulering	Ny plan	Privat	Aleksander	Utan prioritet(privat)
	Reguleringsendring for Røyra gnr 19 bnr 3	Detaljregulering	Ny plan	Privat	Berit	Utan prioritet(privat)
201517	Reguleringsendring for Indre Bergsøy gnr 29 bnr 12	Detaljregulering	Ny plan	Privat	Berit	Utan prioritet(privat)
201510	Reguleringsendring Aspevika hytteområde	Detaljregulering	Reguleringsendring	Privat	Aleksander	Utan prioritet(privat)
201513	Detaljregulering for Kvalsvik hamn gnr 7 bnr 37	Detaljregulering	Ny plan	Privat	Aleksander	Utan prioritet(privat)
201301	Reguleringsendring Lanternen Marina gnr 42 bnr 1	Detaljregulering	Reguleringsendring	Privat	Berit	Utan prioritet(privat)
	Regulering Indre hamn, næringsareal	Detaljregulering	Ny plan	Kommunal		2 prioritet(kommunal)

Prosjektnr	Prosjektbeskrivelse	Ansvarleg	Type prosjekt	Status
-	Kvalsund/Teige	LENE	UTBYGGINGSAVTALE	AKTIV LITE
-	Torvik resort	LENE	UTBYGGINGSAVTALE	AVSLUTTA
-	Havutsikta	LENE	UTBYGGINGSAVTALE	AVSLUTTA
-	Myklebuståsen	LENE	UTBYGGINGSAVTALE	AVSLUTTA
-	Myrvåg	LENE	UTBYGGINGSAVTALE	AVSLUTTA
-	Vågsholmen	JON RUNE	UTBYGGINGSAVTALE	AKTIV MIDDELS
51922	Veg 7 - Bergslia	JON RUNE	ANLEGG VEG	AKTIV LITE
51200	Leikanger skule. 7-ar bane.	LENE	ANLEGG IDRETT	AKTIV LITE
51004	Havila stadion	LENE	ANLEGG IDRETT	AKTIV LITE
51320	Ledningsanlegg Berge	FRED	ANLEGG AVLØP	AVSLUTTA
51923	Ledningsanlegg Moltu	FRED	ANLEGG AVLØP	AVSLUTTA
51205	Leikanger skule, parkering/snuplass	ELDAR	ANLEGG VEG	AKTIV STOR
P201601	Bru til Herøy gard	JON RUNE	ANLEGG VEG	AKTIV LITE
51925	Silanlegg Grønhaug	LENE	ANLEGG AVLØP	AKTIV LITE
P201602	Einedalen, trafikktrygging	JON RUNE	ANLEGG TRAFIKKTRYGGING	AVSLUTTA
51937	Leine bustadfelt	JON RUNE	ANLEGG BUSTADAREAL	AVSLUTTA
51304	Kai v /Strandteigen	LENE	ANLEGG HAMN	AKTIV LITE
51361	Almenning, ledningsanlegg	LENE	ANLEGG AVLØP	AKTIV LITE
51119	Vikane, rassikring	JON RUNE	ANLEGG ANDRE	AKTIV LITE
51350	Vegarm Campus-Myklebust	JON RUNE	ANLEGG VEG	AKTIV STOR
51151	Mjølstadneset- myrdeponi	JON RUNE	ANLEGG ANDRE	AKTIV STOR
51150	Mjølstadneset- næringsareal	LENE	ANLEGG NÆRINGSAREAL	AKTIV STOR
P201603	Nørvåg, veg og fortau	LENE	ANLEGG VEG	AKTIV LITE
51411	Bustadfelt, dreneringstiltak	FRED	ANLEGG ANDRE	AKTIV LITE
P201604	Vike/Toftedal	ELDAR	ANLEGG BUSTADAREAL	AKTIV STOR
51155	Eggesbøvegen	FRED	ANLEGG AVLØP	AVSLUTTA
P201605	Vågsholmen, pumpeledning	ELDAR	ANLEGG AVLØP	AKTIV LITE
51210	Myrabakken bustadfelt	ELDAR	ANLEGG BUSTADAREAL	AKTIV STOR
51153	Kleppeåsen, oppgradering	JULIA	ANLEGG VEG	AVSLUTTA
P201606	Moltu, avskjerande grøft	JULIA	ANLEGG ANDRE	AKTIV MIDDELS
P201607	Dragsund, nytt næringsområde	ELDAR	ANLEGG NÆRINGSAREAL	AKTIV LITE
P201608	Dragsund, utviding bustadfelt	ELDAR	ANLEGG BUSTADAREAL	AKTIV LITE

P201609	Ny Bergsøy skule	ELDAR	ANLEGG ANDRE	AKTIV LITE
50009	Frøystadskaret - planfri kryssing	ELDAR	ANLEGG TRAFIKKTRYGGING	AKTIV STOR
50014	Trafikktrygging - ytste Sævik	ALEKSANDER	ANLEGG TRAFIKKTRYGGING	AKTIV STOR
50015	Trafikktrygging - utskifting veglys	ALEKSANDER	ANLEGG TRAFIKKTRYGGING	AKTIV STOR
50016	Trafikktrygging - intensiv belysning	ALEKSANDER	ANLEGG TRAFIKKTRYGGING	AKTIV STOR
51209	Trafikktrygging - generelt	JULIA	ANLEGG TRAFIKKTRYGGING	
51912	Kloakkrammeplan - generelt	FRED	ANLEGG AVLØP	
51916	Bustadfelt, infrastruktur	LENE	ANLEGG BUSTADAREAL	AKTIV LITE
51941	Veglysanlegg- generelt	FRED	ANLEGG LYS	
50151	Skarabakken- oppgradering	ALEKSANDER	ANLEGG VEG	AKTIV STOR
P201610	Vågsholmen, ny bru	ELDAR	ANLEGG VEG	AKTIV LITE
P201611	Eggesbønes- nytt industriareal	LENE	ANLEGG NÆRINGSAREAL	NESTE ØK_PERIODE
P201612	Moltu, ny veg (Nygjerdevegen)	LENE	ANLEGG VEG	NESTE ØK_PERIODE
P201613	Eggesbønes- ny vegarm	LENE	ANLEGG VEG	NESTE ØK_PERIODE
P201614	Bergshaugen	JON RUNE	UTBYGGINGSAVTALE	AKTIV LITE
P201615	Myklebustvatnet vest	JON RUNE	UTBYGGINGSAVTALE	AKTIV LITE
P201616	Tovågen	LENE	UTBYGGINGSAVTALE	AKTIV LITE
51405	Almenningen	LENE	ANLEGG HAMN	AKTIV LITE
P201617	Rassikring Huldal	LENE	ANLEGG ANDRE	AKTIV STOR
51003	Parkeringsareal bak rådhuset	JON RUNE	ANLEGG VEG	
51310	Uteområde øvre Fosnavåg	LENE	UTBYGGINGSAVTALE	AVSLUTTA
P201618	Tursti Myklebustvatnet	ELDAR	ANLEGG IDRETT	AKTIV MIDDELS

ÅRSPLAN – MÅLKART 2016
Eigedomsavdelinga

MÅLSETTING
Kommunen sin visjon, *Herøy – ei båtlengd føre*, er offensiv og knyter historie og framtid saman. Gjennom identitetsbygging, skape felleskjensler og legge grunnlag for innovasjon skal ein gjere bevisste val på kva område ein skal vere i forkant.

På kva område skal avdelinga fylgje opp kommunen sin visjon og vere ein innovatør/spydspiss?

Eigedomsavdelinga skal vere ein innovatør/spydspiss innanfor ansvarsområdet eigedomsforvaltning og særleg innanfor for fylgjande fagfelt:

Reinhald
Eigedomsavdelinga vil i 2016 fortsette arbeidet med omorganisering av reinhaldet. Målsettinga med arbeidet er å gjere seksjon reinhald meir robust i forhold til sjukefråvær, meir fleksibel i forhold til løpande drift, meir effektiv i form av ressursutnytting og meir interessant for den einskilde reinhaldar.

Vi vil i 2016 jobbe vidare, særleg med fylgjande tema:

- *Auka kompetansen for den einskilde gjennom fagdagar og fagbrev*
- *Få vekk mest mogleg av aleinearbeidet.*
- *Nytte resursane på tvers av bygga og på tvers av områda.*
- *Motivere til endring og omstilling*
- *Omdefinere funksjonen reinhaldar til miljøservicearbeider*

Ovannemnde omorganiseringsarbeid føreset at reinhaldet kan gjennomførast på dagtid, at eigedomsavdelinga får naudsynt informasjon frå brukarane av bygget om endringar i drifta og særleg for skulebygg: at timeplanane for det einskilde rom er synlege for reinhaldarane på bygget. Prosessen skal gjennomførast i dialog med brukarane, dei tilsette og dei tillitsvalde i kontaktmøte.

Ansvaret for reinhaldet i Herøyhallen ligg av historiske årsaker til kulturavdelinga. Eigedomsavdelinga ynskjer å overta dette ansvaret slik at ansvaret for reinhald i kommunale formålsbygg er samla under eitt ansvarsområde. Eigedomsavdelinga vil i den samanheng revidere ansvarsfordelinga overfor brukarane av hallen for å sikre eit forsvarleg reinhald og eit avklart ansvar.

Ansvaret for reinhald av fellesareal i kommunale omsorgsbustadar er delt mellom eigedomsavdelinga, pleie- og omsorgsavdelinga og bu- og habiliteringsavdelinga. Med utgangspunkt i prinsippet om å samle like tenester under samme ansvar vurderer vi difor å:

- *Tilrettelegge for brukarane sitt reinhald gjennom reinhaldsplaner for fellesarealet, herunder rettleiing om reinhaldsmiddel og metodikk, slik at brukarane kan gjennomføre reinhaldet på forsvarleg vis.*
- *Overføring av ansvaret for reinhaldet til eigedomsavdelinga. Dette vil i så fall auke vårt behov for resurser og utstyr.*

Byggdrift
Eigedomsavdelinga har utarbeida driftsplan for kommunale formålsbygg som inneber fagleg og teknisk tilsyn med bygningsmassen, i snitt kvar 14. dag. Dette er viktig for å kunne ivareta vårt lovpålagte internkontrollansvar og for å kunne sikre forsvarleg drift gjennom forebyggande tilsyn og vedlikehald. Gjennomføringa av planen har vore krevjande, mellom anna grunna høgt sjukefråvær, men vil startast opp igjen i 2016.

Herøy kommune skal vere ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i.

Korleis skal du som leiar bidra til at Herøy sin misjon vert ivaretatt gjennom avdelinga sitt daglege arbeid?

Eigedomsavdelinga forvaltar eigarskapet til kommunale bygg og påverkar såleis både besøkande, buande og arbeidande si vurdering av Herøy som ei attraktiv kommune.

Eigedomsavdelinga arbeidar for at det det skal vere triveleg å besøke eit kommunalt bygg. Vi arbeidar også for trygge og funksjonelle leikeplassar ved kommunens barnehagar og skulebygg og avsluttar i 2016 ei oppgradering av leikeplassutstyret som har pågått over 4 år.

Vi arbeidar for at kommunen skal kunne tilby eit trygt og godt bumiljø for alle, anten dette gjeld leigetakarar i kommunale utleigebustadar eller naboar. I 2016 vil vi difor ha sterkare fokus på den einskilde leigetakarens ansvar for bumiljøet.

ØKONOMI

Kommunestyret har lagt føringar for at avdelingane skal syte for streng prioritering i drifta, satse på tiltak som frigjev ressursar, leggje grunnlag for å byggje opp bufferfond og ta ut synergiar gjennom samarbeid.

Rammeinnsparinga på dei ulike avdelingane og nedbemanning av organisasjonen er ein føresetnad for kommuneøkonomien for 2016.

Korleis skal di avdeling bidra til at kommunestyret sine føringar og forventningar om ein reduksjon i budsjettet og nedbemanning vert gjennomført i 2016 ?

Kommunestyret har vedteke eit rammetrekk på kr. 215 000 av Eigedomsavdelinga sitt netto driftsbudsjett på kr. 17,2 mill. Rammetrekket søkast løyst på fylgjande måte:

Tiltak	Sum
Redusert avsetning til planlagt vedlikehald	**95 000,-**
Redusert avsetning til reinhald	**95 000,-**
Redusert avsetning til kompetanseheving	**25 000,-**
Netto rammeinnsparing	**215 000,-**

Eigedomsavdelinga har slike merknadar til forslaga til rammekutt:

Redusert driftsramme til vedlikehald

Forslaget inneber at budsjettet for planlagt vedlikehald av kommunale bygg reduserast frå kr. 3 561 636,- til kr. 3 466 636. Samanlikna med normtal for akseptabelt vedlikehaldsnivå på kr. 100 pr. m2 BTA, er revidert budsjett omlag kr. 3 mill for lågt.

Redusert driftsramme til reinhald

Omorganiseringa av seksjon reinhald inneber eit redusert driftsbudsjett for ansvar 6051. Difor reduserte avdelinga forslaget til driftsbudsjett for ansvarsområdet med kr. 500 000 i forslaget til budsjett 2016. Vi meiner det er potensiale for ytterlegare innsparing og belaster difor ansvarsområdet for ytterlegare rammekutt. Eigedomsavdelinga har håp om at omorganseringa som pågår vil redusere kostnadane, mellom anna gjennom fjerning av kveldstillegg og eit prinsipp om at arbeid skal utførast på dagtid.

Nedbemanning og omorganisering

Eigedomsavdelinga overtok ansvaret for kommunale byggeprosjekt 01.11.2015. Ansvaret for kommunale bygg er såleis samla under eitt ansvarsområde.

Avdelinga fortsett i 2016 det pågåande organisasjons- og arbeidsmiljøprosjektet innanfor ansvar 6051 reinhald for å effektivisere reinhaldet og styrke evna til omstilling, effektivisering og samarbeid. Forøvrig avventer avdelinga rådmannens prosess for mogleg omorganisering av kommuneorganisasjonen generelt.

ORGANISASJON

Kommunestyret vil utvikle gode leiarar på alle nivå gjennom systematisk leiarutvikling og utvikle kompetansen til dei tilsette med bakgrunn i organisasjonen sitt behov.

Kommunestyret ber om at stillingar vert haldne vakante så lenge det er **forsvarleg**. Kommunestyret ber vidare om at rådmannen i samarbeid med administrasjonen og dei tillitsvalde legg fram ein plan for reduksjon av lønsutgiftene/nedbemanning innan 01.03.2016.

Kommunestyret legg til grunn at det vert gjennomført organisatoriske endringar med verknad frå 01.01.2017 slik at det vert lagt betre til rette for å nytte ressursane på tvers i organisasjonen.

Korleis skal du som leiar bidra til å motivere medarbeidarar til nødvendig endringar og legge grunnlag for at organisasjonen sine overordna målsetjingar vert ivaretatt ?

Ei eventuell omorganisering og nedbemanning av organisasjonen har vore drøfta i avdelingsstaben. Rett informasjon til rett person er ein vesentleg premiss. Forøvrig er avdelingsstaben motivert til endring så sant premissane for prosessen er avklart, prosessen er ryddig, endringane er naudsynte og den nye organiseringa løyser utfordringane som ligg til grunn for omorganiseringa. Nye oppgåver for avdelinga er ikkje utelukka, men det føreset tilførsel av tilsvarande ressursar administrativt og økonomisk.

TENESTER

Kommunestyret ber om at stillingar vert haldne vakante så lenge det er forsvarleg.

Korleis kan du som leiar sikre at dei fagleg ansvarlege har kompetanse til å definere eit forsvarleg tenestenivå slik at vurderingane vert mest mogleg lik på dei ulike arbeidsstadane? Vi vil i denne vurderinga også samanlikne tenestenivået med kringliggande kommunar.

Eigedomsavdelinga vil ved forsvarlegheitsvurderinga av vakante stillingar nytte den arbeidsmetodikk rådmannens leiargruppe har blitt

samde om for å sikre likast mogleg vurdering i kommuneorganisasjonen. Samstundes vil vi i vurderinga sjå hen til tenestenivået i andre kommunar for å kunne vurdere om vårt tenestenivå er forsvarleg eller ikkje.

LOKALSAMFUNN

Herøy kommune ynskjer at innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv skal vere tilfredse med kommunen som tilretteleggjar, samfunnsbyggjar og tenesteytar.

Kommunen har målsetting om å vere :

- ei trygg kommune med god beredskap.
- ein open organisasjon som gir informasjon til innbyggarane.
- ein organisasjon som er samarbeids- og omstillingsvillig.
- ein organisasjon som fremjar godt omdømme.

I budsjettet for 2016 legg kommunestyret til rette for ei satsing på bustad- og næringsutvikling, kultur, opplevingar og omdømebygging.

Korleis skal du og di avdeling forsterke tiltaka som kommunestyret har lagt til rette for i 2016 ?

Rådmannen har under dette punkt bede avdelinga om å særleg kommentere:

Bustadpolitikk

Kommunedelplan for bustadpolitikk vert oversendt kommunestyret til slutthandsaming i fyrste tertial 2016. Handlingsplanen skal deretter gjennomførast med særleg fokus på samhandling mellom tenesteytande avdelingar samt strategi for utfasing av gjennomgangsbustadar og etablering av nye bueiningar. Nye bueiningar må vurderast opp mot sal av eksisterande bustadar og eventuell oppfinansiering av nye prosjekt i budsjett- og økonomiplan 2017-2020.

Omdømmebygging

Eigedomsavdelinga byggjer sitt arbeid på fylgjande delmål:

1. Rett informasjon til rett person til rett tid
2. Rett sakshandsaming
3. Rask sakshandsaming
4. Profesjonalitet
5. Godt humør og positiv innstilling

Enkelte seier vi ikkje er der, men det er i alle fall dit vi skal.

INVESTERINGSPROSJEKT
Det er avsett totalt 67 mill. til investeringar innanfor eigedomsavdelinga sitt ansvarsområde i 2016. For økonomiplanperioda 2017-2019 er det avsett 11,5 mill.

Det er i budsjettet overført fleire investeringsprosjekt frå 2015 som eigedomsavdelinga vil avklare forholda rundt ved regnskapsavslutning 2015. Dette kan endre den samla løyvinga for dei einskilde prosjekt i komande periode. Førebels forslag til endring framgår av prosjektbeskrivinga nedanfor. Avdelinga tek atterhald om at regnskapsavslutninga for 2015 kan endre på dette.

51408 - Einedalen skule - tilbygg fleirbrukshall (RHH)

Bygging av fleirbrukshall som tilbygg til Einedalen skule.

Finansiering	**2016**	**2017**	**2018**	**2019**
Budsjett- og økonomiplan 2016-2019	-	-	250 000,-	5 000 000,-
Budsjettrevisjon # 1	250 000,-	**Merknad**	Overførast frå prosjekt 61509	
Revidert budsjett 2016	**250 000,-**			

Prosjektets omfang og innhald avklarast gjennom byggeprogrammet, som oversendast til politisk handsaming i komite for oppvekst og kommunestyret, slik:

Framdriftsplan	**Milepæl**	**16/T1**	**16/T2**	**16/T3**
Programfase	Byggeprogram	x		
Prosjekteringsfase	Konkurransegrunnlag			
Anbodsfase	Kontrakt			
Byggefase	Løyve til tiltak			
Garantifase	Overlevering			

Prosjekteringsfasa startar ikkje opp før i 2018 grunna manglande finansiering.

Planleggingsmidlane for 2015 vert nytta til ferdigstilling av byggeprogram, herunder kvalitetssikring av alternative modellar for utbygging.

51412 - Omsorgsbustadar og base for heimetenesta (TS)

Bygging av 16 omsorgsbustadar og base for heimetenesta i nybygg ved Herøy omsorgssenter – Blå avdeling. Omsorgsbustadane skal erstatte dagens institusjonsplassar og arbeidsplassar ved Herøy omsorgssenter – gul avdeling.

Finansiering	**2016**	**2017**	**2018**	**2019**
Budsjett- og økonomiplan 2016-2019	-	-	-	-
Budsjettrevisjon #1	40 350 000,-	**Merknad**	Overførast frå prosjekt 61502	
Revidert budsjett 2016	**40 350 000,-**			

Prosjektet ferdigstillast i 2016. Økonomisk avslutning i 2017.

Framdriftsplan	**Milepæl**	**16/T1**	**16/T2**	**16/T3**
Programfase	Byggeprogram			
Prosjekteringsfase	Konkurransegrunnlag			
Anbodsfase	Kontrakt			
Byggefase	Løyve til tiltak	x	x	x
Garantifase	Overlevering			x

60106 - Herøy kulturhus - mindre ombyggingstiltak (RHH)

Mindre oppgraderingstiltak for å lukke avvik etter branntilsyn, auke funksjonaliteten for brukarane av bygget og sikkerheita ved bygget generelt.

Finansiering	**2016**	**2017**	**2018**	**2019**
Budsjett- og økonomiplan 2016-2019	2 900 000,-	-	-	-
Budsjettrevisjon # 1	-	**Merknad**		
Revidert budsjett 2016	**2 900 000,-**			

Aktivitetar:

1. Utskifting av ytterdørene i bygget.
2. Installering av automatisk skalsikring.
3. Installering av automatisk låssystem innvendig

Framdriftsplan	**Milepæl**	**16/T1**	**16/T2**	**16/T3**
Anbodsfase	Konkurransegrunnlag		x	

Gjennomføringsfase	Kontrakt			x
Ferdigstillelse	Overlevering			x

Ombygging av rom 057 Trimrom til nytt IKT-senter kan bli aktuelt, men dette avklarast i eiga sak til kommunestyret. Framdriftsplanen for prosjektet vil difor reviderast i samsvar med vedtaket i den ska.

61302 - Eigedomsavdelinga - kjøp av bilar og lift (TSS)

Kjøp av bilar og lift til eigedomsavdelinga sin seksjon byggdrift.

Finansiering	**2016**	**2017**	**2018**	**2019**
Budsjett- og økonomiplan 2016-2019	-	-	-	-
Budsjettrevisjon # 1	748 200,-	**Merknad**	Overførast frå budsjett 2015	
Revidert budsjett 2016	**748 200,-**			

Bilane vart kjøpt inn i 2015 og januar 2016. Det gjenstår å kjøpe lift.

Framdriftsplan	**Milepæl**	**16/T1**	**16/T2**	**16/T3**
Anbodsfase	Konkurransegrunnlag	x		
Gjennomføringsfase	Kontrakt	x		
Ferdigstillelse	Overlevering		x	

61501 - Frøystad skule - riving (TS)

Utgår. Sjå prosjekt 60402.

Finansiering	**2016**	**2017**	**2018**	**2019**
Budsjett- og økonomiplan 2016-2019	1 000 000,-	-	-	-
Budsjettrevisjon # 1	- 1 000 000,-	**Merknad**	Overførast prosjekt 60402	
Revidert budsjett 2016	**0,-**			

61502 - Omsorgsbustadar og base for heimetenesta (TS)

Utgår. Sjå prosjekt 51412.

Finansiering	**2016**	**2017**	**2018**	**2019**

Budsjett- og økonomiplan 2016-2019	40 350 000,-	-	-	-
Budsjettrevisjon # 1	- 40 350 000,-	**Merknad**	Overførast prosjekt 51412	
Revidert budsjett 2016	**0,-**			

61504 - Herøy ressurssenter (TS)

Samlokalisering av dagtilboda ved Herøy produksjon, Herøy aktivitetssenter og Vaksenopplæringa i eit nytt ressurssenter på kommunal eigedom ved Herøy produksjon.

Finansiering	**2016**	**2017**	**2018**	**2019**
Budsjett- og økonomiplan 2016-2019	-	500 000,-	-	-
Budsjettrevisjon # 1	-	**Merknad**		
Revidert budsjett 2016	-			

Prosjektets omfang og innhald avklarast gjennom byggeprogrammet, som oversendast til politisk handsaming i helse- og omsorgskomiteen og kommunestyret.

Framdriftsplan	**Milepæl**	**16/T1**	**16/T2**	**16/T3**
Programfase	Byggeprogram	x		
Prosjekteringsfase	Konkurransegrunnlag			
Anbodsfase	Kontrakt			
Byggefase	Løyve til tiltak			
Garantifase	Overlevering			

Prosjekteringsfasa startar ikkje opp før i 2017.

61506 - Flytting av IKT/Frivillegsentralen (RHH)

Flytting av Frivillegsentralen frå innleigde lokale i Fosnavåg sentrum til dagens lokale ved Herøy kulturhus for IKT-avdelinga.

Finansiering	**2016**	**2017**	**2018**	**2019**
Budsjett- og økonomiplan 2016-2019	-	-	-	-
Budsjettrevisjon # 1	500 000,-	**Merknad**	Overført frå budsjett 2015	
Revidert budsjett 2016	**500 000,-**			

Flytting må sjåast i samanheng med framdrifta for flytting av IKT-sentralen til alternativ lokasjon, sjå prosjekt 60106. Det er difor ikkje utarbeida eigen framdriftsplan for prosjektet.

61507 - Herøy rådhus - ombygging (TS)

Utgår. Sjå prosjekt 70021.

Finansiering	2016	2017	2018	2019
Budsjett- og økonomiplan 2016-2019	250 000,-	-	-	-
Budsjettrevisjon # 1	- 250 000,-	**Merknad**	Overførast prosjekt 70021	
Revidert budsjett 2016	**0,-**			

61508 - Herøy kulturhus - framtidig bruk (RMY)

Planleggingsmidlar for Herøy kulturhus skal nyttast for å avklare framtida for bygget, både når det gjeld ombygging av eksisterande bygg og eit eventuelt tilbygg for bibliotek.

Finansiering	2016	2017	2018	2019
Budsjett- og økonomiplan 2016-2019	-	-	-	-
Budsjettrevisjon # 1	- 250 000,-	**Merknad**	Overført frå budsjett 2015	
Revidert budsjett 2016	**250 000,-**			

Planleggingsmidlane nyttast i fyrste omgang til å innhente ein brannteknisk tilstandsrapport for bygget. Ein brannteknisk tilstandsrapport avklarar premissane for vidare bruk av huset, herunder premissane for ei eventuell ombygging eller tilbygg. Vidare vil eigedomsavdelinga saman med kulturavdelinga ferdigstille eit byggeprogram for framtidig bruk. Det er uklart om vi rekk det i 2016, men vi prøver.

Framdriftsplan	Milepæl	16/T1	16/T2	16/T3
Programfase	Byggeprogram			x
Prosjekteringsfase	Konkurransegrunnlag			
Anbodsfase	Kontrakt			
Byggefase	Løyve til tiltak			
Garantifase	Overlevering			

Prosjekteringsfasa startar ikkje opp før det er løyvd investeringsmidlar til dei naudsynte tiltak.

61509 - Einedalen skule - fleirbrukshall (RHH)

Utgår. Sjå prosjekt 51408

Finansiering	2016	2017	2018	2019
Budsjett- og økonomiplan 2016-2019	-		-	-
Budsjettrevisjon # 1	250 000,-	**Merknad**	Overført frå budsjett 2015	
Budsjettrevisjon # 2	- 250 000,-	**Merknad**	Overført til prosjekt 51408	
Revidert budsjett 2016	**0,-**			

61510 - Nedre Dragsund 2 - ombygging (TS)

Ombygging av delar av kommunens eigedom Nedre Dragsund 2 til ny Dragsund brannstasjon, herunder brannseksjonering av omsyn til vidare næringsutleige samt naudsynt oppgradering av fasadene i bygget.

Finansiering	2016	2017	2018	2019
Budsjett- og økonomiplan 2016-2019	0,-	0,-	-	-
Budsjettrevisjon # 1	500 000,-	3 000 000,-	Overført frå prosjekt 70023	
Budsjettrevisjon # 2	- 44 011,-	**Merknad**	Overført frå budsjett 2015	
Revidert budsjett 2016	**455 989,-**			

Løyvde budsjettmidlar i 2016 betraktast som planleggingsmidlar.

<u>Ombygging til ny brannstasjon</u>

Kommunestyret har vedtake eigedomsavdelinga sitt detaljforslag til ny brannstasjon i bygget, sjå K-sak 36/15.

Planleggingsmidlane nyttast i 2016 til innhenting av brannteknisk tilstandsrapport for bygget. Rapporten er premissleverandør for korleis ei ombygging kan gjennomførast.

Framdriftsplan	Milepæl	16/T1	16/T2	16/T3
Programfase	Byggeprogram		x	

Prosjekteringsfase	Konkurransegrunnlag			
Anbodsfase	Kontrakt			
Byggefase	Løyve til tiltak			
Garantifase	Overlevering			

Vidare prosjektering avhenger av entrepriseform og kan ved totalentreprise ikkje påbegynnast før i 2017 grunna finansieringsvedtaket.

Øvrig ombygging og oppgradering:
Øvrig ombygging og oppgradering omhandlar primært rehabilitering av yttertak og fasader. Det er ikkje løyvd tilstrekkelege midlar til dette i budsjett 2016.

* * *

Eigedomsavdelinga vil i budsjettprosessen for 2017 på nytt søke midlar til ombygging til ny brannstasjon samt andre naudsynte tiltak. Byggeprogram oversendast til politisk handsaming våren 2016.

61511 - Bilar (TSS)

Utgår. Sjå prosjekt 61302.

Finansiering	**2016**	**2017**	**2018**	**2019**
Budsjett- og økonomiplan 2016-2019	-	-	-	-
Budsjettrevisjon # 1	600 000,-	**Merknad**	Overført frå budsjett 2015	
Budsjettrevisjon # 2	- 600 000,-	**Merknad**	Overførast til prosjekt 61302	
Revidert budsjett 2016	**0,-**			

61512 - Lift (TSS)

Utgår. Sjå prosjekt 61302.

Finansiering	**2016**	**2017**	**2018**	**2019**
Budsjett- og økonomiplan 2016-2019	-	-	-	-
Budsjettrevisjon # 1	500 000,-	**Merknad**	Overført frå budsjett 2015	
Budsjettrevisjon # 2	- 500 000,-	**Merknad**	Overførast til prosjekt 61302	
Revidert budsjett 2016	**0,-**			

61513 - ENØK-tiltak (PKM)

Utgår. Sjå prosjekt 70018.

Finansiering	2016	2017	2018	2019
Budsjett- og økonomiplan 2016-2019	-	-	-	-
Budsjettrevisjon #1	837 363,-	**Merknad**	Overført frå budsjett 2015.	
Budsjettrevisjon #2	- 837 363,-	**Merknad**	Overførast til prosjekt 70018	
Revidert budsjett 2016	**0,-**			

61515 - Moltu skule - mindre oppgradering (PKM)

Mindre oppgradering av utvendige fasader.

Finansiering	2016	2017	2018	2019
Budsjett- og økonomiplan 2016-2019				
Budsjettrevisjon #1	158 411,-	**Merknad**	Overført frå budsjett 2015	
Revidert budsjett 2016	**158 411,-**			

61518 - Brannsikring av utleigebustadar (PKM)

Generell budsjettavsetning for å kunne lukke avvik etter branntilsyn i kommunale utleigebustadar.

Finansiering	2016	2017	2018	2019
Budsjett- og økonomiplan 2016-2019	-	-	-	-
Budsjettrevisjon #1	500 000,-	**Merknad**	Overført frå budsjett 2015	
Revidert budsjett 2016	**500 000,-**			

Aktivitetar:

1. Etablering og/eller oppgradering av brannalarmanlegg
2. Etablering av komfyrvakt
3. Oppgradering/etablering av mindre brannskillekonstruksjonar

Framdriftsplan	Milepæl	16/T1	16/T2	16/T3

Anbodsfase	Konkurransegrunnlag		x	
Gjennomføringsfase	Kontrakt		x	
Ferdigstillelse	Overlevering			x

Prosjektet vil i gjennomføringsfasa splittast i prosjekt pr. bygg.

61521 - Leikanger skule og grendahus (RHH)

Tilbygg for å stette arealkrava grunna auka elevmengde ved skulen samt betre brukarfunksjonaliteten for Leikanger grendahus og Gurskøy idrettslag. Prosjektet omfattar også oppgradering av skulebyggets tak, ytterveggar og vindu, utskifting av ventilasjonsaggregat samt etablering av rømingsvegar frå klasserom.

Finansiering	**2016**	**2017**	**2018**	**2019**
Budsjett- og økonomiplan 2016-2019	11 450 000,-	-	-	-
Budsjettrevisjon # 1	- 418 226,-	**Merknad**	Overført frå 61521	
Revidert budsjett 2016	**11 031 774,-**			

Prosjektet ferdigstillast i 2016.

Framdriftsplan	**Milepæl**	**16/T1**	**16/T2**	**16/T3**
Programfase	Byggeprogram			
Prosjekteringsfase	Konkurransegrunnlag	x		
Anbodsfase	Kontrakt	x		
Byggefase	Løyve til tiltak		x	
Garantifase	Overlevering			x

70016 - Bergsøy skule Borga - oppgradering (RHH)

Mindre oppgraderingstiltak i påvente av nytt skulebygg.

Finansiering	**2016**	**2017**	**2018**	**2019**
Budsjett- og økonomiplan 2016-2019	1 000 000,-	1 000 000,--	-	-
Budsjettrevisjon # 1	-	**Merknad**		
Revidert budsjett 2016	**1 000 000,-**			

Aktivitetar

1. Utskifting av ytterdører
2. Utskifting av vindu

Framdriftsplan	Milepæl	16/T1	16/T2	16/T3
Anbodsfase	Konkurransegrunnlag	x		
Gjennomføringsfase	Kontrakt		x	
Ferdigstillelse	Overlevering			x

Eigedomsavdelinga vurderer det også som naudsynt å skifte ut tak, takrenner og taknedløp. Budsjettet gir ikkje rom for dette tiltaket før i 2017.

70017 - Brannsikring av formålsbygg (PKM)

Generell budsjettavsetning for å kunne lukke avvik etter branntilsyn i kommunale formålsbygg.

Finansiering	2016	2017	2018	2019
Budsjett- og økonomiplan 2016-2019	500 000,-	-	-	-
Budsjettrevisjon # 1	-	**Merknad**		
Revidert budsjett 2016	**500 000,-**			

Aktivitetar

1. Oppgradering av brannalarmanlegg og orienteringsplanar/rømingsplanar
2. Oppgradering av nød- og ledelys

Framdriftsplan	Milepæl	16/T1	16/T2	16/T3
Anbodsfase	Konkurransegrunnlag		x	
Gjennomføringsfase	Kontrakt		x	x
Ferdigstillelse	Overlevering			x

Prosjektet vil i gjennomføringsfasa splittast i prosjekt pr. bygg.

70018 - ENØK-tiltak (PKM)

Generell budsjettavsetning for å kunne redusere energiforbruken i kommunale formålsbygg.

Finansiering	2016	2017	2018	2019
Budsjett- og økonomiplan 2016-2019	1 000 000,-	1 000 000,-	1 000 000,-	1 000 000,-
Budsjettrevisjon # 1	837 363,-	**Merknad**	Overførast frå prosjekt 61513	
Revidert budsjett 2016	**1 837 363,-**			

Eigedomsavdelinga vil i 2016 fremme sak til kommunestyret om EPC-kontrakter. EPC står for "Energy Performance Contracting" eller "energisparekontrakter". Energisparekontraktere er ein modell for gjennomføring av energieffektiviseringstiltak med garantert resultat.

70019 - Herøy kulturhus (RHH)

Utgår. Sjå prosjekt 60106.

Finansiering	2016	2017	2018	2019
Budsjett- og økonomiplan 2016-2019	2 900 000,-	-	-	-
Budsjettrevisjon # 1	- 2 900 000,-	**Merknad**	Overførast prosjekt 60106	
Revidert budsjett 2016	0,-			

70020 - Herøy omsorgssenter - raud og grøn avdeling (RHH)

Mindre oppgraderingstiltak for å lukke avvik etter branntilsyn.

Finansiering	2016	2017	2018	2019
Budsjett- og økonomiplan 2016-2019	1 850 000,-	-	-	-
Budsjettrevisjon # 1		**Merknad**		
Revidert budsjett 2016	**1 850 000,-**			

Aktivitetar:

1. Utskifting av ytterdørene i bygget
2. Oppgradering/utskftiting av innvendig brannseksjoneringsdør og branndører.

Framdriftsplan	Milepæl	16/T1	16/T2	16/T3
Anbodsfase	Konkurransegrunnlag		x	
Gjennomføringsfase	Kontrakt		x	x
Ferdigstillelse	Overlevering			x

Prosjektet bør samkøyrast med prosjekt Borga og prosjekt Kulturhuset i anbodsfasen.

70021 - Herøy rådhus - prosjektleiar (TS)

Planlegging av mindre oppgraderingstiltak for å lukke avvik etter branntilsyn og heiskontroll samt avbøtande tiltak på parkeringsplass etter klage frå tilgrensande grunneigar.

Finansiering	**2016**	**2017**	**2018**	**2019**
Budsjett- og økonomiplan 2016-2019	900 000,-	-	-	-
Budsjettrevisjon # 1	250 000,-	**Merknad**	Overført frå 61507	
Revidert budsjett 2016	**1 150 000,-**			

Aktivitetar:

1. Avbøtande tiltak på parkeringsplass mot tilgrensande nabo
2. Planlegge oppgradering av innvendige branndører og personaltoalett
3. Planlegge oppgradering/utskifting av personheis, etablering av rullestolrampe ved hovudinngang og sanering av trappeheis.

Framdriftsplan	**Milepæl**	**16/T1**	**16/T2**	**16/T3**
Anbodsfase	Konkurransegrunnlag	**X (1)**	**X(2)**	**X(3)**
Gjennomføringsfase	Kontrakt	**X (1)**	**X(2)**	
Ferdigstillelse	Overlevering	**X (1)**		**X(2)**

70022 - Leikanger skule og grendahus (RHH)

Utgår. Sjå prosjekt 61521.

Finansiering	**2016**	**2017**	**2018**	**2019**
Budsjett- og økonomiplan 2016-2019	- 418 226,-	-	-	-
Budsjettrevisjon # 1	418 226,-	**Merknad**	Overførast prosjekt 61521	
Revidert budsjett 2016	**0,-**			

70023 - Nedre Dragsund 2 - ombygging og oppgradering (TS)

Utgår. Sjå prosjekt 61510.

Finansiering	2016	2017	2018	2019
Budsjett- og økonomiplan 2016-2019	500 000,-	3 000 000,-		
Budsjettrevisjon # 1	- 500 000,-	- 3 000 000,-	Overførast prosjekt 61510	
Revidert budsjett 2016	**0,-**	**0,-**		

70024 - Oppgradering av kommunale leikeplassar (PKM)

Generell budsjettavsetning for å oppgradere leikeplassutstyr ved kommmunale skular og barnehagar. Prosjektet avsluttast i 2016 etter fleire år med oppgradering.

Finansiering	2016	2017	2018	2019
Budsjett- og økonomiplan 2016-2019	1 000 000,-	-	-	-
Budsjettrevisjon # 1	-	**Merknad**		
Revidert budsjett 2016	**1 000 000,-**			

Aktivitetar:

1. Myrsnipa barnehage - oppgradering av leikeplassutstyr
2. Moltu barnehage - oppgradering av leikeplassutstyr
3. Bergslia barnehage - oppgradering av leikeplassutstyr
4. Bergsøy skule Blåhaugen - oppgradering av leikeplassutstyr
5. Moltu skule - oppgradering av leikeplassutstyr
6. Stokksund skule - oppgradering av leikeplassutstyr
7. Einedalen skule - oppgradering av leikeplassutstyr
8. Nerlandsøy skule - oppgradering av leikeplassutstyr

Framdriftsplan	Milepæl	16/T1	16/T2	16/T3
Anbodsfase	Konkurransegrunnlag	x		
Gjennomføringsfase	Kontrakt	x	x	
Ferdigstillelse	Overlevering		x	

xxxxx - Bergsøy skule

Bygging av ny Bergsøy skule til erstatning for Bergsøy skule Borga.

Finansiering	2016	2017	2018	2019
Budsjett- og økonomiplan 2016-2019	-	-	1 000 000.-	1 000 000,-
Budsjettrevisjon # 1		Merknad		
Revidert budsjett 2016	-			

Prosjektets omfang og innhald avklarast gjennom byggeprogrammet, som oversendast til politisk handsaming i komite for oppvekst og kommunestyret i 2017.

xxxxx - Fosnavåg driftsbase

Bygging av ny driftbase for eigedomsavdelinga og utviklingsavdelinga, herunder ny hovudbrannstasjon og helikopterlandingsplass, på kommunal grunn ved dagens hovudbrannstasjon.

Finansiering	2016	2017	2018	2019
Budsjett- og økonomiplan 2016-2019	-	-	500 000,-	-
Budsjettrevisjon # 1		Merknad		
Revidert budsjett 2016				

Prosjektets omfang og innhald avklarast gjennom byggeprogrammet, som oversendast til politisk handsaming i maritim og teknisk komite og kommunestyret i 2016. Prosjekteringsfasa startar ikkje opp før i 2018, forutsatt finansieringsvedtak.

* * *

Status for gjennomføring rapporterast i tertialrapport investeringsprosjekt.

VEDLIKEHALD

Det er i budsjett 2016 avsett totalt kr. 3,5 mill. til planlagt vedlikehald av kommunale bygg. Budsjettet vil bli redusert noko grunna kommunestyrets budsjettvedtak om rammekutt i alle avdelingar sine driftsbudsjett. Framdrift for tiltaka framgår nedanfor.

Finansiering	2016	2017	2018	2019
Budsjett- og økonomiplan 2016-2019	3 500 000,-	-	-	-
Revidert budsjett 2016	**3 405 000,-**	Merknad:	Rammetrekk kr. 95 000,-	

Administrasjonsbygg	Aktivitet	16-1	16-2	16-3
Herøy rådhus	Ingen planlagte vedlikehaldstiltak.			
Merknad Sjå prosjekt 70021 for meir informasjon om investeringstiltak i bygget.				

Interne serviceeiningar	Aktivitet	16-1	16-2	16-3
Fosnavåg brannstasjon / verkstad	Ingen planlagte vedlikehaldstiltak.			
Fosnavåg driftsbase	Ingen planlagte vedlikehaldstiltak.			
Merknad Sjå prosjekt xxxxx for meir informasjon om planlegging av ny driftsbase Fosnavåg.				

Førskulelokale	Aktivitet	16-1	16-2	16-3
Leikanger grendahus - barnehage	Maling av gjerde v/ rullestolrampe	X		
Bergslia barnehage	Ingen planlagte vedlikehaldstiltak.			
Moltu barnehage	Ingen planlagte vedlikehaldstiltak.			
Myrsnipa barnehage	Maling av trekledning			X
	Utskifting vindu og dører			X
Merknad Sjå også prosjekt 70022 - Leikanger skule og grendahus - for informasjon om investeringstiltak i bygget.				

Skulelokale	Aktivitet	16-1	16-2	16-3
Nerlandsøy skule	Solskjerming	X		
	Maling av trekledning		X	
	Oppussing gang.			X

Bergsøy skule Borga	Ingen planlagte vedlikehaldstiltak.			
Bergsøy skule Blåhaugen	Maling av betongelement og bærekonstruksjoner		X	X
	Fuging av betongelement		X	
Einedalen skule	Ingen planlagte vedlikehaldstiltak.			
Moltu skule	Reparasjon fasade på gymsalen		X	X
	Solskjerming	X		
	Maling av trekledning- og betongvegger		X	X
Stokksund skule	Dele av mediatek	X		
	Flytte delevegg klasserom	X		
	Etablering av ny reinhaldssentral			X
Leikanger skule	Ingen planlagte vedlikehaldstiltak.			
Ytre Herøy ungdomskule	Brannsikring av utvendig skur	X		
	Maling av betongkonstruksjonar		X	X

Merknad
Sjå prosjekt xxxxx-Bergsøy skule Borga og 70022 - Leikanger skule og grendahus - for meir informasjon om planlagde investeringstiltak.

Aktiviseringstenester	Aktivitet	16-1	16-2	16-3
Frivillegsentralen	Ingen planlagte vedlikehaldstiltak.			
Solheim dagsenter	Vedlikehald av fasade til garasjen Usikker om framtida til garasjen, dersom vi skal selge grunnen til naboen?			
Herøy aktivitetssenter	Ingen planlagte vedlikehaldstiltak.			
Vaksenopplæringa	Ingen planlagte vedlikehaldstiltak.			

Merknad
Sjå prosjekt 61506 - Flytting av IKT/Frivillegsentralen for meir informasjon om planlagde investeringstiltak.

Helsebygg	Aktivitet	16-1	16-2	16-3
Myrvåg legevaktsentral	Ingen planlagte vedlikehaldstiltak.			
Myrvåg legesenter	Ingen planlagte vedlikehaldstiltak.			
Myrvåg helsestasjon	Ingen planlagte vedlikehaldstiltak.			
Herøy helsesenter	Ingen planlagte vedlikehaldstiltak.			

Institusjonsbygg	Aktivitet	16-1	16-2	16-3
Herøy omsorgssenter - raud/grøn	Maling av betongkonstruksjonar		X	X
Herøy omsorgssenter - gul	Ingen planlagte vedlikehaldstiltak.			
Herøy omsorgssenter - blå	Ingen planlagte vedlikehaldstiltak.			
Myrvåg omsorgssenter	Utskifting av vindu	X	X	
	Endra funskjon av personaltoalett til lagerrom	X		
Merknad Sjå prosjekt 70020 - Herøy omsorgssenter - raud og grøn avdeling for meir informasjon om planlagde investeringstiltak.				

Utleigebustadar	Aktivitet	16-1	16-2	16-3
Igesundvegen 21	Terrasse	X		
Kvithaugsmyra 4	Maling av trekledning		X	X
Myrvågtoppen 33-59	Maling av trekledning		X	X
Rabbegjerdet 3	Maling av trekledning	X	X	
Sjukeheimsvegen 06	Utskifting av verandadører og vindu	X		
	Maling av trekledning		X	X
	Skifte golvbelegg i fellesareal gml. delen	X		
	Reparasjon av skade etter taklekkasje	X		
Sjukeheimsvegen 11	Maling av utebod og rekkverk			X
Sjukeheimsvegen 13	Maling av utebod og rekkverk			X
Sjukeheimsvegen 14	Maling av trekledning og bærekonstruksjonar		X	X
Solbergvegen 2-4	Maling av trekledning	X	X	
Tjørvågvegen 274-276	Vedlikehald av elektrisk installasjon	X		
Trolldalsvegen 16-18	Maling av trekledning		X	X
Trolldalsvegen 20-22	Maling av trekledning		X	X
Øvre Myklebust 1	Maling av trekledning		X	X
Merknad Sjå også kommunedelplan for bustadpolitikk, handlingsplanens punkt om strategi for kommuanlt butilbod.				

Aktivitetstilbod	Aktivitet	16-1	16-2	16-3
Herøy produksjon	Ingen planlagte vedlikehaldstiltak.			
Merknad Sjå prosjekt 61504 - Herøy ressurssenter for meir informasjon om planlagde investeringstiltak.				

Kulturbygg	Aktivitet	16-1	16-2	16-3
Leikanger grendahus	Ingen planlagte vedlikehaldstiltak.			
Herøy kulturhus og idrettshall	Reparasjon rustsprenging i fasaden		X	
Fosnavåg konserthus og kino	Ingen planlagte vedlikehaldstiltak.			
Merknad Sjå prosjekt 70022 - Leikanger skule og grendahus og 60106 - Herøy kulturhus - mindre ombyggingstiltak for meir informasjon om planlagde investeringstiltak.				

Tilrettelegging for næringsliv	Aktivitet	16-1	16-2	16-3
Nedre Dragsund 2	Ingen planlagte vedlikehaldstiltak.			
Merknad Sjå prosjekt 70023 for meir informasjon om planlagde investeringstiltak.				

* * *

Framdrifta for einskilde tiltak, eksempelvis maling av trekledning, er væravhengig og vert vurdert fortløpande etter forholda.

* * *

Eigedomsavdelinga rapporterer status for gjennomføring av planlagt vedlikehald i tertialrapport drift.

Andre utfordringar i 2016:
Eigedomsavdelinga sitt anvarsområde er omfattande. Oppgåvene samsvarer ikkje med tildelte personal- og økonomiressursar. Vi fastheld likevel eit høgt ambisjonsnivå i samsvar med kommunens overordna visjon om å vere "ei båtlengd føre".

Fosnavåg 01.02.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Konst. rådmann

Robert Myklebust
Eigedomsleiar

HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2013/642
		Arkiv:	031

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
171/15	Formannskapet	08.09.2015
112/15	Kommunestyret	24.09.2015
37/16	Kommunestyret	18.02.2016

SØRE SUNNMØRE LANDBRUKSKONTOR - ORGANISERING.

Møtebehandling:
Jarl Grimstad reiste habilitetsspørsmål . Han er styremedlem i Søre Sunnmøre Landbrukskontor. Han går frå under handsaming av habilitet.
Jarl Grimstad vart kjend habil mot 2 røyster

Tor Sindre Steinsvik reiste habilitetsspørsmål . Han er varamedlem til styret i Søre Sunnmøre Landbrukskontor og har delteke i møter der saka har vore handsama. Han går frå under handsaming av habilitet.
Tor Sindre Steinsvik vart kjend habil mot 2 røyster

Det vart halde gruppemøte.

AP kom med framlegg om å utsetje saka.
Framlegget frå AP vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 24.09.2015
Saka vert utsett.

Møtebehandling:
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 08.09.2015
Søre Sunnmøre Landbrukskontor vert organisert som i dag med følgjande endringar:

Styret sine arbeidsgjevaroppgåver vert overført til Herøy kommune. Folkevalt styre etter KL § 27 vert frå komande valperiode (2015-2019) erstatta av styre bestående av rådmennene i medlemskommunane. Vedtektene vert justerte i tråd med dette og formannskapet får delegert mynde til å godkjenne desse.

Framtidig organisering av landbrukskontoret vert i neste omgang vurdert som del av kommunereformarbeidet tilliks med andre samarbeid mellom kommunane.

Tilråding:

Søre Sunnmøre Landbrukskontor vert organisert som i dag med følgjande endringar:

Styret sine arbeidsgjevaroppgåver vert overført til Herøy kommune. Folkevalt styre etter KL § 27 vert frå komande valperiode (2015-2019) erstatta av styre bestående av rådmennene i medlemskommunane. Vedtektene vert justerte i tråd med dette og formannskapet får delegert mynde til å godkjenne desse.

Framtidig organisering av landbrukskontoret vert i neste omgang vurdert som del av kommunereformarbeidet tilliks med andre samarbeid mellom kommunane.

Særutskrift:

- Søre Sunnmøre Landbrukskontor
- Ulstein kommune
- Hareid kommune

Vedlegg:

- Saksframlegg med vedlegg i Ulstein kommune.

Saksopplysningar:

Når det gjeld bakgrunn for saka, viser eg til saksutgreiinga frå Ulstein kommune.

Styret i Søre Sunnmøre Landbrukskontor har i sak 30/2015 den 26.08.2015 gjort slikt vedtak:

« Styret ser positivt på at Ulstein kommune vel å halde fram i samarbeidet om landbrukskontoret. Styret ser det likevel som naturleg å av vente eventuelle organisasjonsendringar inntil den nye kommunestrukturen er på plass i midten av 2016, for deretter å tilpasse organisasjonen til eventuelle endringar når det er avklart.»

Vurdering og konklusjon:

Styret i SSL sine oppgåver etter § 6 i vedtektene er i hovudsak oppgåver som elles i kommuneorganisasjonen vert rekna som administrative oppgåver. I tillegg er det ein motstrid mellom § 6 og § 9 i vedtektene som m.a. har det gjort det uklart kven som har fullmakt til å føre lønsforhandlingar for dei tilsette.

Eg kan ikkje sjå at spørsmål om eventuell ny kommunestruktur, som i alle tilfelle ikkje vil vere på plass før i 2020, er noko tungtvegande argument for å utsette ei uheldig organisering av SSL.

Fosnavåg, 28.08.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

ULSTEIN KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	Einar Vik Arset	Arkivsak:	2015/377
		Løpenr.:	8216/2015

Utvalsaksnr.	**Utval**	**Møtedato**
	Ulstein formannskap	
	Ulstein kommunestyre	

Saka gjeld:
SØRE SUNNMØRE LANDBRUKSKONTOR - ORGANISERING

Tilråding frå Rådmannen:

Søre Sunnmøre landbrukskontor vert organisert som i dag med følgjande endringar:

Styret sine arbeidsgjevaroppgåver vert overført til Herøy kommune. Folkevalt styre etter KL §27 vert frå komande valperiode (2015-2019) erstatta av styre bestående av rådmennene i medlemskommunane. Vedtektene vert justert i tråd med dette og formannskapet får delegert mynde til å godkjenne desse.

Ein føreset at Hareid og Herøy kommunar gjer vedtak i samsvar med dette.

Framtidig organisering av landbrukskontoret vert i neste omgang vurdert som del av kommunereformarbeidet tilliks med andre samarbeid mellom kommunane.

Saksfakta:

Vedtekter
Årsmelding 2014
Høyringsuttalar
Uprenta vedlegg:
Landbrukskontoret sin rekneskap for 2014, referat frå møtet med styret frå mars 2015, dialogmøte med tilsette juni 2015 og økonomiplanvedtak Ulstein kommune for 2015.

Samandrag av saka:
Søre Sunnmøre landbrukskontor vart etablert 01.01.1994 i samband med overføring av landbruksforvaltinga frå staten til kommunane. Den gongen var krav til landbruksfagleg formalkompetanse for leiar av slikt kontor heimla i lov, noko som saman med vurderingar omkring fagleg samordning og kapasitet, førte til etablering av interkommunalt samarbeid mellom Hareid, Herøy og Ulstein. Etter vel 20 års drift er ordninga lik som då, heimla i KL §27 og med eit politisk valt styre som i hovudsak godkjenner budsjett, rekneskap, årsmeldingar, gjennomfører tilsettingar og fastset løn. Kontoret har fire heimlar fordelt på fem personar. Driftsbudsjettet er for 2014 på knapt kr 2,8 million, og ubunde fond + diverse er på knapt kr 1 million. Deltakande kommunar overførte i 2014 om lag 2,7 million til drift, der Ulstein kommune sin andel er 29%, om lag kr 760.000,- Det er elles nokre mindre gebyrinntekter.

Oppgåvene til landbrukskontoret omfattar i korte trekk lovpålagde tenester innanfor landbruks- og viltforvalting, sakshandsaming og rettleiing til gardbrukarar. Kontoret tildeler produksjons- og avløysartilskot, SMIL-midlar (bygningsrestaurering og tilrettelegging av kulturlandskapet), førebygging av forureinande tiltak, tilskot til drenering og skogplantingsprogram. Kontoret handsamar saker etter jordlov, skoglov, konsesjonslov, odelslov og naturmangfaldslov, og fasiliterer fagdagar, kurs og nettverk for bøndene. Frå 2014 vart rettleiing til etablerarar flytta frå landbrukskontoret til Ålesund kunnskapspark v/inkubatoren i Ulsteinvik.

Kontoret driv nøkternt og har hatt stabil bemanning over mange år. Unntaket er gjennomtrekk på leiarfunksjon med tre tilsette på seks år. Sjukefråværet er pr 2014 på 4,5% - ei halvering frå 2013. Kontoret har tilhald i Flisesenteret i Dragsund, og har nyleg teikna langsiktig avtale der. For utfyllande oversikt om oppgåver og drift, sjå informativ årsmelding for 2014 vedlagt.

Vurderingar og konklusjon:
Eventuell utmelding av Ulstein kommune frå Søre Sunnmøre landbrukskontor er vurdert av rådmann etter bestilling i økonomiplan 2015-2018 (verbalpunkt 2):
«Oppstart av overordna planprosessar for arealdelen og samfunnsdelen av kommuneplanen krev ekstraordinære planleggingsressursar. Kommunestyret ber rådmannen vurdere korleis slike ressursar kan finansierast og organiserast. *Kor vidt kommunen kan trekke seg ut av felles landbrukskontor og overføre desse til overordna planlegging skal også leggast til grunn i desse vurderingane».*

Det er gjennomført møte med styre og tilsette i saka, og ordførarane i deltakande kommunar er haldne orientert om arbeidet. Rådmann har vurdert driftsmodellen basert på årsmeldingar og rekneskap, gjennom dialog med landbrukssjefen, og via formelle høyringsrundar, inkl. landbruksorganisasjonane.

Det er ei kjent sak at landbruket i Norge siste tjue åra har vore igjennom ei voldsom strukturendring også i vår del av landet, ei utvikling som har store samfunnsmessige dimensjonar i distrikta, både i høve til busetting, matvareproduksjon, kulturlandskap og generell kunnskap om livnæring og dyrehald. Korleis næringa kan gjerast robust for framtida er ein samansett og kontinuerleg nasjonalpolitisk debatt. For vår del må ein konstatere at talet på aktive gardsbruk er meir enn halvert siste 15 år, frå 65 ved årtusenskiftet til 29 i 2013. Husdyrtalet har også gått mykje ned, om enn ikkje like sterkt, jf. statistikkar i samband med k-styresak om veterinærordninga juni 2014. I lys av dette er det relevant å vurdere om ressursar til landbruksoppgåver bør dimensjonerast ned og kapasitet nyttast til andre og meir presserande oppgåver, ikkje minst kommunal planlegging.

Det er i arbeidet med å vurdere eventuell utmelding (og dermed høgst sannsynleg oppløysing av) landbrukskontoret peika på at det trass i nedgangen i både bruk og husdyr, så har oppgåvene endra karakter. Sakene er truleg færre men til gjengjeld meir omfattande og kompliserte for landbrukskontoret og for aktive bønder. Eit meir mangslunge lov- og forskriftsverk, med m.a. HMS, dyrehelse og rapporteringsplikt, gjer fagmiljøet viktigare for dei bøndene som driv aktivt. I dialogmøta er det peika på at behovet for rettleiing i søknads- og tilskotsprosessar er undervurdert, og at råd, tips og tilgang til nettverk er sentralt for bøndene.

Det er rådmannen si haldning at dagens oppgåver ved landbrukskontoret vil kunne handterast av Ulstein kommune v/teknisk etat dersom ein heimel frå landbrukskontoret vert innlemma. Dette vert trekt i tvil av både styret, dei tilsette og høyringspartane, men Ulstein kommune har etter mi vurdering både formal- og realkompetanse til å handtere oppgåvene på ein forsvarleg måte. På særskilde område vil ein kunne kjøpe kompetanse frå grannekommunar slik vi gjer på andre fagfelt, og slik Sula og Giske gjer frå Haram kommune landbruksområdet, for å nemne eitt eksempel. Og like viktig: Det som måtte vere av ledig kapasitet kan nyttast til samfunnsoppgåver på andre område, ikkje minst overordna planlegging og arealsaker i ei av dei raskast veksande kommunane i fylket. Landbruksfagleg deltaking og bidrag i kommuneplanlegging, reguleringsplanarbeid, jord- og skoglovsaker vil, slik eg ser det kunne bli enklare, meir effektiv og betre ved at eininga er ein integrert del av planetaten i den enkelte kommune. Det same kan vere med generelle og spesielle natur- og miljøsaker, samarbeid og tilrådingsfunksjonar overfor Innovasjon Norge, samarbeid med fylkeskommunen om bygdeutvikling, rådgjeving, kurs, nettverk, med meir.

Når utmelding på dette tidspunkt likevel ikkje er tilrådd men i staden ei mellomløysing, er dette tufta på to forhold. For det første har eg erfart over tid, og i kontakten med partane i denne konkrete saka, at det er unødvendig med eit politisk valt styre. Styret har få prinsipielle saker sidan kommunen ikkje kan delegere offentleg myndebruk til styret, jf. vedtektene for samarbeidet i §6 og KL §27. Tilsettingar, lønsfastsetting og lønsforhandlingar på fagnivå er etter kvart lite utbreidde oppgåver for folkevalde, og kan handterast meir profesjonelt av vertskommunen Herøy. Løysinga med overføring av arbeidsgjevaroppgåver til Herøy kommune er juridisk akseptabel, og klarert med KS.

Øvrige styreoppgåver (budsjett, rekneskap, årsmelding m.v.), kan handsamast og godkjennast av rådmennene som styre og vert dernest innlemma i kommunale styringsdokument og rapportar. Dette bør kunne gje tydelegare prioritering og potensielt betre folkevalt styring enn i dag.

For det andre er kommunereformarbeidet i gang, og etter sonderingar og utgreiingsfase skal konkrete løysingar drøftast. Dagens organisering av interkommunale samarbeid vert sjølvsagt ein del av dette. Sjølv om eg er skeptisk til å utsette fornuftige strukturelle grep med ein vaklande reform fem år fram i tid som trumfkort, er det likevel vurdert som akseptabelt i denne saka. Framtidig organisering av søre Sunnmøre landbrukskontor vert dermed å avvente til nærare 01.01.2020. I mellomtida opphøyrer ordninga med politisk valt styre for landbrukskontoret frå komande kommunestyreperiode.

Vedtektene vert gjennomgått og justert i samsvar med tilrådinga. Desse er mangelfulle på enkelte punkt og kan elles trenge ein gjennomgang i lys av dei erfaringar ein har gjort seg etter 20 år.

Til slutt kan nemnast at som med mangt anna er interkommunalt samarbeid basert på korleis klimaet mellom partane til eikvar tid er. Eit godt samarbeid er i utgangspunktet avhengig av ein kultur basert på tillit og vilje til å løyse oppgåver i fellesskap. Med dei moderate endringar som her er føreslått kan det gode samarbeidet fortsetje med omtrent same kurs, og med medlemskommunane tettare på rattet. Så får arbeidet med kommunereforma vise om det er fornuftig med større grep framover, for dette og andre interkommunale samarbeid.

Folkehelse- og miljøkonsekvensar: Nei
Økonomiske konsekvensar: Nei
Beredskapsmessige konsekvensar: Nei

29.07.2015

Einar Vik Arset
rådmann

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

VEDTEKTER FOR SØRE SUNNMØRE LANDBRUKSKONTOR (SSL)

§1. Selskapsform, deltakarar

Søre Sunnmøre Landbrukskontor (SSL) er eit interkommunalt selskap danna av kommunane Hareid, Herøy og Ulstein, med heimel i kommunelova sin § 27.

I SSL kan det etter søknad opptakast nye kommunar som medlemmer. Ei utviding av medlemstalet må godkjennast av alle kommunane som alt er medlemmer av Søre Sunnmøre Landbrukskontor (SSL).

§2. Selskapets formål

Formålet med det Søre Sunnmøre Landbrukskontor (SSL), er vidareføring av verksemda til det statlege landbrukskontoret som fram til 1.1.1994 har drive landbrukskontor for kommunane Hareid, Herøy og Ulstein med kontor i Dragsund. Oppgåvene til selskapet er å arbeide med rådgjeving og sakshandsaming etter dei til ei kvar tid gjeldande lovar og regelverk som er vedteke for denne type kommunal verksemd og elles for SSL spesielt.

§3. Kommunane sine økonomiske plikter

Kommunane som er tilslutta SSL, skal betale tilskot til drifta av selskapet, der storleiken på tilskotet gjer at drifta vert fullfinansiert. Administrasjons- og kapitalutgifter skal kalkulerast inn i driftskostnadene.

Fordelinga av tilskotet frå kommunane skal skje etter avtala prosentfordeling som er slik:

Herøy.....49%	endra til	43%
Ulstein.....27%	i vedtak	29%
Hareid.....24%	10/2002	28%

Dersom det vert aktuelt å ta opp andre kommunar som medlemmer av SSL, vert det å avtale anna prosentvis fordeling av det kommunale tilskot til driftsutgiftene. Fordelinga av driftstilskotet må godkjennast av alle kommunane som alt er medlemmer.

Dersom kriteria for berekning av rammetilskotet viser ein vesentleg endra tilskotsfordeling, eller dersom aktiviteten innbyrdes i kommunane i praksis vert vesentleg endra, kan deltakarkommunane kreve reforhandla fordelingsprosenten som nemnt ovanfor.

Dersom SSL ved oppstarten av SSL vedtek å overta kontorlokalitetar som har vore nytta av staten til lokalisering av det statlege landbrukskontoret, forpliktar SSL seg til å overta leigekontrakta som staten har med utleigar.

Deltakarkommunane i SSL forpliktar seg overfor kvarandre til å dekke sin prosentvise andel i husleiga fram til husleigekontrakta utløper 1.7.2000, eller på et tidlegare tidspunkt dersom kontrakta si varigheit på eit tidspunkt vert forkorta gjennom reforhandlingar av leigekontrakta.

§4. Særskilde plikter og rettigheiter for medlemskommunene

For dei samarbeidande kommunane gjeld følgjande særskilde plikter:

a) Herøy kommune skal som vertskommune stille sitt administrative apparat til disposisjon for SSL, herunder og forstå rekneskapsføring. Det vert opp til styret i SSL å vedta om SSL skal nyttiggjere seg tilbodet frå Herøy kommune vedkomande administrativ bistand til SSL.

Herøy kommune tek på seg det formelle arbeidsgjevaransvaret for alle tilsette ved SSL.

b) Dei deltakande kommunane betalar sin budsjetterte del av utgiftene til SSL med ein halvpart 1. april og den andre halvparten 1. oktober i budsjettåret. Endeleg avrekning og oppgjer skjer når revidert rekneskap foreligg.

c) Gebyr vert fakturerte i namnet til dei respektive deltakarkommunane.

d) Kvar deltakande kommune kan krevje rett til ein kontordag i veka på nærare bestemt plass i sin kommune. Dersom denne retten vert nytta, pliktar vedkomande kommune sjølv å dekkje utgiftene til kontorplass og eventuelt skyssutgifter i samband med dette.

§5. Styret

Søre Sunnmøre Landbrukskontor vert leia av eit styre på 6 medlemmer, med to medlemmer frå kvar kommune. Medlemmene og varamedlemmene frå deltakar-kommunane vert valde av kommunane sjølve.

Styreformannen vert vald av styret sjølv for 2 år om gongen, men likevel slik at formannsvervet går på omgang mellom dei deltakande kommunane. Ved stemme-likheit vert styreformannen si stemme avgjerande.

Når styret handsamar saker som vedkjem dei tilsette, vert styret utvida med ein representant frå dei tilsette, og styret tel difor i slike saker 7 personar.

Dersom andre kommunar vert medlem av SSL, vert styret utvida med 2 representantar frå kvar ny kommune.

§6. Styrets oppgåver og kompetanse

Styret skal forstå den daglege drifta av selskapet og har følgjande oppgåver:

a) Vedta budsjett for selskapet i samsvar med budsjetteringa i deltakarkommunane.

b) Opprette og inndra stillingsheimlar etter at deltakarkommunane har fått høve til å uttala seg innafor vedtekne økonomiske rammer for verksemda.

c) Førta tilsetjingar og oppseiingar, samt vedta instruksar og løns/arbeidsvilkår for dei tilsette (Ved tilsetjingar skal det under elles like forhold takast distriktsmessige omsyn)

d) Godkjenne arbeidsoppgåver/oppdrag utover det lovbestemte, og fastsette gebyr.

e) Vedta årsberetning og rekneskap og sende det til dei deltakande kommunane.

f) Fastsette møte- og skyssgodtgjersle for styret sine medlemmer.

g) Styret har ikkje mynde til å ta opp lån eller på anna måte pådra deltakarkommunane økonomiske forpliktelser. Eventuelle låneopptak m.m. må godkjennast i deltakarkommunane på førehand.

§7. Styret sin forretningsorden

a) Styreformannen kallar inn til styremøte så ofte han finn det nødvendig eller når administrasjonen eller 2 av styremedlemmene forlanger det. Innkalling skjer vanlegvis skriftleg med opplisting av dei sakene som skal handsamast, og så vidt mogeleg med 8 dagars varsel.

b) Vedtak i styret vert fatta med alminneleg fleirtal.
Styret er vedtaksført når halvparten av medlemmene (inkl. møtande varamedlemmer) er til stades.

c) Det skal førast protokoll over styrets forhandlingar. Utskrift av protokollen skal sendast medlemskommunane og fylkesmannen i Møre & Romsdal.

d) Om habilitet gjeld kommunelova og forvaltningslova sine bestemmelsar.

e) Leiaren i styret forpliktar SSL, eller i hans fråvær 2 av styremedlemmene. I begge tilfelle saman med dagleg leiar.

§8. Dagleg leiar

På vegne av administrasjonen i deltakarkommunane er landbrukssjefen dagleg leiar for SSL. Han har ansvaret for at SSL utøver si verksemd i samsvar med gjeldande regelverk og dei vedtak som er gjort av SSL sitt styre.

Dagleg leiar pliktar å delta i styremøta. Rådmennene i deltakarkommunane har innstillingsrett til styret i saker som skal handsamast her.

Dersom det er vedteke at det skal vere ein fast kontordag i ei eller fleire av deltakarkommunane, pliktar dagleg leiar å syte for at det på denne dagen fins naudsynt kompetanse i vedkomande kommune.

§9. SSL sin administrasjon

Alt personale som arbeider ved SSL er tilsett ved Søre Sunnmøre Landbrukskontor og alle tilsetjingar skjer ved vedtak i styret for SSL.

Sjølv om administrasjonen er tilsett av og ved SSL, har Herøy kommune det formelle arbeidsgjevaransvaret for alle tilsette. Arbeidsgjevaransvaret skal ivaretas etter gjeldande lover og føreskrifter som gjeld for andre kommunalt tilsette.

§10. Orientering til berørte partar

Når vedtektene er godkjende og når det er gjort godkjende endringar i dei, skal ein gjenpart sendast til Fylkesmannen v/landbruksdirektøren, til Landbruksdepartementet og til dei tilsette sine organisasjonar.

§11. **Uttreden og oppløysing**

Forslag/krav om oppløysing eller uttreden av samarbeidet må handsamast etter kommunelova sin §27 pkt.3.

Den einskilde kommune kan med 1 års varsel seie opp sitt medlems-forhold i det interkommunale samarbeidet og krevje seg utløyst frå det.

Aktiva og passiva vert å fordele mellom dei deltakande kommunane etter same fordelingsnøkkel som nemnt i §3.

Ved oppløysing av selskapet forpliktar Herøy kommune seg til å overta husleigekontrakta, jfr. § 3.

Tvistemål i samband med det økonomiske oppgjeret vert å handsame etter §12.

§12. **Tvistar**

Tvist mellom dei deltakande kommunane om tolking av desse vedtektene vert avgjort med bindande verknad av ei voldgiftnemnd oppnemnt av Fylkesmannen i Møre & Romsdal.

§13. **Vedtektsendringar**

Endringar i desse vedtektene må, etter handsaming av styret, vedtakast av dei deltakande kommunane.

§14. **Iverksetjing**

Vedtektene vert iverksette når dei er godkjent av dei deltakande kommunane, tidlegast frå 1.1.1994.

----------ooooo 01.01.1994 ooooo----------

Hareid kommune | Herøy kommune | Ulstein kommune

Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Årsmelding 2014

Innhold

Føremålet til Søre Sunnmøre Landbrukskontor **2**

Styret for SSL for 2011 - 2015 ..... **2**

Styret sin oppgåver **2**

Økonomi **3**

Rekneskapen **3**

Tilsette **4**

SSL sine oppgåver innafor landbruk og viltforvalting **4**

Produksjonstilskot og avløysartilskot 4

Regionalt miljøprogram – RMP 5

SMIL midlar 5

Tilskot til drenering 6

Gjødselplanar 7

Avløysing under sjukdom 7

Jord- og konsesjonslovsaker, reguleringsplanar og kommuneplanar 8

Planlegging og rettleiing 8

Skogforvalting 9

Viltforvalting 9

Andre oppgåver ved SSL **10**

Hoppid.no 10

Dragsundbygg IKS 10

Oppsummering **10**

Føremålet til Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Søre Sunnmøre Landbrukskontoret (SSL) er eit interkommunalt selskap som vart etablert 01.01.1994. Kommunane Herøy, Ulstein og Hareid er eigarar. Selskapet er organisert etter § 27 *interkommunalt samarbeid* i Kommunelova.

Føremålet med SSL er å vidareføre verksemda til det statlege landbrukskontoret. Kontoret arbeider med rådgjeving og sakshandsaming etter gjeldande lover og regelverk, og oppgåver som er vedteke særskild for SSL.

Styret for SSL for 2011 - 2015

Kommune	Medlem	Personlege vara medlem
Ulstein	Wenche Osnes Låbakk, leiar 2014 - 2015 Olav O. Dimmen, nestleiar 2014 - 2015	Einar Nevstad Oddny Våge Ulstein
Herøy	Bjarne Kvalsvik Jarl Grimstad	Tor Sindre Steinsvik Svein Ulrik Helt Brubakk
Hareid	Annika Brandal Hallgeir Teigene	Anders Riise Kristian Fuglseth

Val av styreleiar og nestleiar går på omgang mellom kommunane. Det er skifte av leiar og nestleiar etter 2 år. Det vart vald ny leiing frå 01.01.2014. Frå 22.05.2014 tok Bjarne Kvalsvik over vervet i styret frå Gry Olaug Dimmen etter vedtak i K-sak 65/14 i Herøy kommune.

Forhandlingsutval for 2014 – 2015	Personleg vara medlem
Leiar Wenche Osnes Låbakk	Olav O. Dimmen
Bjarne Kvalsvik	Jarl Grimstad
Hallgeir Teigene	Kristian Fuglseth

Styret sin oppgåver

Styret skal vedta budsjett, årsmelding og rekneskap. I tillegg skal styret opprette eller inndra stillingsheimlar og fastsette løn til dei tilsette. Styret kan godkjenne arbeidsoppgåver og oppdrag ut over dei lovpålagde oppgåvene, og fastsette gebyr for desse tenestene.

Styret har halde 4 styremøte i løpet av året og handsama 22 saker. Til styremøte 03.09 var rådmennene i eigarkommunane representert.

Forhandlingsutvalet gjennomførde drøftingsmøte 16.09 og lønnsforhandlingar 23.09. Det vart forhandla med Delta, Fagforbundet og Naturviterne.

Styret har handsama løysing for handtering av landbrukssjefen sin ugildskap. Det vart gjort vedtak om å leige inn ein person på timebasis for å handtere saker etter viltlova i Hareid kommune. Det vart inngått avtale mellom SSL som oppdragsgjevar og Alv Ottar Folkestad som sjølvstendig oppdragstakar. For andre saksområde vert det nytta settekommune viss ikkje det finst fagkompetanse ved kontoret.

Økonomi

Drifta av SSL vert fullfinansiert ved at eigarkommunane betalar sin budsjetterte del av utgiftene til SSL, jmf. §4b i vedtektene. Fordelinga mellom kommunane er slik: Herøy kommune: 43 %, Ulstein kommune: 29 %, Hareid kommune: 28 %. Andre inntekter går til fråtrekk på det eigarkommunane betalar inn. I 2014 var andre inntekter: sal av kommunal skogforvaltingsteneste til Sande kommune, honorar for å utføre dagleg leiing for Dragsundbygg IKS og framleige av eit enkelt kontor i lokala til SSL. Leigeforholdet vart avslutta 1. juni og det er ikkje etablert avtale med ny leigetakar pr. dato. Landbruk Nordvest nyttar kontoret vederlagsfritt ein dag pr. veke. Andre påkomande utgifter vert dekt frå disposisjonsfondet. Pr 31.12.14 var disposisjonsfondet på kr. 820.500,96.

Rekneskapen

Rekneskap for tildeling av avklaringsmidlar frå Hoppid er del av SSL sitt totale rekneskap. Hoppid midlane er avsett på bunde fond og vert løyvd etter søknad. Midlane til SSHU er og plassert i bunde fond. SSL er ansvarleg for plassering av midlane.

Rekneskapen for 2014 syner eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 89 147,-. Overføring frå eigarkommunane og Sande kommune er i samsvar med budsjettet. Inntektene frå honorar og framleige er lågare enn budsjettert då framleiga vart avslutta i løpet av året. Mindreforbruket skuldast mindre avvik på fleire av rekneskapspostane i driftsbudsjettet, og løyving av avklaringsmidlar frå Hoppid.

Sum driftsinntekter	kr. 2 762 910,-
Sum driftsutgifter	kr. 2 856 313,-
Brutto driftsresultat	kr. - 93 403,-
Sum eksterne finansinntekter	kr. 25 907,-
Sum eksterne finansutgifter	kr. 0,-
Resultat eksterne finanstransaksjonar	kr. 25 907,-
Netto driftsresultat	kr. – 67 496,-
Sum bruk av avsettingar	kr. 269 527,-
Sum avsettingar	kr. -112 884,-
Driftsmesseg meir/-mindreforbruk	kr. 89 146,-

Tilsette

Stilling	Tilsett
Landbrukssjef – 100 % stilling	Anne Kathrine Løberg
Landbruksrådgjevar – 100 % stilling	Oddvar Gjerde
Fagkonsulent – 100% stilling	Kristin Myrene
Konsulent – 50 % stilling	Marianne S. Nerland
Rådgjevar naturforvalting – 50 % stilling	Janne Bareksten

Landbrukssjefen har gjennomført ein medarbeidarsamtale med kvar tilsett. Sjukefråværet gjennom året har vore på 4,4 % (8,8% i 2013)og gjeld korttidsfråvær.

SSL vart IA-bedrift i 2013 og den 25.04.14 vart det vedteke mål for verksemda sitt IA arbeid for 2014-2015. Det vart skreve under avtale den 08.05.14 med bedriftshelsetenesta Medi3. I løpet av hausten arrangerte Medi3 to arbeidsmiljøsamlingar med dei tilsette. Arbeidsmiljøet ved kontoret vert følgt opp gjennom samarbeidsplan for 2014-2015 mellom SSL og bedriftshelsetenesta Medi3.

Arbeidstilsynet gjennomført tilsyn ved SSL den 02.04.14. Pålegga som vart gitt er følgt opp. Eit av pålegga var ordning med verneombod. Dei tilsette valde Kristin Myrene til verneombod.

Arbeidet med å utforme ein lokal lønspolitikk for SSL vart sett på dagsorden i samband med dei lokale lønnsforhandlingane i 2014. Arbeidet skal sluttførast før lønsforhandlingane i 2015. I lokal lønnspolitikk vert det sett mål om arbeidet med likestilling og diskriminering. Fram til det er vedtatt eigen lønnspolitikk for SSL vert lokal lønnspolitikk for Herøy kommune nytta.

SSL nyttar Herøy kommune sine rettingsliner og ordningar som gjeld arbeidsforhold, etisk standard, likestilling og liknande.

SSL sine oppgåver innafor landbruk og viltforvalting

Kontoret leverer lovpålagde kommunale tenester innafor landbruksforvalting og viltforvalting til dei tre eigarkommunane. I tillegg kjøper Sande kommune dei kommunale skogforvaltingstenestene. Ut over dei lovpålagde tenestene gir kontoret og rettleiing til gardbrukarar innafor kontoret sine fagområde. I tillegg lagar vi gjødselplanar på bestilling frå gardbrukarane.

Produksjonstilskot og avløysartilskot

Fristen for å søkje om produksjonstilskot er 20. januar og 20. august. Fram mot fristane er det stor pågang med spørsmål frå gardbrukarane. Alle vert oppmoda om å søkje elektronisk og vi har ein PC

tilgjengeleg for brukarane slik at dei kan kome til landbrukskontoret for å fylle ut søknaden. I 2014 kom det til nokre nye søkjarar då reglane om minstekrav for omsetting vart endra. Søknadane vert sakshandsama etter oppsette fristar og 5% av søknadane vert kontrollert ved gardsbesøk.

Kommune	Produksjonstilskot utbetalt juni 2014		Produksjonstilskot utbetalt februar 2014		Avløysartilskot*	
	Tal på søkjarar	Utbetalt tilskot	Tal på søkjarar	Utbetalt tilskot	Tal på søkjarar	Utbetalt tilskot
Herøy	56	3 322 865	56	2 852 035	35	943 367
Ulstein	28	2 234 224	29	3 064 293	21	740 770
Hareid	18	1 122 982	20	1 771 116	13	389 242

* Avløysartilskotet er del av utbetalinga i juni 2014.

Regionalt miljøprogram – RMP

Ordninga har som føremål å fremje tiltak som tek i vare kulturlandskapet og som reduserer forureining. Kva tiltak som gir tilskot vert stadig endra og ordninga krev difor god rettleiing.

Kommune	Herøy	Ulstein	Hareid
Tal på søkjarar i 2014	21	8	6
Utbetalt tilskot februar 2015	355 588	67 371	99 116

SMIL midlar

Gjennom ordninga med Særskilde miljøtiltak i landbruket vert det mellom anna løyvd tilskot til inngjerding av beite, restaurering av bygningar, hydrotekniske tiltak og tilrettelegging i kulturlandskapet for allmennheita. Dei som får løyvd midlar har frist på 3 år for å gjennomføre tiltaket. Om nødvendig kan fristen forlengast med 2 år. Søkjarar som ikkje får løyvd midlar eine året vert vurdert for tildeling seinare år.

Lokal strategi for tildeling av midlar vert revidert kvart fjerde år. Ny startegi for perioden 2013 til 2016 vart handsama i alle dei tre kommunane.

Det er mange søknadar "i systemet" til ei kvar tid og handsaminga krev ein del ressursar ved kontoret.

Kommune	Herøy	Ulstein	Hareid
Inndregne midlar frå tidlegare år	49 689	0	13 400
Tildelte midlar	110 000	110 000	110 000
Sum midlar for tildeling i 2014	159 689	110 000	123 400
Tal på nye søkjarar	8	3	1
Tal på søknadar frå tidlegar år handsama i 2014	7	7	6
Tal på søknader som fekk løyving	8	6	4
Tal på søknadar utsett til 2015 eller avslått	7	4	3

Kommune	Herøy	Ulstein	Hareid
Tal på søknader for sluttutbetaling	10	10	6
Tal på søknader for delutbetaling	3	0	0
Sum midlar til utbetaling i 2014	227 965	192 340	97 200

Tilskot til drenering

Tilskot til drenering av jordbruksjord kom i 2013. Føremålet med tilskotet er å auke kvaliteten på jordbruksareal som er grøfta tidlegare. Det er og eit mål å redusere faren for erosjon og overflateavrenning.

Det vart løyvd kr 30 000 til kvar kommune i 2014.

Kommune	Herøy	Ulstein	Hareid *
Tal på søknader	2	1	5
Areal i dekar	17,5	8,3	59,0
Sum tilskot til utbetaling i 2014	17 500	8 300	59 000

* Årsaka til den høge løyvinga i Hareid var overføring av midlar frå dei andre kommunane. Det var ein søknad i Hareid som det ikkje var midlar til.

Gjødselplanar

Det vart utarbeid 20 gjødselplanar i løpet av året. Vi er ein av fleire tilbydarar som lagar gjødselplanar. Gardbrukaren kan velje om han vil take jordprøvene sjølv eller om vi skal ta dei. Prøvene blir sendt inn for analyse og gjødselplanen vert så utarbeidd ved landbrukskontoret. Kostnaden med utarbeiding av gjødselplan vert fakturert gardbrukaren.

Avløysing under sjukdom

Kommune	Herøy	Ulstein	Hareid
Handsama saker	0	2*	3
Utbetalt refusjon 2014	0	39 740	32 097

*Ein innkomen søknad i tillegg som vert handsama i 2015.

NMSK midlar

Næring- og miljøtilskot i skogbruket vert i all hovudsak nytta til skogplanting og stell av ungskog. Det vert førebels løyvd lite midlar til våre kommunar, då hogstaktiviteten er liten. Bruken av midlane krev god marknadsføring.

Lokal strategi for tildeling av midlar vert revidert kvart fjerde år. Ny startegi for perioden 2013 til 2016 vart handsama i alle dei tre kommunane. Strategien for Sande kommune vart tilpassa den nye strategien. Som del av strategien kan tilskotsmidlane flyttast mellom kommunane.

Det vert gitt 70% tilskot til planting og ungskogpleie. Årsaka til dei låge løyvingane i 2014 er den høge tilskotssatsen. Signala frå Fylkesmannen er at kommunar med høge tilskotssatsar ikkje får høg prioritet ved løyving.

Kommune	Herøy	Ulstein	Hareid	Sande
Tildelte midlar i 2014	0	0	25 000	0
Løyvde midlar i 2014	9 226	0	7 048	0

Jord- og konsesjonslovsaker, reguleringsplanar og kommuneplanar

Kontoret gir fagleg uttale i søknader som skal handsamast etter jordlova i Herøy og Ulstein kommune. I Herøy vert sakene handsama politisk i Maritim- og teknisk komitè. I Ulstein kommune vert sakene handsama i Teknisk utval. Enkle saker vert avgjort administrativt i begge kommunane etter uttale frå landbrukssjefen. Vi skriv saksutgreiing på søknader om konsesjon og legg dei fram for politisk handsaming i dei same utvala. I Hareid kommune skriv vi saksutgreiing til alle saker etter jord- og konsesjonslova. Sakene vert handsama i Næring- og miljøutvalet.

Vi har mange spørsmål knytt til overdraging eller sal av landbrukseigedomar. Her gir vi rettleiing om lovverk og hjelper til med utfylling av skjema for eigenfråsegn om konsesjonsfridom, søknad om konsesjon og skøyte.

Vi gir uttale til reguleringsplanar i alle kommunane.

Vi har vore med i arbeidsgruppa for kommuneplanarbeidet i Herøy kommune. Det er særs viktig at landbrukskontoret tek del i heile prosessen med kommuneplanarbeidet.

Tal på uttale i saker	Herøy	Ulstein	Hareid
Omdisponering av dyrka mark	5	0	0
Deling etter jordlova	14	5	3
Konsesjonslova	0	5	0
Reguleringsplanar	13	6	3
Vegbygging, planering, naust og flytebrygger	14	2	1

Planlegging og rettleiing

Vi gir uttale til alle søknadar om investeringstilskot og lån som går til Innovasjon Norge. Det gjeld og søknad om pantefråfall og «prioritetsvikelse» i landbruket. Vi gir og noko økonomisk rettleiing, men det er i stor grad landbruket sine eigne organisasjonar og rekneskapskontor som står for slik rettleiing. Vi ga rettleiing til to bygningssøknadar til Innovasjon Norge.

Vi gir og landbruksfagleg uttale i trygdesaker m.m. der det trengs økonomiske vurderingar av landbruksfagleg art, samt saker om tidlegpensjon i landbruket. Det vart handsama ein søknad om tidlegpensjon i 2014.

Vi har ansvar for registeret over personar med Autorisasjonsbevis (sprøytesertifikat). Gjennom året arrangerer vi eksamen for dei som skal ta bevis for fyrste gong eller som skal fornye beviset.

Vi sende ut informasjonsskriv til alle gardbrukarar i juli og desember som mottar produksjonstilskot. I tillegg vert det lagt inn aktuell informasjon på heimesida www.landbrukskontoret.no. Den 15.mars inviterte vi gardbrukarane til eit «Hygge og nytte» på Dragsundbygg. Hensikta med møte var å gje

nyttig informasjon om tilskotsordningane i landbruket samt og å vere ein møtestad for brukarane i kommunane våre. Vi fekk gode tilbakemeldingar om at møtet var nyttig for dei 22 som møtte fram.

I samarbeid med Norsk Landbruksrådgiving Sunnmøre og landbrukskontoret i Sande inviterte vi til kurs i miljøplan og drenering av dyrka jord laurdag 29.11 på rådhuset i Sande. Den 02.12 var det samling for nye gardbrukarar her på landbrukskontoret. Det var 8 brukarar som var til stades.

Skogforvalting

Vindfalldriftene heldt på i Hareid til utpå nyåret, men tømmeret vart ikkje registrert i virkesbasen før langt utpå hausten. Grunnlaget for søknad om driftstilskot vart difor ikkje sendt inn før alt tømmeret var registrert. Tilskotmidlane som Fylkesmannen administrerer vart brukt opp og søknadane vert liggande til 2015. Det har vore litt planteaktivitet i Hareid og Herøy, sjå NMSK tilskot, men ingen aktivitet i Sande og Ulstein. Vi ventar at den store aktiviteten med planting etter orkanhogstane vil starte for fullt i 2016.

Viltforvalting

Kontoret er sekretær for Nemnd for vilt, fiske og friluft i Herøy kommune og sekretær for Viltnemnda i Ulstein kommune. I Hareid kommune legg vi fram viltsaker for Næring- og miljøutvalet.

Prosessen med oppretting av digitale valds-/ jaktkart i Herøy heldt fram i 2014. Det vart halde møte for hjortevalda i Herøy den 26.02 med informasjon frå jakta 2013. Tilsvarande møte vart halde den 18.03. i Ulstein og den 19.03 i Hareid. Den 26.08 vart det og halde «før jakta» møte for valda i Herøy og Ulstein på Herøy rådhus.

Den 14.08 vart jegerar frå Herøy, Ulstein og Sande invitert til «Betre jeger kurs» med Tore Andestad frå Møre og Romsdal jeger og fiskarforeining. Vi sto som arrangør og kurset vart halde på Kjeldsund ungdomssenter. Hareid kommune hadde tilsvarande kurs året før.

Det vart halde orienteringsmøte for viltnemnder og utval i Sande, Herøy, Ulstein og Hareid den 19.11 på Sjøborg. Tema var organiseringsprosjektet «Forvaltning av hjortebestand 2013 – 2017». Medarbeidar i prosjektet Ole Rune Aabrekk orienterte.

	Herøy	Ulstein	Hareid
Tal på politisk handsama saker	25	34	17
Tal på delegerte saker	11	2	0

Andre oppgåver ved SSL

Hoppid.no

Kontoret har vore lokalt Hoppid-kontor for Herøy, Ulstein og Hareid. Gjennom fyrstlinetenesta har vi gitt enkel rettleiing til etablerarar og løyvd tilskot frå det lokale Hoppid-fondet.

Det vart vedteke ny ordning for Hoppid-kontoret fyrste halvår i 2014. Ulstein kommunestyret vedtok 13.03.14 å nytte Ålesund Kunnskapspark for etablerarrettleiing. Den 22.05.14 vart det gjort same vedtak i Herøy kommunestyret og den 19.06.14 i Hareid kommunestyre. Innestående avklaringsmidlar vart overført til Ålesund kunnskapspark.

Dragsundbygg IKS

SSL sel tenesta som *dagleg leiar* for Dragsundbygg IKS. Bygget vert leigd ut til Mattilsynet og Kystlab.

Oppsummering

I løpet av året har det kome til nokre fleire søkjarar på produksjonstilskot. Når gardbrukarane vert aktive tilskotssøkjarar vert det enklare å nå dei med rettleiing og oppfølging. Det er mange små gardsbruk i kommunane våre og vi ser at landbrukskontoret har ei viktig rolle som bindeledd mellom den praktiske utøvaren og alt regelverket gardbrukaren må sette seg inn i. Reglar og krav er heile tida i endring og det er krevjande for kvar enkelt gardbrukar å fylje med på alt.

Vi meiner at samarbeidet kommunane våre har om SSL er viktig for at vi skal kunne halde fram med gode kommunale tenester til forvaltarane av landbrukseigedomane.

Dragsund 07.04.2015

Wenche Osnes Låbakk
leiar

Olav O. Dimmen
nestleiar

Bjarne Kvalsvik
styremedlem

Jarl Grimstad
styremedlem

Annika Brandal
styremedlem

Hallgeir Teigene
styremedlem

Anne Kathrine Løberg
Landbrukssjef

Søre Sunnmøre Landbrukskontor
Landbrukskontor for kommunane Herøy - Ulstein - Hareid

Rådmannen i Ulstein kommune
Postboks 143

6067 ULSTEINVIK

Telefon: 700 84 670
Adresse: Dragsundvegen 6, 6080 Gurskøy
E-post: kontor@landbrukskontoret.no
Heimeside: www.landbrukskontoret.no

Dykkar ref: Vår ref: AKL Dato: 26.06.2015

Uttale frå tilsette ved Søre Sunnmøre Landbrukskontor (SSL) til Ulstein kommune si vurdering om å trekkje seg ut av samarbeidet om SSL.

Vi syner til dialogmøte den 16.06.15 på Herøy rådhus. Etter informasjonen som vart gitt, og synspunkta som kom fram i møtet, meiner vi det er tenleg å gi til kjenne synet vårt i skriftleg form.

Historikk for samarbeid om kommunal landbruksforvalting

Samarbeidet mellom Herøy, Ulstein og Hareid vart etablert i 01.07.1990 for å utføre dei statlege jord- og skogbruksoppgåvene i dei tre kommunane. Tidlegare var det felles landbrukskontor for Ulstein og Hareid med ein fast kontordag i kvar kommune. Herøy kommune hadde eige landbrukskontor, men så langt attende som til 01.01.1988 var det ein felles heradsagronom (seinare jordbrukssjef) for alle tre kommunane.

Sekretærfunksjonen for viltnemndene vart overført frå kommunane til SSL rundt 2000-talet. Hareid etablerte avtale frå 01.07.1997, Herøy frå 01.10.2000 og Ulstein frå 01.01.2002.

På skogsida har det vore samarbeid mellom kommunane på Søre Sunnmøre sidan dei statlege skogstillingane vart oppretta fyrst på 50-talet. Seinare vart skogdistriktet delt mellom Indre og Ytre Sunnmøre skogbrukssjefdistrikt. Ytre distrikt besto av kommunane Vanylven, Sande, Herøy, Hareid og Ulstein fram til 2001 då Vanylven gjekk ut av samarbeidet.

Etter at kommunane tok over den statlege landbruksforvaltinga (1994) heldt samarbeidet fram og det interkommunale selskapet Søre Sunnmøre Landbrukskontor (SSL) vart etablert. SSL har i dag ansvaret for jord, skog og viltforvalting for Herøy, Ulstein og Hareid. I tillegg kjøper Sande kommune skogforvaltingstenesta av SSL.

Alternativ organisering

SSL er organisert etter §27 i Kommunelova. Verksemda er leia av eit styre på seks personar som er valde av dei tre samarbeidande kommunane. Styret sine oppgåver er å vedta budsjett, opprette eller inndra stillingsheimlar, utføre tilsetjingar og oppseiingar, godkjenne oppgåver utover det lovpålagde, og vedta årsmelding og rekneskap. Styret sine oppgåver handlar i hovudsak om SSL si forretningsdrift og organisering.

Vertskommunemodellen, §28 i kommunelova, går i korte trekk ut på at ein kommune overlèt til ei anna kommune å utføre lovpålagde oppgåver og utøve offentleg mynde. Ei slik organisering gir klarare utøving av mynde, då det vert lagt til ein rådmann og ikkje til eit styre med avgrensa mynde. Sakshandsaminga kan forenklast og effektiviserast ved å gi delegert mynde i saker som ikkje er av prinsipiell karakter.

Vi meiner at ein bør vurderer å endre organisasjonsforma frå interkommunalt selskap til vertskommunemodellen som alternativ til å trekkje Ulstein kommune ut av samarbeidet om SSL.

Kvifor samarbeid om kommunal landbruksforvalting?

Det er eit utbreidd samarbeid mellom kommunar på fagområda jord, skog og viltforvalting. Lokalt kan vi sjå til det sist etablerte samarbeidet mellom kommunane Ørsta og Volda. I samarbeidet om Nordre Sunnmøre Landbrukskontor har fleire kommunar samarbeidd gjennom fleire år. Samarbeidet der omfattar i dag fem kommunar. I Haram kommune vert det seld tenester innafor landbruksforvalting til kommunane Giske og Sandøy.

Ulstein kommunane samarbeider om andre kommunale tenester, t.d. IKT og barnevern. Slik vi ser det vert det dårart at Ulstein kommune vil trekkje seg ut av samarbeidet om landbruks- og viltforvalting.

Etter vårt syn fører kommunalt samarbeid til eit betre tenestetilbod, styrka kompetanse og auka effektivitet samt at landbruksforvaltinga i kommunane vert mindre sårbar. Når det landbruksfaglege miljøet for fleire kommunar vert samla i eit felles kontor vert fagmiljøet større, sterkare og meir robust. Vi meiner det vil vere føremålstenleg å halde fram med samarbeidet om SSL med den avgrensinga og plasseringa som kontoret har no.

Strukturendring landbrukssamarbeid versus kommunereforma

Vi meiner utspelet frå Ulstein kommune, om å trekkje seg ut av samarbeidet om SSL, kjem på eit svært uheldig tidspunkt. Drøftingane om endra kommunestruktur er i full gong og eigarkommunane våre skal ta stilling til eventuell ny struktur innan juni 2016. Endringar no vil føre til at heile samarbeidet om SSL raknar, og at landbruks- og viltoppgåvene vert ført attende til kvar einskild kommune. I neste runde kan dei så verte del av ein ny og større kommune. Det er ein risiko for at den kommunale landbruks- og viltforvaltinga vert svekka på ein utilsikta måte dersom samarbeidet opphøyrer midtvegs i prosessen.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg
landbrukssjef

Oddvar Gjerde
rådgjevar

Kristin Myrene
fagkonsulent

Marianne Sævik Nerland
konsulent

Janne O. Bareksten
rådgjevar

Kopi til:

Ordføraren, formannskap og gruppeleiarar i Ulstein kommune
Ordførar og rådmann i Herøy kommune
Ordførar og rådmann i Hareid kommune
Styret for Søre Sunnmøre Landbrukskontor

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	BSS	Arkivsaknr: Arkiv:	2013/508 K24

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
225/15	Formannskapet	01.12.2015
195/15	Kommunestyret	10.12.2015
38/16	Kommunestyret	18.02.2016

MILJØOPPRYDDING FOSNAVÅG HAMN - DEPONERING AV MASSER OG MILJØPROSJEKT

Møtebehandling:

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller og planleggar Berit Sandvik Skeide orienterte.

Birgitte Sævik Pedersen reiste habilitetsspørsmål.
Ho er svigerinne til niesa til ein av moglege seljarar av grunn til tiltaket.
Ho går frå under handsaming av habilitet.
Birgitte Sævik Pedersen vart samrøystes kjend inhabil etter KL §40, FVL §6, 2. ledd.

Anniken Kessler-Myking møtte som vara for Birgitte Sævik Pedersen.

Jan Arve Drabløs reiste habilitetsspørsmål. Han er medlem av styret i Herøy Fiskarlag
som har kome med innspel i saka.
Han går frå under handsaming av habilitet.
Jan Arve Drabløs vart samrøystes kjend habil.

Det vart halde gruppemøte.

Egil Leikanger kom med slikt framlegg til vedtak:

Herøy kommune finn av økonomiske grunnar ikkje å kunne finansiere miljopprydding av Fosnavåg hamn.
Framlegget fekk 1 røyst.

Høgre kom med slikt framlegg til vedtak:

1. Herøy kommunestyre vedtek at alternativ 2 –ytre- del av Fosnavåg skal nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.
2. Herøy kommunestyre går inn for miljøoppryddingsprosjekt som skissert i saka.
   Administrasjonen skal i det vidare arbeidet søkje etter gode finansierings-løysingar for prosjektet.
3. Herøy kommune vedtek at det vert sett i gang reguleringsarbeid som legg til rette for deponi i ytre del av hamna.
4. Indre almenningskai til og med Fosnavåg Pelagic.
   Der må ein sette i gang reguleringsarbeid for å få på plass meir areal til utviding av areal til næring.

Framlegget frå Høgre fekk 17 røyster.

AP, V og Folkelista/SP kom med slikt framlegg til vedtak:

1. Herøy kommunestyre vedtek at alt. 3 – indre del av Fosnavåg hamn, skal nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.
2. Herøy kommunestyre går inn for miljøoppryddingsprosjektet, som skissert i saka.
   Administrasjonen skal i det vidare arbeidet søkje etter gode finansierings-løysingar for prosjektet.
3. Herøy kommunestyre vedtek at det vert sett igong reguleringsplanarbeid som legg til rette for deponi i indre del av hamna.

Framlegget frå AP, Venstre og Folkelista/SP fekk 16 røyster.

Vedtak i Kommunestyret - 10.12.2015

1. Herøy kommunestyre vedtek at alternativ 2 –ytre- del av Fosnavåg skal nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.
2. Herøy kommunestyre går inn for miljøoppryddingsprosjekt som skissert i saka.
   Administrasjonen skal i det vidare arbeidet søkje etter gode finansierings-løysingar for prosjektet.
3. Herøy kommune vedtek at det vert sett i gang reguleringsarbeid som legg til rette for deponi i ytre del av hamna.
4. Indre almenningskai til og med Fosnavåg Pelagic.
   Der må ein sette i gang reguleringsarbeid for å få på plass meir areal til utviding av areal til næring.

Møtebehandling:

Brev frå Nordmar Eigedom AS og Igesund Eigedom AS vart delt ut i møte.
Utviklingsleiar Jarl Martin Møller og planleggar Berit Sandvik Skeide møtte og orienterte.
Det vart halde gruppemøte.
Høgre, Krf og Frp kom med slikt nytt framlegg til pkt. 1i tilrådinga :

Herøy kommunestyre vedtek alternativ 2 og 3 som deponi. Dette omhandlar «huken» ved fiskarkona og frå indre almenning t.o.m. Fosnavåg Pelagic.

Pkt. 2 og 3 som i rådmannen si tilråding.

AP og Folkelista/SP kom med slikt endra framlegg til tilråding:

1. Herøy kommunestyre vedtek at alternativ 3 – indre del av Fosnavåg, skal nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.

Pkt. 2 som rådmannen si tilråding.

3. Herøy kommunestyre vedtek at det vert sett i gong reguleringsplanarbeid som legg til rette for deponi i indre del av hamna.

Røysting:

Rådmannen si tilråding- 0 røyster.
Framlegget frå Høgre, Krf og Frp – 5 røyster.
Framlegget frå AP og Folkelista/SP – 4 røyster.

Tilråding i Formannskapet - 01.12.2015

1. Herøy kommunestyre vedtek alternativ 2 og 3 som deponi. Dette omhandlar «huken» ved fiskarkona og frå indre almenning t.o.m. Fosnavåg Pelagic.

2. Herøy kommunestyre går inn for miljøoppryddingsprosjektet, som skissert i saka . Administrasjonen skal i det vidare arbeidet søkje etter gode finansieringsløysingar for prosjektet.

3. Herøy kommunestyre vedtek at det vert sett i gong reguleringsplanarbeid som legg til rette for deponi i ytre del av hamna.

Tilråding:

2. Herøy kommunestyre vedtek at alternativ 2 – ytre del av Fosnavåg, skal nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.

3. Herøy kommunestyre går inn for miljøoppryddingsprosjektet, som skissert i saka . Administrasjonen skal i det vidare arbeidet søkje etter gode finansieringsløysingar for prosjektet.

4. Herøy kommunestyre vedtek at det vert sett i gong reguleringsplanarbeid som legg til rette for deponi i ytre del av hamna.

Særutskrift:
- Kystverket, Region-Midt.

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavdelinga.
- Møre og Romsdal fylkeskommune.
- Maritim teknisk komité.
- Anlegg- og driftsavdelinga.

Vedlegg:

1. Saksprotokoll K-sak 96/15, 27.8.2015.
2. E-post frå Gerh Voldnes AS, datert 28.10.15.
3. E-post frå Sævik Invest AS, datert 29.10.15
4. E-post frå Fosnavåg Pelagic AS, datert 11.11.15.
5. Kostnadsoverslag frå Rambøll AS, datert 9.11.15.

Bakgrunn:
Kystverket skal utdjupe Fosnavåg hamn. I følgje Kystverket sine planar skal hamna mudrast frå dagens – 6 m vassdjup til -8.3 m vassdjup. Prosjektet er gitt prioritet i NTP. Det er sett av 50 millionar og tiltaket er planlagt igangsett i 2017.

NGI gjennomførte miljøundersøking i hamna i 2010. Undersøkinga avdekte at det er behov for miljøtiltak i hamna. Nye undersøkingar gjennomført av Rambøll AS i 2013, stadfesta dette. Både i 2010 og 2013 vart det påvist meget sterk forureining av TBT og sterk forureining av PAH, kvikksølv, sink, cadmium og kopar. I tillegg vart det påvist høge konsentrasjonar av bly og PCB.

Rambøll AS konkluderte med at dataene frå undersøkingane er tilstrekkeleg som grunnlag for utarbeiding av tiltaksplan for botnsedimenta i hamna. Det vart også peika på at eventuell forureining på land må kartleggjast/vurderast og at eventuelle tiltak på land bør iverksetjast så fort som mogleg.

Kystverket har ansvar for forureining i hamnebassenget. Kystverket tek berre på seg arbeidet med mudring av delar av hamna. Området markert med lys blå skravur nedanfor viser i grove trekk området som skal mudrast i regi av Kystverket. Mørk blå farge viser arealet mellom mudringsområdet og land/kai. Kystverket forutset erklæringar frå kaieigarane med tanke på mudring av desse områda. Grøn farge viser området utanfor Slippen som innehar forureina sediment og som ligg utanfor Kystverket sitt prosjekt.



Maritim og teknisk komite (MTK, 23.4.2013) og formannskapet (14.5.2013) har gjennom vedtak gjeve klart uttrykk for ønskje om å få rydda opp i heile hamneområdet, for å hindre utleking av miljøgifter til hamnebassenget over tid.

Sitat frå vedtak:

> *"Formannskapet går inn for at det vert sett i gong arbeid med å få til eit samarbeid med Kystverket og andre aktuelle instansar, med tanke på miljøopprydding i Fosnavåg hamn."*

Miljøopprydding i Fosnavåg hamn har som siktemål:

1. Mudring for å oppnå auka seglingsdjupne (- 8.3 m). Store mengder forureina sediment vil bli fjerna frå hamna.

2. Utviding av mudringsprosjektet slik at ein får fjerna alle dei forureina sedimenta, også utanfor Kystverket sitt utdjupingsområde, slik at hamna blir rein.

3. Sikre aktive miljøkjelder på land, for å hindre at miljøgifter renn ut og forureinar hamna på nytt.

4. Opprydding og utbygging av avløp i hamna (jf. Hovudplan for avløp).

Rambøll AS har gjennomført undersøkingar på land i regi av Herøy kommune, som har avdekt område som er aktive kjelder til forureining i hamnebassenget. Med bakgrunn i undersøkingane, har Rambøll AS utarbeidd tiltaksplan for opprydding av forureina grunn på land. Risikovurderinga viser at det må iverksetjast oppryddingstiltak innanfor fleire område, særleg i delområde som kan bli påverka av tidevatnet. Grunneigar har ansvar for forureining på land.

Parallelt med undersøkingane i hamna og på land, har kommunen i samarbeid med Kystverket arbeidd mykje med å finne eigna lokalitet for deponering av masser.

Administrasjonen sitt arbeidd er tufta på kommunestyret sitt vedtak av 27.8.2015, k-sak 96/15:

1. *Herøy kommunestyre vedtek at alternativ 2 og 3 kan nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.*

2. *Herøy kommunestyre gir rådmannen fullmakt til å starte forhandlingar med aktuelle grunneigarar for etablering av deponi.*

3. *Herøy kommunestyre vedtek at det vert sett i gong reguleringsplanarbeid som legg til rette for deponi og sentrumsutvikling i Fosnavåg.*

4. *Herøy kommunestyre føreset at Kystverket dekker kostnader med utdjuping, mudring av ureine masser, samt etablering, sikring og overvaking av deponi*.

Kommunestyret har bestemt at massene kan deponerast i ytre eller indre del av hamna. Kommunestyret har ikkje endeleg teke stilling til om ein skal gå for ei rein mudring eller om ein skal gå for miljøprosjekt.

Saksopplysningar:

Masseberekning

Rambøll AS har på oppdrag av Kystverket gjennomført ei ny og oppdatert masseberekning, som viser mengd masse som skal deponerast i samband med mudring av hamna. Utrekningane viser at det er 64.000 m^3 som skal deponerast. Av dette er ca. 4400 m^3 fjell.

Dersom ein går for ei utviding av mudringsprosjektet, slik at ein får sikra eller fjerna dei forureina sedimenta, også utanfor Kystverket sitt utdjupingsområde, må ein ta med området utanfor Slippen i utrekningane. Ein har pr. i dag ikkje tal knytt til mengde masse inn mot private kaier.

Rambøll AS skisserer to alternativ til løysing for området utanfor Slippen:

1. Tildekking av massene med ca. 40- 50 cm masse. Seglingsdjupna vert redusert betydeleg.

2. Mudring ned til 50 cm sedimentdjup og deretter tildekking med 50 cm reine masser. Det ligg pr. i dag ikkje føre nok informasjon til å kunne vurdere kor stort område som vil vere reint etter mudring. Prøvetaking og analyser av sjøbotnen etter mudring vil kunne avklare dette (jf. kostnadoverslag frå Rambøll AS, datert 9.11.2015).

Dersom ein går for alternativ 2 ovanfor, med mudring ned til 50 cm sedimentdjup over eit areal på 4604 m^2, viser utrekningar at det er ca. 2300 m^3 som må fjernast utanfor Slippen.



Kartet ovanfor viser Kystverket sitt tiltaksområde (innanfor grøn og gul skravering) og Slippen (raud markering). Blå markering viser område som kan vere aktuelt for deponi.

Total masse som skal deponerast er 65657 m^3. Dersom grunneigarane på land vert pålagt av fylkesmannen å fjerne forureina masser på land, og massene er eigna for deponering i deponiet, må ein ta høgde for at det skal deponerast meir masse.

Det er ikkje gjennomført utrekningar som viser mengd forureina masse på land.

Deponeringsalternativ

Kommunestyret har vedteke at alternativ 2 og 3 kan nyttast til deponering av masser. Felles for begge alternativa, er at huken kan nyttast til utfylling.

Alternativ 2 – ytre del av Fosnavåg

Alternativ 2, slik det vart presentert for k-styret

Kystverket sin plan for eit deponi i ytre del av hamna, går så langt ut på å etablere ei tradisjonell steinfylling / molo, der mudringsmassene vert deponert bak moloen. Over mudringsmassene må det leggjast på eit stabilt topplag før etablering av eit pelefundamentert kaidekke.



Prinsippskisse som viser oppbygging av molo

Deponiet kan utformast på ulike måtar, avhengig av kor mykje masse deponiet skal romme.



Skissene ovanfor viser ulike utformingar av deponiet. Endeleg utforming må prosjekterast og vurderast gjennom reguleringsplanarbeidet.

Alternativ 3 – indre del av hamna

Kystverket sin plan for deponi i indre del av hamna, går så langt ut på etablering av ein stålvegg (spunt) som avgrensar området der mudringsmassane kan deponerast. Over mudringsmassene må det leggjast på eit stabilt topplag før etablering av kaidekke.



Prinsippskisse som viser oppbygging av spunt

Spuntveggen vil i front gi ein forholdsvis slett front mot hamna, der skip kan gå heilt inntil når kai er etablert på toppen.



Skisse som viser førebels avgrensing av deponi i indre hamn. Deponiet rommar ca. 66.657 m^3.

Sikkerheit

Det vert stilt strenge krav til rutiner for deponering, kontroll i anleggsperioden, overvaking og sikkerhetstiltak i samband med etablering av alle typar deponi. Det vert også stilt strenge krav til kontroll og overvaking av ferdig deponi.

Kystverket skal søkje om løyve etter forureiningslova til å fjerne (mudre) masser i hamna. Etaten skal også søkje om løyve til å deponere massene. Søknadene skal handsamast av fylkesmannen. Kystverket skal i samband med søknadene mellom anna gjere greie for tiltaka, hensyn til omgjevnadene, plan for overvaking og etterkontroll.

I samband med utarbeiding av reguleringsplan, vil det bli utarbeidd konsekvensutgreiing (KU). Konsekvensutgreiinga vil mellom anna omhandle naturmangfald, transport/ulukker, hamn, kaianlegg, støy og lukt. Det vil også bli utarbeidd ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS), som del av reguleringsplanarbeidet.

Kostnader:

Kystverket tek på seg kostnader knytt til etablering av steinfylling/molo eller spunt. Kystverket fyller opp med masser opp til eit gitt nivå. Kystverket skal også stå for overvaking i anleggsperioden og overvaking/etterkontroll av deponiet.

Kostnader knytt til etablering av topplag og kaidekke/kaifront vert ikkje dekt av Kystverket. Kostnadene må dekkjast av framtidig kaieigar. Kommunen legg til grunn at grunneigar på land, skal eige utfylt areal utanfor sin eigedom.

Kostnader knytt til fjerning (mudring) av masser utanfor Slippen, samt kostnader knytt til deponering av desse massene, inngår ikkje i Kystverket sitt prosjekt, og må dekkjast av andre instansar.

Rambøll AS har på oppdrag av Herøy kommune, berekna kostnadene i samband med mudring og tildekking av området ved Slippen. Rambøll AS viser til at det ikkje er mogleg å fastslå dei faktiske kostnadene ved mudring og tildekking før arbeidet vert kontrahert.

MUDRING	Lav	Høy		Lav	Høy
Mengde (m3)	2 302	4 604		Sum	Sum
Enhetspris	200	250		460 400	575 500
Massehåndtering	100	150		230 200	345 300
Sum				690 600	920 800
Rigg og drift påslag 10 - 15 %				69 060	138 120
				759 660	**1 058 920**
TILDEKKING	**Lav**	**Høy**		**Lav**	**Høy**
Areal (m2)	4 604				
Enhetspris	120	170		**552 480**	**782 680**

Tabell 1. Ca. kostnader ved mudring og tildekking av slippområdet i Fosnavåg.

Utrekningane i tabellen ovanfor viser at mudring av området utanfor Slippen ned til 50 cm kan kome til å koste ca. 800.000 kroner ved låg einingspris og ca.1.1 mill. ved høg einingspris (median 950.000). Tildekking av arealet er kostnadsrekna til ca. 550.000 kroner ved låg einingspris og ca. 800.000 kroner ved høg einingspris (median 675.000 kroner). Det vert gjort merksam på at kostnader knytt til deponering av massene ikkje er teke med i utrekninga. Det er lagt til grunn at Kystverket vil ta i mot massene. Deponikostnader utgjer ein vesentleg del av kostnadene ved mudring.

Ei rein tildekking vil vere eit noko rimelegare alternativ, særleg dersom deponikostnadene for mudringsmassane vert teke med i reknestykket.

Utrekningane viser at det sannsynlegvis kan vere same kostnad ved å mudre djupare (djupare enn 50 cm) til sjøbotnen er rein, i staden for å utføre både mudring og tildekking. Rambøll AS meiner det også truleg vil vere tilfelle sjølv om deponikostnadene vert teke med i vurderinga, sidan volumet av masser frå Slippen er såpass lite samanlikna med det øvrige mudringsvolumet i hamna som Kystverket vil stå ansvarleg for.

Kommunen kan søkje klima- og miljødepartementet om tilskot til opprydding av marin forsøpling (jf. kap.1420, post 71. Rundskriv T-1/15. Tilskotsordningar for 2016). Målgruppa for tilskotsordninga er frivillige organisasjonar og statlege, kommunale og fylkeskommunale føretak eller verksemder som er organisert som sjølvstendige rettssubjekt, som ideelle stiftingar, interkommunale avfallsselskap og friluftsråd.

I tillegg er det mogleg å søkje på Fylkesmannen sine skjønnsmidlar. Skjønnsmidlane skal i utganspunktet dekkje skeivheiter i høve til kommunen sitt inntektssystem. I tillegg fins det ein eigen pott til ekstra uforutsette kostnader, som kommunen kan søkje på. Tildeling skjer kvar haust.

Alternativ 2 – Ytre	Kostnader	**Alternativ 3 - Indre**	Kostnader
Grunnkjøpskostnader:	Avtaleutkast akseptert frå grunneigar den 19.11.2015.	Kostnader knytt til erstatning for naust	Ikkje taksert
Rein tildekking: Mudring:	675.000,-. 950.000,-.	Rein tildekking: Mudring:	675.000,- 950.000,-

Herøy kommune skal utarbeide reguleringsplan med tilhøyrande dokument (planprogram, konsekvensutgreiing mm), oppgradere infrastrukturen i området og rydde opp i VA-anlegg.

Kontakt med grunneigarar

Herøy kommune har vore i kontakt med grunneigarane tilgrensande alternativ 2 og 3, for å få synspunkt på korleis dei ser på prosjektet så langt.

Alternativ 2- ytre

Det er gjennomført fleire forhandlingsmøte med omsyn til å sikre areal for å deponere masser i ytre del av Fosnavåg. Administrasjonen meiner forhandlingsklimaet har vore konstruktivt.

Kommunen si tilnærming har vore at strandlina er det viktigaste å sikre i offentleg eige og at det er gjeve rom for å etablere framtidige kaianlegg, serviceanlegg og promenader.

Den 19.11.2015 aksepterte Nordmar Eigedom AS og Igesund Eigedom AS eit avtaleutkast som sikrar at deponi kan etablerast på eigedomane deira. Avtalen går i hovudsak på at kommunen erverver område A og B (sjå kart nedanfor) samt alle sjø- og tilflotsrettar framom areal A, B og grønt område markert på kartet.

Avtalen vert lagt fram kommunestyret for godkjenning i eiga sak straks den er klar. Dersom kommunestyret ikkje vel å gå inn for deponi på Nordmar Eigedom AS og Igesund Eigedom AS sine eigedomar vil det ikkje vere grunnlag for å gå inn avtalen med respektive firma.

Kommunen har i sitt tilbod lagt til grunn erfaringsprisar frå grunnkjøp i Fosnavåg sentrum herunder kaiareal for sitt tilbod. Med omsyn til og kompensasjon knytt til alle sjø- og tilflotsrettar er desse vurdert av vår kommuneadvokat og lagt til grunn i tilbodet som er akseptert av grunneigarane.

Kart som vart lagt til grunn ved siste forhandlingsrunde

Kommunen ønskjer å erverve område A og B samt alle sjø- og tilflotsrettar framom areal A, B og grønt område markert på kartet.

Alternativ 2 – indre del av hamna

Ein vore i kontakt med grunneigarane som vert direkte berørt i samband med etablering av deponi i indre del av hamna, jf. kart nedanfor.



Kart som viser eigedommane kommunen har vore i kontakt med

Eigarane av naust/nausttomter (gnr. 34, bnr. 481, 491 og 510) har i samtale med kommunen gitt uttrykk for at dei er positive til ei ev. deponering i indre del av hamna, under føresetnad av at dei får erstatning for tap av naust/nausttomt.

Dersom kommunen erverver naust/nausttomter vil dette vere areal som kan vere av interesse for kommunen eller andre næringsaktørar å utvikle i samsvar med vedteken reguleringsplan.

Fosnavåg Pelagic AS, datert 11.11.2015 gir uttrykk for at dei syns det er vanskeleg å ta stilling til prosjektet ettersom mykje informasjon manglar. Det vert vist til bygningstekniske detaljar og kva det vil koste. Fosnavåg Pelagic AS informerer om at dei har stillstand på anlegget i perioden 15. februar til 1. juni og frå 1. juli til 1. august. Dersom prosjektperioden for arbeidet med deponi, strekkjer seg inn i sesongen til fiskemottaket, vil verksemda ha behov for etablering av ei mellombels mottaksordning. Eventuell stillstand på anlegget vil kunne føre til tapte kunderelasjonar og marknadsandelar, som på lengre sikt vil innebere betydelege tap. Fosnavåg Pelagic AS presiserer at det er viktig at det vert teke omsyn til dette i samband med planlegging av prosjektet.

Næringsverksemda viser til at selskapet er nystarta og har avgrensa midlar. Kostnader knytt til etablering av toppdekke, kai og fendring ligg ikkje inne i investeringsplanane til selskapet. Med tanke på vidare drift og utvikling, er det av stor betydning at toppdekke og kai med tilhøyrande infrastruktur vert ein del av prosjektet.

Fosnavåg Pelagic AS viser til at kommunen i dag har høve til å søkje Kystverket om støtte til utbygging av kai og at det er ein føresetnad for å realisere prosjektet.

Verksemda føreset at det vert ein grundig gjennomgang i høve til eksisterande og framtidig infrastruktur i området og at selskapet si totale kailengde vert oppretthalden.

Fosnavåg Pelagic AS gir klart uttrykk for at dei på sikt kan kome til å utvide og utvikle anlegget, dersom forholda vert lagt til rette for det. Noko som igjen vil kunne tilføre kommunen fleire arbeidsplassar.

Kommentar:

På noverande tidspunkt er det vanskeleg å sei kor lang tid det vil ta frå start til slutt. Det er mellom anna avhengig av om ein går for ei rein mudring eller om ein går for miljøprosjekt. Val av metode (sugemudring eller grabbing) vil også ha innverknad på kor lang tid arbeidet vil ta. Ein må kome lenger i planprosessen før ein kan sei noko om tidsaspekt.

Kystverket vil så langt det let seg gjere ta omsyn til drifta ved anlegget. Det bør setjast ned ei eiga styringsgruppe som har fokus på dette.

Både private, Kystverket og kommunen har lagt til grunn at nytt kaiareal skal vere eigd av private. Ordninga Fosnavåg Pelagic AS viser til, gjeld for offentlege kaier og ikkje for private kaier/kaianlegg. Etter det kommunen kjenner til, har regjeringa lagt fram forslag om å fjerne stønadsordninga knytt til bygging av kai.

Ein vidare dialog mellom kommune, Kystverket og private må til for å avklare om det er mogleg å få til offentleg/privat samarbeid på dette området.

Gerh Voldnes AS, datert 28.10.2015, gir uttrykk for at dei syns det er vanskeleg å ta stilling til eit deponi i indre hamn. Dette med bakgrunn i at dei ikkje har drift i føretaket til å kunne ta store kostnader knytt til etablering av nytt kaidekke/kaifront. Gerh Voldnes AS eig eit smalt område mellom Sævik Invest AS og eigedommen som Fosnavåg Pelagic disponerer.

1/3 av kommunestyremedlemmene kan før saklista vert utsendt, krevje å få ei sak sett på saklista.

Underteikna kommunestyremedlemmer krev med dette å få:

PS-sak 195/15 MILJØOPPRYDDING FOSNAVÅG HAMN – DEPONERING AV MASSER OG MILJØPROSJEKT

sett på saklista til neste kommunestyremøte 18.02.16.

Vi ber også om at det vert sendt kopi av dette brev til alle kommunestyre-representantane.

Fosnavåg 06.02.16.

Beste helsing

Bjarne Kvalsvik, Kjell Runde, Kaja Runde, Frank Roy Moltu, Henry Jøsokbakke, Reidun Myrvågnes, Jens Terje Johnsen, Per Kristian Fure, Olaug Andreassen, Runar Stave, Rakel Anett Gjelseth, Sofie Mere Arntsen, Leiv Aarflot, Gerd Kopparstad, og Svein Gjelseth.

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	BSS	Arkivsaknr: Arkiv:	2013/508 K24

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
225/15	Formannskapet	01.12.2015
195/15	Kommunestyret	10.12.2015

MILJØOPPRYDDING FOSNAVÅG HAMN - DEPONERING AV MASSER OG MILJØPROSJEKT

Tilråding:

1. Herøy kommunestyre vedtek at alternativ 2 – ytre del av Fosnavåg, skal nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.

2. Herøy kommunestyre går inn for miljøoppryddingsprosjektet, som skissert i saka . Administrasjonen skal i det vidare arbeidet søkje etter gode finansieringsløysingar for prosjektet.

3. Herøy kommunestyre vedtek at det vert sett i gong reguleringsplanarbeid som legg til rette for deponi i ytre del av hamna.

Møtebehandling:

Brev frå Nordmar Eigedom AS og Igesund Eigedom AS vart delt ut i møte.
Utviklingsleiar Jarl Martin Møller og planleggar Berit Sandvik Skeide møtte og orienterte.
Det vart halde gruppemøte.
Høgre, Krf og Frp kom med slikt nytt framlegg til pkt. 1i tilrådinga :

Herøy kommunestyre vedtek alternativ 2 og 3 som deponi. Dette omhandlar «huken» ved fiskarkona og frå indre almenning t.o.m. Fosnavåg Pelagic.

Pkt. 2 og 3 som i rådmannen si tilråding.

AP og Folkelista/SP kom med slikt endra framlegg til tilråding:

1. Herøy kommunestyre vedtek at alternativ 3 – indre del av Fosnavåg, skal nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.

Pkt. 2 som rådmannen si tilråding.

3. Herøy kommunestyre vedtek at det vert sett i gong reguleringsplanarbeid som legg til rette for deponi i indre del av hamna.

Røysting:

Rådmannen si tilråding- 0 røyster.
Framlegget frå Høgre, Krf og Frp – 5 røyster.
Framlegget frå AP og Folkelista/SP – 4 røyster.

Tilråding i Formannskapet - 01.12.2015

1. Herøy kommunestyre vedtek alternativ 2 og 3 som deponi. Dette omhandlar «huken» ved fiskarkona og frå indre almenning t.o.m. Fosnavåg Pelagic.

2. Herøy kommunestyre går inn for miljøoppryddingsprosjektet, som skissert i saka . Administrasjonen skal i det vidare arbeidet søkje etter gode finansieringsløysingar for prosjektet.

3. Herøy kommunestyre vedtek at det vert sett i gong reguleringsplanarbeid som legg til rette for deponi i ytre del av hamna.

Møtebehandling:

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller og planleggar Berit Sandvik Skeide orienterte.

Birgitte Sævik Pedersen reiste habilitetsspørsmål.
Ho er svigerinne til niesa til ein av moglege seljarar av grunn til tiltaket.
Ho går frå under handsaming av habilitet.
Birgitte Sævik Pedersen vart samrøystes kjend inhabil etter KL §40, FVL §6, 2. ledd.

Anniken Kessler-Myking møtte som vara for Birgitte Sævik Pedersen.

Jan Arve Drabløs reiste habilitetsspørsmål. Han er medlem av styret i Herøy Fiskarlag som har kome med innspel i saka.

Han går frå under handsaming av habilitet.
Jan Arve Drabløs vart samrøystes kjend habil.

Det vart halde gruppemøte.

Egil Leikanger kom med slikt framlegg til vedtak:

Herøy kommune finn av økonomiske grunnar ikkje å kunne finansiere miljopprydding av Fosnavåg hamn.
Framlegget fekk 1 røyst.

Høgre kom med slikt framlegg til vedtak:

1. Herøy kommunestyre vedtek at alternativ 2 –ytre- del av Fosnavåg skal

nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.
2. Herøy kommunestyre går inn for miljøoppryddingsprosjekt som skissert i saka.
   Administrasjonen skal i det vidare arbeidet søkje etter gode finansierings-løysingar for prosjektet.
3. Herøy kommune vedtek at det vert sett i gang reguleringsarbeid som legg til rette for deponi i ytre del av hamna.
4. Indre almenningskai til og med Fosnavåg Pelagic.
   Der må ein sette i gang reguleringsarbeid for å få på plass meir areal til utviding av areal til næring.

Framlegget frå Høgre fekk 17 røyster.

AP, V og Folkelista/SP kom med slikt framlegg til vedtak:

1. Herøy kommunestyre vedtek at alt. 3 – indre del av Fosnavåg hamn, skal nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.
2. Herøy kommunestyre går inn for miljøoppryddingsprosjektet, som skissert i saka.
   Administrasjonen skal i det vidare arbeidet søkje etter gode finansierings-løysingar for prosjektet.
3. Herøy kommunestyre vedtek at det vert sett igong reguleringsplanarbeid som legg til rette for deponi i indre del av hamna.

Framlegget frå AP, Venstre og Folkelista/SP fekk 16 røyster.

Vedtak i Kommunestyret - 10.12.2015

1. Herøy kommunestyre vedtek at alternativ 2 –ytre- del av Fosnavåg skal nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.
2. Herøy kommunestyre går inn for miljøoppryddingsprosjekt som skissert i saka.
   Administrasjonen skal i det vidare arbeidet søkje etter gode finansierings-løysingar for prosjektet.
3. Herøy kommune vedtek at det vert sett i gang reguleringsarbeid som legg til rette for deponi i ytre del av hamna.
4. Indre almenningskai til og med Fosnavåg Pelagic.
   Der må ein sette i gang reguleringsarbeid for å få på plass meir areal til utviding av areal til næring.

Særutskrift:
- Kystverket, Region-Midt.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavdelinga.
- Møre og Romsdal fylkeskommune.
- Maritim teknisk komité.
- Anlegg- og driftsavdelinga.

Vedlegg:

1. Saksprotokoll K-sak 96/15, 27.8.2015.
2. E-post frå Gerh Voldnes AS, datert 28.10.15.
3. E-post frå Sævik Invest AS, datert 29.10.15
4. E-post frå Fosnavåg Pelagic AS, datert 11.11.15.
5. Kostnadsoverslag frå Rambøll AS, datert 9.11.15.

Bakgrunn:
Kystverket skal utdjupe Fosnavåg hamn. I følgje Kystverket sine planar skal hamna mudrast frå dagens – 6 m vassdjup til -8.3 m vassdjup. Prosjektet er gitt prioritet i NTP. Det er sett av 50 millionar og tiltaket er planlagt igangsett i 2017.

NGI gjennomførte miljøundersøking i hamna i 2010. Undersøkinga avdekte at det er behov for miljøtiltak i hamna. Nye undersøkingar gjennomført av Rambøll AS i 2013, stadfesta dette. Både i 2010 og 2013 vart det påvist meget sterk forureining av TBT og sterk forureining av PAH, kvikksølv, sink, cadmium og kopar. I tillegg vart det påvist høge konsentrasjonar av bly og PCB.

Rambøll AS konkluderte med at dataene frå undersøkingane er tilstrekkeleg som grunnlag for utarbeiding av tiltaksplan for botnsedimenta i hamna. Det vart også peika på at eventuell forureining på land må kartleggjast/vurderast og at eventuelle tiltak på land bør iverksetjast så fort som mogleg.

Kystverket har ansvar for forureining i hamnebassenget. Kystverket tek berre på seg arbeidet med mudring av delar av hamna. Området markert med lys blå skravur nedanfor viser i grove trekk området som skal mudrast i regi av Kystverket. Mørk blå farge viser arealet mellom mudringsområdet og land/kai. Kystverket forutset erklæringar frå kaieigarane med tanke på mudring av desse områda. Grøn farge viser området utanfor Slippen som innehar forureina sediment og som ligg utanfor Kystverket sitt prosjekt.



Maritim og teknisk komite (MTK, 23.4.2013) og formannskapet (14.5.2013) har gjennom vedtak gjeve klart uttrykk for ønskje om å få rydda opp i heile hamneområdet, for å hindre utleking av miljøgifter til hamnebassenget over tid.

Sitat frå vedtak:

> *"Formannskapet går inn for at det vert sett i gong arbeid med å få til eit samarbeid med Kystverket og andre aktuelle instansar, med tanke på miljøopprydding i Fosnavåg hamn."*

Miljøopprydding i Fosnavåg hamn har som siktemål:

1. Mudring for å oppnå auka seglingsdjupne (- 8.3 m). Store mengder forureina sediment vil bli fjerna frå hamna.

2. Utviding av mudringsprosjektet slik at ein får fjerna alle dei forureina sedimenta, også utanfor Kystverket sitt utdjupingsområde, slik at hamna blir rein.

3. Sikre aktive miljøkjelder på land, for å hindre at miljøgifter renn ut og forureinar hamna på nytt.

4. Opprydding og utbygging av avløp i hamna (jf. Hovudplan for avløp).

Rambøll AS har gjennomført undersøkingar på land i regi av Herøy kommune, som har avdekt område som er aktive kjelder til forureining i hamnebassenget. Med bakgrunn i undersøkingane, har Rambøll AS utarbeidd tiltaksplan for opprydding av forureina grunn på land. Risikovurderinga viser at det må iverksetjast oppryddingstiltak innanfor fleire område, særleg i delområde som kan bli påverka av tidevatnet. Grunneigar har ansvar for forureining på land.

Parallelt med undersøkingane i hamna og på land, har kommunen i samarbeid med Kystverket arbeidd mykje med å finne eigna lokalitet for deponering av masser.

Administrasjonen sitt arbeidd er tufta på kommunestyret sitt vedtak av 27.8.2015, k-sak 96/15:

1. *Herøy kommunestyre vedtek at alternativ 2 og 3 kan nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.*

2. *Herøy kommunestyre gir rådmannen fullmakt til å starte forhandlingar med aktuelle grunneigarar for etablering av deponi.*

3. *Herøy kommunestyre vedtek at det vert sett i gong reguleringsplanarbeid som legg til rette for deponi og sentrumsutvikling i Fosnavåg.*

4. *Herøy kommunestyre føreset at Kystverket dekker kostnader med utdjuping, mudring av ureine masser, samt etablering, sikring og overvaking av deponi*.

Kommunestyret har bestemt at massene kan deponerast i ytre eller indre del av hamna. Kommunestyret har ikkje endeleg teke stilling til om ein skal gå for ei rein mudring eller om ein skal gå for miljøprosjekt.

Saksopplysningar:

Masseberekning

Rambøll AS har på oppdrag av Kystverket gjennomført ei ny og oppdatert masseberekning, som viser mengd masse som skal deponerast i samband med mudring av hamna. Utrekningane viser at det er 64.000 m^3 som skal deponerast. Av dette er ca. 4400 m^3 fjell.

Dersom ein går for ei utviding av mudringsprosjektet, slik at ein får sikra eller fjerna dei forureina sedimenta, også utanfor Kystverket sitt utdjupingsområde, må ein ta med området utanfor Slippen i utrekningane. Ein har pr. i dag ikkje tal knytt til mengde masse inn mot private kaier.

Rambøll AS skisserer to alternativ til løysing for området utanfor Slippen:

1. Tildekking av massene med ca. 40- 50 cm masse. Seglingsdjupna vert redusert betydeleg.

2. Mudring ned til 50 cm sedimentdjup og deretter tildekking med 50 cm reine masser. Det ligg pr. i dag ikkje føre nok informasjon til å kunne vurdere kor stort område som vil vere reint etter mudring. Prøvetaking og analyser av sjøbotnen etter mudring vil kunne avklare dette (jf. kostnadoverslag frå Rambøll AS, datert 9.11.2015).

Dersom ein går for alternativ 2 ovanfor, med mudring ned til 50 cm sedimentdjup over eit areal på 4604 m^2, viser utrekningar at det er ca. 2300 m^3 som må fjernast utanfor Slippen.



Kartet ovanfor viser Kystverket sitt tiltaksområde (innanfor grøn og gul skravering) og Slippen (raud markering). Blå markering viser område som kan vere aktuelt for deponi.

Total masse som skal deponerast er 65657 m^3. Dersom grunneigarane på land vert pålagt av fylkesmannen å fjerne forureina masser på land, og massene er eigna for deponering i deponiet, må ein ta høgde for at det skal deponerast meir masse.

Det er ikkje gjennomført utrekningar som viser mengd forureina masse på land.

Deponeringsalternativ

Kommunestyret har vedteke at alternativ 2 og 3 kan nyttast til deponering av masser. Felles for begge alternativa, er at huken kan nyttast til utfylling.

Alternativ 2 – ytre del av Fosnavåg

Alternativ 2, slik det vart presentert for k-styret

Kystverket sin plan for eit deponi i ytre del av hamna, går så langt ut på å etablere ei tradisjonell steinfylling / molo, der mudringsmassene vert deponert bak moloen. Over

mudringsmassene må det leggjast på eit stabilt topplag før etablering av eit pelefundamentert kaidekke.



Prinsippskisse som viser oppbygging av molo

Deponiet kan utformast på ulike måtar, avhengig av kor mykje masse deponiet skal romme.



Skissene ovanfor viser ulike utformingar av deponiet. Endeleg utforming må prosjekterast og vurderast gjennom reguleringsplanarbeidet.

Alternativ 3 – indre del av hamna

Kystverket sin plan for deponi i indre del av hamna, går så langt ut på etablering av ein stålvegg (spunt) som avgrensar området der mudringsmassane kan deponerast. Over mudringsmassene må det leggjast på eit stabilt topplag før etablering av kaidekke.



Prinsippskisse som viser oppbygging av spunt

Spuntveggen vil i front gi ein forholdsvis slett front mot hamna, der skip kan gå heilt inntil når kai er etablert på toppen.



Skisse som viser førebels avgrensing av deponi i indre hamn. Deponiet rommar ca. 66.657 m^3.

Sikkerheit

Det vert stilt strenge krav til rutiner for deponering, kontroll i anleggsperioden, overvaking og sikkerhetstiltak i samband med etablering av alle typar deponi. Det vert også stilt strenge krav til kontroll og overvaking av ferdig deponi.

Kystverket skal søkje om løyve etter forureiningslova til å fjerne (mudre) masser i hamna. Etaten skal også søkje om løyve til å deponere massene. Søknadene skal handsamast av fylkesmannen. Kystverket skal i samband med søknadene mellom anna gjere greie for tiltaka, hensyn til omgjevnadene, plan for overvaking og etterkontroll.

I samband med utarbeiding av reguleringsplan, vil det bli utarbeidd konsekvensutgreiing (KU). Konsekvensutgreiinga vil mellom anna omhandle naturmangfald, transport/ulukker, hamn, kaianlegg, støy og lukt. Det vil også bli utarbeidd ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS), som del av reguleringsplanarbeidet.

Kostnader:

Kystverket tek på seg kostnader knytt til etablering av steinfylling/molo eller spunt. Kystverket fyller opp med masser opp til eit gitt nivå. Kystverket skal også stå for overvaking i anleggsperioden og overvaking/etterkontroll av deponiet.

Kostnader knytt til etablering av topplag og kaidekke/kaifront vert ikkje dekt av Kystverket. Kostnadene må dekkjast av framtidig kaieigar. Kommunen legg til grunn at grunneigar på land, skal eige utfylt areal utanfor sin eigedom.

Kostnader knytt til fjerning (mudring) av masser utanfor Slippen, samt kostnader knytt til deponering av desse massene, inngår ikkje i Kystverket sitt prosjekt, og må dekkjast av andre instansar.

Rambøll AS har på oppdrag av Herøy kommune, berekna kostnadene i samband med mudring og tildekking av området ved Slippen. Rambøll AS viser til at det ikkje er mogleg å fastslå dei faktiske kostnadene ved mudring og tildekking før arbeidet vert kontrahert.

MUDRING	Lav	Høy		Lav	Høy
Mengde (m3)	2 302	4 604		Sum	Sum
Enhetspris	200	250		460 400	575 500
Massehåndtering	100	150		230 200	345 300
Sum				690 600	920 800
Rigg og drift påslag 10 - 15 %				69 060	138 120
				759 660	**1 058 920**
TILDEKKING	**Lav**	**Høy**		**Lav**	**Høy**
Areal (m2)	4 604				
Enhetspris	120	170		**552 480**	**782 680**

Tabell 1. Ca. kostnader ved mudring og tildekking av slippområdet i Fosnavåg.

Utrekningane i tabellen ovanfor viser at mudring av området utanfor Slippen ned til 50 cm kan kome til å koste ca. 800.000 kroner ved låg einingspris og ca.1.1 mill. ved høg einingspris (median 950.000). Tildekking av arealet er kostnadsrekna til ca. 550.000 kroner ved låg einingspris og ca. 800.000 kroner ved høg einingspris (median 675.000 kroner). Det vert gjort merksam på at kostnader knytt til deponering av massene ikkje er teke med i utrekninga. Det er lagt til grunn at Kystverket vil ta i mot massene. Deponikostnader utgjer ein vesentleg del av kostnadene ved mudring.

Ei rein tildekking vil vere eit noko rimelegare alternativ, særleg dersom deponikostnadene for mudringsmassane vert teke med i reknestykket.

Utrekningane viser at det sannsynlegvis kan vere same kostnad ved å mudre djupare (djupare enn 50 cm) til sjøbotnen er rein, i staden for å utføre både mudring og tildekking. Rambøll AS meiner det også truleg vil vere tilfelle sjølv om deponikostnadene vert teke med i vurderinga, sidan volumet av masser frå Slippen er såpass lite samanlikna med det øvrige mudringsvolumet i hamna som Kystverket vil stå ansvarleg for.

Kommunen kan søkje klima- og miljødepartementet om tilskot til opprydding av marin forsøpling (jf. kap.1420, post 71. Rundskriv T-1/15. Tilskotsordningar for 2016). Målgruppa for tilskotsordninga er frivillige organisasjonar og statlege, kommunale og fylkeskommunale føretak eller verksemder som er organisert som sjølvstendige rettssubjekt, som ideelle stiftingar, interkommunale avfallsselskap og friluftsråd.

I tillegg er det mogleg å søkje på Fylkesmannen sine skjønnsmidlar. Skjønnsmidlane skal i utganspunktet dekkje skeivheiter i høve til kommunen sitt inntektssystem. I tillegg fins det ein eigen pott til ekstra uforutsette kostnader, som kommunen kan søkje på. Tildeling skjer kvar haust.

Alternativ 2 – Ytre	Kostnader	**Alternativ 3 - Indre**	Kostnader
Grunnkjøpskostnader:	Avtaleutkast akseptert frå grunneigar den 19.11.2015.	Kostnader knytt til erstatning for naust	Ikkje taksert
Rein tildekking: Mudring:	675.000,-. 950.000,-.	Rein tildekking: Mudring:	675.000,- 950.000,-

Herøy kommune skal utarbeide reguleringsplan med tilhøyrande dokument (planprogram, konsekvensutgreiing mm), oppgradere infrastrukturen i området og rydde opp i VA-anlegg.

Kontakt med grunneigarar

Herøy kommune har vore i kontakt med grunneigarane tilgrensande alternativ 2 og 3, for å få synspunkt på korleis dei ser på prosjektet så langt.

Alternativ 2- ytre

Det er gjennomført fleire forhandlingsmøte med omsyn til å sikre areal for å deponere masser i ytre del av Fosnavåg. Administrasjonen meiner forhandlingsklimaet har vore konstruktivt.

Kommunen si tilnærming har vore at strandlina er det viktigaste å sikre i offentleg eige og at det er gjeve rom for å etablere framtidige kaianlegg, serviceanlegg og promenader.

Den 19.11.2015 aksepterte Nordmar Eigedom AS og Igesund Eigedom AS eit avtaleutkast som sikrar at deponi kan etablerast på eigedomane deira. Avtalen går i hovudsak på at kommunen erverver område A og B (sjå kart nedanfor) samt alle sjø- og tilflotsrettar framom areal A, B og grønt område markert på kartet.

Avtalen vert lagt fram kommunestyret for godkjenning i eiga sak straks den er klar. Dersom kommunestyret ikkje vel å gå inn for deponi på Nordmar Eigedom AS og Igesund Eigedom AS sine eigedomar vil det ikkje vere grunnlag for å gå inn avtalen med respektive firma.

Kommunen har i sitt tilbod lagt til grunn erfaringsprisar frå grunnkjøp i Fosnavåg sentrum herunder kaiareal for sitt tilbod. Med omsyn til og kompensasjon knytt til alle sjø- og tilflotsrettar er desse vurdert av vår kommuneadvokat og lagt til grunn i tilbodet som er akseptert av grunneigarane.

Kart som vart lagt til grunn ved siste forhandlingsrunde

Kommunen ønskjer å erverve område A og B samt alle sjø- og tilflotsrettar framom areal A, B og grønt område markert på kartet.

Alternativ 2 – indre del av hamna

Ein vore i kontakt med grunneigarane som vert direkte berørt i samband med etablering av deponi i indre del av hamna, jf. kart nedanfor.



Kart som viser eigedommane kommunen har vore i kontakt med

Eigarane av naust/nausttomter (gnr. 34, bnr. 481, 491 og 510) har i samtale med kommunen gitt uttrykk for at dei er positive til ei ev. deponering i indre del av hamna, under føresetnad av at dei får erstatning for tap av naust/nausttomt.

Dersom kommunen erverver naust/nausttomter vil dette vere areal som kan vere av interesse for kommunen eller andre næringsaktørar å utvikle i samsvar med vedteken reguleringsplan.

Fosnavåg Pelagic AS, datert 11.11.2015 gir uttrykk for at dei syns det er vanskeleg å ta stilling til prosjektet ettersom mykje informasjon manglar. Det vert vist til bygningstekniske detaljar og kva det vil koste. Fosnavåg Pelagic AS informerer om at dei har stillstand på anlegget i perioden 15. februar til 1. juni og frå 1. juli til 1. august. Dersom prosjektperioden for arbeidet med deponi, strekkjer seg inn i sesongen til fiskemottaket, vil verksemda ha behov for etablering av ei mellombels mottaksordning. Eventuell stillstand på anlegget vil kunne føre til tapte kunderelasjonar og marknadsandelar, som på lengre sikt vil innebere betydelege tap. Fosnavåg Pelagic AS presiserer at det er viktig at det vert teke omsyn til dette i samband med planlegging av prosjektet.

Næringsverksemda viser til at selskapet er nystarta og har avgrensa midlar. Kostnader knytt til etablering av toppdekke, kai og fendring ligg ikkje inne i investeringsplanane til selskapet. Med tanke på vidare drift og utvikling, er det av stor betydning at toppdekke og kai med tilhøyrande infrastruktur vert ein del av prosjektet.

Fosnavåg Pelagic AS viser til at kommunen i dag har høve til å søkje Kystverket om støtte til utbygging av kai og at det er ein føresetnad for å realisere prosjektet.

Verksemda føreset at det vert ein grundig gjennomgang i høve til eksisterande og framtidig infrastruktur i området og at selskapet si totale kailengde vert oppretthalden.

Fosnavåg Pelagic AS gir klart uttrykk for at dei på sikt kan kome til å utvide og utvikle anlegget, dersom forholda vert lagt til rette for det. Noko som igjen vil kunne tilføre kommunen fleire arbeidsplassar.

Kommentar:

På noverande tidspunkt er det vanskeleg å sei kor lang tid det vil ta frå start til slutt. Det er mellom anna avhengig av om ein går for ei rein mudring eller om ein går for miljøprosjekt. Val av metode (sugemudring eller grabbing) vil også ha innverknad på kor lang tid arbeidet vil ta. Ein må kome lenger i planprosessen før ein kan sei noko om tidsaspekt.

Kystverket vil så langt det let seg gjere ta omsyn til drifta ved anlegget. Det bør setjast ned ei eiga styringsgruppe som har fokus på dette.

Både private, Kystverket og kommunen har lagt til grunn at nytt kaiareal skal vere eigd av private. Ordninga Fosnavåg Pelagic AS viser til, gjeld for offentlege kaier og ikkje for private kaier/kaianlegg. Etter det kommunen kjenner til, har regjeringa lagt fram forslag om å fjerne stønadsordninga knytt til bygging av kai.

Ein vidare dialog mellom kommune, Kystverket og private må til for å avklare om det er mogleg å få til offentleg/privat samarbeid på dette området.

Gerh Voldnes AS, datert 28.10.2015, gir uttrykk for at dei syns det er vanskeleg å ta stilling til eit deponi i indre hamn. Dette med bakgrunn i at dei ikkje har drift i føretaket til å kunne ta store kostnader knytt til etablering av nytt kaidekke/kaifront. Gerh Voldnes AS eig eit smalt område mellom Sævik Invest AS og eigedommen som Fosnavåg Pelagic disponerer.

Gerh Voldnes AS har tidlegare gått ut i frå at dei ville få erstatta kaifronten og eit minimumsdekke, slik at dei kunne få nytta arealet. Grunneigar finn det lite tilfredsstillande at det vert lagt opp til at dei må dekkje kostnader knytt til etablering av topplag, kaidekke og fendring. Gerh Voldnes AS gjer kommunen merksam på at ein kan risikere at ev. nytt areal vil kunne bli liggjande utan opparbeiding i mange år framover, dersom dei ikkje får kompensert ny kaifront.

Grunneigar meiner kommunen må bere kostnadene knytt til etablering av fast dekke og kai/kaifront, slik at grunneigar seinare kan legge til rette for bygging

Kommentar:

Innspelet er teke til vitande. Det vert elles vist til kommentar til Fosnavåg Pelagic AS.

Sævik Invest AS, datert 29.10.2015, gir uttrykk for at dei i utgangspunktet er positive til deponi i indre hamn. Sævik Invest AS forutset at dei beheld same kaifasilitetar som i dag utan ekstra kostnader. Grunneigar viser til at dei har tenleg kai i høve til deira føremål. Sævik Invest AS har verken behov for eller midlar til ny kai.

Kommentar:

Innspelet er teke til vitande.

Vurdering:
Det ligg forureina sediment i store delar av hamna. Det meste av dei forureina sedimenta vil bli fjerna i samband med Kystverket sitt mudringsprosjekt, med unntak av til dels sterkt forureina sediment utanfor Slippen. Undersøkingar har avdekt forureina masser på land som er aktive kjelder til forureining i hamnebassenget. Fylkesmannen kan pålegge grunneigarane å fjerne dei forureina massene på land. Fylkesmannen har ikkje har teke stilling til når eit eventuelt pålegg vil bli gitt.

Kommunen har i samarbeid med Kystverket arbeidd mykje med å finne eigna lokalitet for deponering av massene. Kommunestyret gjekk i møte 27.8.2015, inn for at massene kan deponerast enten i ytre del av Fosnavåg eller indre del av hamna. Kystverket krev at det vert lagt opp til eit deponi.

Kommunen må no ta stilling til to sentrale spørsmål:

1. Kvar skal massene deponerast? Skal ein gå for ytre eller indre del av hamna? Dei ulike alternativa har sine fordeler og ulemper.

Tema	Ytre del av Fosnavåg	Indre del av hamna
Kostnader: - Grunnkjøp - Etablering av kai	I forhandlingar med grunneigarane. Ev. kostnader knytt til etablering av kai. Kommunen kan søkje om midlar til etablering av kai og søke om kostnadsdekking inntil 50 %. Dette under føresetnad av at det vert ei offentleg kai. Usikkert om ordninga held fram.	Kostnader knytt til erstatning for naust/nausttomt. Ev. kostnader knytt til etablering av kai. Kommunen kan søkje om midlar til etablering av kai og søke om kostnads-dekking inntil 50 %. Dette under føresetnad av at det vert ei offentleg kai. Usikkert om ordninga held fram.
Miljø	Ein føreset at alternativa stiller likt når det gjeld miljø.	Ein føreset at alternativa stiller likt når det gjeld miljø.
Framtidig bruk:	Etablering av deponi i ytre del, vil legge til rette for byutvikling, jf. byutviklingsprosjektet.	Etablering av deponi i indre del av hamna legg til rette for næringsutvikling knytt til eksisterande eigedommar. Etablering av deponi med kaidekke vil på sikt kunne auke verdien av eigedommane som er tenkt skal eige det utfylte arealet.

Etablering av deponi i ytre del av hamna vil kunne legge til rette for byutvikling av Fosnavåg, jf. Byutviklingsprosjektet. Grunneigarane i ytre del av hamna har stilt seg positive til prosjektet. Mindre detaljar knytt til avtale gjenstår. Ein føreset at dei to alternativa stiller likt når det gjeld miljø.

Etablering av deponi i indre del av hamna vil kunne leggje til rette for vidare næringsutvikling knytt til eksisterande eigedommar. Grunneigarane i indre del av hamna har gitt uttrykk for at dei er positive til prosjektet. Samstundes gir dei klart uttrykk for at dei ikkje har rom for å dekkje kostnader knytt til etablering av toppdekke, kai og fendring. Grunneigarane meiner kostnadane må dekkjast av kommunen / prosjektet.

2.Rein mudring eller miljøprosjekt ?
Formannskap og kommunestyre har vore positive til miljøprosjektet slik det har vorte framstilt til denne tid. Det ligg no føre kostnadsoverslag for mudring og tildekking av massene utanfor Slippen.

Etter kommunen si vurdering vil ein måtte pårekna at det vil koste mellom 1.5 – 2 mill. kroner å fjerne dei forureina massene utanfor Slippen. Kostnader knytt til deponering av massene inngår ikkje i dette overslaget.

Administrasjonen har vore i kontakt med Miljødirektoratet, for å høyre om det fins midlar ein kan søkje på. Miljødirektoratet viser til at kommunen kan søkje om midlar til prosjekt som ikkje ligg inne på noko prioriteringsliste. Frist er 1. oktober årleg. Miljødirektoratet rår kommunen til å søkje neste år, ettersom midlane for 2015 allereie er fordelt. Forventa oppstart av tiltaket i hamna er i 2017. Det er ikkje vanleg å fordele midlar til prosjekt som ligg så langt framme i tid.

Kommunen kan søkje klima- og miljødepartementet om tilskot til opprydding av marin forsøpling (jf. rundskriv T-1/15). Søknadsfrist er 16. januar. Ein kan også søkje om skjønnsmidlar.

Vil ei rein mudring (jf. Kystverket si avgrensing) og opprydding knytt til kloakkutslepp til hamna vere tilfredsstillande? Ein vil få ein vesentleg betre miljøstatus i hamnebassenget sett i forhold til dagens situasjon.

Eller bør ein ta kostnadene med ei opprydding i dei forureina sedimenta ved Slippen, for å hindre framtidig spreiing av forureina sediment. Og for å oppnå ein vesentleg betre miljøstatus i hamna, når ein først er i gang.

Fylkesmannen rår til at ein fjernar dei forureina massene ved Slippen samstundes med at Kystverket utdjupar hamna. Dersom det ikkje vert gjort, vil det bli dyrare og meir omfattande seinare. Eit anna viktig moment, er at dei forureina massene utanfor Slippen vil kunne bli spreidde og gi forureining andre stader i hamna på sikt. Miljødirektoratet har stilt seg positive til og oppmoda kommunen å arbeide vidare med miljøprosjektet. Kommunen fekk hausten 2013, 100.000,- kroner i støtte til tiltaksretta undersøkingar i Fosnavåg hamn. Som nemnt ovanfor kan kommunen søkje klima- og miljødepartementet om tilskot til opprydding av marin forsøpling.

Norge har forplikta seg til å rydde opp gjennom Vassdirektivet. Fosnavåg hamn er gitt høg prioritet i forslag til "Regional plan for vassforvaltning for Møre og Romsdal region 2016-2021". Prioriteringa er gjort etter innspel frå det lokale vassregionutvalet. Planen vert lagt fram for fylkesutvalet i november med tanke på godkjenning i fylkestinget i desember. Høg prioritet i planen vil kunne gi kommunen fordelar i høve søknad om midlar inn mot Fylkesmannen, Fylkeskommunen og Miljødirektoratet. Vassregionmynde i Møre og Romsdal har støtta prosjektet med 50.000,-.

Konklusjon:

Rådmannen rår til at ytre del av Fosnavåg vert valt som deponiområde i samband med Kystverket sitt mudringsprosjekt. Grunneigarane har stilt seg positive til prosjektet og løysinga vil gi rom for vidare utvikling av Fosnavåg by.

Rådmannen rår kommunestyret til å gå vidare med miljøoppryddingsprosjektet, som skissert i saka. Administrasjonen skal i det vidare arbeidet søkje etter gode finansieringsløysingar for prosjektet, både opp mot fylkeskommunen, fylkesmannen, Kystverket og Miljødirektoratet.

Fosnavåg, 17.11.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Berit Sandvik Skeide

HERØY KOMMUNE

Miljøopprydding – deponering av masser og miljøprosjekt

Bakgrunn:

- Kystverket skal utdjupe Fosnavåg hamn frå - 6 m til - 8.3 m vassdjup. Arbeidet er planlagt igangsett i 2017.

- Undersøkingar viser at det er behov for miljøtiltak i hamna. Både botnsediment og masser på land er forureina.

- Kystverket tek berre på seg arbeidet med mudring av delar av hamna.


Slipp
Område inntil kai/land
Område utanfor Slippen som er forureina
Kystverket sitt mudrings-område

Maritim og teknisk komite (MTK) og formannskapet har gjennom vedtak gitt klart uttrykk for ønskje om å få rydda opp i heile hamneområdet, for å hindre utlekking av miljøgifter til hamnebassenget.

Sitat frå vedtak:

> *« Formannskapet går inn for at det vert sett i gong arbeid med å få til eit samarbeid med Kystverket og andre aktuelle instansar, med tanke på miljøopprydding i Fosnavåg hamn.»*

Miljøopprydding i Fosnavåg hamn har som siktemål:

1. Mudring for å oppnå auka seglingsdjupne (- 8.3 m). Store mengder forureina sediment vil bli fjerna frå hamna.

2. Utviding av mudringsprosjektet slik at ein får fjerna alle dei forureina sedimenta, også utanfor Kystverket sitt utdjupingsområde, slik at hamna blir rein.

3. Sikre aktive miljøkjelder på land, for å hindre at miljøgifter renn ut og forureinar hamna på nytt.

4. Opprydding og utbygging av avløp i hamna (jf. Hovudplan for avløp).

Administrasjonen sitt arbeidd er tufta på kommunestyret sitt vedtak av 27.8.2015, k-sak 96/15:

1. *Herøy kommunestyre vedtek at alternativ 2 og 3 kan nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.*

2. *Herøy kommunestyre gir rådmannen fullmakt til å starte forhandlingar med aktuelle grunneigarar for etablering av deponi.*

3. *Herøy kommunestyre vedtek at det vert sett i gong reguleringsplanarbeid som legg til rette for deponi og sentrumsutvikling i Fosnavåg.*

4. *Herøy kommunestyre føreset at Kystverket dekker kostnader med utdjuping, mudring av ureine masser, samt etablering, sikring og overvaking av deponi.*

Kommunestyret har bestemt at massene kan deponerast i ytre eller indre del av hamna. Kommunestyret har ikkje endeleg teke stilling til om ein skal gå for ei rein mudring eller om ein skal gå for miljøprosjekt.

Saksopplysningar:

Masseberekning

Ny oppdatert masseberekning: 64.000 m^3 .
Av dette er ca. 4400 m^3 fjell

Dersom utviding av mudringsprosjektet, må ein ta med området utanfor Slippen i utrekningane. Ein har pr i dag ikkje tal knytt til mengde masse inn mot private kaier.

Masseberekning forts.:

Rambøll AS har skissert to alternativ til løysing for området utanfor Slippen:

1. Tildekking av massene ned til ca. 40-50 cm masse. Seglingsdjupna vert redusert betydeleg.

2. Mudring ned til 50 cm djup og deretter tildekking med 50 cm reine masser.

Dersom ein går for alternativ 2, viser utrekningar at det er ca. 2300 m^3 masse som må fjernast utanfor Slippen.



Kystverket sitt tiltaksområde er vist innanfor grøn og gul skravering og Slippen er markert med raudt.

Blå markering viser område som kan vere aktuelt for deponi (12.5 daa).

Masseberekning forts.:

Total mengde masse som skal deponerast **65657 m^3.**

Dersom grunneigarane på land vert pålagt av FM å fjerne forureina masser på land, og massene er eigna for deponering i deponiet, må ein ta høgde for at det skal deponerast meir masse.

Det er ikkje gjennomført utrekningar som viser mengd forureina masse på land.

Deponeringsalternativ

Kommunestyret har vedteke at alternativ 2 og 3 kan nyttast til deponering av masser. Felles for begge alternativa, er at huken kan nyttast til utfylling.

ALTERNATIV 2 – ytre del av hamna

Alternativ 2 ytre del av hamna

Kystverket sin plan går så langt ut på å etablere ei tradisjonell steinfylling / molo, der mudringsmassane vert deponert bak moloen. Over mudringsmassene må det leggjast på eit stabilt topplag før etablering av eit pelefundamentert kaidekke.



Deponiet kan utformast på ulike måtar, avhengig av kor mykje masse det skal romme.

Endeleg utforming må prosjekterast og vurderast gjennom reguleringsplan og KU/ROS.







Alternativ 3 – indre del av hamna

Kystverket sin plan går så langt ut på å etablere ein stålvegg (spunt) som avgrensar området der mudringsmassene kan deponerast. Over mudringsmassene må det leggjast på eit stabilt topplag før etablering av kaidekke.



Skissa nedanfor viser førebels avgrensing av deponi i indre hamn.



Sikkerhet

Det er strenge krav til rutiner for deponering, kontroll i anleggsperioden, overvaking og sikkerhetstiltak i samband med etablering av alle typer deponi. Også strenge krav til kontroll og overvaking av ferdig deponi.

Kystverket skal:

- Søkje om løyve til å fjerne masser i hamna (jf. Forureiningslova).
- Søkje om løyve til å deponere massene.

I søknadene skal det ma. gjerast greie for hensyn til omgivelsane, plan for overvaking og etterkontroll.

Kommunen skal utarbeide reguleringsplan med konsekvensutgreiing og ROS-analyse.

Kommunen skal utarbeide reguleringsplan med konsekvensutgreiing og ROS-analyse.

Konsekvensutgreiinga skal ma. omhandle naturmangfald, transport/ulukker, hamn, kaianlegg, støy og lukt.

Kostnader

Kostnader som inngår i Kystverket sitt prosjekt:

- Etablering av steinfylling/molo eller spunt. Kystverket fyller opp med masser til eit gitt nivå.
- Overvaking i anleggsperioden og overvaking/ etterkontroll av deponiet.

Kostnader som ikkje inngår i Kystverket sitt prosjekt:

- Etablering av topplag og kaidekke/kaifront.
- Fjerning (mudring) av masser utanfor Slippen.
- Deponering av massene frå slippområdet.

Kostnader forts.

Rambøll AS har berekna kostnadene i samband med mudring og tildekking av området ved Slippen.

Konsulent viser til at det ikkje er mogleg å fastslå dei faktiske kostnadene ved mudring og tildekking før arbeidet vert kontrahert.

MUDRING	Lav	Høy		Lav	Høy
Mengde (m3)	2 302	4 604		Sum	Sum
Enhetspris	200	250		460 400	575 500
Massehåndtering	100	150		230 200	345 300
Sum				690 600	920 800
Rigg og drift påslag 10 - 15 %				69 060	138 120
				759 660	**1 058 920**
TILDEKKING	**Lav**	**Høy**		**Lav**	**Høy**
Areal (m2)	4 604				
Enhetspris	120	170		**552 480**	**782 680**

Tabellen viser ca. kostnader ved mudring og tildekking

Kostnader, forts.

Mudring ned til 50 cm:	800.000 - 1.1 mill kroner.
Tildekking av arealet:	550.000 – 800.000 kroner.

Etter kommunen si vurdering vil ein måtte pårekne at det vil koste mellom 1.5 og 2 mill.kroner å fjerne dei forureina massene utanfor Slippen.

Truleg same kostnad ved å mudre djupare (meir enn 50 cm) til sjøbotnen er rein, i staden for å utføre både mudring og tildekking.

NB! Kostnader til deponering av massene er ikkje teke med i utrekninga. Det er lagt til grunn at Kystverket vil ta i mot massene.

Kostnader, forts.

Alternativ 2 – Ytre	Kostnader	**Alternativ 3 - Indre**	Kostnader
Grunnkjøpskostnader:	Avtaleutkast akseptert frå grunneigar den 19.11.2015.	Kostnader knytt til erstatning for naust	Ikkje taksert
Rein tildekking: Mudring:	675.000,-. 950.000,-.	Rein tildekking: Mudring:	675.000,- 950.000,-

Kostnader, forts.

Midlar

Klima- og miljødepartementet – kommunen kan søkje om tilskot til opprydding av marin forsøpling.

Miljødirektoratet -

Fylkesmannen – kommunen kan søkje på fylkesmannen sine skjønnsmidlar.

Fylkeskommunen – har i e-post av 30.11.15 informert om at dei går inn med **200.000,-** i prosjektet.

Kontakt med grunneigarar

Kommunen har vore i kontakt med grunneigarane tilgrensande alternativ 2 og 3.

Alternativ 2 – ytre del av Fosnavåg
Kommunen har gjennomført fleire forhandlingsmøte.

Kommunen si tilnærming har vore at strandlina er det viktigaste å sikre i offentleg eige og at det er gjeve rom for å etablere framtidige kaianlegg, serviceanlegg og promenader.

Nordmar Eigedom AS og Igesund Eigedom AS har akseptert avtaleutkast som sikrar at deponi kan etablerast på eigedommane deira. Avtalen vert lagt fram for kommunestyret for godkjenning i eiga sak straks den er klar.

Avtalen går i hovudsak på at kommunen erverver område A og B (jf. kart nedanfor), samt alle sjø- og tilflotsrettar framom areal A og B og grønt område markert på kartet.

Alternativ 3 - indre del av hamna

Kommunen har vore i kontakt med grunneigarane som vert direkte berørt i samband med etablering av deponi i indre del av hamna.



Eigarane av nausttomtene

- Positive under føresetnad av erstatning for tap av naust/nausttomt.

Fosnavåg Pelagic AS

- Ber om at det vert teke omsyn til drifta ved anlegget ved gjennomføring av tiltaket.
- Kostnader knytt til etablering av toppdekke, kai og fendring må inngå i prosjektet. Investeringsplanane til selskapet omfattar ikkje ovannemnde kostnader.
- Fosnavåg Pelagic AS kan på sikt kome til å utvide og utvikle anlegget, dersom forholda vert lagt til rette for det.

Gerh Voldnes AS

- Selskapet har ikkje drift i anlegget og syns det er vanskeleg å ta stilling til problemstillinga.

- Gerh Voldnes AS meiner kommunen må bere kostnadene knytt til etablering av fast dekke og kai(kaifront, slik at grunneigar seinare kan legge til rette for bygging.

Sævik Invest AS

- Føreset at dei beheld same kaifasilitetar som i dag utan ekstra kostnader.

- Grunneigar viser til at dei har tenleg kai til deira føremål og at dei verken har behov for eller midlar til ny kai.

Vurdering

Kommunen må ta stilling til to sentrale spørsmål:

1. Kvar skal massene deponerast ?
2. Rein mudring eller miljøprosjekt

Kvar skal massene deponerast ?

Ytre del av hamna

Legg til rette for byutvikling av Fosnavåg, jf. Byutviklingsprosjektet.

Grunneigarane i ytre del av hamna har stilt seg positive til prosjektet. Mindre detaljar knytt til avtale gjenstår. Ein føreset at dei to alternativa stiller likt når det gjeld miljø.

Vurdering, forts.

Indre del av hamna

Legg til rette for vidare næringsutvikling knytt til eksisterande eigedommar. Grunneigarane i indre del av hamna har gitt uttrykk for at dei er positive til prosjektet.

Samstundes gir dei klart uttrykk for at dei ikkje har rom for å dekkje kostnader knytt til etablering av toppdekke, kai og fendring. Grunneigarane meiner kostnadane må dekkjast av kommunen / prosjektet.

Rein mudring eller miljøprosjekt

Formannskap og kommunestyre har vore positive til miljøprosjektet slik det har vore framstilt.

Det ligg no føre kostnadsoverslag for mudring og tildekking av massene utanfor Slippen.

Etter kommunen si vurdering vil det koste mellom 1.5 og 2 mill. kr å fjerne dei forureina massene utanfor Slippen.

Kommunen kan søkje på midlar for å få dekt utgifter til prosjektet.

Kommunen bør gå vidare med miljøprosjektet, for å hindre framtidig spreiing av forureina sediment. Også for å oppnå ein vesentleg betre miljøstatus i hamna.

Konklusjon:

Rådmannen rår til at ytre del av Fosnavåg vert valt som deponiområde i samband med Kystverket sitt mudringsprosjekt. Grunneigarane har stilt seg positive til prosjektet og løysinga vil gi rom for vidare utvikling av Fosnavåg by.

Rådmannen rår kommunestyret til å gå vidare med miljøoppryddingsprosjektet, som skissert i saka. Administrasjonen skal i det vidare arbeidet søkje etter gode finansieringsløysingar for prosjektet, både opp mot fylkeskommunen, fylkesmannen, Kystverket og Miljødirektoratet.

Tilråding frå formannskapet til kommunestyret:

1. Herøy kommunestyre vedtek alternativ 2 og 3 som deponi. Dette omhandlar «huken» ved fiskarkona og frå indre allmenning t.o.m. Fosnavåg Pelagic.

2. Herøy kommunestyre går inn for miljøoppryddings-prosjektet, som skissert i saka . Administrasjonen skal i det vidare arbeidet søkje etter gode finansierings-løysingar for prosjektet.

3. Herøy kommunestyre vedtek at det vert sett i gong reguleringsplanarbeid som legg til rette for deponi i ytre del av hamna.

Spørsmål frå formannskapet til Kystverket:

1. Kystverket har sagt dei skal mudre hamna ned til ei djupne på -8.3 meter. Kva med massene som ligg djupare enn -8.3 m ? Ligg det forureina masser lenger nede og kva vil ev. bli gjort med desse massene ?

   Svar: *Vår plan er som kjent utdyping til -8,3m (iht sjøkartet) og graver ikkje dypere enn det. Dersom der er forurensede masser dypere enn plandybden vil vi grave tilstrekkelig underdybde for å kunne dekke til de forurensede massene med rene masser.*

Spørsmål frå formannskapet til Kystverket:

2. Formannskapet gjekk inn for å deponere masser både i indre og ytre del av Fosnavåg.

Korleis stiller Kystverket seg til eitt eller to alternativ. Spørsmål knytt til økonomi og praktisk gjennomføring.

Svar: *Kystverket legger opp til etablering av **eit** deponi for massene som skal fjernes i Fosnavåg hamn. Vi har sagt at vi eventuelt kan deponere steinmassene (rene masser) i nærleiken der de kan komme til nytte. I den forbindelse har det vært nemnt frå kommunen om massene kan nyttes til å fylle igjen huken ved Fiskarkona.*

Spørsmål frå formannskapet til Kystverket:

Svar spørsmål 2, forts:

Her vil det i tilfelle ikkje bli etablert noen form for molo/spunt slik at lekteren med stein-masse kan slepes helt inn i huken for å sleppe massene rett ned. Det vil dermed bli en naturlig "rausskråning" i ytterkant som må dekkes med større stein (plastring) for å hindre utvasking og utrasing (tilsvarende som ved vanlig utfylling i sjø).

Om det er aktuelt å deponere steinmassene anna sted enn i hoveddeponiet må avklarast snarast da det har betyding for dimensjonering av deponiet.

Spørsmål frå formannskapet til Kystverket:

3. Formannskapet ønskjer ei klar tilbakemelding på kva kostnader Kystverket dekkjer ved dei to alternativa.

Svar: *Kystverket har fleire ganger sagt av vi dekker kostnadene med etablering av deponiet og plassering av massene som skal fjernes frå havnebassenget. Nødvendig topplag for etablering av parkeringsplass/kai/ bygningsmasse eller annet på toppen av deponiet inngår ikkje i vårt arbeid og må dekkes av kommune/grunneier eller andre.*

Dersom steinmassene ønskes plassert anna sted, eventuelt ved Fiskarkona, vil kostnader med nødvendig plastringslag (som omtalt over) måtte dekkes av kommunen/private.

Spørsmål frå formannskapet til Kystverket:

4. Kor mykje midlar er avsett til utdjuping av hamna ?

Svar: *I gjeldene NTP ligger tiltaket inne med en totalkostnad på 45 mill. Dette tallet er i midlertid spilt inn for mange år siden og vi har etter den tid bla fått meir kunnskap om omfanget av de forurensede massene og deponeringsalternativ. (Aktuell NTP gjelder for perioden 2014-2023 og ble utarbeidet i 2011/2012).*

I dette tiltaket som i mange andre blir kostnadene justert frem mot oppstarts-tidspunktet.

VS: Harstadprosjektet

Misund, Terje B. <terje.misund@kystverket.no>

Du videresendte denne meldingen 22.10.2015 13:23.

Sendt: to 15.10.2015 10:20
Til: Berit Sandvik Skeide

Melding | IMG_2908.JPG (2 MB)

Fra: Arnold Henrik Olsen [mailto:arnold.olsen@harstad.kommune.no]
Sendt: 15. oktober 2015 10:12
Til: Misund, Terje B.
Emne: SV: Harstadprosjektet

Vi har bygget en 50M betongkai, som er «hengt» på cellespunten. Kostnad ca 15 mil NOK. Inklusiv lite kaihus.
Vider har vi på resterende 210M front cellespunt etablert en enkel «liggekai» med tredekke.
Det er etablert fenderverk for hver fullcelle og halvcelle, pluss pullerter på hhv 30-50 tonn i hver fullcelle. For trekai har vi mellom betongfendrene på hver hel- halvcelle pluss trekledning mellom disse. Kostnader ca. 20 mil NOK.

Skulle finne noen bilder av kaifronten, men fant ingen i farta.

Med vennlig hilsen,

Arnold H Olsen
Prosjektleder
Bygg-, eiendom
Tlf 770 26906/948 43933

HERØY KOMMUNE

NOTAT

Til: Rådmannen

Frå: Utviklingsavdelinga

Saksnr	Arkivkode	Dato
2013/508	K24	26.01.2016

INFORMASJON - BREV FRÅ STYRET I FOSNAVAAG PELAGIC AS OG STYRET I SÆVIK INVEST AS

Styret i Fosnavaag Pelagic AS og Styret i Sævik Invest AS, har sendt brev til formannskapet og kommunestyret i Herøy kommune. Brevet er datert 18. januar 2016.

Fosnavaag Pelagic AS og Sævik Invest AS viser innleiingsvis i brevet til at dei har lese referat i lokalavisa (Vestlandsnytt) frå kommunestyremøtet 15.12.2015. Administrasjonen tolkar det slik at synspunkta frå ovannemnde interessentar, er tufta på lokalavisa sin presentasjon av saka og ikkje på kommunen sitt saksframlegg og presentasjon i kommunestyret 15.12.2015.

Administrasjonen finn det naturleg å kome med litt informasjon til saka. Til formannskapsmøtet 1.12.2015 og kommunestyremøtet 10.12.2015, var det sendt ut saksframlegg med tilhøyrande vedlegg. E-postane frå Gerh Voldnes AS (datert 28.10.2015), Sævik Invest AS (datert 29.10.2015) og Fosnavaag Pelagic AS (datert 11.11.2015) var lagt ved saksframlegget. Synspunkta frå grunneigarane vart også referert og kommentert i saksframlegget. Sjå saksframlegg, vedlegg 1.

Sakshandsamar Berit Sandvik Skeide presenterte også saka munnleg i møta 1.12. og 10.12.2015. Sjå presentasjon til formannskap/kommunestyre, vedlegg 2.

Administrasjonen har etter mi vurdering lagt fram informasjon knytt til saka på ein ryddig og god måte, ut i frå føresetnadene som låg til grunn ved handsaming av saka.

Media har ei sentral rolle i lokalsamfunnet vårt og vinklar saker på sin måte. Det gir rom for meiningar/ytringar og kan vere med på å styre merksemda mot saker og problem. Lokalavisa si framstilling av saka lyt stå for seg.

Berit Sandvik Skeide

Til: Formannskapet og Kommunestyret i Herøy Kommune
Kystverket

